# Årsmelding 2023

# Ålesund kommune

## Helsing frå ordførar Håkon Lykkebø Strand

Årsrapporten for 2023 er eit historisk dokument. Det er den siste årsrapporten for kommunen som var resultatet av Noregs største kommunesamanslåing. Fem kommunar vart i 2020 til nye Ålesund kommune. Stortinget gjorde i 2022 vedtak om å dele opp kommunen igjen. Frå 2024 oppstår Ålesund kommune i ny drakt, og Haram kommune oppstår på ny.

Arbeidet med å etablere dei to nye kommunane har vore særs omfattande, og har lagt beslag på store delar av kapasiteten til stabs- og støttefunksjonane våre og kommunen sin administrative kapasitet. Denne jobben kjem i tillegg til å drifte og utvikle kommunen. Eg vil takke dei tilsette i kommunen for den gode og viktige jobben som er gjort gjennom året.

Veljarane i både Haram og Ålesund ga gjennom kommunevalet tydelege signal om kva politisk retning dei ønsker for dei to nye kommunane. Det er ingen tvil om at kommunane står føre store utfordringar. Endringar i demografien vil utfordre alle kommunar, dei økonomiske rammene vert trongare og vi vil ha mangel på kvalifisert arbeidskraft. Vi må tenkje nytt om korleis vi skal løyse dei utfordringane vi står føre.

Vi avsluttar tida som samanslått kommune med ein rekneskap i pluss. Dette er eit godt utgangspunkt for dei to nye kommunane.

Eg ser fram til det store og viktige arbeidet med å gjere kommunen vår enda betre for innbyggjarar, næringsliv, frivilligheita og besøkande.

## Forord frå kommunedirektør Steven Hasseldal

Kommunedirektør Jon Steven Hasseldal oppsummerer nokre av de viktigaste utfordringane i 2023.

Kommunedeling, innføring av Helseplattformen, omstilling og ein krevjande økonomisk situasjon har prega kommunen i 2023. Kommunedelinga har tatt mykje tid og merksemd, men ein har lukkast med å få dei to nye kommunane opp å gå som sjølvstendige kommunar frå 1.1.24. Det har likevel gått ut over anna arbeid som har vorte liggjande. Det er difor et stort etterslep når det gjeld omstilling og forbetringsabeid. Det tilsette har gjort en fantastisk innsats for at dei nye kommunane skulle vere klare. Mange har arbeida meir enn tilrådeleg, men det har vore naudsynt for å komme i mål. Det har vore viktig å ha noko høgare bemanning i 2023, enn det ein kan ha vidare, for å klare alle oppgåvene med kommunedelinga. All honnør til våre tilsette for den jobben dei har gjort med delinga.

Arbeidet med kommunedelinga vil fortsette inn i 2024, særleg fyrste halvår av 2025. Tildelinga frå departement til delinga ser ut til å halde. Det er særleg kommunalområdet Organisasjon som vil ha mest av arbeidet med dette inn i 2024 for å fullføre delinga og oppgjeret mellom kommunane.

Personallaupet og fordeling er personell mellom Haram og Ålesund har stort sett gått greitt. Dei fleste fekk arbeide i den kommunen dei ønskte og med dei oppgåvene dei ønskte. Ålesund kommune opplevde ikkje så mye kompetansetap. Fagmiljøa blei noko mindre enkelte stadar, men Ålesund er framleis en stor kommune med gode fagmiljø.

Innføring av Helseplattforma (HP) i Ålesund kommune 28. april var godt planlagt. Innføringa har gått utan dei store utfordringane og brukarane er nøgde. Dette takka vere god planlegging, gode instruktørar og superbrukarar som følgjer opp fortlaupande og ikkje minst flinke tilsette. Ein hadde helst sett at Helse

Møre og Romsdal hadde kome på samstundes for å få best mogeleg effekt av systemet, men dei trengde meir tid. Det tek tid å innføre og venne seg til eit så stort og komplisert system. Men ein har allereie sett at HP gjev meir styringsinformasjon og nokre prosessar opplevast som enklare sjølv om ein endå ikkje har sett det fulle potensial i systemet. Kommunen håpar at Helse Møre og Romsdal er klare til å ta HP i bruk frå april 2025.

Utfordringa til kommunen er framleis at ein har for høgt driftsnivå. Det er kommunalområda Helse og Oppvekst som har størst meirforbruk. Omstillinga innan desse områda har vore gjennomført gjennom heile året, men det tar tid å snu slike tenester til eit meir berekraftig nivå. Strategien heilheitleg innsatstrapp som vart vedtatt sommaren 2021, ligg til grunn for dette arbeidet. Det vil ta tid før ein ser effekten av dette arbeidet.

Kommuneøkonomien for 2023 vart redda av noko høgare skatteinngang og rammetilskot, betre finansinntekter og avkastning på finansielle omløpsmidlar enn budsjettert. Ein ser også effekt av omstillinga, men det er framleis helt naudsynt med omfattande omstilling for å få ned driftskostnadene. Gjelda til kommunen er høg, og det vil ein merke i tida framover som følgje av høgare rentekostnadar. Det er difor viktig at ein ikkje aukar gjelda, men tvert om forsøker å redusere den i tida framover. Med atterhald om revisjonens godkjenning av rekneskapen for 2023, så vil ein kunne avsetje rundt 24 million kroner til disposisjonsfondet. Det er likevel viktig at omstillinga fortsett med styrke også i 2024 for å betre berekrafta og bygge opp eit disposisjonsfond som gjer at ein har ein buffer mot svingingar i økonomien.

Ungdomskriminaliteten har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. Det same gjeld mobbetala i skolen. Begge desse områda har kommunen arbeida målretta med gjennom samordning av lokale tiltak (SLT). Prosjekt «Rundskue» er eit av desse som har hatt gode resultat. Både Giske og Sula har det siste året fått på plass ein SLT-koordinator, dette vil styrke samhandlinga mellom kommunane. Det har også kome på plass møtearena mellom SLT-koordinatorane og politikontaktene i tillegg til dei faste politirådsmøta fire gonger i året.

Kommunen har utfordringar knytt til utslepp. Statsforvaltaren har påpeikt brot på utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kapittel 14, som omfattar dei mest tettbygde strøka i Ålesund kommune. Ålesund kommunestyre og Sula kommunestyre vedtok endeleg plassering av nytt avløpsreinseanlegg på Kongshaugstranda. Når dette avløpsreinseanlegget er bygd vil det løyse dei største problema knytt til brot på utsleppsløyva, men kommunen må arbeide med mellombels løysingar som tilfredsstiller krava til minimum primærreinsing for å unngå full stopp i utbygging i desse områda. Arbeidet har vore noko forsinka, men skal nå vere omtrent i rute.

Eg vil rette ei stor takk til våre tilsette som tross kommunedeling, innføring av HP og krevjande økonomi står på og leverer gode tenester til våre innbyggarar. De gjer meg stolt.

Takk!

# Visjon og motto

Ålesund kommune sin visjon er:

*Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet, og lokal identitet.*

Lokal identitet er eit fundament for mangfald og skaparkraft. Mangfald og skaparkraft gir attraktivitet. Attraktivitet gir tiltrekkingskraft. Tiltrekkingskraft gir nasjonal slagkraft.

Ålesund kommune vil:

- vere ei sterkare motvekt mot sentralisering til dei store landsdelssentra (Oslo, Bergen, Trondheim)
- drive meir heilskapleg og overordna planlegging
- få på plass framtidsretta løysingar for samferdsel som vil binde regionen saman
- ha større tyngde som pådrivar for å styrke forskings- og utdanningsinstitusjonane
- arbeide strategisk som medspelar for å styrke og utvikle næringslivet og nyskaping i regionen
- få større kapasitet til å vere innovativ og tenke strategisk for nyskaping
- arbeide aktivt med å førebygge og handtere kriser og katastrofar
- ta ansvar for nye oppgåver som krev spisskompetanse
- utvikle kvaliteten på tenestene og servicen til innbyggarane
- styrke og utvikle mangfaldet i kulturlivet
- Ålesund by skal vere det urbane midtpunktet mellom Bergen og Trondheim

Vårt motto er:

*Det vi skal, skal vi vere gode til. Det vi vil, skal vi tore å gjere noko med.*

# Årsberetning

Kommunen si årsberetning er heimla i kommunelova § 14-7 og skal dekke dei formelle krava kommunen har til rapportering av eigen verksemd i året som har gått.

## Arbeid med å nå mål

I mai 2022 gjorde Stortinget vedtak om å dele Ålesund kommune i to nye kommunar; Haram kommune og Ålesund kommune. Arbeidet med å dele kommunen starta for alvor opp hausten 2022. Hovuddelen av arbeidet har skjedd i 2023, men det står fortsett att ein god del arbeid som i hovudsak skal fullførast i løpet av 2024.

Arbeidet med å dele kommunen er til ein stor grad utført av kommunen sine eigne tilsette. Den største jobben med kommunedelinga har naturleg nok lagt til stab- og støttefunksjonane i kommunalområdet

Organisasjon. Arbeidet med kommunedeling har gjort at ein ikkje har hatt kapasitet til å prioritere andre oppgåver enn det som er driftskritisk i tillegg til kommunedeling. For å utvide kapasiteten har ein måtta ty til utstrekt bruk av overtid og mellombels tilsette. I tillegg har ein nytta konsulenthjelp der dette har vore mogeleg.

Kommunedelingsarbeidet har vore særs omfattande, og tidsskjemaet tilsvarande stramt. Arbeidet har lagt beslag på mykje administrativ kapasitet, noko som har ført til ei kraftig fokusforskyving i kommunen. Det same skjedde i samband med kommunesamanslåinga. Organisasjonen er endringstrøtt, og mange leiarar og medarbeidarar er slitne.

På sett og vis kan ein seie at kommunen har hatt fleire «tapte år» som følgje av alt arbeidet som endringane i kommunestrukturen har medført. Dette vil ha økonomiske ringverknadar i fleire år framover, både for Haram kommune og Ålesund kommune. Det er dette som er den verkelege kostnaden med kommune-samanslåinga og delinga.

Kommunedelingsarbeidet har ført til at arbeidet mot å nå dei måla som ligg i kommunen sine strategiar og planar ikkje har hatt same fokus og framdrift som ein opphaveleg hadde planlagt.

Etter etableringa av nye Ålesund kommune frå 1.1.2020 har det vore arbeidd med etablering av sentrale styringsdokument for den nye kommunen. I utgangspunktet gjaldt dette kommuneplanens samfunnsdel og fire overordna strategiar (folkehelestrategi, grøn strategi, næringsstrategi og strategi for tenesteutvikling og nyskaping). Det er seinare utarbeidd ein strategi for helse- og velferdsområdet.

I styringssystemet til kommunen skal dei overordna styringsdokumenta følgjast opp gjennom den fireårige handlings- og økonomiplanen og dei årlege budsjetta og verksemdsplanane som styrer rammer og aktivitet i verksemdene (den operative delen av styringssystemet). Realisering av mål og strategiar i dei overordna styringsdokumenta føreset prioritering i den operative delen, og vil bli rapportert i tertialrapportar og årsmeldingar. Kommuneplanens samfunnsdel vart vedtatt i kommunestyret 14.1.2021, og dei fire overordna strategiane (folkehelsestrategi, strategi for tenesteutvikling og nyskaping, næringsstrategi og grøn strategi) vart vedtatt i kommunestyret 27.5.2021. I tillegg nemnast også strategi for helse- og velferdsområdet 2021-2028 - Heilskapleg innsatstrapp – som eit viktig og premissgjevande styringsdokument for kommunen sitt arbeid.

Styrande planer og dokument ligg til grunn for prioriteringane i budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. Det står fortsett att ein del arbeid med å operasjonalisere planar og strategiar i kommunen sin handlingsplan, mellom anna som følgje av redusert kapasitet i stabs- og støttefunksjonar og naudsynte omprioriteringar av ressursar som følgje av arbeidet med kommunedeling.

Ålesund kommune har vore i ein vanskeleg økonomisk situasjon gjennom fleire år. Kostnadane har vore dels langt høgare enn inntektene, og disposisjonsfondet er altfor lågt til å fungere som ein tilstrekkeleg buffer for kommunen. Samstundes har kommunen hatt, og har, relativt høg lånegjeld. Som følgje av rekordhøge skatteinntekter kan det seiast at 2022 vart eit slags vendepunkt, og ein klarte akkurat å få eit overskot som var tilstrekkeleg stort til at ein klarte å unngå ROBEK.

For 2023 er ikkje biletet like godt. Kommunen har relativt høg lånegjeld. Med kraftig auke i lånerentene frå 2022 til 2023 har gjelda blitt vesentleg tyngre å bere. Likevel fekk kommunen eit resultat som så vidt var i pluss. Paradoksalt nok skuldast dette i stor grad at ein har finansiert noko av drifta gjennom bruk av øyremerkte overføringar til å dekkje kostnadane til kommunedelinga. Dette er ein eingongseffekt som ein ikkje vil kunne nyte godt av i den komande åra. Det vil difor vere heilt naudsynt å gjennomføre store omstillingstiltak for å skape grunnlag for ei økonomisk berekraftig drift.

Det har vore gjennomført små og store omstillingstiltak i heile organisasjonen også i 2023. Nærare gjennomgang av omstillingstiltak i 2023 går fram av kommentarane til det økonomiske resultatet i dei enkelte kommunalområda.

## Vurdering av den økonomiske situasjonen til kommunen

### Positivt resultat i 2023

Budsjettert netto driftsresultat for 2023 var 78,9 millionar kroner, medan rekneskapen syner at eit positivt netto driftsresultat på 109 millionar kroner. Dette svarar til 1,7 % av årets driftsinntekter. Det positive resultatet skuldast i hovudsak eingonseffektar knytt til kommunedelinga, høgare utbytte enn budsjettert og god avkastning på forvaltning av overskotslikviditet. Resultatet er negativt påverka av endring i periodiseringsprinsipp for lønnskostnadar med til saman 49,6 millionar kroner.

Kommunen sitt resultat etter fondsdisposisjonar vart positivt med om lag 23 millionar kroner. Denne summen vert avsett til disposisjonsfondet. Kommunekassa sitt disposisjonsfond utgjer etter dette om lag 59,6 millionar kroner, eller 0,9 % av brutto driftsinntekter.

Kommunen sine frie inntekter målt ved rammetilskot og skatt vart om lag 33 millionar kroner høgare enn budsjettert. Inntektene frå eigedomsskatt vart 13,5 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Det er likevel den statlege overføringa på 200 millionar kroner til å dekke utgiftene til kommunedelinga som har størst effekt på resultatet.

Kommunestyret har gjort vedtak om at Ålesund kommune skal styre etter følgande langsiktige finansielle måltal[1] (gjeldande for 2023):

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Netto korrigert gjeldsgrad justert for gjeld til sjølvkostinvesteringar skal ikkje overstige 90 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat vert ofte omtalt som det viktigaste økonomiske nøkkeltalet for ein kommune, mellom anna fordi det er eit uttrykk for balansen mellom laupande inntekter og kostnadar gjennom rekneskapsåret. Utvikling i netto driftsresultat:

| | **2023** | **2022** | **2021** | **2020** | **2019*** |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat | 1,7 % | 2,3 % | 0 % | -2,2 % | -2,4 % |

*Tabellen syner utvikling i netto driftsresultat for perioden 2019 – 2023. I 2023 vart netto driftsresultat svekka frå 2,3 % i 2022 til 1,7 %. Merk at kommunen har hatt ei eingongsinntekt på 200 millionar kroner knytt til kommunedelinga.*

** Vekta gjennomsnitt av Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy kommunar*

For 2022 endra kommunestyret målet for gjeldsgrad frå 70 % til 90 %. Målet gjeld for justert netto korrigert gjeldsgrad, der ein trekker ut lånegjeld som er knytt til investeringar innan sjølvkostområda. Grunngjevinga for denne endringa er at lånegjeld knytt til sjølvkostinvesteringane vert finansiert over gebyrinnkrevjing frå innbyggjarane, og difor ikkje belastar kommunen si drift.

Netto korrigert lånegjeld[2] auka med om lag 738 millionar kroner frå 2022 til 2023. Justert for lån til sjølvkostinvesteringar auka gjelda med 560 millionar kroner. Justert netto korrigert gjeldsgrad auka frå 75,1 % i 2022 til 78 % i 2023. Justert for den ekstraordinære inntekta på 200 millionar kroner for kommunedeling, var gjeldsgraden heile 80,5 %.

[1] Målet for gjeldsgrad er endra frå og med rekneskapsåret 2022.

[2] Renteberande gjeld med fråtrekk av ubrukte lånemiddel, ubundne driftsfond og investeringsfond, lån til vidareutlån, lån til sjølvkostinvesteringar og evt. udekka beløp i investeringsrekneskapen.

Utviklinga i gjeldsgrad syner ei forverring i kommunen sin finansielle stilling. Gjeldsgraden ligg likevel godt under måltalet, som for 2023 er definert som ei maksgrense på 90 %.

Dei finansielle måla er sett nettopp for å sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid. Rekneskapen for 2023 syner ei utvikling i feil retning, og det til tross for store ekstraordinære inntekter knytt til kommunedelingsarbeidet. Rett nok nådde ein nesten målet om netto driftsresultat på 1,75 %, og disposisjonsfondet vaks med 24 millionar kroner til om lag 60 millionar kroner. Dette er likevel langt unna målet om at disposisjonsfondet minimum skal utgjere 5 % av inntektene, noko som for 2023 svarar til om lag 327 millionar kroner. Med sine 60 millionar kroner utgjer disposisjonsfondet i dag berre 0,9 % av inntektene. Dette underbyggjer kor viktig det store omstillingsarbeidet som er på gang er, slik at kommunen igjen kan vinne att den økonomiske handleevna.

Kommunedirektøren vurderer den samla økonomiske situasjonen til Ålesund kommune som krevjande. Ein har ubalansar i drifta, disposisjonsfondet er svært lågt, og lånegjelda tynger. Dessutan er organisasjonen sliten etter ein lang periode med både økonomisk krise, pandemi, omstilling og sist kommunedeling. Det er viktig at det pågåande omstillingsarbeidet held fram, og at investeringane framover haldast på eit ansvarleg nivå. Likviditetssituasjonen til kommunen er tilfredsstillande.

## Avvik mot budsjett

### Frie inntekter og finanspostar

#### Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter i 2023 vart 47 millionar kroner høgare enn budsjettert. Dette gjeld både for statlege overføringar og skatt og inntektsutjamning. Det er fleire forklaringar på dette: Rammetilskotet var 26 millionar kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast inntektsutjamning for skatt og utbetaling frå Havbruksfondet, som vart noko høgare enn føresett i budsjettet. Kommunen si inntekt frå skatt på inntekt og formue vart om lag 7 millionar kroner høgare enn budsjettert, medan eigedomsskatten vart 13,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Integreringstilskotet vart om lag 15 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Andre overføringar og tilskot frå staten vart 251 millionar kroner høgare enn budsjettert. Hovudforklaringa på dette er at kommunen fekk eit øyremerka tilskot på 200 millionar kroner til å dekkje kostnadane med kommunedelingsarbeidet. Tilskotet kom såpass seint på året at ein ikkje kunne prioritere å sette av ressursar til å innarbeide det i budsjettet. Hadde ein gjort det ville ein truleg ikkje klart å få etablert dei to nye kommunane til fristen. I staden er effekten innarbeidd i prognoser gjennom året. Dette gjer at det er større avvik mellom rekneskap og budsjett enn normalt på bruttobeløp, men ikkje når ein nettar dei aktuelle postane.

### Overføringar og tilskot frå andre – frå økonomisk oversikt drift

Samla overføringar og tilskot frå andre var om lag 816 millionar kronar. Dette er 441 millionar kroner meir enn det som er budsjettert. Hovudforklaringa på avviket er at kommune praktiserer nettobudsjettering, der ein mellom anna normalt ikkje budsjetterer med refusjonar for sjukeløn og fødselspengar, og heller ikkje budsjetterer med motposten som normalt vil vere vikarkostnadar. I ei bruttooppstilling av inntekter og kostnadar vil ein difor få store avvik.

Refusjon for sjukeløn og fødselspengar utgjer aleine 226 millionar kroner, medan mva.-kompensasjon utgjer ytterlegare 91 millionar kroner.

På konto 1700 refusjon frå staten fekk kommunen ei meirinntekt på om lag 84 millionar kroner. Meirinntekta gjeld fleire ulike postar. Hovudforklaringa på avviket er at det bokført 23 millionar kroner meir enn budsjettert på refusjon for ressurskrevjande brukarar, i tillegg til at kommunalområdet Oppvekst har fått 29 millionar kroner i tilskot til ulike kompetansehevande tiltak som det ikkje har vore budsjettert med.

### Driftsutgifter – frå økonomisk oversikt drift

Driftsutgiftene til kommunen vart om lag 292 millionar kroner høgare enn budsjettert. Til ein viss grad er forklaringa at kommunen driv nettobudsjettering, slik at ein naturleg nok vil få avvik mot budsjett på visse bruttopostar. Hovudforklaringa på avviket på bruttopostane er som følgjer:

Lønskostnadane vart 276 millionar kroner høgare enn budsjettert. Av dette utgjer løn til ekstrahjelper og vikarar om lag 193 millionar kroner, og må sjåast i samanheng med refusjonar for sjukeløn og fødselspengar på til saman 226 millionar kroner. Merk også at 49,6 millionar kroner av meirforbruket på løn skriv seg frå ei endring av prinsipp for bokføring. Etter råd frå revisor har ein bokført løn som er opptent i desember 2023, og utbetalt i januar 2024, på 2023-rekneskapen. Tidlegare har ein berre bokført endringa i opptent løn frå år til år, slik at ein i prinsippet har skubba denne kostnaden over til neste år. Rekneskapen for 2023 er difor belasta med ein eingongskostnad på 49,6 millionar kroner.

Løn og tillegg til fast tilsette vart om lag 52 millionar kroner høgare enn budsjettert, medan overtidskostnadane vart om lag 42 millionar kroner høgare enn budsjettert. Samstundes vart dei sosiale utgiftene om lag 350 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at eit spesielt høgt premieavvik har ført til lågare pensjonskostnadar enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Samla lønn og sosiale kostnadar vart 74 millionar kroner lågare enn budsjettert.

Kjøp av varer og tenester vart 236 millionar kroner høgare enn budsjettert. Meirforbruket skuldast i hovudsak at kjøp av vikartenester vart 77 millionar kroner høgare enn budsjettert, og kjøp av tenester frå private vart 32 millionar kroner høgare enn budsjettert. Driftstilskot til legar og fysioterapeutar vart også 12,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Desse postane må sjåast i samanheng med

mindreforbruket på 74 millionar kroner på på lønn og sosiale kostnadar. Vidare vart det eit stort meirforbruk på overføringar til private barnehagar med 55 millionar kroner.

### Overføringar og tilskot til andre

Overføringar og tilskot til andre vart om lag 146 millionar kroner høgare enn budsjettert. På same måte som ein ikkje budsjetterer med mva-kompensasjon, budsjetterer ein heller ikkje med motposten som er meirverdiavgift. Avviket knytt til denne posten utgjer om lag 91 millionar kroner. 20 millionar kroner av meirforbruket skuldast økonomisk støtte utbetalt av NAV. å Helse. 6 mnok på Organisasjon.  Om lag 15 millionar kroner av meirforbruket skriv seg frå koronakompensasjon til lokalt næringsliv. Dette er utgifter kommunen har fått dekt gjennom statlege tilskot.

### Finanspostar

Marknadsrentene har auka kraftig gjennom heile 2022 og 2023, noko som har gjort det meir utfordrande enn normalt å budsjettere renteinntektene. Kommunen har renteinntekter på bankinnskot og utlån, til dømes ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS. Samla renteinntekter i 2023 var lag 278 millionar kroner, noko som er om lag 36 millionar kroner meir enn budsjettert. Om lag 157 millionar kroner av renteinntektene er renter på konserninterne lån, der lån til eigedomsføretaket utgjer brorparten.

For 2023 er det bokført utbytter på til saman 77,6 millionar kroner. Dette er 51,4 millionar kroner meir  enn budsjettert. Utbyttet frå Tafjord Kraft AS var på 64,4 millionar kroner, mot 36,8 millionar kroner året før. Det er også bokført utbytte frå Attvin AS på 5,4 millionar kroner. Ørskog Energi AS betalte 3,0 millionar kroner i utbytte.

Medan 2022 vart eit år med svak utvikling i dei fleste finansmarknadane, vart 2023 den rake motsettinga med positiv verdiutvikling på aktiva plassert både i aksjemarknaden og i obligasjonsmarknaden. Alt tidleg på året hadde ein nådd budsjettert avkastning, noko som gjorde at ein valde å redusere aksjedelen av porteføljen ned mot 20 %. Budsjettert avkastning på finansporteføljen er 20 millionar kroner, medan avkastninga vart 39,6 millionar kroner. Avviket mot budsjett vart om lag 19,6 millionar kroner.

Finansreglementet regulerer mellom anna graden av rentebinding som kommunen skal ha. Strategien gjennom 2023 har vore uendra frå tidlegare år, og ein har valt å fortsette med relativt kort rentebinding. Rentekostnadane vart 295,5 millionar kroner. Dette er 157 millionar kroner høgare enn året før, men likevel om lag som budsjettert. Merk at dette er rentekostnadar for både kommunekassa og dei kommunale føretaka. Dette skuldast at føretaka vert finansiert gjennom låneopptak i kommunekassa, som deretter låner vidare til føretaka (utan margin). Føretaka betalar difor renter til kommunekassa. For 2023 utgjorde dei konserninterne renteinntektene 157,3 millionar kroner.

Samla avdragskostnadar var om lag 100,8 millionar kroner, noko som er 25,9 millionar kroner lågare enn budsjettert.

## Avvik mot budsjetterte løyvingar til drift

### Økonomiske effektar av kommunedelinga

Arbeidet med delinga av Ålesund kommune kan i prinsippet sjåast som tre ulike prosjekt:

- Etablering av nye Haram kommune (2024)

- Etablering av nye Ålesund kommune (2024)
- Avvikling av Ålesund kommune (2023)

Arbeidet har vore, og er fortsett, særs omfattande. Brorparten av arbeidet er gjort av eigne tilsette, med bruk av konsulentar der dette har vore mogeleg. I august 2023 fekk kommunen overført 200 millionar kroner i øyremerkte middel til å finansiere delingsarbeidet. Av desse er om lag 125 millionar kroner nytta. Bruken fordeler seg som følgjer mellom kommunalområda:




Det er kommunalområdet Organisasjon som har hatt den klart største belastninga, med nesten 69 millionar kroner – noko som utgjer om lag 55 % av den samla kostnaden. Det er også bokført ein del kostnadar på ansvarsstaden «Kommunedirektøren». Dette er til dømes lønnskostnadar til fleire nøkkelpersonar og andre kostnadar som ikkje naturleg høyrer heime på andre kommunalområder.

| **Kommunalområde** | **Kommunedeling** |
|---|---|
| Organisasjon | -68 745 755 |
| Helse | -5 635 246 |
| Oppvekst | -15 072 781 |
| Samfunn | -5 711 637 |
| Kommunedirektør | -30 010 163 |
| Frie inntekter, finans mm | -107 114 |
| **Totalsum** | **-125 282 696** |

## Investeringsrekneskapen

Samla investeringsutgifter i kommunekassa var i 2023 på 1,43 milliardar kroner. Dette er eit mindreforbruk på om lag 270 millionar kroner.

Investeringar i varige driftsmiddel i 2023 for kommunekassa var 665,4 millionar kroner. Dette er eit meirforbruk på 3,9 millionar kroner.

Utlån av eigne middel vart 288 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette dreier som om vidareutlån til dei kommunale føretaka. Det vert vist til årsberetning for dei respektive føretaka for nærare kommentarar.

For investeringsinntektene er det størst avvik mot budsjett for postane bruk av lån, samt tilskot frå andre. Tilskot frå andre gjeld i all hovudsak inntekter frå at sal av tekniske installasjonar i forbindelse med utbyggingar. Meirinntekta her var på til saman 85 millionar kroner. Bruk av lån endte på 1 080 millionar kroner, noko som er 374 millionar kroner lågare enn budsjettert.

For fleire kommentarar knytt til investeringsrekneskapen vert det synt til omtalen under kvart aktuelle kommunalområde.

## Kommunalområde Organisasjon

I 2022 vart det gjennomført ei større administrativ omorganisering i kommunen. Mellom anna vart dei fire gamle stabsområda avvikla, og hovudoppgåvene til desse er i det alt vesentlege vidareført i det nye kommunalområdet Organisasjon. Gjennom denne prosessen vart også talet på tilsette redusert med om lag 50 personar.

Arbeidet med kommunedeling har prega kommunalområdet gjennom heile året. Arbeidsomfanget har vore stort. Dei tilsette har gjort ein god jobb med arbeidet.

Rekneskapen for 2022 syner eit mindreforbruk på 13,8 millionar kroner. Avvik mot budsjett i 2023 fordeler seg slik:

| VERKSEMD | REKNESKAP | BUDSJETT | AVVIK I KR | OPPHAVELEG BUDSJETT |
|---|---|---|---|---|
| Organisasjon | 15 503 156 | 28 950 812 | -13 447 656 | 19 896 675 |
| Økonomi og styring | 48 666 845 | 69 496 526 | -20 829 681 | 66 492 000 |
| Teknologi og innovasjon | 71 312 388 | 80 349 776 | -9 037 388 | 78 986 965 |
| Konserninnkjøp | 3 942 879 | 8 889 409 | -4 946 530 | 8 275 256 |
| Politikk og kommunikasjon | 33 189 226 | 38 116 943 | -4 927 717 | 36 909 479 |
| **Sum Organisasjon** | **172 614 494** | **225 803 466** | **-53 188 972** | **210 560 375** |

Tabellen ovanfor syner rekneskap for kvar verksemd samanstilt med opphaveleg budsjett og revidert budsjett, samt ei kolonne som syner avviket mot budsjett.

Rekneskap for 2023 viser eit mindreforbruk på 53,1 millionar kroner, som i hovudsak skuldast refusjon kommunedeling, vakansar og minimal bruk av vikarar.

Arbeidet med kommunedeling er i all hovudsak gjennomført ved bruk av ordinær bemanning. Konsekvensen er stor belastning på dei tilsette, avgrensa kapasitet til oppfølging og støtte til verksemdene, og til utviklings- , innovasjons- og effektiviseringsarbeid. Utan refusjon for utført arbeid med kommunedeling ville området hatt eit meirforbruk på omlag 20 mill.

I tillegg er det stram kostnadskontroll i heile kommunalområdet, der blant anna kostnader til reiser, kurs/konferansar og velferdstiltak er avgrensa til eit minimum.

I den grad det har vore mogleg har stillingar vore halde vakante, og ein har i liten grad tatt inn vikarar ved sjukdom og permisjonar.

### Investeringar

For 2023 var det budsjettert med samla investeringskostnadar på til saman 22,7 millionar kroner i kommunalområdet, medan bokførte kostnadar endte på 22,3 millionar kroner. Dei aller fleste investeringane her er knytt til IKT.

## Resultatområdet «Kommuneleiing»

Resultatområdet inneheld budsjett og rekneskap for kommunedirektøren og hans stab, saman med kommuneadvokaten. For 2023 har ein også bokført ein del av dei inntekter og kostnadar til kommunedelingsarbeidet som ikkje høyrer naturleg heime andre stadar her.

Rekneskap for 2023 viser eit mindreforbruk på 7,1 millionar kroner. Dette skuldast at ein har sett viktig utviklingsarbeid på vent grunna kommunedeling noko som gir ei innsparing mot budsjett, samt at ein nyttar eigne tilsette til delingsarbeidet som gjer at ein får ei konstandsdekning for påløpte arbeidstimar.

## Kommunalområde Helse

Kommunalområde Helse vart etablert som eit resultat av den administrative omorganiseringa i 2022, og består i hovudsak av det gamle kommunalområdet Helse og omsorg og delar av det gamle kommunalområdet Velferd og sysselsetting.

Rekneskapstala viser at kommunalområdet 20 Helse har eit meirforbruk på heile 241 millionar kroner i 2023. Resultatet er noko forverra i forhold til oktoberprognosen.

Kommunalområdet har eit stort omstillingsbehov i forhold til driftsramma. Ein har lykkast med å snu den negative utviklinga med auka i dei ordinære driftskostnadane innanfor Helse, men ein ser at omstillinga ikkje går fort nok, og at der er behov for ytterlegare tiltak i tida som kjem.

Det er etablert tilsetjingskontroll i heile 2023, og frå august er det innført tilsetjingsstopp.

Den ordinære drifta i verksemdene er omlag på same nivå som i 2022. Fleire verksemder har tatt ned drifta si noko når det gjeld årsverk og løn, men samtidig opplever ein mellom anna auka kostnader på kommunale avgifter, vaskeritenester, byråkostnadar, straum og i prisveksten på innkjøp og eksterne tenester generelt.

Lønskostnadane totalt sett for kommunalområdet har auka med meir enn kommunal deflator dersom ein samanliknar rekneskapen for 2023 med 2022. Høgare pensjonssats medverkar også til auka lønsutgifter samanlikna med året før.

I oppsummeringa nedanfor ser ein tydeleg at verksemdene har hatt store innsparingskrav som ein ikkje har lykkast med å ta ned.

*Tenesteområde 200 Helse (Overordna ansvar)*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **130,3 mill.kr.** Det meste av innsparingskravet for Helse er samla på dette området.

*Tenesteområde 210 Institusjon*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **18,7 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarar og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 220 Heimebaserte tenester*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **7,8 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarar og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 230 Omsorgsdistrikt*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **20,9 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarar og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 240 Førebygging og meistring*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **3,2 mill. kr.** Forsinka oppstart av Borgundheimen, samt enkelte vakanser er hoverårsak til mindreforbruket.

*Tenesteområde 250 Koordinering og tildeling*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **4,3 mill. kr.** Vesentleg høgare inntekter enn berekna gjer at ein endar med eit mindreforbruk. Dei generelle driftskostnadane er for høge.

*Tenesteområde 260 Legetenester*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **33 mill. kr.** Dette er i hovudsak knytt til byråutgifter i fastlegeordninga samt manglande budsjett for utbetaling av basistilskot.

*Tenesteområde 310 Buteneste*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **27,4 mill. kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarar og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 320 Arbeid og aktivitet*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **0,8 mill. kr.** Omdisponering av personell internt i verksemda, vakansar og tilskot er nokre av hovedårsakane til mindreforbruket.

*Tenesteområde 330 Måltid og ernæring*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **1,5 mill. kr.** Auka kostnadar knytt til matvareprisar er ein av hovedårsakane til meirforbruket.

*Tenesteområde 340 Psykisk helse og rus*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **1,2 mill.kr.** Verksemda har hatt fleire vakansar, og det er dette som utgjer mindreforbruket.

*Tenesteområde 350 NAV Ålesund*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **11,1 mill.kr.** Dette er i hovudsak knytt til ei stor auke i økonomisk sosialhjelp.

Fleire verksemder melder bekymring med tanke på rekrutteringsutfordringar av helsepersonell. Vakansar medfører auka løns- og innleigekostnadar. Ein vert særskilt utfordra på rekruttering av personar med helsefagleg og medisinsk utdanning. Dette gjeld særleg sjukepleiarar og legar, men ein opplever utfordringar også innan dei fleste andre yrkesgrupper i kommunalområdet. Det at ein allereie har vakansar i eksisterande turnusar utfordrar det å ha tilsetjingsstopp. Alternativet til rekruttering vil som oftast vere overtidsbruk og byråbruk. Dette gjer at stillingar i turnus i stor grad vert lyst ut, og er ein direkte hovudårsak til mange av overskridingane i forhold til overtidsbruk og innleige.

## Investeringar

Kommunalområdet hadde eit samla investeringsbudsjett på 154 millionar kroner, og har nytta 153,8 millionar kroner av ramma. Kostnaden gjeld primært investeringar i Helseplattformen.

## Kommunalområde Oppvekst

Det er eit stort meirforbruk totalt sett i kommunalområdet på vel 172 millionar per 31.12.23.

Det er fleire årsaker knytt til det negative resultatet:

- Fortsatt høge utgifter til spesialpedagogiske tiltak i private skular og barnehagar
- Auka utgifter i mange verksemder knytt til mottak av flyktningar
- Fleire barn og unge som treng individuelle tiltak
- Fleire som nyttar SFO på grunn av gratis kjernetid for 1. og 2.trinn. Ikkje fullfinansiert.
- Prisvekst
- Tilskot til private barnehagar

## Tiltak i kommunalområdet

Det har over tid vore arbeidd med å effektivisere drifta i kommunalområdet. Det har gitt noko effekt og Kostratala syner at vi ligg nøytralt eller under Kostra-gjennomsnittet. Likevel må vi gjennomføre fleire tiltak og større trykk på å igangsette tiltak for å kunne levere eit resultat innafor tildelt budsjettramme.

- Vi må vurdere struktur og organisering av tenestene tilpassa talet på befolkninga, dei krava vi har fagleg og dei økonomiske og kompetanseavhengige rammene vi har til ei kvar tid.
- Forsterke arbeidet med generell førebygging gjennom god grunnkvalitet i dei universelle tenestene våre. Det er viktig å arbeide for å dreie fokus over på systemretta arbeid i staden for individretta tiltak innan barnehage og skule. Dette vil på sikt kunne redusere utgiftene vi per i dag har til spesialpedagogiske tiltak.
- Tidleg og tverrfagleg innsats der oppvekstsektoren samhandlar til det beste for Ålesund kommune sine barn og unge. Eit viktig tiltak er Implementering av BTI-modellen og målretta oppfølging av barn og ungdom med utfordringar. I dette ligg også Implementering av det digitale verktyet Visma samspill som skal gjere samhandlinga mellom dei ulike tryggare med tanke på datasikkerheit og enklare.

## Oppvekst - overordna

Overordna leiing i Oppvekst består av 16,51 årsverk. I tillegg til kommunalsjef og 3 seksjonssjefar inkluderer det fagteam med 10,71 årsverk rådgjevarar, 1 årsverk førstekonsulent og 0,8 årsverk SLT-koordinator.

I teamet er det i tillegg 1,8 årsverk prosjektstillingar som er eksternt finansiert. Dette gjeld satsingane Rundskue og Barn og unges helseteneste.

Teamet arbeidar med fagleg oppfølging og sakshandsaming for kommunalområdet, mellom anna forvaltningsoppgåver innan skule og barnehage, ressursforvaltning, kvalitetsarbeid og internkontroll, kompetansehevande tiltak, barnehageopptak og utøving av mynde på barnehageområdet.

Teamet har og ansvar for samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak gjennom SLT-funksjonen.

Det har vore ei gradvis nedbemanning i teamet dei siste par åra. Kapasiteten i teamet er derfor noko redusert medan omfang av oppgåver er på same nivå som tidlegare. Dette kan til tider gi ein utfordrande arbeidssituasjon for dei tilsette. Teamet har i periodar hatt vakansar på grunn av sjukmeldingar og permisjonar. Teamet vert ytterlegare redusert med eit årsverk i samband med kommunedelinga utan at det vert vesentleg reduksjon i oppgåver. Oppgåvene som utførast er lovpålagte forvaltningsoppgåver og reduksjon i bemanninga gjer situasjonen utfordrande. Den einskilde rådgjevar i teamet har spesialiserte oppgåver, noko som er særleg sårbart ved nedbemanning eller når nokon sluttar. Det er særleg knytt bekymring til handtering og fordelinga av viktige oppgåver som systemadministrator for IST, kontantstøtterapportering, fakturering barnehage og SFO, og redusert foreldrebetaling. Omfanget av desse oppgåvene vil ikkje bli vesentleg redusert i ny kommune og det har derfor vore naudsynt å erstatte årsverket som går over til HK24.

Vesentlige avvik i budsjettet skuldast i hovudsak:

- Høge utgifter til spesialpedagogiske tiltak i private skolar,
- skoleskyss,
- fosterheimsplasserte elevar.

## Seksjon Barnehage

Seksjon barnehage har eit stort overforbruk i 2023. Overforbruket er på over femti millionar kroner og er tidlegare varsla i rapporteringar gjennom året. Seksjon barnehage består av drifta av 21 kommunale barnehagar og tilskot til 38 private barnehagar.

Drift av kommunale barnehagar: Her har to av verksemdene overforbruk og to av verksemdene mindreforbruk, totalt sett har dei kommunale barnehagane eit overforbruk tilsvarande omlag halvannan million. Dei kommunale barnehagane har ein fordelingsnøkkel som ligg under satsen til private barnehagar og ut frå dette eit svært lite handlingsrom. Dei to verksemdene som har overforbruk er Ålesund vest og Ålesund aust, dette er barnehagar som ligg i "gamle" Ålesund og eit område med press og fulle barnehagar. Ålesund kommune ligg under kostra på barnehageområdet (funksjon 201)

Tilskot til private barnehagar: Det var nok i utgangspunktet budsjettert for lite på dette området i detaljeringa og det vart tidleg varsla at ein ikkje ville klare å halde seg innanfor budsjetterte rammer. Satsen gjekk opp frå 2022 til 2023 grunna høg deflator og reduksjon i foreldrebetalinga. Auken i sats var mindre enn landsgjennomsnittet i tillegg ligg satsen i Ålesund betraktleg under landsgjennomsnittet og gir dei private barnehagane i Ålesund mindre ressursar å drive barnehage for enn landsgjennomsnittet. Overforbruket på dette området ligg på over 56 millionar og er eit betydeleg overforbruk opp mot budsjetterte rammer.

## Tiltak i seksjonen

Det er dei siste åra vore gjennomført fleire tiltak, som ein ser har realisert ei innsparing på området:

- Det er lagt ned 2 kommunale barnehagar frå haust 2021.
- Det er gjort ein reduksjon av verksemder frå 6 i 2020 til 4 i 2022 og etter kommunedeling vert det 3 verksemder. Dette er ei reell innsparing på 3 verksemdsleiarstillingar og verksemdene ligg no mellom 65 og 85 årsverk.
- Det er gjort ei omorganisering av bemanningstenesten. Her er bemanningstenesten endra frå å vere ei stor bemanningsteneste til å vere ei bemanningsteneste i kvar verksemd. Det er redusert med 2 administratorstillingar, då verksemdsleiarane og styrarane utfører administrasjonsoppgåver knytt til bemanningstenesten.
- Barnehagane har høgt sjukefråvær, men arbeider aktivt for å redusere dette. Det er ikkje mogleg å få tak i nok vikarar til å halde bemanningsnorma i periodar med mykje fråver og det vert slik ei "innsparing" der fleire barnehagar får meir i refusjon enn utgifter til vikarar.
- Barnehagane har gjennom ei årrekke vore restriktive i høve innkjøp.
- Det er ikkje gjort innkjøp av arbeidsklede i tråd med lokal særavtale i alle barnehagane, det er signalisert at det skal kunne kjøpast inn tidleg i 2024 for å oppfylle avtalen.
- Ut frå at barnehage ligg under kostra og har ei svært restriktiv og økonomisk drift ligg satsen til private også vesentleg under den nasjonale satsen (som er landsgjennomsnittet), det er slik ikkje mykje meir å gå på for å redusere sats til private barnehagar i Ålesund kommune.

## Vesentlege avvik i seksjonen

Grunna høgt sjukefråvær og mangel på tilstrekkeleg med vikarar har nokon få av barnehagane måtte stenge eller redusere opningstida. Dette er ikkje gjort i utstrekt grad og ei slik avgjersle er knytt til at det ikkje har vore mogeleg å ha ei forsvarleg bemanning.

## Seksjon Skule

Seksjon skole (ansvar 420) med 29 verksemder har eit samla meirforbruk i 2023 på 56 mill. 24 av verksemdene leverer sine rekneskap med eit meirforbruk, 5 med eit mindreforbruk.

Årsakene til meirforbruket er samansett av fleire faktorar. Det har over tid vore reduksjon av driftskostnadar for skulane, og ein har i 2023 hatt innkjøpsstopp store delar av året. Ein ser at på innkjøp er ein no på eit nivå som er for lavt. Det er ikkje rom for innkjøp av læreverk og anna naudsynt utstyr til undervisning, noko som har negative konsekvensar for tilbodet som gis.

Ein har også eit større meirforbruk på løn. Totalt sett for Ålesund ligg ein noko over lærarnorm, men dette må sjåast i samanheng med klassestørrelse. Ved fleire skolar er det berre ei klasse per trinn, hovudtrinn/ etc. Det er iverksett et arbeid for å sjå på bemanningssituasjonen ved skulane.

Skulane melder om tapte inntekter på SFO pga. statleg vidareført og utvida ordning med gratis kjernetid for 1. klassingar, og frå hausten 2023 også for 2. klassingar. Dette inntektstapet har skolane ikkje fått kompensert for.

Vidareføring av ordninga med redusert foreldrebetaling for familiar med lav inntekt gir også reduserte inntekter for verksemdene i forhold til summen som det samla talet på barn i dei ulike skolefritidsordningane skulle tilseie.

Fleire skolar melder om ei auke i talet på elevar med til dels store og samansette opplærings- og hjelpebehov. Elevar som utifrå einskildvedtak om rett til spesialundervisning og behov for helserelatert assistanse, treng ekstra tilrettelegging og dette medfører igjen ekstra kostnadar.

Mange av skolane har også fått elevar med flyktningstatus, noko som nødvendigvis gir auka utgifter. Barn og unge som skal vere i Norge i meir enn tre månader har både rett og plikt til opplæring.

## Tiltak i seksjonen

Skulane har også dette året prøvd å halde seg innanfor tildelt ramme, gjennom å slå saman klasser og samordne spesialundervisninga. Desse sparetiltaka har nok hatt ein viss effekt på økonomien, men fører samstundes til at ein ikkje klarer å prioritere tidleg innsats og tilpassa opplæring i den grad som ein burde. Fleire av skulane har også hatt vanskar med å halde seg innanfor når det gjeld lærarnormen.

Målet med å satse på tidleg innsats, fagleg inkludering og tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, er at ein på sikt skal kunne redusere behovet for spesialundervisning. Denne endringa blir svært vanskeleg å få til, når ein ikkje kan prioritere førebygging og styrking av det ordinære tilbodet.

Skulane rapporterer også i år at dei i stor grad har spart på vikarbruken. Det har vore svært vanskeleg, - for ikkje å seie uråd, - å få tak i kvalifiserte vikarar i Ålesund. Dei fleste skulane har meir i refusjonar på sjukefråvær og fødselspermisjonar, enn dei har på vikarutgifter.

Mange på vikarar har ført til at ein ikkje har klart å gje elevane det dei har krav på, korkje i høve einskildvedtak eller klasseundervisning. Tilsette på skulane har strekt seg langt for å løyse vikarproblematikken, ved å ta på seg ekstra undervisning. Dette er i seg sjølv positivt, ettersom elevane får vikarar som dei kjenner - men det fører også til slitasje på personalet. Og det fører til auka utgifter i form av overtidstillegg til dei som må ta vikartimar ut over full stilling.

Også leiinga ved  skulane har i stor grad gått inn som vikarar, noko som har bidrege til å halde vikarkostnadane nede. Men det har på den andre sida ført til mindre tid til leiing og fokus på administrative oppgåver.

## Vesentlege avvik i seksjonen

Dei aller fleste skulane har stort meirforbruk på drifta for 2023. Meirforbruket i 2023 i tillegg til rammereduksjon for 2024 gjer det krevjande å drifte forsvarleg også inn i nytt budsjettår.

## Seksjon barn, familie og førebygging

Meirforbruket på 17,9 millionar kroner i seksjonen er i hovudsak knytt til verksemdene Pedagogisk fagsenter, Bu- og avlasting og Integrering. Fleire av verksemdene har fått innsparingskrav for 2023. Dette har ført til ein utfordrande driftssituasjon. Kommunen vedtok å ta i mot 300 flyktningar for 2023. Meirforbruket i verksemd Integrering blir dekka inn av integreringstilskot. Kommunen har mottatt om lag 20 million kroner meir i integreringstilskot enn revidert budsjett, og differansen mellom mottatt integreringstilskot og direkte utgifter(hos verksemd Integrering) er på om lag 25 million kroner. Dette inkludert rekneskapen til Tospråklege faglærarar som frå 2022 er ein del av verksemd Integrering.

For verksemd Pedagogisk fagsenter er meirforbruket knytt til spesialpedagogisk hjelp til fosterheimsplasserte barn, overføring til private barnehagar og tilretteleggingstilskot etter §37 i barnehagelova. Kommunen har høge utgifter på desse områda. Det er sett i gang eit arbeid med å redusere omfanget av vedtak om tilrettelegging. Dette er eit endringsarbeid som vil ta tid. Alle ansvarsområda i Pedagogisk fagsenter driftar elles innanfor rammene når det gjeld løn og personalkostnader.

For verksemd Bu- og avlasting er meirforbruket knytt til at det vert tildelt tenester utanfor ramma, mellom anna på grunn av auka behov for avlasting i institusjon, auka krav til kompetanse og pålegg frå Statsforvaltaren. Tenesta har likevel gjort eit godt arbeid for å redusere eit stort meirforbruk og jobbar med å endre tenestene til lågare nivå i innsatstrappa. Verksemda skal frå våren 2024 flytte inn i ny barne- og avlastingsbustad, noko som vil gi auka moglegheiter for meir differensierte avlastingstenester.

Etter at oppvekstreforma vart gjeldande frå 2022 har barneverntenesta fått ei kraftig auke i utgifter til statlege tiltak og i utgifter til fosterheimar som kommunen tidlegare fekk refusjon for. Dette er det ikkje kompensert tilstrekkeleg for i budsjettet. Verksemda har stort sett drifta innan for budsjettramme i 2023, men har eit lite meirforbruk per desember 2023. Tenesta har fleire usikre variablar, mellom anna plikta til akuttplassering av barn og unge dersom vilkåra i lova er oppfylt. Dette betyr at kostnadar til barn og unge som for ein periode må bu utanfor heimen på institusjon eller i beredskapsheim, er uføreseielege. Barneverntenesta arbeider systematisk for at institusjonsopphald ikkje skal vare lengre enn høgst nødvendig. Ei tilbakeføring til heimen kan likevel vere krevjande då kapasiteten på heimebaserte tiltak i Familiestøttande tenester og i kommunen elles, er lav. Sjølv om det per no er færre ungdommar i institusjon enn tidlegare, har den einskilde plassering langt høgare kostnadar.

Helsestasjonen har eit knapt mindreforbruk. Verksemda fekk eit innsparingskrav på omlag 3,8 millionar for 2023. Drifta av verksemda har vore sterkt utfordra av gjeldande krav til innsparing då dette er innfridd med vakante stillingar gjennom heile året.

Helsestasjonen fekk frå hausten 2023 pålagt oppgåva med drift av vaksinestasjon som omhandlar massevaksinasjon av covid- og influensavaksine. Sjølv om vaksineringa medfører ei inntekt, gir det og verksemda ekstra kostnadar til personalressursar, vaksiner og anna utstyr til formålet som det ikkje er budsjettdekking for.

Verksemd familiestøtte har ved årsslutt eit mindreforbruk som skuldast vakante stillingar gjennom året. Det vert ikkje leigd inn vikarar ved sjukefråvær. Dette medfører redusert kapasitet til å gi naudsynt hjelp, støtte og rettleiing til barn, unge og familiane deira, og gir lengre ventetid og lange ventelister.

## Tiltak i seksjonen

Verksemdene arbeider systematisk for å sikre gode tenester og å vere ein god arbeidsplass for dei tilsette. Det vert kontinuerleg arbeidd for å nytte dei ressursane ein har på ein best mogleg måte. Fleire av verksemdene skal sørve store områder og arbeidsoppgåvene vert planlagt så godt som mogleg for å nytte arbeidstida og redusere køyretid.

I dei verksemder/avdelingar som ikkje har turnustenester vert det så langt som mogleg ikkje leigd inn vikarar ved fråvær som gir refusjonar. Det vert ikkje gjort innkjøp ut over det som her heilt naudsynt for å kunne drifte forsvarleg og i tråd med regelverk. Leiarar er involvert i alle innkjøpsprosessar. Kompetansehevande tiltak som ikkje er eksternt finansiert vert ikkje prioritert. Det vert søkt eksterne midlar til utdanning og engasjementstillingar.

**Pedagogisk fagsenter**

Eit viktig tiltak for å redusere kostnadar knytt til drift er å samlokalisere alle avdelingane i Pedagogisk fagsenter. Tenesta er ikkje stadbunden og skal yte tenester til alle barnehagar og skular i heile kommunen og Fjord kommune. Verksemda er no fordelt på 4 lokasjonar. Desse lokasjonane ligg i utkantane av kommunen og langt frå pressområda. Sjølv om det er innført tiltak for å redusere utgifter til flytting er det framleis store kostnadar knytt til dette. Det medfører og ineffektiv bruk av personalressursar.

**Helsestasjon**

Verksemda arbeider systematisk med å halde driftsutgiftene så låge som mogleg. Tenesta har gjennom 2023 hatt høgt sjukefråvær og vakante stillingar. Det vert så langt som mogleg ikkje leigd inn vikarar til fråvær som gir refusjonar. Dette gir reduserte driftsutgifter, men og ei innskrenking i kva oppgåver tenesta kan gi befolkninga. Konsekvensar av innsparingstiltak er fråvær av skulehelseteneste ved enkelte skular. Det er ei bekymring for kor berekraftig dette er på sikt. I tillegg til dette er det ei auke i lovpålagte oppgåver, noko som medfører at tenesta i mindre grad og tidvis ingen grad, maktar å drive førebyggande arbeid. Det er stor slitasje i personalgruppa relatert til dei omfattande endringane som følge av HP, kommunedeling, pandemitiltak og stramme økonomiske føringar for å nemne dei største faktorane.

Verksemda har ei utfordring knytt til dei statleg finansierte engasjementstillingane då desse stillingane etter kvart gir rett til fast tilsetting. Dette omfattar omlag 7 stillingar i løpet 2024. Dei statleg finansierte stillingane har som målsetting at tenesta skal kome på nasjonal norm for helsesjukepleiarar. Trass tilskot over fleire år er tenesta per no ikkje på nasjonal norm frå 2010.

**Familiestøtte**

Verksemda jobbar systematisk med å redusere utgifter til drift. Tenesta har vakante stillingar og det vert ikkje leigd inn vikarar ved sjukefråvær.
Det er låg kapasitet på heimbaserte tiltak og verksemda har lange ventelister. Dette har som konsekvens at fleire barn, unge og familiane deira ikkje får rett hjelp til rett tid.

**Bu- og avlasting**

For å halde driftsutgiftene så låge som mogeleg vert alle søknadar og tildelte tenester om avlasting jamleg gjennomgått for å kunne evaluere og revurdere tilbod som er tildelt. Det er sett faste evalueringstidspunkt gjennom året. Dette har vore praktisert dei siste par åra og arbeidet har gitt

positive resultat. Det vert og gjort kontinuerlege vurderingar for å redusere bemanningsfaktorar på tiltak som er høgt bemanna. Det er starta opp aktivitetsbasert timesavlasting i tillegg til ordinær døgnavlasting. Det vert og jobba med å etablerte ambulant støtteteam for veiledning i heimen for å førebygge høgt nivå på institusjonsavlasting.

**Barnevern**

Tenesta jobbar systematisk med å redusere kostnadar knytt til ungdom i institusjon og for at fleire unge med alvorlege kriminalitets- og åtferdsvanskar skal få oppfølging i heimen. Dette er utfordrande då det er låg kapasitet på tiltak i kommunen. Verksemda har lågare driftsutgifter på grunn av vakansar, permisjonar og sjukefråvær. Det vert ikkje nytta vikarar i samband med dette fråværet. Det er føretatt ein gjennomgang og justering av løn til fosterheimar. Lønsnivået er no lågare enn tidlegare. Det er gjennomført en omdisponering av personalressursar og etablert eit eige veiledningsteam. Terskelen for å yte førebyggande hjelpetiltak er og heva.

## Vesentlege avvik i seksjonen

Vesentlige avvik i budsjettet for barn familie og førebygging ligg i hovudsak verksemdene Pedagogisk fagsenter, Bu- og avlasting og Integrering og skuldast:

- Utgifter til spesialpedagogisk hjelp til fosterheimsplasserte barn, overføring til private barnehagar og tilretteleggingstilskot til barn i barnehagar.
- Økt behov for avlasting i institusjon for barn og unge.
- Differanse mellom mottatt integreringstilskott og direkte utgifter til flyktningar.

### Investeringar i kommunalområde Oppvekst

Det er eit stort etterslep når det gjeld digitale verktøy i skulane. Det arbeides for å få alle skulane opp på same nivå, dette er særs viktig med tanke på at skulane er i ferd med å bli dysleksivennlege skular. Det er investert for 1,4 millionar kroner til dette i 2023, medan budsjettet var på 3,75 millionar kroner.

## Kommunalområde Samfunn

Rekneskapen til kommunalområdet syner eit meirforbruk på 23 millionar kroner opp mot budsjett.

Dette skuldast i hovudsak eit større meirforbruk for verksemd miljø og samferdsel. Innsparingstiltak har vore iverksett, men det tek tid før ein ser effekten. Mellom anna har det vore utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid og det er sett igang eit arbeid med å kutte i tenester og innkjøp.

Det er også eit meirforbruk i verksemd kulturskule. Meirforbruket knyter seg i all hovudsak til auka utgifter til løn, bilgodtgjersle/reiseutgifter ved desentralisert undervisning, husleige og oppvarming av lokaler. Det er sett i gang eit arbeid for å sjå på meir effektiv drift i 2024.

Rekneskapen til verksemd plan og bygning syner eit mindreforbruk opp mot budsjett. Dette skuldast hovudsakleg vakansar og refusjon for sjukefråvær. Det er verdt å merke seg at ein har greidd å få inn meir inntekter enn forventa dersom ein samanliknar det med ressurssituasjonen, dette er takka vere godt arbeid frå alle dei tilsette i verksemda som har gjort ein særskilt god innsats i 2023 når det gjeld sakshandsaming.

Rekneskapen for ansvar 700 Samfunn syner eit mindreforbruk i 2023. Fleire stillingar har stått vakante delar av 2023, og det var ein stor ressursbruk inn mot kommunedelinga som vert dekt gjennom delingsbudsjettet.

Rekneskapen for verksemd innbyggartorg og bibliotek syner eit mindreforbruk. Bakgrunnen for dette er uvanleg låge straumkostnader for Rådhusdrift og vakansar utan vikar på Innbyggartorg.

Det er streng budsjettdisiplin i kommunalområdet og det vurderast fortløpande å innføre konkrete innsparingstiltak.

## Innbyggjartorg og bibliotek

Årsrekneskapen viser eit mindreforbruk.

Årsaka til mindreforbruket har i hovudsak to årsaker:

- Uvanleg låge straumkostnader for Rådhusdrift.
- Vakansar utan vikar på Innbyggartorg.

Gjennom året har rekneskapen hittil å år vist eit overforbruk og prognose ein mindre underforbruk. Det viser seg å skje store endringar når rekneskapen blir gjort opp i slutten av året. Noko av årsaka er at vi tek fellesutgifter gjennom året som til slutt vert avrekna.

Det var venta eit meirforbruket knytt til større husleigekostnadar enn rekna med i budsjettet. Det har skjedd endringar i husleigefordeling gjennom året, og anslaget slo ikkje til.

Vi har elles eit meirforbruk på to funksjonar; 370 bibliotek og i 385 som inkluderer frivilligsentralane og ei prosjektstilling. Ein del av lønsutgiftene som vert ført på 385 er budsjettert på funksjon 120. Dette er dermed ikkje eit reelt meirforbruk.

Vi har hatt satsingar i bibliotek der utgifter frå 2022 har kome seint og blitt ført på 2023. Dette forskyver utgiftene og fører til overskridingar i inneverande år. Vi har store, ikkje budsjetterte utgifter, på bibliotek som i all hovudsak er dekka inn av ikkje budsjetterte inntekter. Vi har lagt vinn på å bruke opp prosjektmidlar frå bundne fond for å sette ut i livet planlagde tiltak.

Vi har eit overforbruk på løn på bibliotek. Det skriv seg til at vi ikkje hadde budsjettert med ekstravakt, sjuke- og ferievikar. I praksis viser det seg umogleg å unngå utan å stenge biblioteka på kort varsel. Av omsyn til tryggleik for tilsett og besøkande har vi også måtte bemanne noko opp på laurdagar og enkelte periodar gjennom året.

På innbyggartorg har vi fleire vakansar knytt til sjukefråvær og permisjonar utan vikar, Her er ei innsparing i høve til budsjett. Arbeidet på innbyggartorg er av ein slik karakter at det krev lang opplæring. Vi må difor ha ei grunnbemanning som gjer at vi tåler vakansar utan vikar. Når vi har ledig kapasitet bruker vi den på oppgåver og tiltak som avhjelper andre delar av kommuneorganisasjonen gjennom periodar med ekstraordinær arbeidsmengd.

Rådhusdrift sitt underforbruk er særleg knytt til låge energikostnader.

## Kulturskule

Rekneskapen for Ålesund kulturskole viser eit meirforbruk på 1,8 millionar kroner.

Meirforbruket knyter seg i all hovudsak til auka utgifter til løn, bilgodtgjersle/reiseutgifter ved desentralisert undervisning, husleige og oppvarming (straum, biodiesel).

Vi har hatt mindreforbruk på vikarar, kurs og utstyr/inventar samstundes som vi har har auka inntektene våre med ca. 3/4 mill. kroner i forhold til budsjett.

I og med at lønsmidlane utgjer nær 140 % av kulturskolen sitt bruttobudsjett, er det først og fremst her vi kan spare pengar. Gjennom heile 2023 har det vore gjort tiltak for å halde lønsutgiftene nede ved å halde moglege stillingsressursar vakante og redusere vikarbruken så langt som råd. Dette er eit tviegga sverd i og med at for mykje kansellert undervisning i neste omgang kan medføre refunderte kontingentar.

Sjølv om det har vore gjort tiltak for å halde dei andre driftsutgiftene nede, har dette ikkje fullt ut kompensert for den store auka det har vore i utgiftene til m.a. bil/transport og husleige.

## Kultur og fritid

Årsrekneskapen viser eit marginalt mindreforbruk.

Kultur og fritid har frå 2020 fått budsjett for å dekkje kostnadane for husleige for Lepsøy IL og Norborg fleirbrukshall, men ikkje driftsutgiftene. I 2022 blei desse kostnadane overført til oss, men utan budsjett, også i 2023. Desse kostnadane utgjer kr 1 681 360.-, Moa svømmehall vart stengt 14. august og opna 1. desember pga. ombygging av dusjar og garderobar o.l, dette ga oss tapte billettinntekter. Parken kulturhus har derimot meir aktivitet og besøk enn rapportert tidlegare. Vi har også fått refundert store delar av ei stilling som har arbeida med prosjekt knytt til Re-value. Ung i Ålesund har hatt mindre utgifter enn budsjettert grunna liten aktivitet. Dette skuldast at vi har sagt opp leigeavtalen for lokala til Vibes, og har enno ikkje starta opp ungdomshus i gamlebiblioteket på Moa.

Til tross for at verksemda har hatt fleire vakansar og stram økonomistyring i år, som normalt skulle gitt oss større handlingsrom, har desse innsparingane gått til å dekkje andre budsjettpostar. Frå hausten 2022 og januar 2023 har verksemda fått ansvar for drifta av Kolvikbakken idrettshall og Renexhallen, utan å få oppjustert driftsbudsjett for desse.

Prognosa frå oktober viste at vi styrte mot eit meirforbruk, men på grunn av mindre straumforbruk , innkjøpsstopp og fleire timar til Re-value, har vi no innhenta dette og landar på eit lite mindreforbruk.

## Samfunn

Rekneskapen for ansvar 700 syner eit mindreforbruk i 2023 på 3,2 millionar kroner. Fleire stillingar har stått vakante, og ressursbruk inn mot kommunedelinga vert dekt gjennom delingsbudsjettet.

## Vatn og avløp

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 12,8 millionar kroner.

**Drift vatn:** Noko under på lønskostnad og et meirforbruk på  på øvrig drift. Lågare gebyrinntekt enn budsjett medføre at ein no tømmer fond på vatn.

**Drift avløp** har eit større meirforbruk i år. Noko skuldast lågare gebyrinntekt enn budsjett. Driftskostnadar er ein god del høgre enn budsjett. Økt driftskostnad i 2022 og 2023 på avløp har medført at fond er tømt og at ein no bygger negativt fond.

Styrenpåslepp til reinseanlegg på Åse utgjer ein del av meirforbruk. Kostnadane er ikkje ferdig oppgjort med forsikringsselskap. Det meste av denne kostnaden forventar vi å få dekt gjennom forsikring og regresskrav. To tredjedeler av kostnadane er no utbetalt.

Det har vore fleire havari på gammalt og slitt prosessutstyr på fleire av reinseanlegga

Stor auke i kostnader til spyling og reingjøring av kummer og leidningsnett

Auke i vedlikehald og reparasjonar på gamle biler

**Tilknytingsavgift:** Inntekt på tilknyting av kommunalt vatn og avløp er noko høgre enn budsjett.

## Miljø og samferdsel

Årsrekneskapen viser eit meirforbruk for virksomheten på 19,8 millionar kroner. Det er utført ein omfattande kartleggings- og ryddejobb i budsjettet og verksemda har langsmed hatt ei klar målsetning og gjennomført tiltak for å redusere avviket men av årsaker som det er gjort greie for nedanfor ser ein likevel eit stort meirforbruk ved årsslutt.

Innsparingstiltak har vore iverksett, men det tek tid før ein ser effekten. Mellom anna har det vore utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid og det er sett igang eit arbeid med å kutte i andre tenester samt innkjøp. Vi må kutte på det som gir høg innsparingseffekt, men lav effekt på negativ konsekvens. Innsparingstiltak på brøyteavtalane er sett i gang men dette vil fyrst få effekt i sesongen 2024/2025.

**Avdeling drift:**

Drift og beredskap er eit krevjande område å budsjettere/lage prognoser for då det er avhengig av vær. Det har i løpet av året vore venta og varsla at ein får eit behov for ekstra bevilgning då budsjettet på vintervedlikehald har synt seg noko lavt. Mars månad synte seg svært krevjande med ei auke ift. 2022 på heile 300 %. I tillegg har forholda langs vegane kravd ei betydeleg auke i bruk av strømiddel tilsvarande ca. 30% ift 2022 og dermed også auke i kosting. I tillegg må følgjande punkt som gjer at drift har eit avvik i forhold til budsjett nemnast:

- Auke i mengder areal som skal driftast utan at budsjettet har auka tilsvarande. (ifbm kommunesamanslåing). Den totale auke i kostnadane er på ca. 351 % samanlikna med "gamle Ålesund" sitt driftsbudsjett.
- Auke i kostnadar som følge av betydeleg prisauke:
- Auke i SSB sin indeks på ca. 30 % siste 3 år
- Auke i timepriser på ca. 75 %.
- Uføresette og akutte hendingar som f.eks utglidning av veg, Sankten p-hus med vannlekkasje og utbetring av brannvarslingsanlegg, lekkasje i varmeanlegg i Kongens gate, utbetringar ifm. overvann.

- Betydeleg auke i besøkstal i byen medfører auka behov for reinhald, avfallshåndtering m.m. samt prisauke frå Årim i denne samanheng.

**Avdeling forvaltning:**

Driftsbudsjettet for avdelinga syner eit meirforbruk. Dette skuldast i hovudsak meirkostnadar på grunn av auke i straumutgifter på gatelys, samt ei overbudsjettering på forventa inntekt på bl.a. gravemeldinger og andre gebyr opp i mot nivå i 2022 (som ikkje var eit normal år) i tillegg har ein hatt uføresette hendingar som har vore kostnadsdrivande.

- Størstedelen av avviket på driftsbudsjettet svarer til eit innsparingskrav på 2,97 mill. på ramma, som avdelinga ikkje har hatt mulighet til å kunne ta inn i driften for 2023.
- Inntekter innanfor sjølvkostområdet for graveløyver med meir, har gått ned i størrelsesorden 0,7 mill. grunna endring av anleggsaktivitet og generell nedgang i byggebransjen.
- Prisauke og fleire akutte behov for omfattande reparasjon på gatelysnettet på seinhausten har ført til at budsjettet på gatelys samla sett har eit overforbruk i størrelsesorden 1,5 mill.
- Kostnader til utbetringar av målestasjon for luftkvalitet. Størrelsesorden er på ca 300 000.
- Akutte tiltak for å bedre trafikksituasjonen på Aksla/Fjelltun, samt analyser for videre tiltak. Størrelsesorden er på ca. 200 000.
- Innløysing av leasa transportmiddel utgjer kr 125 000.

**Avdeling prosjekt:**

Et større avvik er synlig på driftsbudsjett for 2023 under ansvarsområdene 720050 og 720051. Avviket er knytt til timeregistrering for prosjektledere. I 2023 vart 85% av prosjektledernes timer ført på prosjekter og dermed 85% dekking av lønnskostnader fra investeringsbudsjett. I 2024 blir dette endret slik at 100% av disse timer vil føres på prosjekter. Dette vil gi et mindre avvik på driftsbudsjett siden hele lønnskostnaden for prosjektledere vil bli overført fra investering til drift.

## Byggesak og oppmåling

Rekneskapen til verksemd for plan og bygning syner eit mindreforbruk på 6,4 millionar kroner.

Dette skuldast hovudsakleg vakanse og refusjon for sjukefråvær. Ein har mindre inntekter enn budsjettert og det er også brukt litt meir på utgifter enn budsjettert, men mindreforbruket på lønn og refusjon for sjukefråvær dekker dette opp med god margin. Det er verdt å merke seg at ein har greidd å få inn meir inntekter enn forventa dersom ein samanlikar det med ressurssituasjonen, dette er takka vere godt arbeid frå alle dei tilsette i verksemda som har gjort ein særskilt god innsats i 2023 når det gjeld sakshandsaming.

## Investeringar i kommunalområdet Samfunn

Investeringskostnadar for innbyggjartorg og bibliotek vart på 0,97 millionar kroner, medan budsjettet var 0,9 millionar kroner. Investeringsposten til Rådhusdrift gjeld ny heis i lavblokka, KS 036/23. Den står her med eit overforbruk, noko som er missvisande. Budsjettet vart teke ned i tertialen med eit for stor beløp i høve til kostnadane som kom i 2023. Totalprisen på prosjektet er kr 2 045 000, der størestedelen av kostnadane er venta i 2024. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet for 2024 og må difor justerast i samband med kvartalsrapporteringa.

Investeringsposten til inventar og utstyr gjeld ombygging av 1. etg på rådhuset. Årsaka til underforbruket er at større del av arbeidet vert utført i 2024. Arbeidet er ferdig planlagt og skal utførast i 2024.

Innanfor resultatområdet Samfunn er det gjennomført investeringar for til saman 1,9 millionar kroner, medan budsjettet var på 1,4 millionar kroner. Investeringane gjeld Borgundfjordprosjektet «Renere fjord».

Innanfor verksemd Vatn og avløp var det budsjettert med investeringar for 331,8 millionar kroner. Samla vart det nytta 290,1 millionar kroner til investeringar i verksemda. Dei største investeringsprosjekta er som følgjer:

- **Generelle investeringar – VA**

Det er ei stor auke i aktivitet og prosjekt knytt til Bypakken. Fleire prosjekt som vart starta i 2022 og 2023 vert avslutta mot slutten av året eller rett over årsskiftet.

- **Fornying av avløpsreinseanlegg – VA**

En ser at det trengst meir data og underlag for prosjektering av utbetring av reinseanlegget på Flisnes og Aspøya. Tilsvarande må ein og oppdatere underlag for reinseanlegg på Håhjem og Sjøholt

- **Leidningsfornying og separering – VA**

Her er det og stor auke i aktivitet knytt til Bypakken og arbeid knytt til reduksjon av framandvatn inn mot reinseanlegg. Ein brukte noko over budsjett for 2023 her.

- **Sanering av kommunale direkte-utslepp – VA**

Her er det god framdrift men anleggskostnader kjem først i 2024.

- **Nytt vassbehandlingsanlegg**

Ein har kome noko seinare i gang med bygging enn forventa. Kontrakt er no signert med PEAB K Nordang på hovedentreprisa for grunn, betong og VVS. Ein ligg litt bak framdriftsplan noko som gjer at midlar vert ført over til neste år. Byggestart desember 2023.

- **Felles reinseanlegg**

Sprik mellom budsjett og rekneskap heng saman med at fullt pådrag på prosjekteringstimar vart sett i gang noko seinare enn tenkt, men det er no i full drift. Anbod er ute og det er planlagt byggestart mai 2024.

- **Digiwater**

Forsking og samarbeidsprosjekt er no starta opp i tett samarbeid med NTNU. Prosjektet skal analysere og overvake rå-vasskvaliteten i Brusdalsvatnet og drikkevasskvaliteten. Det skal og utviklast ein digital tvilling av vatnet for behandling og vern av vatnet.

## Resultatområdet «Frie inntekter, finans m.m.»

Dette resultatområdet vert nytta til å budsjettere og bokføre inntekter og kostnadar som ikkje naturleg høyrer heime i kommunalområda. Hovudpostane her er overføringar til dei kommunale føretaka, overføringar til Kyrkjeleg Fellesråd, premieavvik på pensjon og andre fellesutgifter. Finanspostar vert også bokført her. For kommentarar knytt til finanspostar vert det synt til tekst tidlegare i årsberetninga.

Samla budsjett for området var 318,9 millionar kroner, medan bokførte kostnadar var 260,8 millionar kroner. Med andre ord hadde kommunen eit mindreforbruk på 58 millionar kroner her. Dette skuldast i all hovudsak at premieavviket vart vesentleg større enn budsjettert. Dette må sjåast i samanheng med at pensjonspremien, som vert bokført i kommunalområda, vart ein del høgare enn budsjettert. Samla pensjonskostnad vart om lag som budsjettert. Dessutan er resultatområdet belasta med ein eingongskostnad på  knytt til endring av bokføringsprinsipp for påløpt lønn som omtalt tidlegare i årsberetninga.

## Etikk

Ålesund kommune er ansvarleg for grunnleggjande tenester for innbyggjarane, forvaltar store ressursar på vegne av fellesskapet og utøver mynde på ei rekkje område. Kommunen er gitt ei tydeleg makt som forvaltar av ei rekkje lovar og forskrifter. Tilsette og folkevalde har eit stort ansvar som forvaltar av fellesskapet sine ressursar, og den einskilde sin oppførsel og handlemåte legg grunnlag for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen.

Ålesund kommune har som ny kommune etablert og vedtatt ein ny etisk standard for tilsette og folkevalde. Kommunen har òg vedtatt eige verdigrunnlag som er forankra i samfunnsplanen.

Våre verdiar er: *Open, engasjert, modig.*

*Som del av arbeidet med å forankre verdiane i organisasjonen vart det utarbeidd følgande verdiplakat. Verdiplakaten er ferdigstilt i 2020 og implementerast i organisasjonen.*




Kommunen har ein eigen- og internkontroll, og ein strategi for anskaffingar.

Kommunedirektøren har eige varslingsråd for å kunne handtere varsel om kritikkverdige tilhøve på ein god måte. I 2020 vart kommunen sine rutinar og system for varsling revidert, og dei er òg implementert vidare etter det.

Ålesund kommune var i 2023 og medlem av Transparency international Norge.

## Likestilling

### Kjønnslikestilling

**Kjønnsfordeling tilsette totalt i kommunen:**

Det er i Ålesund kommune 76 % kvinner som er tilsatt og 24 % menn.

I alle deler av kommunen er det ei overvekt av kvinner, med unntak av innan dei tekniske yrka der det er ei overvekt av menn med 74 % . Desse tala inkluderar og foretaka i kommuna.

Det er ofte interessant å sjå på i kva grad begge kjønn vert rekruttert inn til leiarstillingar.

I Ålesund kommune var fordelinga i 2023 slik for dei totalt 301 leiarstillinga med personalansvar på ulike nivå. Figuren under visar et begge kjønn er greitt representert, og at fordelinga på avdelingsnivå i større grad visar rekrutteringsgrunnlaget til dei stillingane. Det var noko auke i leiarstillingar som følgje av rekruttering og oppstart av leiarstillingar som skulle til nye Haram kommune.

Fordelinga var slik pr 01.12.2023.

| | Menn og kvinner | Kvinner | Menn |
|---|---|---|---|
| Ledere kap. 3.4.1 (kommunalsjefar)<br><br>(inkludert leiargruppe til nye Haram kommune) | 10 | 6 | 4 |
| Leiarar kap. 3.4.2 (verksemdleiarar) | 82 | 47 | 35 |
| Leiarar kap. 3.4.3 (avdelingsleiarar) | 209 | 158 | 51 |
| **Sum** | **301** | **211** | **90** |

Ålesund kommune utarbeidde i årsskiftet 2022/2023 likestillings og mangfaldspolicy som vart vidare implementert i 2023.

Likestilling og mangfald - Ålesund kommune (alesund.kommune.no)

## Statistikk heiltid og deltid

Arbeidet med å redusere deltid og auke heiltid er viktig for kommuna. Det er slik at det er fleire tilsette i deltidsstillingar i dei kvinnedominerte yrka, spesielt for dei yrka der dei fleste har turnusarbeid.

Figuren nedanfor viser tall på menn og kvinner fordelt på ulike stillingsstørrelsar pr ansatt.  Tala er pr 01.12 det enkelte år.

Ålesund kommune har målsetting om å auke andel med full stilling, og auke den gjennomsnittlege stillingsstørrelsen.

Det er tidligare vist at det er gjennomsnittleg høgare stillingsprosent i nye Ålesund kommune i forhold til dei 5 tidligare kommunane fra før 2020.

Hovudtrekket dei siste åra er at det er fleire kvinner i heile stillingar, medan andelen i deltid har sunke.

| | | 2020 | 2020 | 2021 | 2021 | 2022 | 2022 | 2023 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Stillingsstørrelse pr. ansatt** | **Kjønn** | **Antall ansatte** | **Prosent** | **Antall ansatte** | **Prosent** | **Antall ansatte** | **Prosent** | **Antall ansatte** | **Prosent** |
| **0 - 24,9%** | **Kvinner og menn** | **609** | **10,1** | **609** | **10,2** | **572** | **10,0** | **522** | **9,1** |
| | Kvinner | 384 | 8,3 | 391 | 8,5 | 350 | 8,0 | 307 | 7,1 |
| | Menn | 225 | 16,0 | 218 | 15,6 | 222 | 16,1 | 215 | 15,4 |
| **25 - 49,9%** | **Kvinner og menn** | **326** | **5,4** | **344** | **5,7** | **334** | **5,8** | **301** | **5,3** |
| | Kvinner | 258 | 5,6 | 273 | 6,0 | 253 | 5,8 | 231 | 5,3 |
| | Menn | 68 | 4,9 | 71 | 5,1 | 81 | 5,9 | 70 | 5 |
| **50 - 74,9%** | **Kvinner og menn** | **872** | **14,5** | **875** | **14,6** | **848** | **14,8** | **793** | **13,9** |
| | Kvinner | 752 | 16,3 | 735 | 16,0 | 727 | 16,7 | 684 | 15,8 |
| | Menn | 120 | 8,6 | 140 | 10,0 | 121 | 8,8 | 121 | 8,8 |
| **75 - 99,9%** | **Kvinner og menn** | **1027** | **17,1** | **1007** | **16,8** | **952** | **16,6** | **938** | **16,4** |
| | Kvinner | 924 | 20,0 | 912 | 19,9 | 860 | 19,8 | 841 | 19,4 |
| | Menn | 103 | 7,3 | 95 | 6,8 | 92 | 6,7 | 97 | 6,9 |
| **100%** | **Kvinner og menn** | **3182** | **52,9** | **3149** | **52,6** | **3023** | **52,8** | **3170** | **55,4** |
| | Kvinner | 2296 | 49,8 | 2273 | 49,6 | 2161 | 49,7 | 2264 | 52,3 |
| | Menn | 886 | 63,2 | 876 | 62,6 | 862 | 62,6 | 906 | 62,6 |

**Lønsstatistikk, forskjellar mellom kjønn**

Nedanforståande oversikt er basert på tal som noverande Ålesund kommune, samt dei 5 tidligare kommunane (for år 2019) har rapportert til KS. Tabellen er utarbeida av KS. Den inneheld gjennomsnittleg forteneste pr. månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn. Tala er pr. 01.12.dei ulike åra.

| | 2021 | 2021 | 2022 | 2022 | 2023 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Justert for** | **Kvinners månedsfortjeneste i % av menns** | **Kvinners grunnlønn i % av menns** | **Kvinners månedsfortjeneste i % av menns** | **Kvinners grunnlønn i % av menns** | **Kvinners månedsfortjeneste i % av menns** | **Kvinners grunnlønn i % av menns** |
| Ujustert | 95,4 | 96,1 | 95,6 | 96,1 | 95,1 | 95,7 |
| Alder | 95,4 | 96,1 | 95,6 | 96,1 | 95,1 | 95,7 |
| Stillingsgruppe | 97,8 | 99,7 | 97,9 | 99,6 | 97,4 | 99,2 |
| 2Stillingskode | 102,8 | 99,4 | 105,9 | 99,4 | 101,7 | 98,9 |
| Utdanning | 95 | 97,2 | 95,7 | 97,8 | 95,1 | 97,2 |

Tala gir uttrykk for kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore dersom kvinner og menn hadde same årsverkfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør brukast som mål på kjønnsforskjellen i løn, sida tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som skuldast ulike yrkesval.

Tala visar at grunnløn for menn og kvinner, når ein tek omsyn til stillingskode og stillingsgruppe, er tilnærma lik.

Dette var og tema i lønnspolitiske drøftingsmøter mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivar i Ålesund kommune i 2023.

Med utgangspunkt i statistisk grunnlag vart det ikkje avtalt nokon spesielle lønnsmessigetiltak med utgangspunkt i kjønn i 2023.

# Personal og organisasjon

## Organisering

## Organisering i 2023

Den nye organiseringa frå 01.03.2022 hadde som hensikt å både redusere talet på leiarstillingar og administrative stillingar, samt å gjere det enklare å styre organisasjonen. Denne prosessen innebar og ein reduksjon av stillingar knytt til stab og støttefunksjonar.

Prinsippa knytt til inndeling i verksemder og avdelingar er vidareført frå tidligare organisering.

## Prinsipp for organisering og leiarstruktur

I det følgande vil prinsipp rundt organisasjonsplanen for Ålesund kommune bli presentert.

Nokre av prinsippa følger av organisasjonsplan 2020, som vart utarbeidd i samband med kommunesamanslåinga. Dei fleste prinsippa er utarbeidd i 2021 i samband med omorganisering og endring av overordna administrativ modell.

- Leiarar i Ålesund kommune har ansvar, utover eiga organisatorisk eining, til å bidra til heilskapen i kommunen, og til tverrfagleg samarbeid og samhandling. Vi må legge til rette for samskaping og medverknad for å sikre eigarskap og læring på tvers av faglege og administrative strukturar, og ulike arenaer/møteplassar for samhandling skal etablerast.
- Organisasjonen skal ha ein oversiktleg struktur, og det skal vere lett å orientere seg for både tilsette og innbyggarar. Ansvar og mynde skal delegerast ut i organisasjonen til leiarar nær brukarane. For å skape likeverdige tenester for innbyggarar og brukarar, skal ein kunne skilje kommunen sine roller knytt til utøving av mynde, forvaltning og tenesteyting i kommunalområder der det er behov for dette.
- Det politiske delegeringsreglementet tydeleggjer det mynde som blir delegert frå kommunestyre til kommunedirektør. Det administrative delegeringsreglementet angjev ansvar og mynde i leiarstillingar under kommunedirektør. Utøving av delegert mynde skal skje i tråd med budsjett, politiske vedtak, lovar og reglar. Mynde kan trekkast tilbake av den som har delegert mynde i saker som har prinsipiell betyding eller omsyn til felles praksis for heile kommunen.
- Ved inndeling i kommunalområder, verksemder og avdelingar skal det takast omsyn til leiar- og styringsspenn.
- Leiarstillingar blir som hovudregel nytta for stillingar der ein i arbeidsgivar sin stad leiar, organiserer og fordeler arbeidet. Ein leiar rapporterer til næraste overordna leiar, og overordna leiar har instruksjonsmynde overfor underordna leiarar innafor ramma av arbeidsgivar sin styringsrett.
- Kommunedirektøren si leiargruppe skal ha ein funksjonell storleik, slik at ein kan arbeide strategisk og målretta. Kommunedirektøren kan hente inn relevant kompetanse i leiargruppa ved behov.
- Kommunalsjef skal ha eit leiarteam. Teamet skal sikre heilskapleg strategisk leiing av områda, raske avgjerder basert på gode vurderingar, endringskraft og retning. Kommunalsjef skal sikre at leiarteamet har den samla kompetansen og kapasiteten som kommunalsjef treng tett på, for å sikre leiing, styring og utvikling av kommunalområdet, og kan bestå av ulike funksjonar. Det leggast til grunn at kommunen skal ha to styringsnivå.

## Kompetanse og rekruttering

Kommunen sin organisasjon er samansett av stillingar med ulike krav til utdanning og kompetanse.

Stillingar med ulike krav til utdanning fordeler seg prosentvis slik som figuren nedanfor viser.




### Stillingslysingar og søknader

I 2023 var det 733 stillingslysingar. Dette inkluderte stillingar som vart rekruttert inn mot Haram kommune 2024. 2022 var det 680 eksterne stillingslysingar mot 591 i 2021. Ei utlysing kan innehalde fleire stillingar, og publiserte stillingar var i 2023 var 1538, med tilsvarande tall i 2021 var 1386. Dette inkluderer alle former for eksterne stillingslysingar. I Ålesund kommune vart det i 2020 gjennomført 515 stillingslysingar, som igjen dekte ca. 1150 stillingar.

Det var totalt 8919 søknader på stillingar i 2020, medan det var 7082 søkarar i 2021. I 2022 var talet på søkarar 6104, noko som var betydeleg færre enn tidligare år. I 2023 var det 7060 søknader på stillingar.

I 2022 og 2023 har det vore fleire stillingslysingar, men med færre søknader enn dei 2 åra før.

Det har vore størst utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar og andre helse faglige utdanningsgrupper, tekniske utdanningsgrupper og til dels og pedagogar i barnehagar. Det er likt med tidligare år.

## Bemanning og årsverk

## Prosjektorganisering av arbeid med kommunedeling

Ved oppstart av kommunedelingsarbeidet i 2022, vart det etablert ei eiga styringsgruppe som vart leia av kommunedirektør. I tillegg til prosjektleier for etablering av Haram 2024 og Ålesund 2024, var og prosjektleiar for ulike stabsmessige funksjonar i kommunedelinga med i denne styringsgruppa.

Arbeidet med kommunedelinga fekk og betydning i form av fleire midlertidige tilsette for å handtere arbeid med kommunedelinga. Ved utgang av året var det derfor fleire tilsette i 2023 enn året før i mange deler av kommunen. Ved utgangen av 2023 var det i kommunen (ekskludert føretaka) 4307 årsverk fordelt på 5184 tilsette.

Eitt år tidligare, ved utgangen av 2022 var det 4280 årsverk fordelt på 5252 tilsette.

Det var fram til 2022 ein tydeleg nedgang i talet på både tilsette og årsverk samanlikna med 2020 og 2021. I 2023 var det ein fortsatt nedgang i talet på stillingar, medan talet på årsverk var litt høgare. Arbeid med kommunedeling var ein viktig grunn til at talet på årsverk var høgare i 2023 enn i 2022.

Desse årsverka er fordelt på følgjande kommunalområder:

| Organisasjonseining | Antal Årsverk 2022 | Antal tilsette 2022 | Antal Årsverk 2023 | Antal tilsette 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Organisasjon | 177 | 187 | 187 | 197 |
| Helse | 1941 | 2616 | 1953 | 2556 |
| Oppvekst | 1847 | 2085 | 1827 | 2042 |
| Samfunn | 307 | 356 | 321 | 370 |
| Kommunedirektør ** | 8 | 8 | 19 | 19 |
| SUM | 4280 | 5252 | 4307 | 5184 |

* Tala inkluderer frikjøpte tillitsvalde, ansatte i svangerskapspermisjon og dei som var tilsett for å tre inn i leiarstillingar i Haram 2024. Desse var ikkje med ved tilsvarande rapportering året før.

## HMS

Ålesund kommune har eige arbeidsmiljøutval. I kvar verksemd er det i tillegg eige HSU (HMS og samarbeidsutval) som skal vere eit HMS og samarbeidsforum internt i verksemda. Dei fleste av verksemdene har berre eit verneområde, men nokre er fordelt på fleire arbeidsplassar og har fleire verneområde. Total er det ca. 140 verneområde i kommuna. Som følge av kommunedelinga var det ein del HMS aktivitetar som ikkje var mogleg å følge opp i 2023.

Arbeidsmiljøutvalet setter kvart år mål for HMS-arbeidet gjennom rullerande "HMS og IA-mål" . For 2023 var dei overordna måla:

### Overordna mål for HMS-arbeidet i Ålesund kommune for 2023

*Ålesund kommune skal:*

- *bidra til berekraftig utvikling i samband med FNs berekraftsmål.*

- skal ha eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremmande og meiningsfylt arbeidssituasjon og som gir sikkerheit mot fysiske og psykiske skadeverknader (jf. AML).
- nytte Compilo til dokumentering av HMS-arbeidet i samsvar med krav i Internkontrollforskrifta.
- skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebygge sjukefråvær og fråfall og slik auke sysselsettinga, jf. gjeldande IA-avtale.

Det vert og lag ein eigen plan for oppfølging av denne, og resultat, her-under status for sykefraværsarbeidet, vart rapportert undervegs i arbeidsmiljøutvalet.

Ei viktig operativ målsetting var å få redusert sjukefråveret. For å få det til har det mellom anna, på overordna nivå, vore gjennomført og tilrettelagt for leiaropplæring IA og sjukefråversarbeid og samarbeidsprosjekt med NAV i nokre verksemder med høgt fråver. Dette kjem i tillegg til ordinært arbeid med HMS og sjukefråvær i samsvar med kommunen sitt HMS system.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,43 % | 7,51 % | 9,94 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,15 % | 8,72 % | 10,87 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,42 % | 7,96 % | 10,38 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,97 % | 7,93 % | 9,89 % |

## Sykefravær per tjenesteområde

| | Fravær 2023 | | | Fravær 2022 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tjenesteområde | Korttid i % | Langtid i % | Samlet fravær i % | Korttid % | Langtid i % | Samlet fravær % |
| Organisasjon | 1,25 % | 5,54 % | 6,79 % | 1,54 % | 7,29 % | 8,83 % |
| Helse | 2,08 % | 9,01 % | 11,08 % | 2,43 % | 8,65 % | 11,07 % |
| Oppvekst | 1,96 % | 7,44 % | 9,40 % | 2,53 % | 7,64 % | 10,17 % |
| Samfunn | 1,83 % | 5,40 % | 7,24 % | 2,18 % | 5,60 % | 7,78 % |
| Kommuneleiing | 0,18 % | 4,86 % | 5,03 % | 0,62 % | 12,65 % | 13,27 % |
| Sum tjenesteområder | 1,97 % | 7,93 % | 9,89 % | 2,42 % | 7,96 % | 10,38 % |

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Organisasjon | 2,02 % | 1,57 % | 0,92 % | 1,17 % | 0,95 % | 1,18 % | 0,16 % | 1,05 % | 1,49 % | 1,78 % | 1,63 % | 1,02 % |
| Langtid | Organisasjon | 8,52 % | 6,15 % | 6,82 % | 6,04 % | 5,51 % | 6,42 % | 5,68 % | 4,02 % | 3,81 % | 3,69 % | 4,78 % | 5,35 % |
| **Samlet** | **Organisasjon** | **10,54 %** | **7,72 %** | **7,74 %** | **7,21 %** | **6,46 %** | **7,60 %** | **5,83 %** | **5,07 %** | **5,30 %** | **5,47 %** | **6,41 %** | **6,37 %** |
| Korttid | Helse | 2,84 % | 2,28 % | 2,35 % | 1,89 % | 1,98 % | 1,68 % | 1,14 % | 1,79 % | 2,05 % | 2,12 % | 2,54 % | 2,39 % |
| Langtid | Helse | 9,80 % | 9,51 % | 9,67 % | 9,42 % | 9,83 % | 9,31 % | 6,80 % | 6,41 % | 8,72 % | 9,37 % | 10,05 % | 10,09 % |
| **Samlet** | **Helse** | **12,63 %** | **11,80 %** | **12,03 %** | **11,31 %** | **11,81 %** | **11,00 %** | **7,94 %** | **8,20 %** | **10,77 %** | **11,49 %** | **12,59 %** | **12,47 %** |
| Korttid | Oppvekst | 2,97 % | 2,22 % | 2,52 % | 1,54 % | 1,81 % | 1,32 % | 0,54 % | 1,32 % | 2,30 % | 1,99 % | 2,85 % | 1,92 % |
| Langtid | Oppvekst | 8,52 % | 8,29 % | 8,24 % | 7,69 % | 8,14 % | 6,83 % | 4,40 % | 4,88 % | 6,45 % | 7,76 % | 9,53 % | 8,80 % |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samlet** | **Oppvekst** | **11,49 %** | **10,51 %** | **10,76 %** | **9,23 %** | **9,95 %** | **8,15 %** | **4,94 %** | **6,20 %** | **8,75 %** | **9,74 %** | **12,38 %** | **10,72 %** |
| Korttid | Samfunn | 2,56 % | 2,06 % | 2,08 % | 1,20 % | 1,55 % | 1,66 % | 0,44 % | 1,68 % | 1,91 % | 1,81 % | 3,04 % | 1,77 % |
| Langtid | Samfunn | 6,71 % | 7,12 % | 8,36 % | 6,83 % | 6,49 % | 4,83 % | 4,35 % | 4,40 % | 4,67 % | 3,83 % | 4,12 % | 3,48 % |
| **Samlet** | **Samfunn** | **9,26 %** | **9,18 %** | **10,44 %** | **8,03 %** | **8,03 %** | **6,49 %** | **4,79 %** | **6,08 %** | **6,58 %** | **5,65 %** | **7,16 %** | **5,25 %** |
| Korttid | Kommuneleiing | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 1,97 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,63 % | 0 % |
| Langtid | Kommuneleiing | 7,50 % | 6,12 % | 4,78 % | 3,75 % | 2,24 % | 0 % | 0 % | 4,47 % | 7,14 % | 7,14 % | 6,96 % | 5,62 % |
| **Samlet** | **Kommuneleiing** | **7,50 %** | **6,12 %** | **4,78 %** | **3,75 %** | **4,21 %** | **0 %** | **0 %** | **4,47 %** | **7,14 %** | **7,14 %** | **7,59 %** | **5,62 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,83 % | 2,20 % | 2,34 % | 1,65 % | 1,83 % | 1,51 % | 0,81 % | 1,55 % | 2,12 % | 2,02 % | 2,66 % | 2,07 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,97 % | 8,67 % | 8,83 % | 8,34 % | 8,66 % | 7,81 % | 5,62 % | 5,53 % | 7,23 % | 8,02 % | 9,15 % | 8,83 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **11,80 %** | **10,87 %** | **11,17 %** | **9,99 %** | **10,49 %** | **9,32 %** | **6,43 %** | **7,08 %** | **9,35 %** | **10,04 %** | **11,82 %** | **10,90 %** |

# Oppfølging av klima

## Oppfølging av klimabudsjettet

Kommunedelinga og ringverknadar av det har prega klimaarbeidet til kommunen det siste året, på lik linje med andre område. Mangelen på kapasitet gjorde at ein i 2023 måtte nedprioritere det å rapportere på klimatiltaka. Den økonomiske situasjonen gjorde også at ein ikkje kunne legge opp til ei nemneverdig opptrapping av klimainnsatsen i 2024.

Når det er sagt, har likevel mykje vorte gjort i organisasjonen og elles i kommunen. Blant anna:

- I det toårige prosjektet «Matredding gjennom matglede» vart matsvinnet redusert med heile 37 prosent, fordelt på fire omsorgssenter og eitt bukollektiv.
- Moa bibliotek arrangerte "Lyrikk med klimablikk" i samarbeid med Naturvernforbundet, Besteforeldrenes klimaaksjon og Natur og Ungdom. Det var 80 deltakarar, og det er planar om eit tilsvarande arrangement i september 2024.
- 22 verksemder og einingar vart sertifiserte som Miljøfyrtårn, inkludert ÅKE og to kommunale barnehagar.
- Både Fylkeskommunen, kommunen, ÅKE, hamnevesenet (ÅRH), renovasjonsselskapet Attvin (tidlegare Årim og Bingsa) og Kople AS har arbeidet med diverse klimatiltak i klimabudsjett for 2023, innan transport, bygg og offentlege innkjøp m.m.

Ålesund kommune har mål i Grøn strategi om å kutte klimagassutslepp og forvalte naturen slik at naturlege karbonlager i vegetasjon og jordsmonn blir ivaretatt. Likevel er vi langt frå å nå klimamåla våre.

Ålesund er blant dei kommunane som scorar dårlegast når det gjeld å kutte utslepp og redusere nedbygging av natur som myr og skog, ifølgje rangeringar publisert i 2023 av Sabima, Kommunal Rapport og Framtiden i våre hender. Det er vanskeleg å gi eit fullkomme bilde av korleis kommunane arbeider. Slike rangeringar gir oss likevel mykje nyttig informasjon om korleis kommunen kan forbetre seg. Dei gjev også ei påminning om at det er viktig å jobbe mot klima- og miljømåla som kommunen har sett seg.

**Klimastatistikk**

Miljødirektoratet publiserer kvart år statistikk over utslepp av klimagassar i alle norske kommunar. Statistikken blir publisert eitt år i etterkant, og dei siste utsleppstala er frå 2022.

Grafane i figur 1-3 viser utviklinga i utsleppa sidan 2009. 2009 er referanseåret vi brukar for å sjå korleis vi ligg an til å nå målet om å redusere utsleppa med 60 prosent. Desse tala gjeld berre for *direkte utslepp* innafor Ålesund kommune si geografiske grense. Utsleppstala er justert etter kommunedelinga med Haram kommune, og er derfor generelt lågare enn det som vart lagt fram i klimabudsjettet for 2023 og 2024.




*Figur 1: Sektorfordelte, direkte utslepp per år i Ålesund mellom 2009-2022. Tidlegare publiserte SSB berre statistikk kvart andre år, som forklarar kvifor vi ikkje har tal for 2010, 2012 og 2014. Tala er justert etter kommunedeling med Haram kommune, som vert sett i kraft frå 01.01.2024. Vi har vorte tilsendt ein korrigert versjon frå Miljødirektoratet, og tala innan Energiforsyning er derfor ikkje identiske med dei som ligg ute på Miljødirektoratet sine nettsider per 15.03.2024. Kjelde: Miljødirektoratet.*

Sektorane *Sjøfart* (35%), *Vegtrafikk* (30%) og *Energiforsyning* (20%) gav dei største direkte utsleppa i 2022, slik som tidlegare. Det meste av utsleppa frå energiforsyning kjem frå forbrenningsanlegget på Grautneset.

Dei totale utsleppa har hatt ein nedgang på 13 prosent sidan 2009 ifølgje dataene vi har no. Nedgangen skyldast i hovudsak endringar i sektorane *Oppvarming*, *Avfall og avløp* og *Vegtrafikk*. Dette er med på å vege opp for ei auke innan til dømes *Industri, olje og gass* og *Energiforsyning*, som er dei to sektorane med mest auke sidan 2009.

I stolpediagrammet over ser ein tydeleg at det var ein stor reduksjon i utsleppa mellom 2020-2022. Dette skyldast i hovudsak ein nedgang innan sektoren *Sjøfart*. Dette kan tyde på at ein i 2022 hadde kome tilbake til ein normaltilstand etter koronapandemien, då cruiseskip låg til kai i Ålesund.

Sjøfart har i følgje desse tala hatt ei auke på omtrent 1 prosent sidan 2009, men vi veit at statistikken til Miljødirektoratet ikkje tar med at fleire skip som ligg til kai i Ålesund i dag er tilkopla landstraum. Vi kan derfor rekne med at dei reelle utsleppa dermed er lågare frå denne sektoren, og skal sjå nærare på tala i samarbeid med Miljødirektoratet og ÅRH. Temaet vil verte omtala nærare i kunnskapsgrunnlaget til ny planstrategi for 2024-2027.

**Effekt av klimatiltaka**

Klimabudsjettet for 2023 viste at der er eit stort gap mellom effekten av tiltaka og målet til kommunen om å redusere dei *direkte* utsleppa med 60 prosent innan 2030. Når ein samanliknar budsjetta for 2023 og 2024, ser ein at gapet framleis er stort i 2024, men at det har blitt noko redusert. Vi har framleis ein lang veg å gå for å nå målet vårt, men denne utviklinga kan tyde på at ting går i rett retning.

Den auka effekten av klimatiltaka skyldast delvis at det i budsjettet for 2024 vart lagt til nokre nye tiltak, som er i regi av Attvin. Det skyldast også at nokre tiltak no er berekna å ha større effekt enn ein først såg føre seg. Dette gjeld særleg for dei fossilfrie anleggsmaskinane til ÅKE i prosjektet Brisingstubben, og Fylkeskommunen si hybridelektrifisering av sambandet Magerholm – Sykkylven.

Det vart for 2024 også lagt til nokre tiltak som vil redusere dei *indirekte* utsleppa, blant anna innan gjenbruk av bygningsmateriale hos Attvin, og kommunen sitt arbeid med energisparing gjennom samarbeidet med Entelios og i EU-prosjektet COLLECTiEF (sjå del om oppfølging av klimabudsjettet, under energileiing).

**Status i 2024-budsjettet for forventa måloppnåing i å redusere direkte utslepp:**




*Figur 2: Utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar, slik det såg ut i klimabudsjettet for 2024. Du ser kommunen sitt mål langs den gule linja, og berekna effekt av klimatiltaka langs den svarte, stipla linja.*

**Straumforbruk og flyreiser**

Straumforbruk og flyreiser er noko som pleier å verte presentert i samband med klimabudsjettet for å synleggjere område der kommuneorganisasjonen kan redusere sine *indirekte* utslepp. Når ein utarbeider klimabudsjettet har ein framleis ikkje fått tala for heile fjoråret. No kan vi sjå på tala for heile 2023.

**Straumforbruk**

Å redusere energibruken er det viktigaste klima- og miljøtiltaket kommunen kan gjere på energifeltet.

Grafen under viser straumforbruket i bygga til Ålesund kommune, ÅKE KF og Ålesund brannvesen KF mellom 2020-2023. Det har vore ei auke sidan 2020, då det var mykje koronarestriksjonar og heimekontor. Straumbruken var noko lågare i 2023 enn året før, men ikkje vesentleg.




*Figur 3: Totalt straumforbruk i kommunale bygg i Ålesund per år. Dette gjeld både Ålesund kommune, Ålesund kommunale eigedom KF og Ålesund brannvesen KF. OBS – tal på straumbruk i tidlegare klimabudsjett har til no vist tal frå heile porteføljа, og kan ikkje samanliknast med desse. Kjelde: Entelios.*

Vi manglar i dag tal på kor stort klimaavtrykket er frå straumbruken til heile kommuneorganisasjonen. Det finst nasjonale tal for å berekne utslepp på ein enkel måte, som vert brukt av straumleverandørar, men som i følg NVE er for generelle til å berekne eige klimaavtrykk og kan gje misvisande resultat (Sjå for eksempel NVE sine nettsider om varedeklarasjon).

**Flyreiser**

Diagrammet under viser at tilsette i kommunen og ÅKE har flydd meir i 2022-2023 enn dei to åra før. Aukinga kjem i stor grad at det var reiserestriksjonar i samband med covid-19-pandemien i 2020-2021.

På grunn av prognosar om eit stort meirforbruk i 2023, måtte kommunen blant anna redusere bruk av kurs og reiser til eit minimum ut året. Dei indirekte utsleppa frå flyreiser vart derfor sannsynlegvis lågare i 2023 enn kva dei ville blitt utan denne justeringa. Likevel ser vi at det var ei 16 prosent auke i kjøp av flybillettar mellom 2022-2023, som viser igjen i utsleppstala.




*Figur 4: CO2-utslepp frå Ålesund kommune og ÅKE sine tenestereiser med fly per år, i ulike område. Kjelde: Berg Hansen.*

I 2023 var det til saman 1 291 flyreiser i kommuneorganisaskjonen og ÅKE. Dei aller fleste flyreisene er innanlands (1 144), og gjer derfor mest utslepp til saman, til tross for at dei internkontinentale reisene (3) gjer mykje høgare utslepp per billett. Eit effektivt klimatiltak vil derfor vere å redusere tal flyreiser, særleg innlands, og vurdere strengare når der er naudsynt å reise med fly.

**Oppfølging av klimabudsjettet for 2023**

I tillegg til målet om å redusere dei direkte utsleppa med 60 prosent innan 2030, har kommunen eit mål om å verte ein nullutsleppsamfunn innan 2050. I årsmeldinga for 2022 var det føreslått å justere klimamålet til kommunen noko i det komande klimabudsjettet. Dette fordi det er avgrensa kor mykje tiltaka til kommunen vil påverke utsleppa frå til dømes skipstrafikken. Klimamåla vart ikkje justert i 2023, og måla i Grøn strategi er framleis gjeldande. Dette er eit tema som det er naturleg å omtale nærare i kunnskapsgrunnlaget til planstrategi for 2024-2027.

I klimabudsjettet for 2023 vart det sagt at ein burde jobbe vidare med områda *bygg*, fossilfri byggeplass, *energileiing*, *avfallsforbrenning*, *miljøleiing*, *sjøfart*, *vegtrafikk* og *tiltak innan sirkulær økonomi, gjenvinning og gjenbruk*. Nedanfor står det litt om status for desse temaene.

**Bygg og Fossilfri byggeplass**:

- ÅKE og Attvin har jobba med dette arbeidet gjennom uttesting av fossilfrie anleggsmaskinar, gjenbruk av material og arbeid med ulike sertifiseringsordningar. Sjå beskriving av status på klima-oppdrag som er merka med «Bygg -..» i oversikta nedanfor.

**Energileiing:**

- Kommunen er med som fullverdig partner i prosjektet COLLECTiEF, med ÅKE som kommunen sin prosjektleiar. Dette er eit prosjekt gjennom EU-kommisjonen sitt system Horisont 2020, med mål å redusere belastinga på det europeiske straumnettet, gjennom bruk av kollektiv intelligens. Einingar som er med i dette prosjektet, og som framleis ligg i Ålesund kommune, er Spjelkavik ungdomsskole, Moa helsehus, Hatlane omsorgssenter, Flisnes skole og Ellingsøy idrettshall. Tiltaket er med i klimabudsjettet for 2024.
- Kommunen har eit energisamarbeid gjennom straumleverandøren ENTELIOS. I innkjøpsavtalen ligg det ein opsjon om Energiovervåking og rådgjeving. Entro overvaker forbruk på bygga og

melder frå ved unormalt forbruk. Ålesund skal nytte seg av denne opsjonen og vil bruke dei aktivt i sitt arbeid med å redusere forbruk. Tiltaket er med i klimabudsjettet for 2024.

- Avdeling Rådhusdrift la planar om å gjere ulike tiltak i løpet av 2024:

1. Bytte ut all belysning i høgblokka i Ålesund Rådhus med LED-lys og ny styring av belysning. Dette tiltaket er no påbegynt, og vil pågå over fleire år. Prosjekteigar er Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS.
| Styrke laget rundt barn og unge | Vedtak i kommunestyret i sak 183/22:Kommunestyret ber om at det vert lagt tilrette for eit trygt samspel mellom frivillige (pensjonistar ogandre) som kan bidra i skulen innafor leksehjelp, SFO, vakt i friminutt og liknande for å fremje helse ogtrivsel og styrke laget rundt barn og unge.Vedtak i formannskapet i sak 002/23:Formannskapet ber om at forslaget blir tatt inn i sak om Frivilligplan. | Ferdig | Utkast til Frivilligplan blei behandla i Komite for kultur og medborgarskap den 1.2.23. Saka blei sendt tilbake til administrasjonen med følgade vedtak:"Komite for kultur og medborgarskap har kome til at framlagd utkast til plan for Samhandling med frivilleg sektor i Ålesund ikkje heilt svarar ut det komitéen meiner bør ligge i ein slik plan. Komitéen sender utkastet til plan tilbake til administrasjonen for vidare arbeid i tråd med dei kommentarane komitéen har og som ligg ved dette vedtaket. Vidare oppmodar vi arbeidsgruppa om å søke inspirasjon frå andre kommunar, til dømes Rauma og Bergen. Vi ber også arbeidsgruppa å ha god dialog med andre kommunalområde og fagområde i det vidare arbeidet."Kommunedirektøren ser det som naturlig å avvente videre arbeid med Frivilligplan til vedtak om planstrategi for perioden 2024 - 2028 er vedtatt. | F 002/23 |
| Sykefravær/Satsning på å få ned sykefraværet i kommunen | Kommunedirektøren vil ha særskilt fokus på førebygging og oppfølging av sjukefråver i 2023 og vil rapportere til kommunestyret gjennom dei | Ferdig | Sykefravær er løfta fram som eit særskilt satsningsområde i kommunedirektørens oppdragsbrev for 2023. Det er igangsatt ulike prosjekt i samarbeid med NAV og Arbeidslivssenteret. Det rapporterestil | 002/23 |

| Oppdrag | Beskrivelse | Status | Beskrivelse status | Saksreferanse |
|---|---|---|---|---|
| | ordinære rapporteringsprosessane. | | kommunestyret gjennom dei ordinære rapporteringsprosessane. | |
| Sørsida Utvikling AS | Vedtak i kommunestyret sak 183/22:Ålesund kommunestyre ber om at Sørsida Utvikling AS reduserer kostnader med styrehonorar somforventet etter at selskapet fikk ansatt daglig leder. Vedtak i formannskapet sak 002/23:Behandlast på generalforsamlinga i 2023. | Ferdig | Blir behandla på generalforsamlinga i 2024 i tråd med politisk vedtak (f-sak 002/23) | F 002/23 |

## Verbalvedtak

| Oppdrag | Beskrivelse | Status | Beskrivelse status | Saksreferanse |
|---|---|---|---|---|
| Opptrappingsplan for ergo- og fysioterapi fra 2023 | Ålesund kommunestyret ber om at det lages en opptrappingsplan for ergo- og fysioterapi fra 2023 med spesielt fokus pa° kommunens driftsavtaler. | Ferdig | Utkast til plan er ferdig utarbeida og vil bli politisk behandla våren 2024. | 193/20 |

## Planoppfølging

| Oppdrag | Beskrivelse | Status | Beskrivelse status | Saksreferanse |
|---|---|---|---|---|
| Auka satsing på ambulerande/oppsøkande/heimebaserte tenester innafor fleire tenesteområde | | I arbeid - Iht. plan | Ein har starta prosesse i Butenesta med tanke på og følg opp fleire brukarar ambulant enn det ein gjer i dag. | KS 179/21 |
| Endra tildelingspraksis - bruk av LEON-prinsippet | | Ferdig | 20 HelseEin arbeider med koordinering og tildeling i forhold til å heile tida tenke innsatstrappa og at ein tildeler tenester der det er mogleg på lavast trinn. | KS 179/21 |
| Helseplattforma –Involvering av fastlegane i arbeidet. | Uavklart kostnadsvurdering. | I arbeid - Forsinket | Modulen i Helseplattformen som gjeld legar og legevakt er ikkje ferdig utvikla. Ein avventar derfor dette arbeidet til ein veit meir om når modul er klargjort og kva det vil innebere i forhold til arbeidsflytar og økonomi. | KS 127/21 |
| Helseplattformen | I første halvdel av 2022 får vi avgjersla om vi går inn Helseplattformen. Dersom vi går inn, vil dette vere vårt største organisasjonsutviklingsprosjekt og arbeidet fram mot produksjonssetting krev høg prioritet. Føresett politisk vedtak skal Kommunalområda | Ferdig | Innføring av Helseplattformen har vore vellykka her i kommunen. Ein har arbeidd med stor ansattinvolvering, etablert fagklynger og lokal support for å sikre god kvalitet i implementeringsarbeidet | |

| Oppdrag | Beskrivelse | Status | Beskrivelse status | Saksreferanse |
|---|---|---|---|---|
| | Helse og Organisasjon prioritere å forberede organisasjonen på det nye arbeidsverktøyet. | | . No når ein er i ordinær drift blir det viktig at ein opprettheld dette. | |
| Settast i gang eit prosjekt for å jobbe ut ein heilskapleg modell for organisering og samhandling mellom kommuneoverlege i stab, kommuneoverlege i verksemd legetenester samt andre verksemder. | Opprette ei arbeidsgruppe. | Ferdig | 20 HelseDette arbeidet vil en ta opp igjen i 2024. | KS 127/21 |
| Søke tilskot til ALIS-avtalar. Rekruttere til ALIS-Vest stillingar. | Uavklart kostnadsbilete, skal kunne gi inntekt for kommunen. Mogleg tiltak. | Ferdig | Det vart arbeid godt med dette i 2023, og er nå satt i system. | KS 127/21 |
| Tilby eit komplett spesialiseringsløp for LIS3-legar gjennom arbeid på ØHD-avdelinga på Åse lokalmedisinske senter. | Uavklart kostnadsbilete. Dialog med Helseforetaket. Sende søknad om godkjenning. | Ferdig | Ein har i 2023 fått oppretta og igangsatt desse stillingane. | KS 127/21 |
| Vi skal vurdere revisjon av bustadsosial handlingsplan | | I arbeid - Forsinket | Dette arbeidet har ein ikkje påbegynt i 2023. Spesielt grunna innføring av Helseplattformen, samt kommunedeling har ein måtta prioretere ned nokre av oppdraga for 2023. | 079/21 |
| Vurdere etablering av eit legetilbod for studentar i samarbeid med NTNU Ålesund. | Uavklart kostnadsbilete. Dialog med NTNU | Ferdig | I forhold til den generelt utfordrande situasjonen i fastlegeordninga har ein valt og ikkje gå vidare med plan om eige legekontor på NTNU inntil vidare. | 127/21 |
| Vurdere rekrutteringstiltak på legevakt (fastlønn på natt, ny lønnsmodell). | Er truleg dekning i eksisterande budsjett på natt. | Ferdig | Ein har i 2023 etablert fastlønna stillingar i nordsjøturnus. | 127/21 |
| Vurdere storlegevakt for nordre Sunnmøre. | Uavklart kostnadsoverslag. Opprette prosjektgruppe.<br><br>Ressursar til ei ev. ordning må innarbeidast i budsjett- og økonomiplan. | I arbeid - Forsinket | Dette arbeidet har ein ikkje påbegynt i 2023. Spesielt grunna innføring av Helseplattformen, samt kommunedeling har ein måtta prioretere ned nokre av oppdraga for 2023. | 127/21 |

# Samfunns- og befolkningsutvikling

## Befolkningsutvikling 4. Kvartal 2023

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Folketall ved inngangen av kvartalet** | **66 258** | **66 670** | **67 114** | **67 520** |
| Fødte | 657 | 760 | 656 | 650 |
| Døde | 499 | 483 | 561 | 537 |
| **Fødselsoverskudd** | **158** | **277** | **95** | **113** |
| Innvandring | 420 | 688 | 745 | 555 |
| Utvandring | 225 | 551 | 390 | 360 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Innflytting, innenlands | 2 437 | 2 614 | 2 412 | 2 411 |
| Utflytting, innenlands | 2 379 | 2 586 | 2 513 | 2 372 |
| **Netto innvandring og flytting** | **253** | **165** | **254** | **234** |
| **Folkevekst** | **412** | **444** | **406** | **346** |
| **Folketallet ved utgangen av kvartalet** | **66 670** | **67 114** | **67 520** | **67 866** |

Ålesund kommune vaks med 346 personar i 2023, noko lågare enn åra før og den nest lågaste veksten på fleire tiår (for arealet som utgjorde 1507 Ålesund, inkludert Haram). Veksten i 2023 skuldast både fødselsoverskot, positiv nettoinnvandring og positiv innanlands nettoflytting. Innvandringa er, som ho har vore i lang tid, den viktigaste årsaken til at Ålesund kommune veks.

Samla sett er talet på innvandra lågare enn det har vore dei to siste åra, men det gjeld også talet på utvandra. Innvandring frå Ukraina set preg på folketalsutviklinga i mange norske kommunar, og for Møre og Romsdal har auken i folketalet dei to siste åra vore betydeleg høgare enn på fleire år. Ålesund kommune busette i 2023 292 flyktningar, og denne gruppa utgjer ein stor del av folketalsauken i kommunen.

Fødselstalet for 2023 er på nivå med dei føregåande åra (sett bort frå 2021), og held seg oppe på eit stabilt men lågare nivå enn tiårsperioden som ligg bak oss. Talet på fødde i 2022 og 2023 ligg noko under det som er venta ut frå gjeldande framskriving frå SSB (2022-framskrivinga, MMM-alternativet).

Talet personar som flyttar inn og ut frå kommunen (innanlandsflytting) ligg stabilt på om lag 2500 personar, og i 2023 flytta det inn 40 fleire personar enn ut av kommunen. Innanlands nettoflytting svingar noko frå år til anna, men utgjer mindre for folketalsutviklinga i Ålesund enn hhv. fødselsoverskot og nettoinnvandring.

**Forskjellar mellom Haram og Ålesund**

Dersom vi ser på utviklinga i 2023 fordelt på det som no er 1508 Ålesund og 1580 Haram var denne ulik. Medan 1508 Ålesund hadde ein vekst på 396 personar, hadde 1580 Haram ein nedgang på 50 personar i 2023.

I 1508 Ålesund hadde alle kommunedelane med unnatak av Hessa, Aspøy og sentrum vekst, med størst vekst i Indre Borgund. I 1580 Haram var det nedgang i folketalet i dei tidlegare kommunedelane Nordøyane og Vatne/Tennfjord, medan Brattvåg, Hildre og Søvik gjekk opp. På Fjørtofta auka folketalet med 7 personar.

Folkemengde etter kommunedel

| Kommunedel | 2023 | 2024 | Endring | Endring % |
|---|---|---|---|---|
| **Hessa, Aspøy og sentrum** | 9656 | 9654 | -2 | 0,0 % |
| **Nørvøy, Nørvasund og Hatlane** | 13487 | 13554 | 67 | 0,5 % |
| **Spjelkavik, Åse og Lerstad** | 13809 | 13866 | 57 | 0,4 % |
| **Indre Borgund** | 10032 | 10155 | 123 | 1,2 % |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Ellingsøy** | 2812 | 2862 | 50 | 1,8 % |
| **Skodje** | 4874 | 4942 | 68 | 1,4 % |
| **Ørskog** | 2266 | 2282 | 16 | 0,7 % |
| **Sandøy** | 1121 | 1130 | 9 | 0,8 % |
| **Brattvåg, Hildre og Søvik** | 4873 | 4884 | 11 | 0,2 % |
| **Vatne og Tennfjord** | 3069 | 3024 | -45 | -1,5 % |
| **Nordøyane** | 1358 | 1335 | -23 | -1,7 % |
| **Fjørtoft*** | 107 | 114 | 7 | 6,5 % |

*Fjørtofta er skilt ut frå kommunedel Sandøy og Fjørtoft i oppsettet.

# Internkontroll

## Internkontroll

Ålesund kommune sin eigenkontroll er todelt. På den eine sida finn vi dei folkevalde sin kontroll, gjennom Kontrollutvalet. Kontrollutvalet fører kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. På den andre sida finn vi den administrative kontrollen,
gjennom kommunedirektøren og verksemdsleiar sin internkontroll. Modellen under beskriv denne todelinga.




Kommunelovas § 25 legg ansvaret for den administrative internkontrollen til kommunedirektøren. Internkontrollen skal m.a. innehalda følgjande element:

- utarbeide ei skildring av hovudoppgåvene for verksemda, mål og organisering
- ha nødvendige rutinar og prosedyrar

- avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Hensikta med internkontroll er å redusere risikoen for uønskte hendingar. Internkontrollen må til ei kvar tid tilpassast og justerast i tråd med endra føresetnader, rammer og risiko. Internkontroll bidreg til læring og forbetring mellom anna ved at hendingar blir oppdaga og handtert til rett tid.

I løpet av 2022-23 blei det jobba med å etablere et system for heilskapleg styring, leiing og internkontroll. I samband med dette er tre hovuddokument for mobiliseringsarbeidet utarbeida:

- Handlingsplan for kvalitetsutvikling
- Heilskapleg styring, leiing og internkontroll
- Ledelsens gjennomgang av kvalitetsarbeidet

Desse dokumentane er styrande for internkontrollarbeidet og vil bli rullert i 2024.

Kommunens internkontroll blir i dag varetatt av ulike system. Rutinar, prosedyrar, risikoanalysar og avviksmelding og -handtering blir varetatte gjennom IT-systemet Compilo. Systemet vart tatt i bruk 1. mai 2020 er fortsatt under innføring. Nedanfor blir det vist ei oversikt over andelen av innmelde avvik i fjor. Fordelinga mellom kommunalområda er prega av det faktum at det er helse- og omsorgsverksemdene som har komme lengst i å ta systemet i bruk. Innan helse og omsorg har ein lang tradisjon for å bruke avvik som eit redskap i forbetringsarbeidet. Det er difor naturleg at desse områda har den største delen avvik. Kommunalområde Opplæring har komme godt i gang dei siste åra, medan Kultur og medborgarskap og Miljø, by- og stadutvikling ligg meir i startgropa. Delen avvik må også sjåast i samanhang med tal tilsette i dei ulike områda.



I 2023 vart 72% av avvika melde frå kommunalområde Helse, og 25% frå kommunalområde Oppvekst. Resten var fordelt mellom kommunalområda Organisasjon og Samfunn. Fordelinga er nesten heilt lik den frå året før, noko som tydar på at vi har ein veg å gå før Samfunn og Organisasjon har tatt systemet fullt i bruk.




Dei største avvikskategoriane i 2023 var avvik knytt til tenestene til innbyggarane innanfor helse, skule og barnehage, og til Helse, miljø og tryggleik for medarbeidarane. Dette var og dei største kategoriane i 2022.

Avvik blir følgt opp i styringslina, og blir brukt til kontinuerleg forbetring av rutinar og arbeidsprosessar. Dei tilsette blir derfor oppmoda til å melda avvik. Eit stort antal avvik er ikkje nødvendigvis negativt. Det viser at systemet er i aktiv bruk og at dei tilsette er medvetne om hensikta med avvikssystemet.

Arbeidet med organisering av kvalitets- og utviklingsarbeidet i kommunen har haldt fram og Handlingsplanen med prioriterte oppgåver for 2022-23 er fulgt opp. Plana er no klar for rullering. Kvalitets- og utviklingsrådet har gjennomført fire planlagde møter i 2023 og tilsvarande møter er gjennomførd i dei faglege kvalitets- og utviklingsutvalga. I regi av Kvalitets- og utviklingsrådet er Leiingas gjennomgang gjennomført og bidrar til vidare utvikling i kvalitetsarbeidet.

Utvala har ansvar for å utarbeide årleg plan, gjennomføre internkontrollaktivitetar i verksemdene, og lære opp tilsette innanfor sine eigne fagområde. Ansvaret inneber vedlikehald av kvalitetssystemet, utarbeiding av risikovurderingar, vere pådrivar i forbetrings- og utviklingsprosessar, ha ansvar for arbeidet med avvik og avvikskategoriar, interne revisjonar, rapportering, vere kontaktpersonar mot tilsynsmakter m.m

På grunn av tyngande arbeid med kommunedeling og innføring av helseplattformen, har det vore lite fokus på planlegging av interne tilsyn i 2023. Dette er et arbeid som vi satser på å fokusere sterkare på i 2024.

# Kommunens tjenesteområder

## Organisasjon

### Tjenesteområdebeskrivelse

Kommunalområde Organisasjon leverer administrative støttefunksjonar til heile organisasjonen. Administrative støttefunksjonar er funksjonar som understøtter tjenesteproduksjonen, og som er like på tvers av dei ulike verksemdene. I tillegg leverer kommunalområdet støtte- og administrative tenester til foretaka, interkommunale samarbeid og selskap der kommunen er eigar. Kommunalområdet driftar også tenestesamarbeida eKommune og Konserninnkjøp, og sel tjenester til andre kommunar, mellom anna innan økonomi og lønn.

Oppgåvene som ligg til kommunalområdet er i all hovudsak lovpålagte oppgåver. Vidare skal kommunalområdet initiere, igangsette, støtte og gjennomføre innovasjon og omstillingstiltak for meir effektiv drift i heile organisasjonen.

Kommunalområdet blei etablert i 2022 etter ei omfattande omorganisering av administrativ struktur. Kommunalområdet har om lag 150 tilsette, og er delt inn i føljande fire verksemder og seks avdelingar:

- Verksemd: Tekonologi og innovasjon
  - Avdeling: Innovasjonssttøtte
  - Avdeling: Dokumentasjonsforvaltning
  - Avdeling: IT
- Verksemd: Økonomi og styring
  - Avdeling: Økonomi og løn
  - Avdeling: Strategi og styring
  - Avdeling: HR
- Verksemd: Konserninnkjøp
- Verksemd: Politikk og kommunikasjon

Sikkerhet og beredskap og dei frikjøpte hovudtillitsvalde og hovudverneombuda er også organisert i kommunalområdet.

Kommunalområdet er leiia av assisterande kommunedirektør.

### Utvikling og utfordringer

Ny administrativ struktur har gitt effekt i form av tydelige styringslinjer, heilskapstenking og meir effektiv drift. Tal på årsverk til stab/støttetenester redusert i tråd med politisk vedtak, og analyse av kostratal viser at utgifter til administrasjon og styring ligg under gjennomsnittet i Kostragruppe 11.

Arbeidet med kommunedeling har tatt mykje kapasitet i kommunalområdet både i 2022 og 2023, og vil også gjere det i 2024. Dette har gått ut over kapasitet blant anna til utviklings- og innovasjonsarbeid, og fleire viktige omstillingsprosjekt og prosessar har blitt utsett på grunn av dette. Det er utfordrande å ha tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å gjennomføre delingsarbeidet samtidig som ordinær drift skal ivaretakast.

Stram kostnadskontroll har medført svært redusert aktivitet innan kompetanseutvikling, reiser og velferdstiltak til tilsette.

Kommunalområdet har stor breidde i kompetanse og fagområde, og rekruttering er ei stor og aukande utfordring. Kommunalområdet er også sårbart etter omfattande nedbemanning.

## Utvalgte resultater

I tillegg til ordinær drift er det arbeid med kommunedeling som har hatt hovudfokus i 2023. Det har vore eit svært krevjande arbeid for alle dei fire verksemdene i kommunalområdet, og medført at andre oppgåver har blitt satt på vent. Blant anna gjeld dette effektiviserings- og utviklingsarbeid, digitalisering og automatisering, kompetansehevande tiltak m.m. Kommunalområdet har også hatt begrensa kapasitet til å yte støttetenester til verksemdene i dei øvrige kommunalområda. Dette gjer at ein går inn i 2024 med eit etterslep som må prioriterast i tida som kommer.

## Status økonomi per tjeneste

*Beløp i 1000*

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Politisk styring | 21 445 | 17 984 | 20 529 | -916 | -4,5 % |
| Kontroll og revisjon | 3 969 | 6 029 | 6 029 | 2 059 | 34,2 % |
| Administrasjon | 118 848 | 175 777 | 188 125 | 69 277 | 36,8 % |
| Administrasjonslokaler | 1 575 | 1 250 | 1 250 | -325 | -26,0 % |
| Diverse fellesutgifter | 68 | 0 | 0 | -68 | 0,0 % |
| Aktivitetstilbud barn og unge | 10 | 0 | 0 | -10 | 0,0 % |
| Annet forebyggende helsearbeid | 4 459 | 3 054 | 3 255 | -1 204 | -37,0 % |
| AKTIVISERINGS- OG SERVICETJENESTER TIL ELDRE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDSETTELS | -297 | 0 | 0 | 297 | 0,0 % |
| Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering | 65 | 0 | 0 | -65 | 0,0 % |
| Tilbud til personer med rusproblemer | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Helse- og omsorgstjenester i institusjon | 865 | 788 | 824 | -41 | -5,0 % |
| (Avviklet 2023) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende | 11 | 0 | 0 | -11 | 0,0 % |
| Institusjonslokaler | 14 | 0 | 0 | -14 | 0,0 % |
| Ytelse til livsopphold | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde | 1 916 | -679 | -679 | -2 595 | -382,1 % |
| Interkommunale samarbeid | 373 | 0 | 0 | -373 | 0,0 % |
| Plansaksbehandling | -148 | 0 | 0 | 148 | 0,0 % |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 12 748 | 3 418 | 3 484 | -9 264 | -265,9 % |
| Samferdsel og transporttiltak | -218 | 0 | 42 | 261 | 614,6 % |
| Kommunale veier | -51 | 0 | 0 | 51 | 0,0 % |
| Rekreasjon i tettsted | 50 | 0 | 0 | -50 | 0,0 % |
| Beredskap mot branner og andre ulykker | 1 721 | 400 | 400 | -1 321 | -330,2 % |
| Avløpsrensing | 556 | 0 | 43 | -513 | -1180,7 % |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Kino | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg | 2 957 | 1 500 | 2 500 | -457 | -18,3 % |
| Renter, utbytte og lån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **172 614** | **210 560** | **225 803** | **53 189** | **23,6 %** |

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 1500-Organisasjon | 15 503 | 28 951 | 13 448 | 46,5 % |
| 1600-Økonomi og styring | 48 667 | 69 497 | 20 830 | 30,0 % |
| 1700-Teknologi og innovasjon | 71 312 | 80 350 | 9 037 | 11,2 % |
| 1800-Konserninnkjøp | 3 943 | 8 889 | 4 947 | 55,6 % |
| 1900-Politikk og kommunikasjon | 33 189 | 38 117 | 4 928 | 12,9 % |
| Sum | 172 614 | 225 803 | 53 189 | 23,6 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskap for 2023 viser eit mindreforbruk som i hovudsak skuldast refusjon kommunedeling, vakansar og minimal bruk av vikarar.

Arbeidet med kommunedeling er i all hovudsak gjennomført ved bruk av ordinær bemanning. Konsekvensen er stor belastning på dei tilsette, begrensa kapasitet til oppfølging og støtte til verksemdene, og til utviklings- , innovasjons- og effektiviseringsarbeid. Uten refusjon for utført arbeid med kommunedeling ville området hatt eit meirforbruk på omlag 20 mill.

I tillegg er det stram kostnadskontroll i heile kommunalområdet, der blant anna kostnader til reiser, kurs/konferansar og verferdstiltak er begrensa til eit minimum.

I den grad det har vore mogleg har stillingar vore halde vakante, og ein har i liten grad tatt inn vikarar ved sjukdom og permisjonar.

## Grafer Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)



## Detaljvisning drift (graf)







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,47 % | 4,96 % | 6,42 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,34 % | 4,99 % | 6,33 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,54 % | 7,29 % | 8,83 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,25 % | 5,54 % | 6,79 % |

## Status sykefravær og HMS

Sjukefråveret for kommunalområdet har hatt ein positiv utvikling i 2023. Samla sjukefråver har gått frå 8,83% i 2022 til 6,79% i 2023. For kommunalområdet samla er det langtidsfråværet som har størst nedgang, men her er det variasjonar i dei ulike verksemdene.

Det har vore fokus i verksemdene på forebygging av sjukefråver og oppfølging av sjukmeldte gjennom året.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Organisasjon | 5,14 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,29 % | 0 % | 1,55 % | 0 % | 4,23 % | 0,18 % | 0,54 % |
| Langtid | Organisasjon | 4,69 % | 0,94 % | 1,53 % | 9,06 % | 10,93 % | 15,22 % | 14,61 % | 7,90 % | 7,60 % | 9,66 % | 7,46 % | 8,13 % |
| **Samlet** | **Organisasjon** | **9,82 %** | **0,94 %** | **1,53 %** | **9,06 %** | **10,93 %** | **18,51 %** | **14,61 %** | **9,46 %** | **7,60 %** | **13,89 %** | **7,65 %** | **8,67 %** |
| Korttid | Økonomi og styring | 1,46 % | 0,83 % | 1,06 % | 0,91 % | 0,51 % | 0,63 % | 0,13 % | 0,53 % | 2,38 % | 1,81 % | 1,70 % | 0,31 % |
| Langtid | Økonomi og styring | 10,64 % | 9,63 % | 9,45 % | 7,91 % | 5,15 % | 5,24 % | 4,08 % | 3,46 % | 4,81 % | 3,25 % | 2,83 % | 3,82 % |
| **Samlet** | **Økonomi og styring** | **12,09 %** | **10,46 %** | **10,52 %** | **8,82 %** | **5,66 %** | **5,87 %** | **4,22 %** | **3,99 %** | **7,19 %** | **5,05 %** | **4,53 %** | **4,13 %** |
| Korttid | Teknologi og innovasjon | 2,06 % | 2,75 % | 1,02 % | 2,15 % | 1,59 % | 1,79 % | 0,08 % | 1,74 % | 0,91 % | 1,48 % | 1,46 % | 2,23 % |
| Langtid | Teknologi og innovasjon | 4,27 % | 1,70 % | 5,67 % | 3,24 % | 3,98 % | 4,84 % | 5,08 % | 3,56 % | 1,47 % | 0,86 % | 4,41 % | 4,39 % |
| **Samlet** | **Teknologi og innovasjon** | **6,32 %** | **4,45 %** | **6,69 %** | **5,39 %** | **5,58 %** | **6,62 %** | **5,16 %** | **5,29 %** | **2,38 %** | **2,34 %** | **5,87 %** | **6,62 %** |
| Korttid | Konserninnkjøp | 1,67 % | 1,85 % | 1,73 % | 0 % | 1,94 % | 0 % | 1,06 % | 1,61 % | 3,43 % | 1,96 % | 2,42 % | 1,04 % |
| Langtid | Konserninnkjøp | 5,74 % | 4,75 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,77 % | 6,91 % | 7,62 % |
| **Samlet** | **Konserninnkjøp** | **7,41 %** | **6,59 %** | **1,73 %** | **0 %** | **1,94 %** | **0 %** | **1,06 %** | **1,61 %** | **3,43 %** | **5,73 %** | **9,33 %** | **8,66 %** |
| Korttid | Politikk og kommunikasjon | 1,39 % | 1,69 % | 0,42 % | 0,87 % | 0,78 % | 0,23 % | 0 % | 0 % | 0,43 % | 0,25 % | 2,74 % | 0,25 % |
| Langtid | Politikk og kommunikasjon | 19,76 % | 12,81 % | 9,83 % | 8,88 % | 10,45 % | 11,59 % | 8,28 % | 6,16 % | 6,21 % | 7,73 % | 8,51 % | 9,05 % |
| **Samlet** | **Politikk og kommunikasjon** | **21,15 %** | **14,50 %** | **10,25 %** | **9,75 %** | **11,24 %** | **11,82 %** | **8,28 %** | **6,16 %** | **6,65 %** | **7,98 %** | **11,25 %** | **9,29 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,02 % | 1,57 % | 0,92 % | 1,17 % | 0,95 % | 1,18 % | 0,16 % | 1,05 % | 1,49 % | 1,78 % | 1,63 % | 1,02 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,52 % | 6,15 % | 6,82 % | 6,04 % | 5,51 % | 6,42 % | 5,68 % | 4,02 % | 3,81 % | 3,69 % | 4,78 % | 5,35 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **10,54 %** | **7,72 %** | **7,74 %** | **7,21 %** | **6,46 %** | **7,60 %** | **5,83 %** | **5,07 %** | **5,30 %** | **5,47 %** | **6,41 %** | **6,37 %** |

## Organisasjon

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 15 503 | 28 951 | 13 448 | 46,5 % |

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 19 147 | 14 968 | -4 179 | -27,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 655 | 904 | 249 | 27,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 1 017 | 1 017 | 100,0 % |
| Overføringsutgifter | 7 259 | 12 862 | 5 603 | 43,6 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **27 061** | **29 751** | **2 690** | **9,0 %** |
| Refusjoner | -3 017 | -800 | 2 217 | -277,1 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -8 541 | 0 | 8 541 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-11 558** | **-800** | **10 758** | **-1344,7 %** |
| **Netto resultat** | **15 503** | **28 951** | **13 448** | **46,5 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 14 313 | 14 374 | 14 968 | 19 147 |
| Refusjon lønn | -152 | 0 | 0 | -771 |
| **Sum Lønn** | **14 161** | **14 374** | **14 968** | **18 376** |
| Drift | 508 | 2 468 | 1 429 | 927 |
| Kjøp av produksjon | 0 | 1 017 | 1 017 | 0 |
| Overføringer | 9 959 | 3 362 | 12 862 | 7 259 |
| **Sum Utgifter** | **10 466** | **6 847** | **15 308** | **8 186** |
| Refusjoner | -2 090 | -1 324 | -1 324 | -2 518 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | -8 541 |
| **Sum Inntekter** | **-2 090** | **-1 324** | **-1 324** | **-11 059** |
| **Netto resultat** | **22 538** | **19 897** | **28 951** | **15 503** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 0,27 % | 0,25 % | 0,51 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 0,60 % | 0,04 % | 0,64 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 0,63 % | 2,74 % | 3,37 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,31 % | 8,20 % | 9,51 % |

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Organisasjon | 5,14 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,29 % | 0 % | 1,55 % | 0 % | 4,23 % | 0,18 % | 0,54 % |
| Langtid | Organisasjon | 4,69 % | 0,94 % | 1,53 % | 9,06 % | 10,93 % | 15,22 % | 14,61 % | 7,90 % | 7,60 % | 9,66 % | 7,46 % | 8,13 % |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samlet** | **Organisasjon** | **9,82 %** | **0,94 %** | **1,53 %** | **9,06 %** | **10,93 %** | **18,51 %** | **14,61 %** | **9,46 %** | **7,60 %** | **13,89 %** | **7,65 %** | **8,67 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 5,14 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,29 % | 0 % | 1,55 % | 0 % | 4,23 % | 0,18 % | 0,54 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 4,69 % | 0,94 % | 1,53 % | 9,06 % | 10,93 % | 15,22 % | 14,61 % | 7,90 % | 7,60 % | 9,66 % | 7,46 % | 8,13 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **9,82 %** | **0,94 %** | **1,53 %** | **9,06 %** | **10,93 %** | **18,51 %** | **14,61 %** | **9,46 %** | **7,60 %** | **13,89 %** | **7,65 %** | **8,67 %** |

# Økonomi og styring

## Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemd Økonomi og styring vart til som eit resultat av den administrative omorganiseringa som vart gjennomført tidleg i 2022. Verksemda vert leia av økonomisjefen, og har tre avdelingar. Desse er Økonomi og lønn, Strategi og styring og HR. Talet på tilsette er redusert gjennom naturleg avgang, slik at det ved utgangen av året var om lag 2 færre årsverk enn ved inngangen til året. Nytilsette på tampen av året som skal jobbe i nye Haram kommune er då ikkje rekna med.

Avdeling Økonomi og lønn har ansvaret for alt arbeid innan rekneskap, finans og lønn, både for kommunen, dei kommunale føretaka og eit 20-tals andre verksemder. Avdelinga sel også tenester for Vestnes kommune. I tillegg har avdelinga også ansvaret for innfordring av kommunale krav. Ansvaret for å drifte styringssystema knytt til økonomi/rekneskap og HR er lagt til avdelinga.

Avdeling HR har ansvaret for strategiarbeid knytt til HR og arbeidsgjevarfeltet, HMS, arbeidsgjevarpoltikk osb, og forvaltar reglement og rutinar knytt til personalet og alt som høyrer til dette. Avdelinga driv utstrakt støtte til verksemdene, både til rekruttering, personalsaker, HMS m.m. Avdelinga handsamar også lønnsforhandlingane.

Avdeling Strategi og styring har ansvaret for heilskapleg styring, alt arbeid med budsjett og økonomistyring. I tillegg ligg ansvaret for kommuneoverlege-funksjonen og miljøretta helsevern til denne avdelinga.

## Utvikling og utfordringer

Økonomi og styring er ei verksemd som vart etablert i samband med den administrative omorganiseringa tidleg i 2022. Verksemda har eit heilskapleg ansvar for arbeid med strategiar og mål til økonomi, rekneskap og HR. Det er ei styrke for kommunen sitt arbeid med å nå sine langsiktige mål å ha samla desse viktige fagmiljøa under ein paraply. Det er lettare å drive heilskapleg styring når ansvaret for utvikling av humankapital, finanskapital og strategi- og kvalitetsarbeid jobbar tett saman i kvardagen.

Verksemda har typiske stab- og støttefunksjonar i sin kjerneportefølje. Dette inneber at verksemda har både typiske "produksjons-oppgåver" og driftsansvar for kritiske styringssystem og kjerneprosessar, samstundes som den driv utstrekt hjelp og rådgjeving innan sine respektive fagområder til resten av organisasjonen. Som eit ledd i arbeidet med å redusere administrasjonskostnader vart det gjennomført vesentlege kutt i bemanninga innan desse fagområda. For å tilpasse seg til dei nye driftsrammene har ein måtta gjort krevjande prioriteringar av oppgåver, samstundes som ein har gjort mykje for å effektivisere drifta gjennom digitalisering og automatisering. Dette gjeld for produksjonsdelen i verksemda, samstundes og ein har gjort mykje i å utvikle verkty for "hjelp til sjølvhjelp" for resten av organisasjonen. Det er likevel ikkje til å komme unna at dei som mottek tenester frå verksemda

opplever redusert servicegrad i kombinasjon med at visse oppgåver i større grad enn tidlegare må løysast i linja - utan direkte involvering frå fagpersonar i Økonomi og styring.

Dei siste åra har det vore ei rivande teknologisk utvikling som byr på både utfordringar og moglegheiter for verksemda og for kommunen. For å lukkast med å hauste dei mogelege vinstane som ligg i denne utviklinga, er det kritisk viktig at ein har ein kompetansebase i verksemda som er tilpassa dei krav den digitale tidsalderen stiller til oss. I ein travel kvardag med tronge økonomiske rammer er det krevjande å finne rom for å arbeide systematisk med å utvikle den kompetansen ein bør ha for framtida. Ein ser også at det er krevjande å halde på, og å rekruttere, kompetente medarbeidarar.

Verksemda står dessutan føre eit større generasjonsskifte. Om lag ein femtedel av arbeidsstokken har passert 62 år, og kan i prinsippet gå av med AFP om dei skulle ønske det. Det er difor risiko for at ein vil kunne miste fleire gode og kompetente medarbeidarar i løpet av relativt få år.

Arbeidet med kommunedeling har vore altoverskuggande gjennom 2023. Om lag 30 000 arbeidstimar er lagt ned til dette gjennom året, og framleis gjenstår det mykje jobb. Mangel på kapasitet representerer den klart største utfordringa for verksemda på kort sikt. Mykje arbeid er skubba på, noko som går utover resten av organisasjonen. Kommunen står i ein alvorleg økonomisk situasjon, og kapasitetsmangel både på leiarnivå og i stab- og støttefunksjonane gjer at kommunen ikkje klarer å gjennomføre naudsynte omstillings- og effektiviseringstiltak. Den operative risikoen innan dei ansvarsområde verksemda har, har aldri vore høgare. Risikoen for feil, manglar og svak kontroll er stor.

På lengre sikt er målet at ein byggjer robuste fagmiljø som er i stand til både effektiv drift og å støtte organisasjonen i arbeidet med å nå sine mål. Med andre ord skal verksemda vere ein katalysator for det strategiske arbeidet til kommunen i tillegg til å sørge for god og påliteleg styringsinformasjon. Dette krev at ein lukkast i å ha attraktive og robuste fagmiljø, der dei tilsette får utvikle seg og vert brukt aktivt inn i drifta og utviklinga av heile organisasjonen.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 48 667 | 69 497 | 20 830 | 30,0 % |

## Kommentar til status økonomi

Verksemda Økonomi og styring fekk eit særs stort mindreforbruk i 2023. Mindreforbruket skriv seg i all hovudsak frå at alle dei tre avdelingane i verksemda har utført eit stort arbeid knytt til kommunedelinga, noko som er finansiert gjennom bruk av bundne fond. Omfanget med arbeidet med kommunedelinga har vore omlag som føresett i kommunedelingsbudsjettet.

## Oppsummering tiltak

Grunna mangel på kapasitet til å oppretthalde forsvarleg drift samstundes som ein har jobba med å dele kommunen, er det ikkje vurdert som forsvarleg å gjennomføre kostnadsreduserande tiltak med effekt i 2023.

Likevel har ein jobba med tiltak som på sikt kan bidra til både meir effektiv drift og styrking av attraktive fagmiljø. Ein har mellom anna, saman med dei andre kommunane i eKommune-samarbeidet, vert med som opsjonspartnar i eit felles anbod på ERP-system (økonomi-system) saman med kommunane på Nordmøre og i Romsdal. I tillegg har ein starta arbeidet med å vudere mogelegheitar for eit tettare samarbeid innan løn og rekneskap mellom fleire kommunar i regionen.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 72 609 | 69 588 | -3 021 | -4,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 11 575 | 12 254 | 679 | 5,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 79 | 0 | -79 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 3 357 | -4 770 | -8 127 | 170,4 % |
| Finansutgifter | 608 | 0 | -608 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **88 228** | **77 072** | **-11 156** | **-14,5 %** |
| Salgsinntekter | -7 398 | -7 400 | -2 | 0,0 % |
| Refusjoner | -8 209 | -175 | 8 034 | -4591,0 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -23 954 | 0 | 23 954 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-39 561** | **-7 575** | **31 986** | **-422,3 %** |
| **Netto resultat** | **48 667** | **69 497** | **20 830** | **30,0 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 55 613 | 66 583 | 69 588 | 72 609 |
| Refusjon lønn | -3 203 | 0 | 0 | -4 250 |
| **Sum Lønn** | **52 410** | **66 583** | **69 588** | **68 359** |
| Drift | 17 883 | 19 955 | 17 141 | 17 216 |
| Kjøp av produksjon | 99 | 0 | 0 | 79 |
| Overføringer | 2 653 | -5 235 | -4 770 | 3 357 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 608 |
| **Sum Utgifter** | **20 635** | **14 720** | **12 371** | **21 260** |
| Brukerbetaling | -6 257 | -9 749 | -7 400 | -7 398 |
| Refusjoner | -8 023 | -5 062 | -5 062 | -9 600 |
| Finansinntekter | -3 | 0 | 0 | -23 954 |
| **Sum Inntekter** | **-14 283** | **-14 811** | **-12 462** | **-40 952** |
| **Netto resultat** | **58 762** | **66 492** | **69 497** | **48 667** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sammendrag status investeringer

Det er ikkje budsjettert med, eller gjennomført, investeringar i verksemda i 2023.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,56 % | 4,54 % | 6,10 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,07 % | 5,45 % | 6,51 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,18 % | 7,96 % | 9,14 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,03 % | 5,82 % | 6,85 % |

## Status sykefravær og HMS

Sjukefråveret i verksemda har utvikla seg positivt gjennom året, og er redusert frå 10,79 % i 2022 til 6,85 % i 2023. Det er særleg langtidssjukefråveret som er redusert.

Ein har gjennom året sett fokus på arbeidsmiljøet i verksemda, mellom anna gjennom å ta opp temaet til diskusjon på avdelingsmøter og ved å legge vekt på arbeidsmiljøet i gjennomføring av vernerunder.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Økonomi og styring | 1,46 % | 0,83 % | 1,06 % | 0,91 % | 0,51 % | 0,63 % | 0,13 % | 0,53 % | 2,38 % | 1,81 % | 1,70 % | 0,31 % |
| Langtid | Økonomi og styring | 10,64 % | 9,63 % | 9,45 % | 7,91 % | 5,15 % | 5,24 % | 4,08 % | 3,46 % | 4,81 % | 3,25 % | 2,83 % | 3,82 % |
| **Samlet** | **Økonomi og styring** | **12,09 %** | **10,46 %** | **10,52 %** | **8,82 %** | **5,66 %** | **5,87 %** | **4,22 %** | **3,99 %** | **7,19 %** | **5,05 %** | **4,53 %** | **4,13 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 1,46 % | 0,83 % | 1,06 % | 0,91 % | 0,51 % | 0,63 % | 0,13 % | 0,53 % | 2,38 % | 1,81 % | 1,70 % | 0,31 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 10,64 % | 9,63 % | 9,45 % | 7,91 % | 5,15 % | 5,24 % | 4,08 % | 3,46 % | 4,81 % | 3,25 % | 2,83 % | 3,82 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **12,09 %** | **10,46 %** | **10,52 %** | **8,82 %** | **5,66 %** | **5,87 %** | **4,22 %** | **3,99 %** | **7,19 %** | **5,05 %** | **4,53 %** | **4,13 %** |

## Teknologi og innovasjon

### Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemda har tre avdelingar, samt eit ansvar for sikkerheit og beredskap. I 2023 og i starten av 2024 har verksemda ei stor leveranse gjennom kommunedeling, der delprosjekt IKT ligg til verksemda.

**Avdeling innovasjonsstøtte** støtter kommuneorganisasjonen i oppfølging av strategien for tenesteutvikling og nyskaping. Her ligg også ALV- Møre og Romsdal – læringsarena for velferdsteknologi, oppfølging av partnarskapet i Framtidslaben og koordinering av universitetskommuneavtalen med NTNU.

Strategi for tenesteutvikling og nyskaping har desse satsingsområda:

- Kultur for nyskaping
- Kompetanse og læring
- Samskaping og medborgarskap
- Partnarskap og samarbeid på tvers
- Digitalisering og ny teknologi

Avdelinga har ei høg grad av ekstern finansiering, og fleire av dei tilsette er dedikert over tid til større eksternt finansierte prosjekt, som velferdsteknologi og regional koordinering av arbeidet med Helseplattformen.

**Avdeling IT leverer** IT-tenester i eKommunesamarbeidet:

- Sentralt datasenter
- Infrastruktur
- Server- og applikasjonsdrift
- Klientdrift (PCar, nettbrett, mobil)

- Identitetshandtering
- Sikkerheit og innhaldskontroll
- Utskrift og skanning
- Overvakning av tenestene
- Kontorstøttesystem
- Sentral fillagring og sikkerheitskopiering
- IT-brukarstøtte

**Avdeling dokumentasjonsforvaltning** handterer:

- Forvaltning av saksbehandlingsverktøy og arkivløysingar
- Brukarstøtte knytt til saksbehandling
- Papirarkiv,  uttrekk digitale arkiv og avlevering til arkivdepot
- Digitale skjema og arbeidsflytar
- Bruk av offentlege felleskomponentar for digital samhandling
- Posthandtering
- Digital kommunikasjon
- Offentleg innsyn

**Sikkerheit og beredskap** ligg direkte under verksemdsleiar. Her er dei følgande funksjonane samla:

- Personvern og informasjonssikring
- Overordna beredskap inklusive psykososialt kriseteam

## Utvikling og utfordringer

Verksemda er svært prega av gjennomføring av kommunedelinga, og for praktiske formål så blir anna utviklingsarbeid prioritert ned.

I 2022 og 2023 har den digitale transformasjonen i samfunnet skote vesentleg fart, samtidig er kommunen sin kapasitet på området redusert og kommunedeling har vært den prioriterte oppgåva for verksemda.

Innføringa av Helseplattformen våren 2023 er eit positivt unntak frå denne trenden. Dette er eit stort og viktig prosjekt for kommunen og innbyggarane. For verksemda sin del har særleg avdeling IT vesentlege leveransar inn i innføringsprosjektet. Helseplattformen hadde ein vellukka GoLive 28. april.

Vidare er verksemda ansvarleg for innføringa av Kompetanseportalen. Kommunen står ovanfor ei rekke utfordringar som tilgang på kvalifisert arbeidskraft, ny teknologi og stramme økonomiske rammer. For å vere i stand til å løyse dei noverande og komande utfordringane, er det nødvendig å sikre at alle tilsette har nødvendig kompetanse, og at kompetansestyring, medarbeidarutvikling og læring settast i system. Dette får vi no ei heilskapleg systemstøtte for.

Innan arkiv var vi eit stort etterslep med papirarkiv. Det er sett av midlar i økonomiplana til å rydde i dette i framtidige år.

Microsoft aukar prisane på lisensar vesentleg med verknad frå 2024. Dette er spelt inn i budsjettprosessen for 2024, og har blitt handtert på innafor kommunalområdet / verksemda si ramme. Det digitale arbeidsverktøyet Office365 er svært viktig i den digitale kvardagen til våre tilsette, og er naudsynt for å legge til rette for ein god digital arbeidskvardag der vi også samhandlar godt.

## IT eKommune

IT avdelinga er redusert med fem stillingar sidan februar 2021, og driftsressursane er knappe sett opp mot å levere forsvarleg drift til eKommune samarbeidet. Vi slit med å finne tid og ressursar til å støtte fagområda slik dei kan gjennomføre sine digitaliseringstiltak, og ventetida på endringsbestillingar frå faga har auka. Av denne grunn må vi må gjere strenge prioriteringar av endringsbestillingar.

Avdelinga fokuserer på å ha kjernekompetansen for vår IT drift internt i avdelinga. Det ser vi har vore svært viktig opp mot utfordringane vi har stått i dei siste åra med kommunesamanslåing, pandemi og kommunedeling. Dette gjer oss meir robuste, og det er kostnadseffektivt både for Ålesund kommune og dei andre kommunane vi driftar. Vi har svært lite kostnad på innleige av konsulentar, unntaket er no under kommunedelinga.

Vi arbeider med tenestene slik at vi både blir meir automatiserte og får fleire tenester over på skydrift. I 2023 har vi gått ut i sky med to av våre store kjernesystem Visma Enterprise (lønn, økonomi og personalsystem) og Acos websak. I tillegg har vi innført Helseplattforma i Ålesund. Dette krev ei dreiing av kompetansen i avdelinga noko som vi er i ferd med å gjennomføre innanfor ramma vi har tildelt.

Eit auka eksternt trusselbilete gjer at informasjonssikkerheitsområdet krev stadig meir av oss, også økonomisk. Etter etablering av ny kommune har ein vridd ressursar inn mot dette området, men ytterlegare ressursinngang vil vere nødvendig i det vidare. Vi har i samarbeid med ROR IKT no inngått ein avtale med ein sikkerheitspartner, og vi vil starte arbeidet med bedre endepunktsikring, meir omfattande og aktiv sikkerheitsovervåkning og ei teneste som vil kome til unnsetning om vi vert angripe (IRT – incident respons team).

**Utvalde resultat for IT**

Sentralisering av leasingavtaler på multifunskjonsmaskiner. Dette har gjort oss bedre i stand til å innfri innsparingstiltaket på print. I tillegg til å redusere talet på skrivarar, har vi valt å kjøpe i stadan for i leige der leasingavtaler har gått ut. Ved å kjøpe skrivarane istadan for å leige, så forlenger vi levetida på maskinane med om lag tre år. Bra for økonomien, bra for miljøet.

Sentralt innkjøp av utstyr for tilsette. Vi har no ei langt betre forvaltning av PCutstyr til tilsette. Vi vil på sikt også redusere talet på PCar dedikerte til einkelt tilsette, ved at dei berre får ei maskin. Før har det vore slik at IT haldt dei tilsette med stasjonære, medan verksemdene kjøpte berbare. No er standarden berbar, og ei maskin. Vi har ei fem års utskiftningstakt på PCar, men på grunn av reduksjon av tilsette og ein vanskeleg leveransesituasjon i fjor vår, har vi ikkje greidd å følgje opp dette godt nok. Vi har derfor eit etterslep som vi må ta inn igjen, spesielt på helse.

Gjenbruk og sikker avhending av PC utstyr. PC utstyr skal leverast inn til IT når det ikkje lenger vert brukt. Der vurderer vi om det er muleg å gjenbruke utstyret. Er det ikkje det, så vert det innlevert til sikker avhending til Foxway. Der blir utstyret vurdert for vidaresal av heile utstyret ev delar, ev materialgjenvinning. Dette til ingen kostnad for kommuna, men det kan ligge ei lita inntening på sikt.

Innføring av Helseplattforma. Oppsett av PCar og mobilar mot Helseplattforma, for sikker pålogging. Alle PCar brukt i helse har vorte teste, og mange har vorte skifta ut (levetid på fem år). Vi har satt opp Nød PCar på utvalte lokasjonar, kopla mot

Automatisert tilgangskontroll. Vi har hatt vidare utvikling av vår identitetshandteringsprosess, og no leverer vi sikker, automatisert tilgangskontroll til Helseplattforma, til KS læring og til kompetanseportalen. Her ser vi også på kva for andre applikasjonar vi kan automatisere tilgangskontroll

til. Dette sparar ressursar ute i faga, det styrkar informasjonssikringa og kvaliteten på data. Tilgonger er klare når brukaren har startdato, og vert avslutta ved sluttdato.

Fylke Nord-avtalen med Telenor. Her har vi:

- tatt i bruk muligheitene i Telenord avtalen med Telenor i forhold til «hjelp til sjølvhjelp».
- implementert ei ny «Retningslinjer for mobilbruk» som ar utarbeid i samarbeid med personal og tillitsmannsapparatet.
- implementert mPort. Der kan tilsette som har fått godkjent dekning av personleg mobil bestille telefon. Der vert det rekna ut kor mykje den tilsette har opparbeid seg av støtte frå kommuna, den tilsette må dekkje resten om vedkommande velgjer ein modell som er dyrare enn kommuna sin andel.
- lagd ein god kommunikasjonspakke på Intranett sik at vi reduserer behovet for support.

Enkelte andre resultat:

- vi har starta med å flytte klientdrift over til skya, og har innført klientdrift av nettbrett for fleire fag (Vatn og avløp og velferdsteknologi først og fremst)
- vi arbeider med å sikre kommunale data på alle mobiltelefoner (MAM)
- vi arbeider med tiltak som fører til betre sikkerheit i Office 365
- Exchange er flytta ut i nettskya
- ny løysing for sikkerheitskopiering av Office365-miljøet er etablert

## Avdeling dokumentasjonsforvaltning

Kommunedeling har stått heilt sentralt i alt vårt arbeid i 2023. Ressursar har vorte omdisponert, og har gjort at vi har utsatt fleire planlagte prosessar, utvikling av nye løysingar til både innbyggarar og saksbehandlarar.

Fortsatt har vi stort etterslep etter kommunesammenslåing, som har blitt flytta fram i tid.

I tilknyting til kommunedeling, blei sak-/arkivsystemet Acos WebSak+ etablert som skydrift i begge kommunane. Dette blei gjennomført på ein god måte, og sikra god dokumentasjon knytt til oppstart av to nye kommunar hausten 2023. Samtidig innførte vi Acos Interact+ , der skjema også blei etablert i sky, som vil gi oss store fordelar med betre arbeidsflytar og raskare oppdatering.

Pålegg frå statsarkivet om uttrekk av utgåtte fagsystem og ordning/ avlevering av papirarkiv har blitt utsatt då ein ikkje har tilstrekkeleg med ressursar. Faren for at dokumentasjon kan gå tapt, blir større.

Prosessen med kommunedeling har vore svært krevjande for dei tilsette, og mange er slitne. Det er viktig at det blir tatt omsyn til at vi fortsatt ikkje er ferdig med prosessen. Der er m.a. mykje opprydding att, der Ålesund kommune skal sikre ordning og avlevering av arkiv frå fellesperioden til IKA Møre og Romsdal. Det er viktig at tale på tilsette ikkje blir redusert før vi er tilbake til normal drift.

Behov for auka kompetanse. Utviklinga går svært fort innan vårt område, og behovet for vidare opplæring er svært stort.

**Utvalde resultat for avdeling Dokumentasjonsforvaltning:**

Det meste av våre ressursar har gått med til kommunedeling. Vi har hatt god planlegging, og vi har lukkast godt med prosjektgjennomføringa.

God dagleg drift, til tross for ein stressa kvardag. Vi har få avvik og meiner at vi har hatt god kontroll på dagleg dokumentfangst og handtering av innsyn.

Skanning og kategorisering av byggesaker er godt i gang, men vi ser klart behov for å auke kapasiteten på dette området. I dette arbeidet har vi også fått erfaring med bruken av KI, gjennom kategorisering av byggesaker.

Acos Websak og Interact gjekk over til skydrift.

Acos Akademiet, ein interaktiv læringsportal for opplæring av brukarane i WebSak+ blei innført for å bidra i opplæringa i overgang til nye kommunar.

Uttrekk av digitale fagsystem har blitt vidareført, men har ikkje nådd måla i framdriftsplanen. Vi har hatt utfordringar både med leverandørar og arkivdepot.

Arbeidet med å betre prosessen knytt til byggesaker var godt i gang, men stoppa opp i 2023 grunna kommunedeling. Dettevil igjen få prioritet i 2024.

Utvida bruk av digital meldingsformidling, både internt og ut mot innbyggarar, bruk av e-signering flytprosessar , digitale skjema og fleire nye integrasjonar mellom fagsystem og arkiv har gitt store økonomiske gevinstar ute i fagområda. Dette vil bli prioritert i 2024.

Framtidslaben som kommunalt drifta er avvikla. I samsvar med politisk vedtak vil kommunen dekke løn til dagleg leiar og husleige på NMK i 2024.

## Avdeling innovasjonsstøtte

Avdeling innovasjonsstøtte er svært redusert over tid, og fungerer i dag ikkje som ei sjølvstendig avdeling. Når tilsette har slutta, har ikkje desse blitt erstatta, og ein har bevisst søkt å få tilsette over på ekstern finansiering. Avdelingsleiar, som også leia FoU-arbeidet vårt, gjekk over i ny stilling og har ikkje blitt erstatta. Per no er ein ikkje i stand til å arbeide strukturert etter kommunen vedtatte strategiar innan forskning, utvikling og innovasjon. Det er klart at ein primært må arbeide på overordna nivå, og i svært liten grad har kapasitet til å bidra ute i verksemdene.

I følgje med kommunedelinga la ein fram bemanningsplanar som ein ikkje har moglegheit for å oppfylle med dagens rammer.

Avdelinga har no i liten grad ressursar å stille tilgjengeleg for digitaliseringsprosessar i kommunen.

Eit viktig arbeid i 2023 var innføring av kompetanseportalen. Den er teknisk innført, men det står igjen eit vesentleg arbeid med sørge for at den vert fylt med nødvendig innhald.

Ålesund kommune deltek aktivt i arbeidet med Digi Møre og Romsdal. Formålet er å fremje digitaliseringsarbeidet i fylket, og følgjer ein struktur som resten av landet. Dette er ein del av den såkalte samstyringsstrukturen for IKT.

Tiltak for å auke den digitale kompetansen i kommunane er viktig. Vidare legg ein tilrette for at kommunane tek ibruk felles offentlege digitale løysingar på ein god måte. Verksemda er involvert på fleire nivå i Digi Møre og Romsdal.

Ein annan viktig aktivitet i verksemda er å legge til rette for at systemeigarane og systemadministratorane forvaltar fagsystema til kommunen på ein god måte. Gode fagsystem er svært viktig for ein god og effektiv tenesteproduksjon, og på linje med leiing av medarbeidarar, må ein sørge for at fagsystema får nødvendig oppfølging slik at dei støtter oppunder tenesteproduksjonen på ein god måte.

Rammer for kommunens bruk av kunstig intelligens vil vere ein av aktivitetane i 2024.

### Sikkerheit og beredskap

Innan beredskap har vi dei siste åra vert prega av først pandemi og dernest krigen i Ukraina og den påfølgjande flyktningkrisa. Den pågåande krigen fører med seg eit forverra trusselbilete, og det pregar det førebuande beredskapsarbeidet.

I 2023 vart det nye nasjonale krisestøtteverktøyet Rayvn tatt i bruk. I følgje med kommunedelinga vart beredskapsplanane revidert og tilpassa dei to nye kommunane.

Sentrale satsingar i 2024 er betra planar for evakuerande og pårørande, samt betra planverk i kommunalområda. I tillegg er det eit mål om auka øvingsaktivitet.

Som i 2022 vart det og i 2023 arrangert ein IT-sikkerheitsdag for eKommune.

Ein ser eit auka trykk på kommunen psykososiale kriseteam.

## Utvalgte resultater

I 2023 har prioriteringa vært kommunedeling. Dette medfører generelt restansar på øvrige område.

Særleg nemnast det at ein har redusert kapasiteten til å følgje den digitale utviklinga, og at handtering av eldre arkivmateriale har nær stått stille i 2023.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 71 312 | 80 350 | 9 037 | 11,2 % |

## Kommentar til status økonomi

### Sikkerhet og beredskap

Eininga går moderat i overforbruk. I hovudsak skyldast dette ny kostnadsdeling mellom kommunar for å dekke kommunane sine sentrale lagerkostnadar for Sivilforsvaret.

## Dokumentasjonsforvaltning

I avdeling Dokumentasjonsforvaltning er mindreforbruket i 2023 i hovudsak knytt til refusjon frå kommunedeling, vakante stillingar, nøkternt forbruk og utsette oppgåver/ prosjekt.

Krav om innsparing vil i hovudsak bli dekt gjennom redusert bemanning pga ledig stillingar og ansettelsesstopp. Store delar av vår aktivitet er no knytt til kommunedeling, og andre oppgåver vil dermed bli lagt til side. Dette medfører reduserte kostnader på ordinær bedrift og store refusjonar opp mot kommunedeling. Mange ordinære oppgåver blir flytta fram i tid.

## IT-Drift / IT eKommune

IT drift har eit vesentleg mindreforbruk. Dette skuldast i hovudsak eit stort mindreforbruk i eKommune Sunnmøre. Mindreforbruket i eKommune skuldast inndekning av lønskostnader i forbindelse med Kommunedelinga. Andre grunnar til mindreforbruket er manglande ressursar og kapasitet til å igangsette og gjennomføre planlagde prosjekt. I 2023 var hovudprioriteringane kommunedeling og innføring av Helseplattforma, og då vart det ikkje rom for fleire store prosjekt eller tiltak. Ein har fått til ein god reduksjon av printkostnader, og er i rute med dette tiltaket.

### Oppsummering tiltak

Dei to store avdelingane leverer godt på budsjett, og det er ikkje dedikerte tiltak som er etablert.

For IT sentraliserte ein for nokre år sidan kostandane til print med mål om å redusere dei. Ein har her lykkast med å få til ein god reduksjon av printkostnader, og er i rute med dette tiltaket.

### Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 61 877 | 66 149 | 4 272 | 6,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 41 072 | 44 501 | 3 430 | 7,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 152 | 1 007 | 855 | 84,9 % |
| Overføringsutgifter | 13 880 | -8 450 | -22 330 | 264,3 % |
| Finansutgifter | 17 414 | 4 893 | -12 521 | -255,9 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **134 395** | **108 101** | **-26 293** | **-24,3 %** |
| Salgsinntekter | -17 043 | -3 502 | 13 541 | -386,6 % |
| Refusjoner | -22 286 | -23 413 | -1 127 | 4,8 % |
| Overføringsinntekter | -349 | 0 | 349 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -23 404 | -836 | 22 568 | -2699,5 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-63 082** | **-27 751** | **35 331** | **-127,3 %** |
| **Netto resultat** | **71 312** | **80 350** | **9 037** | **11,2 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 55 968 | 64 787 | 66 149 | 61 877 |
| Refusjon lønn | -2 074 | 0 | 0 | -1 585 |
| **Sum Lønn** | **53 894** | **64 787** | **66 149** | **60 292** |
| Drift | 41 149 | 47 942 | 49 764 | 45 186 |
| Kjøp av produksjon | 3 602 | 1 007 | 1 007 | 152 |
| Overføringer | 12 201 | -8 521 | -8 450 | 13 880 |
| Finansutgifter | 10 766 | 2 475 | 4 893 | 17 414 |
| **Sum Utgifter** | **67 718** | **42 904** | **47 215** | **76 631** |
| Brukerbetaling | -16 716 | -3 502 | -3 502 | -17 043 |
| Refusjoner | -25 814 | -24 365 | -28 676 | -24 815 |
| Overføringer | -2 237 | 0 | 0 | -349 |
| Finansinntekter | -7 456 | -836 | -836 | -23 404 |
| **Sum Inntekter** | **-52 224** | **-28 703** | **-33 014** | **-65 611** |
| **Netto resultat** | **69 388** | **78 987** | **80 350** | **71 312** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
151 561
13 880 416
17 413 870
61 877 093
134 394 582
41 071 642
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Finansutgifter
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-348 750
-17 043 381
-23 404 023
-63 082 194
-22 286 041
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter

## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedtatt totalt | Påløpt totalt | Årets budsjett Rev. bud. | Regnskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Digital kommunikasjonsinfrastruktur | 3 600 | 4 213 | 1 821 | 3 336 | Forsinket |
| Digitalisering byggesaker | 2 628 | 2 628 | 823 | 823 | Forsinket |
| Felles PC innkjøp til kommunalt tilsette (IKT) | - | - | 16 459 | 15 930 | Ferdig |
| IKT- og digitaliseringstiltak (IKT sammenslåingskommuner) | - | - | 3 621 | 2 444 | Iht. plan |
| Sum øvrige prosjekter | | | 17 | -271 | |
| **Sum** | | | **22 740** | **22 262** | |

## Statustekst investeringer

### Digital kommunikasjonsinfrastruktur

Dedikert investeringspott for å utnytte moglegheiter til å etablere kommunikasjonsinfrastruktur (primært fiber) når moglegheitene opnar seg i samanheng med graving eller andre aktørars infrastrukturarbeid.

Meirfrobruk då innkjøp av nettverkskomponentar er ført på dette prosjektet og ikkje på prosjektet for felles IKT og digitalisering.

### Digitalisering byggesaker

Digitalisering påbegynt, men stans medio 2023 pga prosessutfordring. Stans medførte omdisponering hos IKA Møre og Romsdal, og dei kunne ikkje starte igjen i 2023. Prosjektet fortsetter i 2024.

### Felles PC innkjøp til kommunalt tilsette (IKT)

Dedikert investeringspott til PCar. 10 mill generelt for PC-utstyr til tilsette, og 3 mill øyremerka elevar i skule. I tillegg er ytterlegare bevilga ekstra 2,8 mill til elevar. Investeringsspotten vart brukt i samsvar med beudsjett. Det er og kjøpt inn nokre brukte multifunksjonsmaskiner (print/scan) på denne potten som eit tiltak for å ta ned dei totale kostnadane til print/scan ved å redusere graden av leasing.

### IKT- og digitaliseringstiltak (IKT sammenslåingskommuner)

Generell investeringspott for teknologi og innovasjon for å handtere investeringar i digital infrastruktur og digitaliseringstiltak i Ålesund kommune (ikkje eKommune).

Investeringsramma er noko redusert ved revidert budsjett. Mindreforbruk må sjåast i samanheng med meirforbruk på investeringspotten for digital kommunikasjonsinfrastruktur.

Initialkostandar for etablering av kompetansestyringssystem vart tatt av denne potten i 2023.

### Plattformer dataforvaltning, robotisering og kunstig intelligens

Vert utan forbruk i 2023.

Vi har haldt igjen IKT-investeringar slik at ein har handlingsrom for å løfte arbeidet med informasjonssikring i 2023. I tillegg har verksemda ikkje hatt gjennomføringevne til på grunn av nedtrekk og arbeid med kommunedeling.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,77 % | 6,71 % | 8,48 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,67 % | 5,73 % | 7,40 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,02 % | 6,60 % | 8,62 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,59 % | 3,63 % | 5,22 % |

## Status sykefravær og HMS

Langtidsfråværet i verksemda er betydeleg redusert, mens korttidsfråværet er omtrent som tidlegare.

At korttidsfråværet ikkje er verre må tolkast positivt sett i lys av arbeidsbelastninga ein har hatt i følgje med kommunedelinga.

Verksemda er ikkje større enn at enkeltpersonar sitt langtidsfråvær slår betydeleg ut på statistikken. Som rapportert i 2022 er det ei rekkje individuelle grunnar til dette fråværet, som i mindre grad har bært tilstades i 2023. Samtidig vil avklaringar i arbeidsforholdet som redusert stilling og delvis uføre kunne bidra til ei normalisering av fråværet.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Teknologi og innovasjon | 2,06 % | 2,75 % | 1,02 % | 2,15 % | 1,59 % | 1,79 % | 0,08 % | 1,74 % | 0,91 % | 1,48 % | 1,46 % | 2,23 % |
| Langtid | Teknologi og innovasjon | 4,27 % | 1,70 % | 5,67 % | 3,24 % | 3,98 % | 4,84 % | 5,08 % | 3,56 % | 1,47 % | 0,86 % | 4,41 % | 4,39 % |
| **Samlet** | **Teknologi og innovasjon** | **6,32 %** | **4,45 %** | **6,69 %** | **5,39 %** | **5,58 %** | **6,62 %** | **5,16 %** | **5,29 %** | **2,38 %** | **2,34 %** | **5,87 %** | **6,62 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,06 % | 2,75 % | 1,02 % | 2,15 % | 1,59 % | 1,79 % | 0,08 % | 1,74 % | 0,91 % | 1,48 % | 1,46 % | 2,23 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 4,27 % | 1,70 % | 5,67 % | 3,24 % | 3,98 % | 4,84 % | 5,08 % | 3,56 % | 1,47 % | 0,86 % | 4,41 % | 4,39 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **6,32 %** | **4,45 %** | **6,69 %** | **5,39 %** | **5,58 %** | **6,62 %** | **5,16 %** | **5,29 %** | **2,38 %** | **2,34 %** | **5,87 %** | **6,62 %** |

# Konserninnkjøp

## Tjenesteområdebeskrivelse

Konserninnkjøp i Ålesund kommune har 13 årsverk. Ein innkjøpssjef, ein koordinator, ein controller, tre avtaleforvaltarar og 7 innkjøpsrådgjevarar.

I tillegg til å gjennomføre alle anskaffingsprosessar i Ålesund kommune, inkludert foretaka, med verdi over omlag 1,3 millionar eks. mva., rådgir vi i mindre anskaffingsprosessar som gjennomførast ute i organisasjonen. Vi har utarbeidd rutine, malar og veiledningsvideoar som skal hjelpe organisasjonen til gjennomføre disse på eigahand. Det er no også innført eit eige system for gjennomføring av disse anskaffingane, for å skape meir transparens, oversikt og system på dei.

Vi har ansvaret for e-handelsløysinga til kommunen og innkjøpssamarbeidet, samt for beredskapslager mv.

Alle kommunane på Sunnmøre deltek i innkjøpssamarbeidet som er drifta av konserninnkjøp, tilsaman 14 kommunar inkludert Ålesund. I tillegg inngår Attvin AS, Ålesundsregionens Havnevesen, Ålesund parkering, Sørsida Utvikling AS og Muritunet også i innkjøpssamarbeidet. For Attvin AS, Ålesundsregionens Havnevesen (ÅRH), Sørsida Utvikling AS og Ålesund parkering gjennomfører vi også andre anskaffingar. Avtalen med Attvin AS er reforhandla i 2022 for å ta høgde for eit sterkt aukande behov for gjennomføring av anskaffingar for dei. Avtalen med ÅRH er reforhandla med verkning frå 2023. Avtalen med Sørsida Utvikling AS er ny frå november 2023.

Vi gjennomfører i snitt omlag 150 anskaffingsprosessar, i tillegg til å rådgi i omlag 35 mindre anskaffingar, i løpet av eit år og følgjer opp i underkant av 500 avtalar. Kommunedelingsprosjektet tok svært mykje ressursar frå Konserninnkjøp i 2023. Dette er i all hovudsak knytt til arbeid reforhandling av IKT-avtalar og endring av andre typar avtalar og samarbeid.

## Utvikling og utfordringer

Uroleg leverandørmarknad på grunn av mellom anna pandemien, krigen i Ukraina og naturkatastrofer har medført mykje ekstraordinære forhandlingar med leverandørane om prisjusteringar, leveringstider og anna leveringsproblematikk. Vi merkar også at tøffare tider for leverandørane medfører større grad av klager, innsynskrav mv., noko som ofte er svært ressurskrevjande å handtere.

Konserninnkjøp har hatt svært stor turn-over i verksemda siste 1,5 åra. Arbeidsmarknaden har vore veldig god for personar med den kompetansen vi sit med, samstundes som Ålesund kommune ikkje har vore konkurransedyktige på løn. Vi har derfor mista svært mange røynde innkjøparar siste 1,5 åra. Heldigvis har vi vore heldige med nyrekrutteringa, og har fått svært gode folk på plass som erstatning. Opplæring innan offentlege anskaffingar tek likevel tid, men dei fleste av dei nye er no oppe i full produksjon.

Regelverksendringar som har kome, og som kjem, som vi ikkje kjenner heilt konsekvensen av enda er ein del av utfordringsbildet vårt. Det har blitt gjort endringar i forskrift om offentlige anskaffingar i høve miljøkrav. Vi har ikkje hatt kapasitet til å fullt ut implementere disse endringane, med ei vriding av høve til å stille miljøkrav i større grad på tildeling og i kravspesifikasjon, samt større grad av rapporteringskrav på kva val som vert gjort. Dette skuldast manglande kapasitet på grunn av kommunedelingsarbeidet. I tillegg veit vi ikkje heilt omfanget og resultatet av den nye Norgesmodellen. Alt frå nyttår er det lagt fleire kontrolloppgåver på oppdragsgjevar, men vi veit ikkje heilt konsekvensen av dette enda. Det har også nettopp blitt levert ein ny NoU (2023-26) om forenkling av regelverket, som på sikt vil få betydning for korleis vi jobbar i Konserninnkjøp. Korleis alle desse endringane vil slå ut veit vi ikkje, men det vil i alle fall krevje kompetanseløft og eventuelt også behov for fleire ressursar på mellom anna avtaleoppfølging.

Kommunedelinga har, i tillegg til høg turn-over, krevd mykje ressursar i Konserninnkjøp. Vi har likevel klart å halde drifta i gang og har fått gjennomført dei anskaffingsprosessane som har vore nødvendige, men dette har gått ut over andre oppgåver, særleg utviklingsarbeid og fagleg oppdatering.

Vi har siste året hatt større fokus på avtaleforvaltning og har reindyrka avtale-forvaltarrolla. Vi har no tre dedikerte tilsette som jobbar berre med dette. Dette har gitt eit større fokus på oppfølging av avtalane, større grad av bruk av sanksjonane i avtalane og betre oppfølging av prisjusteringar, prolongeringar med vidare. Det jobbast med rutine, årshjul og system for prioriteringar av avtalar, men manglande tid til utviklingsarbeid hindrar noko framdrift og vidare utvikling.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 3 943 | 8 889 | 4 947 | 55,6 % |

## Kommentar til status økonomi

Konserninnkjøp har eit betydeleg mindreforbruk i 2023. Dette skuldast i hovudsakleg ubrukte lønsmidlar, kompensasjon kommunedeling og reforhandla avtale med ÅRH, vi har også vore svært restriktive med bruk av pengar heile året og har berre kjøpt inn det som har vore heilt naudsynt.

Vi har ubrukte lønsmidlar på grunn av vaksanse i stillingar ved permisjon og i forbindelse med nyrekruttering.

Kompensasjonar i høve kommundelinga medfører ei auka inntekt. Sjølv om vi har benytta innkjøpsbistand i mykje større grad enn normalt for å kompensere for tidsbruken på kommunedeling, vert det meste av arbeidet med kommunedeling gjort av eigne tilsette på bekostning av andre oppgåver.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 13 687 | 14 219 | 532 | 3,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | -804 | -466 | 339 | -72,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 469 | -1 199 | -1 668 | 139,1 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **13 352** | **12 554** | **-798** | **-6,4 %** |
| Salgsinntekter | -4 632 | -3 665 | 967 | -26,4 % |
| Refusjoner | -927 | 0 | 927 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 850 | 0 | 3 850 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-9 409** | **-3 665** | **5 744** | **-156,7 %** |
| **Netto resultat** | **3 943** | **8 889** | **4 947** | **55,6 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 10 700 | 13 605 | 14 219 | 13 687 |
| Refusjon lønn | -286 | 0 | 0 | -458 |
| **Sum Lønn** | **10 413** | **13 605** | **14 219** | **13 229** |
| Drift | 939 | 1 810 | 1 810 | 1 631 |
| Kjøp av produksjon | 43 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer | 411 | -1 199 | -1 199 | 469 |
| **Sum Utgifter** | **1 392** | **611** | **611** | **2 100** |
| Brukerbetaling | -2 803 | -3 665 | -3 665 | -4 632 |
| Refusjoner | -2 232 | -2 276 | -2 276 | -2 905 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | -3 850 |

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Sum Inntekter | -5 035 | -5 941 | -5 941 | -11 387 |
| Netto resultat | 6 771 | 8 275 | 8 889 | 3 943 |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,63 % | 1,09 % | 2,73 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,70 % | 0,40 % | 2,10 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,55 % | 3,62 % | 6,17 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,59 % | 2,41 % | 4,00 % |

## Status sykefravær og HMS

Konserninnkjøp har jamt over hatt eit lavt sjukefråvær i 2023, men det var noko aukande mot slutten av året. Når det gjeld korttidsfråvær så skuldast nok det normale sesongvariasjonar, med influensasesong mv. Langtidsfråværet gikk også opp frå 0 i 4. kvartal. I ei så lita verksemd som Konserninnkjøp så får enkeltsjukmeldingar stort utslag på prosenten.

Auka i sjukefråvær i 4. kvartal er ikkje arbeidsrelatert, men meirarbeidet på grunn av høg turnover og kommunedeling har slite på dei tilsette og eg ser ikkje vekk frå at det kan få innverknad på fråværet framover.

Til tross for høg turnover og ekstraarbeid knytt til kommunedeling har Konserninnkjøp klart å halde på eit svært godt arbeidsmiljø. Det, i tillegg til faste dagar då dei tilsette kan velje å ha heimekontor, med fleksibilitet ved behov, har nok hatt ei positiv innverking på fråværet.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Konserninnkjøp | 1,67 % | 1,85 % | 1,73 % | 0 % | 1,94 % | 0 % | 1,06 % | 1,61 % | 3,43 % | 1,96 % | 2,42 % | 1,04 % |
| Langtid | Konserninnkjøp | 5,74 % | 4,75 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,77 % | 6,91 % | 7,62 % |
| **Samlet** | **Konserninnkjøp** | **7,41 %** | **6,59 %** | **1,73 %** | **0 %** | **1,94 %** | **0 %** | **1,06 %** | **1,61 %** | **3,43 %** | **5,73 %** | **9,33 %** | **8,66 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 1,67 % | 1,85 % | 1,73 % | 0 % | 1,94 % | 0 % | 1,06 % | 1,61 % | 3,43 % | 1,96 % | 2,42 % | 1,04 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 5,74 % | 4,75 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 3,77 % | 6,91 % | 7,62 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **7,41 %** | **6,59 %** | **1,73 %** | **0 %** | **1,94 %** | **0 %** | **1,06 %** | **1,61 %** | **3,43 %** | **5,73 %** | **9,33 %** | **8,66 %** |

## Politikk og kommunikasjon

### Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemda har ansvar for at alle møte i folkevalde organ skal skje på rett måte, samt gjennomføring av val. Verksemda har og eit overordna fagleg ansvar for kommunikasjon og utvikling av korleis kommunen skal kommunisere og kva kanalar ein skal nytte. Vi er systemeigar for intranett, alesund.kommune.no og kommunen sine overordna kanalar i sosiale medium som til dømes på Facebook og Instagram.

### Utvikling og utfordringer

Gjennom 20023 har det vore mykje arbeid knytt til kommunedeling for verksemda. Vi har hatt inne ekstra personellressursar, men mykje arbeid er gjort av dei fast tilsette i verksemda som har lagt ned ein ekstraordinær innsats gjennom året.

## Politisk aktivitet

Vi har hatt to politiske utval, kommuneutval Haram og kommuneutval Ålesund som har hatt ansvar for å koordinere dei politisk sakene knytt til kommunedeling. Fleire arbeidsutval har vore i sving med å få på plass ny politisk styringsstruktur med tilhøyrande reglement for godtgjering, delegering m.v.

Det har vore gjennomført 2 kommunestyre- og fylkestingsval – både for Haram og for Ålesund.

Hausten 2023 har vi førebudd iverksetting av to ny kommunestyre med val av nye utval i Haram og Ålesund. Vi har også hatt ansvar for å avslutte det gamle kommunestyret der dei folkevalde fekk forlenga sin funksjonsperiode ut året. I overgangsperioden har vi såleis handtert 3 kommunestyre, 3 formannskap, og 3 ordførarar. Det har vore mykje arbeid knytt til å få inn folkevalde i dei to nye

kommunane inn i respektive datasystem, og få avslutta dei gamle folkevalde. Mange måtte ha to rolle, både som folkevald i gamle Ålesund og som folkevald i nye Haram eller nye Ålesund.

| Møter i folkevalde organ | 2022 | 2023 |
|---|---|---|
| Ålesund kommunestyre | 9 | |
| Ålesund formannskap | 19 | |
| Ålesund valstyre | 2 | |
| Planutval | 15 | |
| Komite for helse og omsorg | 4 | |
| Komite for kultur og medborgerskap | 5 | |
| Komite for oppvekst | 6 | |
| Komite for teknisk, miljø og samferdsel | 6 | |
| Eldrerådet | 5 | |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 5 | |
| Ungdomsrådet | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Hessa, Skarbøvik og Aspøy | 7 | |
| Kommunedelsutvalet Nørvøy, Nørvasund og Hatlane | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Spjelkavik, Åse og Lerstad | 6 | |
| Kommunedelsutvalet indre Borgund | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Nordøyane | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Brattvåg, Hildre og Søvik | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Skodje | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Ørskog | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Ellingsøy | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Vatne og Tennfjord | 6 | |
| Kommunedelsutvalet Sandøy og Fjørtoft | 6 | |

| | | |
|---|---|---|
| Leiarforum for kommunedelsutvala | 2 | |
| Kommuneutval Haram | 7 | |
| Kommuneutval Ålesund | 5 | |
| Eigarskapsutval | 11 | |
| Kontrollutvalet | 6 | |
| Oppgåveutval - ny politisk styringsmodell | 11 | |
| Oppgåveutval - skole- og barnehagestrategi | 5 | |
| Sakkyndig nemnd | 2 | |
| Skattetakstklagenemnd | 1 | |
| Viltutval | 4 | |
| Klagenemnda | 1 | |
| Valnemnd | 2 | |
| TOTALT | 206 | |

## Kommunikasjon

Kommunikasjonsstaben har bistått sterkt inn mot kommunedelingsarbeidet, og det har vore avsatt fleire ressursar i vår stab til dette. Gjennom 2023 har det vore eit stort internt kommunikasjonsarbeid knytt til kommunedelinga, og behov for auka koordinering. Her har kommunikasjon hatt ei nøkkelrolle. Det har vore ein rekke store prosjekt med blant anna to innbyggarbrosjyrer, ei til våren og ei før jul, nyheitsbrev internt, nyhetsproduksjon internt, nyhetsproduksjon eksternt og avisannonsar. Ein rekkje videoar har og blitt produsert for å forklare arbeidet med kommunedeling. Ein har og nytta sosiale medium i veldig stor grad for å nå ut med informasjon, og media. Det har og vore ein rekke store informasjonsmøter internt i arbeidet med kommunedelinga.

Kommunikasjon har fleire leveransar gjennom året i arbeid knytt til kommunedeling. Det har blitt lagt ned eit stort arbeid knytt til reforhandling av nye avtalar og system for begge kommunar innanfor våre fagområde. Vi har og satt av ressursar for å utvikle ny heimeside for Haram kommune, eit arbeid som ein kun hadde om lag seks månadar på å få gjennomført. Her har det vore fleire personar involvert i både Ålesund kommune og komande nye Haram kommune. Kommunikasjon har og hatt ansvar for utarbeiding av ny intranettside til Haram kommune som skulle vere klar til nyttår 2024.

## Kommunikasjon kring kommunevalet

Det har og vore eit stort arbeid for kommunikasjon knytt til kommunikasjon av kommune- og fylkestingssvalet i 2023. Målet har vore ei auke i valdeltakinga og det er eit stort arbeid å formidle alt det praktiske rundt gjennomføringa av eit val. Her har det vore eit godt samarbeid internt i verksemda mellom politisk og kommunikasjon.

Arbeidet med kommunedeling og val har kome oppå ordinær drift av kommunen sine kanalar, arbeid med krisekommunikasjon og generell rådgivning.

## Språk

Kommunikasjon har og forvalta arbeidet med språkbruksplan og gjennomført interne kurs om språk. Desember 2023 blei vedtak om nynorsk målform erstatta med eit nytt vedtak i Ålesund kommunestyre om at Ålesund skal vere ein språknøytral kommune.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 33 189 | 38 117 | 4 928 | 12,9 % |

### Kommentar til status økonomi

Politikk og kommunikasjon har eit mindreforbruk for 2023. Dette skuldast i stor grad av at stor del av vår bemanning har vore brukt til kommunedeling og belasta på det prosjektet. Desse ressursane har ikkje blitt erstatta i noko særleg grad, og det bidrar inn til verksemda sitt mindreforbruk.

Det har på budsjettet for folkevalde vore eit meiforbruk innanfor møtetgodgjørelse noko som skuldast auka møteaktivitet i 2023. Ein har langs med sørga for at møter som har vore for kommunedeling har blitt belasta det prosjektregnskapet. Likevel ser ein at det har gått med meir på politisk styring enn opprinneleg budsjettert. Alt i alt går verksemda likevel i mindreforbruk då administrasjonen har eit betydeleg mindreforbruk på si ramme.

### Oppsummering tiltak

Verksemda har vore nøktern i reise og kursverksemd i 2023. I tillegg har det vore praktisert innkjøpsstopp sentralt som har medverka. Flere interne ressursar har bidratt inn i arbeid med kommunedeling og desse har ikkje vore erstatta. Det har betydning for verksemda sitt mindreforbruk i 2023.

### Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 39 527 | 34 418 | -5 109 | -14,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 694 | 2 480 | 786 | 31,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 467 | 0 | -2 467 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 5 858 | 1 430 | -4 428 | -309,6 % |
| Finansutgifter | 5 | 0 | -5 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **49 551** | **38 327** | **-11 223** | **-29,3 %** |
| Salgsinntekter | -142 | -211 | -68 | 32,5 % |
| Refusjoner | -3 915 | 0 | 3 915 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | -1 | 0 | 1 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -12 304 | 0 | 12 304 | 0,0 % |

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum Driftsinntekter | -16 361 | -211 | 16 151 | -7672,6 % |
| Netto resultat | 33 189 | 38 117 | 4 928 | 12,9 % |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 29 874 | 31 723 | 34 418 | 39 527 |
| Refusjon lønn | -962 | 0 | 0 | -1 904 |
| Sum Lønn | 28 912 | 31 723 | 34 418 | 37 623 |
| Drift | 874 | 3 892 | 2 633 | 1 935 |
| Kjøp av produksjon | 3 085 | 5 069 | 0 | 2 467 |
| Overføringer | 2 122 | -3 410 | 1 430 | 5 858 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 5 |
| Sum Utgifter | 6 081 | 5 551 | 4 063 | 10 265 |
| Brukerbetaling | -378 | -211 | -211 | -142 |
| Refusjoner | -1 648 | -154 | -154 | -2 252 |
| Overføringer | 0 | 0 | 0 | -1 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | -12 304 |
| Sum Inntekter | -2 026 | -364 | -364 | -14 698 |
| Netto resultat | 32 967 | 36 909 | 38 117 | 33 189 |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Statustekst investeringer

**Inventar og utstyr mv. ved rådhus og tenestehus**
Investeringane vert i hovudsak nytta neste år.
Gjeld oppgradering av 1. etg. høyblokka. Skisse og kostnadsoverslag er under arbeid.

Det vil vere behov for at unytta del av løyvinga vert tatt inn att i budsjettet for 2024.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 0,88 % | 6,36 % | 7,24 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,62 % | 9,03 % | 10,65 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,06 % | 15,63 % | 16,69 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 0,75 % | 9,85 % | 10,60 % |

**Status sykefravær og HMS**

I 2023 har Politikk og kommunikasjon jamt over hatt eit høgt langtidsfråver. Dette skuldast i stor grad ikkje arbeidsrelatert fråver. Sjukefråveret blir fulgt opp etter dei rutinene som kommunen har, og ein har jobba med avbøtande tiltak. Kortidsfråveret har vore lavt gjennom året, til tross for eit veldig krevjande år for verksemda med mykje arbeid knytt til kommunedeling og belastning rundt gjennomføring av to val.

**Sykefravær per måned**

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Politikk og kommunikasjon | 1,39 % | 1,69 % | 0,42 % | 0,87 % | 0,78 % | 0,23 % | 0 % | 0 % | 0,43 % | 0,25 % | 2,74 % | 0,25 % |
| Langtid | Politikk og kommunikasjon | 19,76 % | 12,81 % | 9,83 % | 8,88 % | 10,45 % | 11,59 % | 8,28 % | 6,16 % | 6,21 % | 7,73 % | 8,51 % | 9,05 % |
| **Samlet** | **Politikk og kommunikasjon** | **21,15 %** | **14,50 %** | **10,25 %** | **9,75 %** | **11,24 %** | **11,82 %** | **8,28 %** | **6,16 %** | **6,65 %** | **7,98 %** | **11,25 %** | **9,29 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 1,39 % | 1,69 % | 0,42 % | 0,87 % | 0,78 % | 0,23 % | 0 % | 0 % | 0,43 % | 0,25 % | 2,74 % | 0,25 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 19,76 % | 12,81 % | 9,83 % | 8,88 % | 10,45 % | 11,59 % | 8,28 % | 6,16 % | 6,21 % | 7,73 % | 8,51 % | 9,05 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **21,15 %** | **14,50 %** | **10,25 %** | **9,75 %** | **11,24 %** | **11,82 %** | **8,28 %** | **6,16 %** | **6,65 %** | **7,98 %** | **11,25 %** | **9,29 %** |

# Helse

## Tjenesteområdebeskrivelse

Ålesund kommune har eit omfattande tenestetilbod innafor kommunalområde Helse, og er organisert med 21 verksemder og ein fag- og forvaltningsstab (Team Helse). I tillegg har kommunalområdet ansvaret for oppfølging av partnerskapsavtalen med NAV Ålesund, samt avtale med Blå Kors.

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing som er organisert og finansiert frå Helsedirektoratet. Ålesund kommune er vertskommune for satsinga i Møre og Romsdal, og organisatorisk er USHT ein del av Team helse.

**Verksemdene i kommunalområdet:**

### *Institusjonsdrift*

- Skarbøvik sykehjem
- Aspøy omsorgssenter
- Sanitetshjemmet
- Åse helsehus
- Blindheim og Hatlane omsorgssenter
- Spjelkavik omsorgssenter

## *Omsorgsdistrikt:*

*Har ansvar for institusjonsdrift, omsorgsbustadar, heimebaserte tenester, dagsentertilbod etc. i det aktuelle området*

- Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt
- Haram omsorgsdistrikt
- Skodje og Ørskog omsorgsdistrikt

## *Heimetenestedistrikt*

- Hessa-Borgund heimetenestedistrikt
- Åse-Blindheim heimetenestedistrikt

## Butenestene for personar med utviklingshemming

- Buteneste Ytre
- Buteneste Midtre
- Buteneste Indre
- Buteneste Nordre

## *Øvrige verksemder*

- Legetenester og akutt helseberedskap: Verksemda har ansvar for interkommunal legevakt, ØHD-avdelinga, overgrepsmottak, fastlegeordninga og drift av kommunale legekontor, sjukeheimslegefunksjonar m.m.
- Forebygging og meistring: Verksemda har ansvar for fysio- og ergoterapitenesta inkl. driftsheimlar for privatpraktiserande fysioterapeutar, dagtilbod og seniorsenter, tekniske hjelpemidlar og velferdsteknologi m.m.
- Koordinering og tildeling: Verksemda har ansvar for all sakshandsaming og enkeltvedtak, samt koordinatorfunksjonar. Samla vert det årleg gjort omlag 7500 enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester til innbyggarane i kommunen. Koordinering og tildeling har også budsjettansvar for BPA-ordninga og omsorgslønn for heile kommunen. Verksemda er kommunen si koordinerande eining, jfr Helse- og omsorgstenestelova § 7-3.
- Arbeid og aktivitet: Verksemda har ansvar for kommunen sitt arbeids- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming.
- Psykisk helse/rus: Verksemda gir helsetenester til personar som har, eller står i fare for å utvikle, ei psykisk liding og/eller ei rus-liding, primært frå 18 år og oppover og verksemda har eit mangfald av tenester, som t.d. ulike aktivitetstilbod, ambulante tenester, rehabiliteringstilbod og bustadar med bemanning.
- Måltid og ernæring: Verksemda har ansvar for eit sentralkjøkken og 7 mindre produksjonskjøkken i kommunen.
- NAV Ålesund, ein partnerskap mellom Ålesund kommune og Staten ved NAV Møre og Romsdal.

## Utvikling og utfordringar

Tilsette i kommunalområdet gjer ein flott innsats for å gje best mogleg tenester til innbyggarane. Saman med andre løyser dei ulike utfordringar kvar dag.

Nasjonalt utfordringsbilde med demografiske endringar, meir press på økonomien og høge forventningar tl tenestenivå- og omfang tilseier behov for å tenke nytt om vi skal vere i stand til å yte forsvarlege helse- og omsorgstenester i åra som kjem. Om vi ikkje endrar på omfang og nivå i desse tenestene vil systemet kollapse.




Det som påverkar kommunalområde Helse mest av alt er rekrutteringsutfordringane av helsepersonell. Ein ser eit litt meir utfordrande rekrutteringsbilde år for år, og dette skapar utfordringar for stabil drift. Ein ser også at situasjonen kring tilgang på vikarar vert dårlegare, og ein har for lite tilgang på blant anna ferievikarar. Vi ser allereie no starten på denne utviklinga.

Situasjonen kring rekruttering vil ytterlegare forverre seg i åra som kjem. Dette genererar auke i byråkostnadar, overtid, forskyvingar, og vil i verste fall kunne gjere det vanskeleg å yte lovpålagte tenester til innbyggarane.

Dette er også det nasjonale utfordringsbildet, og noko som må arbeidast med sentralt. Noko kan ein få løyst lokalt, men når det er ein grunnleggande mangel på helsepersonell, og dette berre vil auke, så er ikkje dette noko ein kommune kan løyse åleine.

## Utvalgte resultater

Kommunalområdet har ikkje klart å tilpasse drifta i forhold til ramma som var tildelt. Det er derfor eit betydeleg avvik i forhold til økonomi. Dette vil også vere det store utfordringsbilete for 2024.

## Status økonomi per tjeneste

*Beløp i 1000*

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 1 696 | 1 712 | 1 801 | 105 | 5,8 % |
| Administrasjonslokaler | -48 | -48 | -48 | 0 | 0,0 % |
| Internsalg (brukes kun etter avtale med økonomi) | 0 | 0 | 904 | 904 | 100,0 % |

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETJENESTE | 4 726 | 4 004 | 4 175 | -552 | -13,2 % |
| Annet forebyggende helsearbeid | 1 355 | 136 | 136 | -1 219 | -897,5 % |
| AKTIVISERINGS- OG SERVICETJENESTER TIL ELDRE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDSETTELS | 100 103 | 99 243 | 102 797 | 2 694 | 2,6 % |
| Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering | 191 742 | 164 213 | 168 269 | -23 473 | -13,9 % |
| Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | 37 812 | 36 748 | 38 187 | 375 | 1,0 % |
| Tilbud til personer med rusproblemer | 41 106 | 41 440 | 42 693 | 1 587 | 3,7 % |
| Helse- og omsorgstjenester i institusjon | 541 006 | 517 624 | 533 699 | -7 306 | -1,4 % |
| (Avviklet 2023) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende | 1 039 672 | 756 881 | 842 718 | -196 954 | -23,4 % |
| Øyeblikkelig hjelp døgntilbud | 17 822 | 15 467 | 15 467 | -2 355 | -15,2 % |
| Institusjonslokaler | 17 024 | 17 622 | 18 064 | 1 040 | 5,8 % |
| Kommunalt disponerte boliger | 10 711 | 7 322 | 11 129 | 419 | 3,8 % |
| Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi | 5 665 | 5 545 | 5 545 | -121 | -2,2 % |
| Kvalifiseringsordningen | 20 051 | 20 000 | 20 091 | 40 | 0,2 % |
| Ytelse til livsopphold | 50 644 | 39 599 | 39 599 | -11 045 | -27,9 % |
| Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde | -269 | 0 | 0 | 269 | 0,0 % |
| Interkommunale samarbeid | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Kommunal næringsvirksomhet | 2 015 | -3 706 | -3 706 | -5 720 | -154,4 % |
| Samferdsel og transporttiltak | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **2 082 838** | **1 723 801** | **1 841 519** | **-241 319** | **-13,1 %** |

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 2000-Helse | 57 944 | -72 357 | -130 301 | -180,1 % |
| 2100-Åse helsehus | 61 411 | 60 218 | -1 193 | -2,0 % |
| 2101-Blindheim og Hatlane omsorgssenter | 145 643 | 137 645 | -7 998 | -5,8 % |
| 2102-Spjelkavik omsorgssenter | 105 300 | 103 048 | -2 252 | -2,2 % |
| 2104-Sanitetshjemmet | 21 697 | 26 633 | 4 936 | 18,5 % |
| 2105-Skarbøvik sykehjem | 84 472 | 77 493 | -6 979 | -9,0 % |
| 2106-Aspøy omsorgssenter | 53 321 | 48 053 | -5 268 | -11,0 % |
| 2200-Hessa til Borgund heimetenestedistrikt | 131 143 | 126 387 | -4 756 | -3,8 % |
| 2201-Åse til Blindheim heimetenestedistrikt | 103 322 | 100 262 | -3 059 | -3,1 % |
| 2300-Haram omsorgsdistrikt | 175 548 | 165 961 | -9 587 | -5,8 % |
| 2302-Skodje og Ørskog omsorgsdistrikt | 106 265 | 96 823 | -9 442 | -9,8 % |
| 2303-Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt | 54 786 | 52 849 | -1 937 | -3,7 % |
| 2400-Førebygging og meistring | 95 869 | 99 095 | 3 226 | 3,3 % |
| 2500-Koordrinering og tildeling | -135 166 | -130 804 | 4 363 | 3,3 % |
| 2600-Legetenester og akutt helseberedskap | 171 894 | 138 866 | -33 027 | -23,8 % |
| 3100-Buteneste Ytre | 115 221 | 112 425 | -2 796 | -2,5 % |
| 3101-Buteneste Midtre | 123 991 | 120 297 | -3 694 | -3,1 % |
| 3102-Buteneste Indre | 145 346 | 135 340 | -10 006 | -7,4 % |
| 3103-Buteneste Nordre | 152 983 | 142 020 | -10 963 | -7,7 % |
| 3200-Arbeid og aktivitet | 35 840 | 36 696 | 856 | 2,3 % |
| 3300-Måltid og ernæring | 5 852 | 4 294 | -1 558 | -36,3 % |
| 3400-Psykisk helse og rus | 163 431 | 164 717 | 1 286 | 0,8 % |
| 3500-NAV Ålesund | 106 728 | 95 558 | -11 170 | -11,7 % |
| **Sum** | **2 082 838** | **1 841 519** | **-241 319** | **-13,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapstala viser at kommunalområdet *20 Helse* har eit stort meirforbruk i 2023. Resultatet er noko forverra i forhold til oktoberprognosa.

Kommunalområdet har framleis eit stort omstillingsbehov i forhold til driftsramma. Ein har lykkast med å snu den negative utviklinga med auka i dei ordinære driftskostnadane innanfor Helse, men ein ser at omstillinga ikkje går fort nok, og at der er behov for ytterlegare tiltak i tida som kjem.

Det er etablert tilsetjingskontroll i heile 2023, og frå august er det innført tilsetjingsstopp.

Den ordinære drifta i verksemdene er omlag på same nivå som i 2022. Fleire verksemder har tatt ned drifta si noko når det gjeld årsverk og løn, men samtidig opplever ein mellom anna auka kostnader på kommunale avgifter, vaskeritenester, byråkostnadar, straum og i prisveksten på innkjøp og eksterne tenester generelt.

Lønskostnadane totalt sett for kommunalområdet har auka med meir enn kommunal deflator dersom ein samanliknar rekneskapen for 2023 med 2022. Høgare pensjonssats medverkar også til auka lønsutgifter samanlikna med året før.

I oppsummeringa nedanfor ser ein tydeleg at verksemdene har hatt store innsparingskrav som ein ikkje har lykkast med å ta ned.

Tenesteområde 200 Helse (Overordna ansvar)

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **130,3 mill.kr.** Det meste av innsparingskravet for Helse er samla på dette området.

*Tenesteområde 210 Institusjon*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **18,7 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarer og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 220 Heimebaserte tenester*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **7,8 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarer og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 230 Omsorgsdistrikt*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **20,9 mill.kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarer og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 240 Førebygging og meistring*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **3,2 mill. kr.** Forsinka oppstart av Borgundheimen, samt enkelte vakanser er hoverårsak til mindreforbruket.

*Tenesteområde 250 Koordinering og tildeling*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **4,3 mill. kr.** Vesentleg høgare inntekter enn berekna gjer at ein endar med eit mindreforbruk. Dei generelle driftskostnadane er for høge.

*Tenesteområde 260 Legetenester*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **33 mill. kr.** Dette er i hovudsak knytt til byråutgifter i fastlegeordninga samt manglande budsjett for utbetaling av basistilskot.

*Tenesteområde 310 Buteneste*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **27,4 mill. kr.** Hovudårsaka til dette er mangel på personell ut i frå pålagte oppgåver. Dette medfører bruk av overtid, forskyving av vakter, bruk av tilkallingsvikarer og bruk av vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg med personell.

*Tenesteområde 320 Arbeid og aktivitet*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **0,8 mill. kr.** Omdisponering av personell internt i verksemda, vakansar og tilskot er nokre av hovedårsakane til mindreforbruket.

*Tenesteområde 330 Måltid og ernæring*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **1,5 mill. kr.** Auka kostnadar knytt til matvareprisar er ein av hovedårsakane til meirforbruket.

*Tenesteområde 340 Psykisk helse og rus*

Årsrekneskapen syner eit mindreforbruk på **1,2 mill.kr.** Verksemda har hatt fleire vakansar, og det er dette som utgjer mindreforbruket.

*Tenesteområde 350 NAV Ålesund*

Årsrekneskapen syner eit meirforbruk på **11,1 mill.kr.** Dette er i hovudsak knytt til ei stor auke i økonomisk sosialhjelp.

Fleire verksemder melder bekymring med tanke på rekrutteringsutfordringar av helsepersonell. Vakansar medfører auka løns- og innleigekostnadar. Ein vert særskilt utfordra på rekruttering av personar med helsefagleg og medisinsk utdanning. Dette gjeld særleg sjukepleiarar og legar, men ein opplever utfordringar også innan dei fleste andre yrkesgrupper i kommunalområdet. Det at ein allereie har vakansar i eksisterande turnusar utfordrar det å ha tilsetjingsstopp. Alternativet til rekruttering vil som oftast vere overtidsbruk og byråbruk. Dette gjer at stillingar i turnus i stor grad vert lyst ut, og er ein direkte hovudårsak til mange av overskridingane i forhold til overtidsbruk og innleige.

## Oppsummering tiltak

Strategien *"Heilheitleg innsatstrapp"* (som vart politisk vedtatt i 2021) skal bidra til ei meir berekraftig helse- og omsorgsteneste, og har nokre viktige satsingsområder:

- endra tildelingspraksis – bruk av LEON-prinsippet
- auka satsing på ambulerande/oppsøkande/heimebaserte tenester
- reduksjon av institusjonsplassar
- auka bruk av digitale verktøy
- rett kompetanse på rett stad

**Kostnadsreduserande tiltak:**

- Avvikling av omsorgsplassar ved Sanitetshjemmet og ved Borgundheimen. Økonomiske effekt ca 56 mill.kr i økonomiplanperioden. Drift av Sanitetshjemmet vart avvikla i september. Drift ved Borgundheimen vart avvikla i april 2022.
- Avvikling av Klipra bukollektiv for personar med demenssjukdom med ein økonomisk effekt på ca 10 mill.kr. Dei fleste plassane vart avvikla i 2021, men 4 plassar er framleis i bruk og vert avvikla i 2024.
- Nedtrekk årsverk for heile kommunalområdet. Økonomiske effekt i 2023 er på 70 mill.kr.
    - Prosess vart starta i 2022, ein manglar framleis ein del.
- Natt-prosjekt i Butenesta. Meir felles ressursar, innsparing av nattressursar. Årsverk ein har tatt ned har i stor grad vorte nytta til å begrense oppbemanninga på nye tiltak i Butenesta. Oppstarta omstillingsarbeid i teenster for personar med psykisk utviklingshemming har som eit mål å redusere kostnadar og å kunne levere forsvarlege tenester med mindre personell.
- Betre pasientflyt og færre bøter frå sjukehuset knytt til utskrivingsklare pasientar.
    - Arbeid med pasientflyt og innføring av nytt EPJ-system (Helseplattformen) gjer at ein no ser ein positiv utvikling i forhold til bøter knytt til utskrivingsklare pasientar.
- Fortsette utviklinga mtp bruk av velferdsteknologi. Kommunalområdet har omlag dobla bruken av velferdsteknologiske løysingar i tenestene siste par åra.
- Fortsatt reduksjon i dei øvste trinna i innsatstrappa.

- Utvikle tenestene på dei nederste trinna
    - Meir ambulant arbeid, frivilligheit m.m.
- Det er gjennomført eit arbeid knytt til refusjon av ressurskrevjande brukarar, og dette gjer at ein no har auka inntekta for området.
- Driftspostar, inkl. kostnadar til kurs og kompetanseheving, samt velferdstiltak, er i praksis tatt bort

Omlag 87 % av utgiftspostane er knytt til lønn og andre personellkostnadar. For å nå dei økonomiske måla vil det vere nødvendig å redusere løns- og personellkostnadane i kommunalområdet vesentleg. Behovet for vikarinnleige ved fråver skal vurderast svært strengt. Dette gjeld sjølvsagt også innleige frå eksterne vikarbyrå.

Ein gjekk inn i driftsåret 2023 med fleire tiltak knytt til reduksjon av overtid, sjukefråver og byråbruk. Ein har ein liten reduksjon i sjukefråvær i forhold til same tid i 2022, men når det gjeld overtid og byråbruk så har ein hatt ein auke. Dette skuldast i hovudsak eit særdeles utfordrande marked når det gjeld rekruttering av helsepersonell. Dette medfører vakansar og ustabil drift, og utfordringar med ei forsvarleg ferieavvikling. Ein er særdeles bekymra for rekrutteringssituasjonen i åra som kjem. Nasjonale prognosar tilseier at det vil verte verre.

Reduksjon av bemanning i tenestene vil innebere at nivå og omfang også vert redusert, sjølvsagt framleis innafor det som fagleg vert vurdert som forsvarleg. Ikkje-lovpålagde tenester vil måtte reduserast til eit minimum, med mindre dei kan bidra til ein reduksjon på tenester øvst oppe i innsatstrappa.

Tiltak knytt til rekruttering av helsepersonell og tiltak knytt til endra arbeidsplanar/turnusar er avgjerande for omstilling i sektoren.

Kommunalområdet har i 2023 gjennomført ei vellykka innføring og implementering av nytt EPJ- og samhandlingssystem, Helseplattformen. Dette har vore eit stort og omfattande arbeid, der leiarane har tatt eit stort ansvar for arbeidet både i førebuinga og i implementeringa. Alle tilsette i kommunalområdet, samt i dei helsetenestene som er organisert i kommunalområde Oppvekst, har gjennomført opplæring i det nye systemet.

Dette arbeidet, samt arbeid med kommunedeling, har medført at ein ligg noko bakpå i anna omstillingsarbeid.

## Grafer Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**







## Status økonomiplantiltak

## Rammeendringer i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Omstilling og effektivisering** | | | | | | | |
| Nedtrekk av årsverk for heile kommunalområdet Helse | -70 000 | 0 | -70 000 | I arbeid | | Kommunalområdet starta med reduksjon av årsverk i siste del av 2022. Ein fekk då identifisert omlag 30 årsverk som var mogleg å ta ned. Mykje av dette er gjort, men det er | |

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,57 % | 8,64 % | 11,22 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,33 % | 10,06 % | 12,39 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,43 % | 19,49 % | 21,92 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,23 % | 10,44 % | 12,67 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2022 for *tenesteområde 250 Koordinering og tildeling* er på 12,67 %. Korttidsfråværet er på 2,23 % og langtidsfråværet er på 10,44 %.

Koordinering og tildeling hadde gjennom 2022 eit svært høgt langtidsfråvær. Fråværet for 2023 er fortsatt høgt, men langtidsfråværet er betydeleg redusert.

Fråværet omfattar både helseutfordringar, og helseutfordringar i kombinasjon med opplevd arbeidsbelastning, som årsak til at sjukefråværet vert langvarig. Korttidsfråværet svingar noko i takt med sesongsjukdommar, men er og knytt til opplevd arbeidsbelastning. Det er utfordrande å skaffe vikar knytt til verksemda då opplæring er omfattande og tek svært lang tid. Dette fører fort til ei meirbelastning på dei som er på arbeid då dei både skal ivareta dagleg drift og drive opplæring.

Personalgruppa har fått tilbod om grupperettleiing i regi av bedriftshelsetenesta, og det blir arbeidd med eit nytt samarbeid for 2024.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Koordrinering og tildeling | 2,63 % | 2,06 % | 2,48 % | 0,94 % | 3,23 % | 2,60 % | 1,62 % | 2,25 % | 2,29 % | 2,47 % | 2,31 % | 1,52 % |
| Langtid | Koordrinering og tildeling | 14,17 % | 14,62 % | 6,02 % | 5,37 % | 5,88 % | 5,47 % | 5,24 % | 3,96 % | 11,03 % | 15,23 % | 16,96 % | 18,63 % |
| **Samlet** | **Koordrinering og tildeling** | **16,80 %** | **16,68 %** | **8,51 %** | **6,30 %** | **9,11 %** | **8,07 %** | **6,86 %** | **6,21 %** | **13,33 %** | **17,70 %** | **19,27 %** | **20,15 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,63 % | 2,06 % | 2,48 % | 0,94 % | 3,23 % | 2,60 % | 1,62 % | 2,25 % | 2,29 % | 2,47 % | 2,31 % | 1,52 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 14,17 % | 14,62 % | 6,02 % | 5,37 % | 5,88 % | 5,47 % | 5,24 % | 3,96 % | 11,03 % | 15,23 % | 16,96 % | 18,63 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **16,80 %** | **16,68 %** | **8,51 %** | **6,30 %** | **9,11 %** | **8,07 %** | **6,86 %** | **6,21 %** | **13,33 %** | **17,70 %** | **19,27 %** | **20,15 %** |

## Legetenester

### Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemd for legetenester og akutt helseberedskap leverer tenester til innbyggarane i Ålesund kommune. I tillegg leverer ein tenester til samarbeidande kommunar gjennom avtalar for dette.

Tenesteområde er omfattande og her er nokon av tenestene verksemda leverer:

- Kommunal legevakt med øyeblikkeleg hjelp på dagtid til dei som oppheld seg i kommunen og ikkje har fastlege i Ålesund
- Interkommunal legevakt på kveld og helg
- Interkommunal legevakt på natt
- Naudnett
- Interkommunal øyeblikkelig hjelp døgnavdeling - totalt 12 plassar
- Overgrepsmottak på oppdrag for Helseforetaket ved overgrep og seksualisert vald
- Overgrepsmottak ved vold i nære relasjonar gjennom eit interkommunalt samarbeid
- Kommunale legesenterdrift - totalt 9 kontor
- Legetenester – oppfølging av kommunalt tilsette legar
- Delta i administrasjon av fastlegeordninga

Målgruppa for legetenestene er innbyggarane i Ålesund kommune samt bebuarar på sjukeheim, brukarar av helsestasjon og innsette i fengsel med behov for eit allmennmedisinsk behandlingstilbod.

Meir enn 60 legar inngår i vaktturnus for legevakt. Det er interkommunal legevakt på Åse (samarbeid med Giske og Sula kommune), samt legevaktstasjon på Sjøholt (samarbeid med Vestnes og Fjord kommune) og ein legevaktsatellitt på Sandøy (ved behov kan lege på Åse kontaktast via avansert videokommunikasjon).

## Utvikling og utfordringer

Den største utfordringar i verksemda er rekruttering av kvalifisert personell.

Ålesund kommune og Helseforetaket har i lag med NTNU oppretta ei desentralisert legeutdanning i Ålesund. Tilbodet er frå 3. semester i utdanninga. Hausten 2023 var det 9 studentar som starta i Ålesund, og f.o.m hausten 2024 kjem det 20 studentar. Ålesund kommune tenker dette vil vere positivt for rekruttering av nye legar. Så langt har ein fått positive tilbakemeldingar frå studentane.

Verksemda tok i 2023 over drifta ved Moa legekontor, som gjekk frå heilprivat drift til kommunal drift.

Verksemda har brukt mykje tid på kommunedeling. Det har særleg vore utfordrande at ein manglar 5 fastlegar ved Brattvågen legekontor. Frå mai/juni har prosjektleiar/kommunedirektør i nye Haram hatt ansvar for rekruttering til heimlane i Haram. Det er også utfordrande å få dekt opp legekontrollar på helsestasjon og sjukeheim i dette området sidan ein manglar fastlegar.

Verksemda har i 2023 hatt god dialog med samarbeidskommunar om interkommunal legevakt, ØHD, naudnett og vold i nære relasjonar. Det har også vore eit godt samarbeid med Helseforetaket om drift av overgrepsmottaket.

## Utvalgte resultater

Det har vore utfordrande å rekruttere legar i fleire av tenestene til verksemda, det har derfor vore nytta store utgifter til legar frå vikarbyå. Det er i kommunedel Haram at ein har hatt dei største utfordringane.

Verksemda har også hatt meirutgifter på tiltak dei ikkje hadde budsjettmidlar til, slik som overtaking av Moa legesenter og utkjøp av fastlegeheimlar. Dersom kommunen ikkje hadde gjort desse grepa, hadde nok meirutgiftene vore endå større.

Verksemda har heller ikkje fått dekt alle utgifter i utbetalingane til leganе (basistilskot), her har verksemda mangla budsjettmidlar på over 12 mill.kr.

For meir informasjon, så kommentar under Økonomistatus.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 171 894 | 138 866 | -33 027 | -23,8 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2023 viser at område *260 Legetenester* har eit stort **meirforbruk** i forhold til budsjett.

Årsakene til meirforbruk har verksemdleiar oppsummert slik:

- Auke i basistilskotet for legar. Dette gav verksemda ein meirkostnad på 12,7 mill.kr for 2023. Dette er eit tilskot verksemda betaler ut og administrerer for staten. Kommunen får overført midlane til å dekke dette, men det går ikkje inn i budsjettet til legetenestene.
- Utkjøp av fastlegelister. Verksemda hadde eit meirforbruk på 2,5 mill.kr på dette i 2023 då det ikkje er budsjettert med slikt utkjøp.
- Drift av Brattvåg legekontor. Grunna 5 ubesette heimlar måtte ein bruke vikarbyrå for å dekke opp legetilbodet. F.o.m mai/juni tok kommunedirektør for nye Haram over ansvaret for rekruttering av legar i kommunedel Haram. Meirforbruket ved Brattvåg legekontor vart på nesten 8,4 mill.kr. I 2022 var meirforbruket på 6,2 mill.kr.
- Kommunal overtakelse av Moa legekontor hausten 2023 gav eit meirforbruk, då dette ikkje var planlagt og budsjettert for i 2023. Rekneskapet for 2023 viser utgifter på nesten 2,5 mill.kr.
- Haramsøy legekontor hadde eit meirforbruk på 900 000 kr grunna vikarlege og nyoppretta LIS-1 stilling (lege i spesialisering) delar av året.
- Vikar for lege ved helsestasjon og sjukeheim. Byråkostnadar på 4,7 mill.kr. Dette skuldast rekrutteringsutfordringer og mangel på fastlegar i kommunedel Haram.
- Drift av daglegevakt. Det er vanskeleg å ha nok legar med sjølvstendig vaktkompetanse. Verksemda har derfor brukt 1,7 mill.kr på vikarbyrå.
- Byråkostnadar for vikar for fastlegar på private legekontor på 5,1 mill.kr.
- ØHD har hatt eit stort sjukefråvær og har nytta byrå for å ha tilstrekkeleg kompetanse. Dette resulterte i eit meirforbruk på 4,4 mill.kr i 2023.
- Auke i utgifter i dei interkommunale tenestene. Det var vanskeleg å rekruttere nok kvalifiserte ferievikarar til sommarferien. Dette gav verksemda ein del ekstra utgifter. Totalt for året var meirforbruket på 1,9 mill.kr.

I 2023 har verksemda brukt nesten 36 mill.kr på vikarbyrå (legar og sjukepleiarar).

## Oppsummering tiltak

Det er i 2023 jobba med å sjå på organiseringa av verksemda, for å vurdere om ei omorganisering kan gjere at verksemda får ein betre pasientflyt og ha ei meir effektiv drift. Ein må jobbe vidare med dette i 2024.

Det vert arbeida etter politisk vedteken legeplan, med t.d. å styrke fastlegeordninga slik at ein ikkje treng å bruke like mykje vikarbyrå som i dag. Bruk av vikarbyrå har gitt store meirutgifter. I 2024 vil ein vurdere å gjere endringar i anbodet for kjøp av vikartenester.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 134 597 | 128 175 | -6 422 | -5,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 137 049 | 94 495 | -42 554 | -45,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 64 950 | 48 354 | -16 595 | -34,3 % |
| Overføringsutgifter | 3 691 | -1 792 | -5 482 | 306,0 % |
| Finansutgifter | 269 | 0 | -269 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **340 555** | **269 232** | **-71 323** | **-26,5 %** |
| Salgsinntekter | -104 111 | -86 509 | 17 602 | -20,3 % |
| Refusjoner | -64 550 | -43 857 | 20 693 | -47,2 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-168 661** | **-130 366** | **38 295** | **-29,4 %** |
| **Netto resultat** | **171 894** | **138 866** | **-33 027** | **-23,8 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 121 354 | 125 043 | 128 175 | 134 597 |
| Refusjon lønn | -5 854 | 0 | 0 | -5 446 |
| **Sum Lønn** | **115 500** | **125 043** | **128 175** | **129 151** |
| Drift | 102 388 | 94 495 | 94 495 | 137 049 |
| Kjøp av produksjon | 58 665 | 48 354 | 48 354 | 64 950 |
| Overføringer | 3 071 | -1 792 | -1 792 | 3 691 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 269 |
| **Sum Utgifter** | **164 124** | **141 058** | **141 058** | **205 958** |
| Brukerbetaling | -90 745 | -86 509 | -86 509 | -104 111 |
| Refusjoner | -50 267 | -43 857 | -43 857 | -59 104 |
| Overføringer | -15 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter | -519 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Inntekter** | **-141 547** | **-130 366** | **-130 366** | **-163 216** |
| **Netto resultat** | **138 076** | **135 735** | **138 866** | **171 894** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,13 % | 8,16 % | 10,29 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,50 % | 12,51 % | 14,01 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,60 % | 8,53 % | 10,13 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,64 % | 7,66 % | 9,31 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 for område *260 Legetenester* er på **9,31 %**. Dette er litt høgare enn i 2022 (10,13 %). Korttidsfråværet er på 1,64 % og langtidsfråværet er på 7,66 %.

Fråværet varierer på dei ulike avdelingane og kontora. Det er spesielt på ØHD-avdelinga, Haramsøya legekontor, Kremmergården legekontor og Ørskog legekontor/legevaktstasjon at fråværet har vore høgt. Fråværet er ikkje registrert som arbeidsrelatert.

Sjukmeldte arbeidstakarar får tett oppfølging av leiarane. Ein prøver å tilpasse mest mogleg for å halde dei tilsette i arbeid.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Legetenester og akutt helseberedskap | 2,42 % | 1,20 % | 1,67 % | 1,05 % | 2,14 % | 2,44 % | 0,37 % | 1,35 % | 1,77 % | 1,76 % | 2,20 % | 1,16 % |
| Langtid | Legetenester og akutt helseberedskap | 8,67 % | 8,37 % | 9,89 % | 7,97 % | 8,88 % | 8,45 % | 6,92 % | 5,82 % | 6,26 % | 5,93 % | 7,58 % | 7,87 % |
| **Samlet** | **Legetenester og akutt helseberedskap** | **11,10 %** | **9,57 %** | **11,56 %** | **9,02 %** | **11,02 %** | **10,89 %** | **7,29 %** | **7,18 %** | **8,04 %** | **7,69 %** | **9,79 %** | **9,03 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,42 % | 1,20 % | 1,67 % | 1,05 % | 2,14 % | 2,44 % | 0,37 % | 1,35 % | 1,77 % | 1,76 % | 2,20 % | 1,16 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,67 % | 8,37 % | 9,89 % | 7,97 % | 8,88 % | 8,45 % | 6,92 % | 5,82 % | 6,26 % | 5,93 % | 7,58 % | 7,87 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **11,10 %** | **9,57 %** | **11,56 %** | **9,02 %** | **11,02 %** | **10,89 %** | **7,29 %** | **7,18 %** | **8,04 %** | **7,69 %** | **9,79 %** | **9,03 %** |

## Buteneste

### Tjenesteområdebeskrivelse

Buteneste omfattar 4 verksemder: Buteneste Ytre, Midtre, Indre og Nordre. Tilsette gir praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonsnedsettelser i omsorgsbustad. Verksemdene er opptatte av å gje bebuarane riktige tenester tilpassa den einskilde sitt behov for hjelp og bistand. Alle skal ha eit liv med meining, vekst og utvikling – heile livet.

*Målgruppa er* i hovudsak personar med utviklingshemming med bistandsbehov i eit livslangt perspektiv. Personar med utviklingshemming har ulike ressursar, interesser og ønsker for livet. Som gruppe kan dei ha til felles at dei har nedsett kognitive ferdigheiter, men også ulik grad av utfordringar når det gjeld motorikk, språk, sosial kompetanse og evne til å klare daglegdagse aktivitetar.

Brukarane bur i sine bustader, enten leigd, eigd, i den ordinære bustadsmassen, eller samlokalisert. Tenesta kan også i enkelte høve tilby tenester innan miljøretta arbeid til personar med nedsett funksjonsevne som fortsatt bur i foreldreheimen. Tenesta er vedtaksstyrt.

Buteneste ytre har drift ved 8 tenestestader med heildøgnsbemanning og to brukarar i eigen leilegheit. Verksemda har ansvar for 50 brukarar totalt og har 119,7 årsverk.

Buteneste Midtre består av fire avdelingar. Verksemda gir tenester til 26 brukarar, 22 av desse brukarane har enten 1:1 eller 2:1 bemanning. Verksemda har 127 årsverk.

Buteneste Indre har tilsaman 8 bustader og 39 bebuarar, i tillegg til 1 som vert fylgt opp og som bur i eigen bustad. Verksemda har 144 årsverk.

Buteneste Nordre består av 5 avdelingar, der 2 avdelingar er i Haram, 2 avdelingar i Skodje og 1 avdeling i Ørskog. Verksemda gir tenester til 82 personar. Verksemda har 150,03 årsverk. Verksemda vert betydeleg mindre frå 2024 etter kommunedelinga.

*Verksemda sin tenesteproduksjon er omfatta av hovudområda:*

1. Bidra aktivt i teneste- og utviklingsarbeid retta mot brukar og pårørande.
2. Heildøgns bu-, omsorgs-, og behandlingstilbod til personar over 18 år i bustad.
3. Tilbod om heildøgns- og deldøgns bemanning, miljøterapeutisk tilbod til heimebuande.

## Utvikling og utfordringer

**Utfordringa for verksemdene er særleg knytt til:**

- Fleire lite egna bustader, som ikkje lengre er tilpassa eit moderne liv, krav til fasilitetar (ref. arbeidsmiljølova) og samkjøring av tenester.
- Kommunen ser ei utvikling der brukergruppa stadig vert eldre og har eit endra og meir komplekst bistandsbehov.
- Mangel på personale og riktig kompetanse fører til bruk av overtid. Det er utfordrande å dekke vakansar med innleie av kvalifisert personale der det er særleg krav om kompetanse.
- Rekruttering: spesielt helgevikarar og personale med 3 årig kompetanse, da særleg vernepleiarar.
- Helseplattformen: jobbe vidare med korleis ein skal arbeide i journalsystemet.

***Overtid:***

Det er fortsatt ei stor utfordring med innleie og forskyving av vakt som førar til bruk av overtid. Innleige av kvalifisert personale ved vakansar og fråvær der det er vedtak om tvang og makt, er særleg krevande.

***Rekruttering og kompetanse:***

Buteneste manglar fagkompetanse og då særleg vernepleiarar. Tvangsvedtak krev at en må ha riktig kompetanse på plass i gjennomføringa av tiltaka. I delar av butenesten er det ansatte som har starta deltid vernepleie utdanning og utdanning innan Helsefagarbeid. Det har i periodar vert behov for bruk av vikarbyrå, for å dekke behov for bemanning og kompetanse. Indre har verksett etisk refleksjon og gruppe kring refleksjon og opplæring i kap 9.

**Turnusar:**

Dette arbeidet fortsett i 2024, då særleg med fokus på nattressursar og innføring av årsturnus. Det vil også bli sett på bemannings- og kompetanseplanar.

## Utvalgte resultater

Butenesta går med eit stort meirforbruk i 2023.

Meirforbruket er i hovudsak knytt til:

- Bruk av overtid knytt til høgt sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar.
- Nye krevande brukarar.
- Løns- og prisvekst.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 3100-Buteneste Ytre | 115 221 | 112 425 | -2 796 | -2,5 % |
| 3101-Buteneste Midtre | 123 991 | 120 297 | -3 694 | -3,1 % |
| 3102-Buteneste Indre | 145 346 | 135 340 | -10 006 | -7,4 % |
| 3103-Buteneste Nordre | 152 983 | 142 020 | -10 963 | -7,7 % |
| **Sum** | **537 540** | **510 082** | **-27 459** | **-5,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Reknskapsresultatet for 2023 viser at område 310 Buteneste har meirforbruk i alle fire verksemder.

Ytre: I hovudsak knytt til nytt ressurskrevjande tiltak ved ein bustad.

Midtre: I hovudsak knytt til overtidsbruk. Høgt sjukefråvær, permisjonar og fleire ansatte som har slutta. Ikkje lukkast med nattprosjekt for å ta ned ressursar på natt. Mange krevande brukarar, spesielt knytt til to avdelingar som har ført til overtidsbruk.

Indre: Overtidsbruk knytt til sjukefråvær, og manglande oppdekking av tilsette i turnus. Mange tvangsvedtak som krev kompetanse. Har fleire krevande enkelttiltak.

Nordre: Overtidsbruk knytt til sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar. Vore nødt til å bruke vikarbyrå, grunna at en ikkje har fått rekruttert personar og riktig kompetanse inn i enkelte krevande tiltak.

Alle verksemdene har høgt overtidsbruk. Overtidsbruk er i hovudsak knytt til sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar. Ferieavvikling er ei spesielt sårbar tid.

Generelt er det også ei auke i driftskostnader. Auke i pensjonssats medfører høgare lønnsutgifter enn tidligare år. Verksemdene har fått kompensert for auka pensjonssats på budsjettert fastløn.

## Oppsummering tiltak

Nokre tiltak verksemdene arbeider med:

- Arbeider kontinuerlig med rekruttering
- Arbeider kontinuerlig med sjukefråvær
- Bevisst bruk av ressursar på tvers av avdelingane
- Bruk av velferdsteknologi

Ytre har i tillegg:

- Gjennomgang av turnusar, redusert overlapping og kutta tid som ikkje er saman med brukar

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 563 062 | 511 128 | -51 934 | -10,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 7 476 | 7 916 | 440 | 5,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 21 | 10 | -11 | -113,5 % |
| Overføringsutgifter | 828 | -7 253 | -8 081 | 111,4 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **571 387** | **511 800** | **-59 587** | **-11,6 %** |
| Salgsinntekter | -861 | -963 | -102 | 10,5 % |
| Refusjoner | -32 640 | -756 | 31 884 | -4217,1 % |
| Overføringsinntekter | -3 | 0 | 3 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -342 | 0 | 342 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-33 847** | **-1 719** | **32 128** | **-1869,2 %** |
| **Netto resultat** | **537 540** | **510 082** | **-27 459** | **-5,4 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 461 143 | 492 418 | 511 128 | 563 062 |
| Refusjon lønn | -23 705 | 0 | 0 | -30 360 |
| **Sum Lønn** | **437 439** | **492 418** | **511 128** | **532 702** |
| Drift | 1 732 | 7 916 | 7 916 | 7 476 |
| Kjøp av produksjon | 21 | 10 | 10 | 21 |
| Overføringer | 938 | -7 304 | -7 253 | 828 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **2 691** | **622** | **673** | **8 325** |
| Brukerbetaling | -903 | -963 | -963 | -861 |
| Refusjoner | -2 257 | -756 | -756 | -2 281 |
| Overføringer | 0 | 0 | 0 | -3 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | -342 |
| **Sum Inntekter** | **-3 160** | **-1 719** | **-1 719** | **-3 487** |
| **Netto resultat** | **436 970** | **491 321** | **510 082** | **537 540** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,89 % | 9,50 % | 12,39 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,23 % | 11,47 % | 13,70 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,25 % | 8,33 % | 10,58 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,11 % | 9,76 % | 11,87 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 for tenesteområde 320 Buteneste er på 11,87%. Korttidsfråværet er på 2,11% og langtidsfråværet er på 9,76%.

Ei verksemd skil seg ut med eit høgare sjukefråvær, spesielt knytt til ei avdeling.

Samanlikna med 2022 er korttidsfråværet noe redusert fra 2,25% og langtidsfråværet har økt fra 8,33%.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Buteneste Ytre | 2,74 % | 1,64 % | 2,74 % | 2,19 % | 1,89 % | 0,96 % | 0,72 % | 2,17 % | 2,49 % | 1,66 % | 1,84 % | 2,34 % |
| Langtid | Buteneste Ytre | 4,83 % | 8,20 % | 8,62 % | 6,94 % | 9,29 % | 10,11 % | 6,81 % | 7,13 % | 9,47 % | 11,69 % | 14,15 % | 11,85 % |
| **Samlet** | **Buteneste Ytre** | **7,57 %** | **9,83 %** | **11,36 %** | **9,13 %** | **11,17 %** | **11,07 %** | **7,52 %** | **9,30 %** | **11,96 %** | **13,35 %** | **15,99 %** | **14,20 %** |
| Korttid | Buteneste Midtre | 2,36 % | 2,44 % | 1,92 % | 2,20 % | 1,40 % | 1,78 % | 1,62 % | 1,71 % | 1,82 % | 1,69 % | 2,16 % | 2,40 % |
| Langtid | Buteneste Midtre | 10,63 % | 8,49 % | 9,96 % | 9,64 % | 9,83 % | 9,80 % | 7,89 % | 7,31 % | 10,23 % | 12,67 % | 13,63 % | 15,05 % |
| **Samlet** | **Buteneste Midtre** | **12,99 %** | **10,92 %** | **11,88 %** | **11,84 %** | **11,23 %** | **11,58 %** | **9,51 %** | **9,02 %** | **12,05 %** | **14,37 %** | **15,79 %** | **17,45 %** |
| Korttid | Buteneste Indre | 3,71 % | 1,49 % | 2,86 % | 1,75 % | 2,36 % | 2,23 % | 1,86 % | 1,42 % | 2,03 % | 2,87 % | 2,46 % | 3,35 % |
| Langtid | Buteneste Indre | 9,76 % | 9,76 % | 10,18 % | 9,67 % | 9,87 % | 9,48 % | 7,66 % | 4,41 % | 7,82 % | 8,67 % | 7,45 % | 8,31 % |
| **Samlet** | **Buteneste Indre** | **13,46 %** | **11,26 %** | **13,04 %** | **11,42 %** | **12,23 %** | **11,70 %** | **9,52 %** | **5,83 %** | **9,85 %** | **11,54 %** | **9,91 %** | **11,66 %** |
| Korttid | Buteneste Nordre | 2,56 % | 2,17 % | 2,75 % | 2,05 % | 1,90 % | 1,94 % | 1,11 % | 2,03 % | 1,76 % | 2,64 % | 2,29 % | 2,94 % |
| Langtid | Buteneste Nordre | 10,02 % | 9,02 % | 9,54 % | 12,26 % | 13,13 % | 12,90 % | 6,97 % | 7,08 % | 9,65 % | 12,72 % | 15,56 % | 16,51 % |
| **Samlet** | **Buteneste Nordre** | **12,58 %** | **11,19 %** | **12,30 %** | **14,31 %** | **15,03 %** | **14,84 %** | **8,08 %** | **9,11 %** | **11,41 %** | **15,36 %** | **17,85 %** | **19,45 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,87 % | 1,93 % | 2,59 % | 2,03 % | 1,91 % | 1,77 % | 1,34 % | 1,82 % | 2,01 % | 2,26 % | 2,20 % | 2,79 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,92 % | 8,92 % | 9,61 % | 9,80 % | 10,66 % | 10,62 % | 7,33 % | 6,44 % | 9,26 % | 11,42 % | 12,63 % | 12,91 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **11,79 %** | **10,85 %** | **12,20 %** | **11,83 %** | **12,56 %** | **12,39 %** | **8,67 %** | **8,26 %** | **11,27 %** | **13,68 %** | **14,83 %** | **15,70 %** |

# Arbeid og aktivitet

## Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemda er kommunen sitt arbeids- og aktivitetstilbod, hovudsakleg for personar med utviklingshemming. Det vert også gitt tilbod om etter skuletidsordning og ferietilbod for ungdom i vidaregåande skule, samt transporttilbod etter gjeldande vilkår.

Tenesta vert gitt ifølge lover, forskrifter og retningslinjer, og vert utført på ein slik måte at deltakarane mottar ein teneste som er i samsvar med prinsipp for gode omsorgstenestar. Ein har tett samarbeid med butenestene, tildelingskontor og andre for å gi eit heilheitleg og tilpassa tilbod til den enkelte.

Ein har både aktivitetsavdelingar og produksjonsavdelingar i verksemda.

I aktivitetsavdelingane er det ulike aktiviteter på dagsplanane til avdelingane. Eksempel på aktivitetar her er fysiske aktivitetar i gymsal/rom, turar, musikkaktivitetar, sanserom, bordaktivitetar og matlaging.

På produksjonsavdelingane har ein også ulike arbeidsoppgåver ut i frå utstyr som er på avdelingane. Eksempel på oppgåver er produksjon av tennbrikkettar, deleproduksjonen og ærend til industrien, handarbeid i ulike formar, bruktbutikk og vedproduksjon.

**Verksemd arbeid og aktivitet er organisert slik:**

**Leiing og felleskostnadar:**

Her er verksemdleiar og overordna fagleg ansvarleg HOL kapittel 9.

Overordna fagleg ansvarleg følg opp tvang og makt etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 til dei over 18 år. Overordna fagleg ansvarleg sitt ansvarsområde er dei fire butenestene og arbeid og aktivitet.  Samarbeidar med verksemd barn/familie.

Prosjektleiar for kvalitetsløft til personar med utviklingshemming ligg også administrativt under arbeid og aktivitet. Dette er eit samarbeidsprosjekt ilag med USHT. Prosjektleiar er finansiert av midlar frå helsedirektoratet.

**Avdeling sentrum:**

Totalt 73 deltakarar som får eit individuelt og tilpassa tilbod ut i frå moglegheiter for meistring. 25 deltakarar har med seg personal frå bustad eller BPA, men Arbeid og aktivitet bistår med organisering og tilrettelegging i det tidsrommet dei har dagtilbod.

Sentrum har følgande avdelingar:

Bogneset - aktivitetsavdeling - tre avdelingar i same bygg (A1, A2 og turgruppa).

Sydvesten - butikkdrift, produksjonsavdeling.

Skansen 1 - produksjonsavdeling.

Skansen 2 - produksjonsavdeling.

Seniorgruppa - aktivitetsavdeling.

**Avdeling Nordre - Skodje, Haram, Ørskog og Sandøy:**

Totalt 33 tenestemottakarar. 6 deltakarar har med personal frå bustad/BPA.

Prestemarka dagtilbod - 3 avdelingar i same område på Skodje:

Gruppe øst: aktivitetsavdeling.

Fargeskrinet: handarbeidsavdeling.

Gården/gartneriet/verkstad: produksjonsavdeling.

Brattvåg dagaktivsering: Aktivitetsavdeling.

**Teneste13 + etterskuletidsordning for ungdom i vidaregåande skule:**

16 stk har no teneste 13 PLUSS. Frå mai til august vart det ei auke på 6 nye.

Transporttilbod, jamfør SAK 189/20

30 deltakarar har per idag transportvedtak.

13+ pluss deltakarane har og transportvedtak, og kjem i tillegg.

## Utvikling og utfordringer

- Helseplattformen: Verksemda har jobba godt med innføring av Helseplattformen.
- Tilgang på lærlingar: Verksemda har 3 lærlingstillingar. Grunna lite søkarar har det kun verte besatt ei stilling i 2023. I februar 2024 mistar verksemda denne kandidaten og får ingen nye tilført. Dette fører til utfordringar. Verksemda må truleg tilsette assistentar i 2 av 3 lærlingstillingar.
- Morgondagens dagtilbod: Verksemda ser eit samfunn i endring og at det vil være behov for endringar. Det trengs nye arbeidsoppgåver på produksjonsavdelingane, og det er mange som kjempar om dei få oppgåvene industrien har igjen å outsource. Verksemda må også lage ein framtidsretta plan for å kunne møte morgondagen sine deltakarar.
- Lokaler: Verksemda jobbar framleis med lokasjonar. Verksemda har behov for ein framtidsplan for samlokalisering i større grad enn ein har per idag. Verksemda må også flytte nokre av avdelingane som er i bygg som skal rivast eller leigekontrakta er oppsagt.
- Kommunedeling: Har vore involvert i dette arbeidet.
- Har teke ned årsverk i tråd med nedbemanning tross auke i behov.
- Stor auke i utgifter knytt til transporttilbod og 13PLUSS. Vanskeleg å budsjettere, samt sette inn tiltak på desse områda.
- Godt sal av varer og tenester som har gitt inntekter til drift.
- Jobba med prosjekt - kvalitetsløft i tenestene til personar med utviklingshemming.
- Oppstart omstillingsarbeid i tenestene til personar med utviklingshemming.
- Bruk av velferdsteknologi: ASK/mestringsteknologi er det som kan nyttast på eit dagsenter.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 35 840 | 36 696 | 856 | 2,3 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2023 viser at område 320 Arbeid og aktivitet har eit mindreforbruk i forhold til budsjett. Dette skuldast at det ikkje blir leigd inn vikarar ved vakansar eller fråvær.

## Oppsummering tiltak

Nokre tiltak verksemda arbeider med:

- Omdisponering av tilsette internt i verksemda etter tenestebehov og ved sjukefråvær.
- Bevisstheit knytt til utgifter på kurs. Bruk av e-læringskurs der det er mogleg.
- Tilskot via NAV på arbeidstrening og 50 % lønnstilskudd på fast stilling.
- Søkt om fritak for arbeidsgiverperiode på tilsette som har kronisk sjukdom.
- Ferieavvikling styrt av arbeidsgjevar etter årshjul planlagt etter drift av tenestebehov. Kun 60-veka og ved sjukmeldingar i ferien ein har utgifter knytt til ferievikarar.
- Jobba med prosjekt Kvalitetsløft i tenestene til personar med utviklingshemming.
- Oppstart omstilling i tenestene til personar med utviklingshemming.
- Bruk av velferdsteknologi: ASK/mestringsteknologi er det som kan nyttast på eit dagsenter.
- Tatt ned årsverk i tråd med nedbemanningsplan tross auke i behov.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 32 152 | 30 960 | -1 191 | -3,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 6 887 | 6 351 | -536 | -8,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 295 | 725 | -570 | -78,7 % |
| Overføringsutgifter | 766 | -150 | -917 | 609,3 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **41 099** | **37 886** | **-3 214** | **-8,5 %** |
| Salgsinntekter | -1 082 | -865 | 217 | -25,1 % |
| Refusjoner | -3 765 | -325 | 3 440 | -1058,5 % |
| Overføringsinntekter | -12 | 0 | 12 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -400 | 0 | 400 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-5 259** | **-1 190** | **4 069** | **-342,0 %** |
| **Netto resultat** | **35 840** | **36 696** | **856** | **2,3 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 28 088 | 29 938 | 30 960 | 32 152 |
| Refusjon lønn | -2 100 | 0 | 0 | -2 562 |
| **Sum Lønn** | **25 988** | **29 938** | **30 960** | **29 589** |
| Drift | 6 030 | 6 351 | 6 351 | 6 887 |
| Kjøp av produksjon | 731 | 725 | 725 | 1 295 |
| Overføringer | 582 | -150 | -150 | 766 |
| Finansutgifter | 502 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **7 845** | **6 925** | **6 925** | **8 948** |
| Brukerbetaling | -897 | -865 | -865 | -1 082 |
| Refusjoner | -1 703 | -325 | -325 | -1 203 |
| Overføringer | 0 | 0 | 0 | -12 |
| Finansinntekter | -38 | 0 | 0 | -400 |
| **Sum Inntekter** | **-2 638** | **-1 190** | **-1 190** | **-2 697** |
| **Netto resultat** | **31 194** | **35 673** | **36 696** | **35 840** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,80 % | 9,44 % | 12,24 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,39 % | 7,74 % | 10,13 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 3,09 % | 10,43 % | 13,52 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,54 % | 11,00 % | 12,55 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 for tenesteområde 320 Arbeid og aktivitet er på 12,55%. Korttidsfråværet er på 1,54% og langtidsfråværet er på 11,0%.

Samanlikna med 2022 er korttidsfråværet redusert frå 3,09% og langtidsfråværet auka frå 10,43%. Samla sjukefråvær i 2022 var 13,52%.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Arbeid og aktivitet | 2,91 % | 0,89 % | 1,63 % | 1,28 % | 1,08 % | 2,27 % | 0,07 % | 2,20 % | 0,71 % | 2,34 % | 1,87 % | 0,81 % |
| Langtid | Arbeid og aktivitet | 13,09 % | 9,95 % | 10,69 % | 13,16 % | 15,10 % | 14,19 % | 12,00 % | 9,28 % | 10,77 % | 8,90 % | 9,14 % | 6,23 % |
| **Samlet** | **Arbeid og aktivitet** | **16,00 %** | **10,83 %** | **12,32 %** | **14,44 %** | **16,19 %** | **16,45 %** | **12,07 %** | **11,49 %** | **11,48 %** | **11,25 %** | **11,01 %** | **7,05 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,91 % | 0,89 % | 1,63 % | 1,28 % | 1,08 % | 2,27 % | 0,07 % | 2,20 % | 0,71 % | 2,34 % | 1,87 % | 0,81 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 13,09 % | 9,95 % | 10,69 % | 13,16 % | 15,10 % | 14,19 % | 12,00 % | 9,28 % | 10,77 % | 8,90 % | 9,14 % | 6,23 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **16,00 %** | **10,83 %** | **12,32 %** | **14,44 %** | **16,19 %** | **16,45 %** | **12,07 %** | **11,49 %** | **11,48 %** | **11,25 %** | **11,01 %** | **7,05 %** |

# Måltid og Ernæring

## Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemd *330 Måltid og ernæring* driv måltidsproduksjon i kommunen. Stillingane består av kokkar, kokkemedarbeidarar, lærlingar, sjåførar, ein klinisk ernæringsfysiolog, ein avdelingsleiar og verksemdsleiar.

Verksemda skal:

- Levere tenester til alle bebuarar på institusjon som omfattast av lov om heildøgns omsorg og pleie i Ålesund Kommune.
- Levere middag til heimebuande etter bestilling frå brukarar med leveringsavtaler og brukarar i kommunale bustader.
- Ha ansvar for matservering på Kafé Rematun, Spjelkavik omsorgssenter
- Ha ansvar for matservering på Kafé Trollstova, Eidet omsorgssenter
- Ha ansvar for nærmiljø kafé på Sandøytun
- Ha ansvar for drift av Rådhuskantina

## Utvikling og utfordringer

Utvikling og utfordringar i verksemda:

- Tungt fysisk arbeid: Kjøkkenarbeid kan opplevast som eit krevjande fysisk arbeid. Rullering av oppgåver er viktig tiltak for den fysiske helsa. Spesielt ved Sentralkjøkkenet som har den største produksjonen. Kurs og andre tiltak for å få betre og riktig løfteteknikk er gjennomført. Nokre kjøkken har nytta bedriftshelsetenesta i arbeidet. Det har i 2023 vore pågåande vernerundar på arbeidsplassane med kartlegging av ergonomi, lys, støy og generelt fysisk tilrettelegging.
- Sentralkjøkken: Sentralkjøkkenet, som stod ferdig i 2001, møter ikkje behova til dagens drift. Det er tungvint, trongt og lite tilfredsstillande for dei tilsette å jobbe under slike forhold. Det blir arbeid med å se på fremtidig løsning for måltidsproduksjon i kommunen gjennom ei politisk sak, og tilsette i verksemda bidreg inn i dette arbeidet.
- Rekruttering til yrket: Generelt, som i landet elles, merkar vi at tilgangen til faglærte kokkar er mangelvare. Vi har ei utfordring i korleis vi skal greie å rekruttere framtidige tilsette/lærlingar.
- Læringsnettverk og prosjektmidlar: Deltakelse i læringsnettverk i regi av USHT og arbeid med å løfte måltidsøyeblikket for brukarar. Prosjekt knytt til matsvinn finansiert av

Miljødirektoratet. Prosjektet går under namnet "Matredding gjennom matglede" og målet er at sparte kroner skal tilbake og skape om mogleg, enno betre måltidsøyeblikk for bebuarane.

## Utvalgte resultater

Vesentlege avvik i verksemda:

- Avvikling av Sanitetshjemmet som sjukeheim høsten 2023 medførte reduserte inntekter da det var budsjettert med eit heilt driftsår. Dette resulterte i eit avvik på 1,1 mill kr i forhold til budsjett.
- Auke i råvareprisar resulterte i eit avvik på 0,5 mill kr for sentralkjøkken.
- Rådhuskantina har eit avvik på 0,7 mill kr grunna eit driftsår med tung start med færre kundar og færre bestillingar enn forventa.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 5 852 | 4 294 | -1 558 | -36,3 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2023 viser at område *330 Måltid og ernæring* har eit meirforbruk i forhold til budsjett.

## Oppsummering tiltak

Tiltak verksemda har hatt fokus på:

- Bruk av personal på tvers av avdelingar/kjøkken for å spare utgifter til vikar og hindre slitasjeskader
- Samarbeid med NAV ift tilrettelegging og tilskot
- Fokus på råvarer
- Fokus på matsvinn
- Arbeidsmetodikk logistikk og produksjon

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 23 146 | 21 295 | -1 851 | -8,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | -4 665 | -6 179 | -1 514 | 24,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 2 683 | 0 | -2 683 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **21 163** | **15 116** | **-6 047** | **-40,0 %** |
| Salgsinntekter | -10 493 | -10 666 | -173 | 1,6 % |

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Refusjoner | -4 818 | -155 | 4 663 | -3003,3 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-15 311** | **-10 821** | **4 490** | **-41,5 %** |
| **Netto resultat** | **5 852** | **4 294** | **-1 558** | **-36,3 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 19 194 | 20 391 | 21 295 | 23 146 |
| Refusjon lønn | -1 241 | 0 | 0 | -1 231 |
| **Sum Lønn** | **17 953** | **20 391** | **21 295** | **21 914** |
| Drift | -6 283 | -6 132 | -6 132 | -4 665 |
| Kjøp av produksjon | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer | 2 365 | 0 | 0 | 2 683 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **-3 918** | **-6 132** | **-6 132** | **-1 983** |
| Brukerbetaling | -8 979 | -10 666 | -10 666 | -10 493 |
| Refusjoner | -2 916 | -203 | -203 | -3 586 |
| Finansinntekter | -148 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Inntekter** | **-12 042** | **-10 869** | **-10 869** | **-14 079** |
| **Netto resultat** | **1 993** | **3 390** | **4 294** | **5 852** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*

## Driftsutgifter




## Driftsinntekter



## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedtatt totalt | Påløpt totalt | Årets budsjett Rev. bud. | Regnskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Utskifting av kjøkkenutstyr Måltid og ernæring | 2 000 | 336 | 500 | 336 | Iht. plan |
| **Sum** | | | **500** | **336** | |

## Statustekst investeringer

### Utskifting av kjøkkenutstyr Måltid og ernæring

Nyttast til utskifting av maskiner/utstyr i M & E ila 2023

## Sammendrag status investeringer

Det er blant anna investert i ein kombidampar til kjøkkenet på Ørskog .

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,46 % | 5,16 % | 7,62 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,57 % | 10,56 % | 12,13 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,27 % | 7,87 % | 10,14 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,22 % | 10,21 % | 12,43 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 for *tenesteområde 330 Måltid og ernæring* er på 12,43 %. Korttidsfråværet er på 2,22 % og langtidsfråværet er på 10,21 %.

Samanlikna med 2022 er korttidsfråværet på omlag same nivå (2,27 % i 2022), mens langtidsfråværet har gått opp frå 7,87 %. Det er store forskjellar i fråvær mellom avdelingar.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Måltid og ernæring | 3,35 % | 6,03 % | 4,20 % | 1,00 % | 0,72 % | 1,61 % | 1,48 % | 1,70 % | 0,93 % | 2,16 % | 2,51 % | 0,69 % |
| Langtid | Måltid og ernæring | 11,22 % | 7,26 % | 8,77 % | 7,38 % | 14,88 % | 9,23 % | 6,44 % | 6,91 % | 10,60 % | 10,15 % | 15,60 % | 13,15 % |
| **Samlet** | **Måltid og ernæring** | **14,57 %** | **13,29 %** | **12,97 %** | **8,38 %** | **15,60 %** | **10,83 %** | **7,92 %** | **8,61 %** | **11,53 %** | **12,31 %** | **18,11 %** | **13,84 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 3,35 % | 6,03 % | 4,20 % | 1,00 % | 0,72 % | 1,61 % | 1,48 % | 1,70 % | 0,93 % | 2,16 % | 2,51 % | 0,69 % |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Langtid | Sum sykefravær | 11,22 % | 7,26 % | 8,77 % | 7,38 % | 14,88 % | 9,23 % | 6,44 % | 6,91 % | 10,60 % | 10,15 % | 15,60 % | 13,15 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **14,57 %** | **13,29 %** | **12,97 %** | **8,38 %** | **15,60 %** | **10,83 %** | **7,92 %** | **8,61 %** | **11,53 %** | **12,31 %** | **18,11 %** | **13,84 %** |

## Psykisk helse og rus

### Tjenesteområdebeskrivelse

Tenesteområde *340 Psykisk helse og rus* inneheld følgande:

Psykisk helse rus

- Bustadar med bemanning for personar med omfattande rehabiliteringsbehov
- Psykisk helseteam
- Rask psykisk helsehjelp (RPH) – ei teneste for personar med mild/moderat angst, depresjon og søvnvanskar
- Miljøterapeutisk team
- Oppsøkende habiliterings team, for personar med fungering innan autismespekteret

Rus/ROP

- Ankerhuset – rehabilitering med bustader og ettervernstilbod
- Oppfølgingstenesta, ambulerende rusteam Sentrum og Nordre
- Integreringsbase
- Housing First (HF) – busetting med oppfølging etter HF metodikk
- Erfaringskonsulentar til pårørande og rusavhengige

Aktivitetstilbod/dagtilbod

- Skansen
- Sommerfuglen
- Oasen
- Ut på garden

Tilrettelagde bueiningar med bemanning

- Psykisk helse (15 på Ysteneset, 7 i Kirkegata, 11 på Dalebu)
- Habilitering – 7 stk, for vaksne med autismespekterliding
- Rehabilitering rus  – 10 stk (Ankerhuset)
- Mellombells bustader til akutt bustadslause – 7 stk

Bustader

- Småhus - 4 stk

Målgruppe:

Verksemda gir tenester til personar over 18 år, unntaksvis yngre personar dersom sakshandsamar og verksemda er samde i at det er meiningsfullt. Personar som har eller står i fare for å utvikle psykisk sjukdom, skade eller liding, personar med rusavhengnad, personar med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse (ROP-lidelser) og personar med autismespekter-fungering.

Verksemda arbeider recoverybasert, og har stort fokus på brukarane sine ressursar og ønsker. Verksemda benytter motiverande intervju som samtalemetode.

I psykisk helseteam arbeider ein etter FIT, feedbackinformete tenester, som er ein metodikk som vert nytta for å endre og forbetre tenestene.

Oppgåver:

- Målretta miljøarbeid
- Kunnskapsbasert behandling av lettare og moderate psykiske lidingar
- Skadereduserande tiltak for personar med rus- eller ROP-liding
- Koordinerte og heilskaplege helsetenester, med behova og ressursane til brukar som utgangspunkt

Ekstern teneste:

Blå Kors Norge driv 13 bueiningar og 3 mellombels hyblar på oppdrag for kommunen. Målgruppa er brukarar med rusavhengighet.

## Utvikling og utfordringer

- Verksemda ser ei utvikling innanfor rustenesta med fleire yngre brukarar. Verksemda satsar no på å komme tidlegare inn med tenestar, og har fått midlar til to årsverk knytt til arbeid med denne brukergruppa.
- Det er eit pågåande arbeid med å sjå på faglig utvikling og samlokalisering av rustenesta. Herunder avvikling av døgnteneste ved Ankerhuset.
- Verksemda ynskjer å sjå på moglegheita til å etablere eit MO senter sentrumsnært i Ålesund.
- Verksemda ynskjer å sjå på muligheit for eit meir systematisk samarbeid med familiestøtte på rus.
- For brukarar i verksemda er innhald i livet svært viktig. Jobbspesialistar og samarbeid med NAV er svært viktig. I dag har dei jobbspesialister i oppsøkande habilitering, miljøterapeutisk teneste og i psykisk helseteam. Ønskelig også med jobb-spesialist på rus. Ein ser at dersom ein lykkast med å få folk på skule eller i arbeid, reduserast behov for øvrige helsetenestar.
- Helseplattformen – fortsette arbeidet med implementering
- Kommundeling innbufattar omstilling i miljøterapeutisk team

- Bustader til dei med størst rusutfordringar og dårleg buevne er ei stor utfordring. Det er lite egna bustader til denne gruppa. Verksemda ser et behov for fleire småhus. I dag er det 4 slike bustader knytt til Housing First. Dette er eit for lågt tal då behovet for slike bustader er langt høgare.
- Bustader til dei som er under samfunnsvern vil vere ei utfordring for framtida. Sikkerhetshus i samarbeid med spesialisthelsetenesta er noko ein bør se på. Verksemda har fleire "farlege" som etter kvart vil bli utskrive frå sjukehus med ei bestilling vdr. Samfunnsvern, og ikkje nødvendigvis

helsehjelp. Ein må vurdere korleis verksemda og kommunen skal yte teneste, og kor det blir arbeid oppimot andre kommunalområde og spesialisthelsetenesta.

- Behov for økning av bilpark ved dreiing av tenester til meir oppsøkande.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 163 431 | 164 717 | 1 286 | 0,8 % |

## Kommentar til status økonomi

Reknskapsresultatet for 2023 viser at område 340 Psykisk helse og rus har eit mindreforbruk i forhold til budsjett. Mindreforbruk er i hovudsak knytt til vakansar og omstilling i habilitering.

## Oppsummering tiltak

Nokre tiltak verksemda arbeidar med:

- Fått innvilga prosjektmidlar for to årsverk, for å styrke arbeidet med unge med rus utfordringar.
- Pågåande arbeid knytt til ønske om å samle rustenestene.
- Pågåande arbeid knytt til avvikling av døgntilbod ved Ankerhuset.
- Etablert miljøterapeutisk teneste for personar med psykisk uhelse på Skodje.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 166 449 | 163 572 | -2 877 | -1,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 12 507 | 10 078 | -2 429 | -24,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 | 0 | -3 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 799 | -5 738 | -6 537 | 113,9 % |
| Finansutgifter | 2 370 | 0 | -2 370 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **182 129** | **167 913** | **-14 216** | **-8,5 %** |
| Salgsinntekter | -155 | -167 | -11 | 6,8 % |
| Refusjoner | -16 752 | -3 029 | 13 723 | -453,0 % |
| Overføringsinntekter | -71 | 0 | 71 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 720 | 0 | 1 720 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-18 698** | **-3 196** | **15 502** | **-485,1 %** |
| **Netto resultat** | **163 431** | **164 717** | **1 286** | **0,8 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 150 911 | 156 906 | 163 572 | 166 449 |
| Refusjon lønn | -10 382 | 0 | 0 | -11 520 |
| **Sum Lønn** | **140 529** | **156 906** | **163 572** | **154 929** |
| Drift | 15 473 | 10 078 | 10 078 | 12 507 |

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Kjøp av produksjon | 54 | 0 | 0 | 3 |
| Overføringer | 587 | -5 738 | -5 738 | 799 |
| Finansutgifter | 1 720 | 0 | 0 | 2 370 |
| **Sum Utgifter** | **17 834** | **4 340** | **4 340** | **15 680** |
| Brukerbetaling | -173 | -167 | -167 | -155 |
| Refusjoner | -4 009 | -3 029 | -3 029 | -5 232 |
| Overføringer | -38 | 0 | 0 | -71 |
| Finansinntekter | -2 362 | 0 | 0 | -1 720 |
| **Sum Inntekter** | **-6 581** | **-3 196** | **-3 196** | **-7 178** |
| **Netto resultat** | **151 782** | **158 051** | **164 717** | **163 431** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,95 % | 8,66 % | 11,62 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,10 % | 11,50 % | 13,60 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,44 % | 9,49 % | 11,94 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,04 % | 10,27 % | 12,31 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 for tenesteområde 340 Psykisk helse og rus er på 12,31%. Korttidsfråværet er på 2,04% og langtidsfråværet er på 10,27%. Det er store forskjellar på fråvær mellom avdelingar.

Samanlikna med 2022 er korttidsfråværet redusert fra 2,44% og langtidsfråværet auka frå 9,49%. Samla fråvær i 2022 var 11,94%.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Psykisk helse og rus | 2,96 % | 1,91 % | 2,09 % | 2,01 % | 1,98 % | 1,57 % | 1,11 % | 2,20 % | 1,59 % | 2,26 % | 2,10 % | 2,85 % |
| Langtid | Psykisk helse og rus | 10,17 % | 8,38 % | 9,59 % | 11,78 % | 12,82 % | 11,34 % | 8,06 % | 7,73 % | 10,33 % | 11,32 % | 11,60 % | 11,43 % |
| **Samlet** | **Psykisk helse og rus** | **13,13 %** | **10,29 %** | **11,68 %** | **13,79 %** | **14,80 %** | **12,90 %** | **9,17 %** | **9,94 %** | **11,92 %** | **13,58 %** | **13,70 %** | **14,27 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,96 % | 1,91 % | 2,09 % | 2,01 % | 1,98 % | 1,57 % | 1,11 % | 2,20 % | 1,59 % | 2,26 % | 2,10 % | 2,85 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 10,17 % | 8,38 % | 9,59 % | 11,78 % | 12,82 % | 11,34 % | 8,06 % | 7,73 % | 10,33 % | 11,32 % | 11,60 % | 11,43 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **13,13 %** | **10,29 %** | **11,68 %** | **13,79 %** | **14,80 %** | **12,90 %** | **9,17 %** | **9,94 %** | **11,92 %** | **13,58 %** | **13,70 %** | **14,27 %** |

# NAV - sosiale tenester

## Tjenesteområdebeskrivelse

NAV Ålesund er ein partnarskap mellom Ålesund kommune og staten, representert ved NAV Møre og Romsdal.

NAV Ålesund har om lag 110 årsverk fordelt på 7 avdelingar:

- 5 oppfølgingsavdelingar driv arbeidsretta oppfølging av brukargrupper med vekt på følgande prioriterte grupper; ungdom, flyktningar, langtidsledige, personar med nedsett arbeidsevne og langtids sjukemeldte
- Økonomiavdelinga behandlar i hovudsak søknader om sosialhjelp, gir gjeldsrådgivning og frivillig forvaltning
- Tiltak i eigen regi leverer tenester til dei fem oppfølgingsavdelingane i form av tiltaket utvida oppfølging og IPS, der målgruppene er brukarar med større behov for tilrettelegging for å kunne delta i eit arbeidsfellesskap

## Utvikling og utfordringer

NAV har opplevd ein auke i talet på søknader om sosialhjelp, og også ein auke i saksmengde knytt til at kommunen har teke mot fleire flyktningar. Dette fører til auka ventetid for resten av befolkninga, både på behandling av søknader men også i arbeidsretta brukaroppfølging.

Ei anna utfordring er mangel på bustadar som kommunen disponerer. Dette fører til at ein ofte må nytta hotell som mellombels bustad, med høge kostnadar. Dei mellombelse hyblane som disponerast er i periodar nytta fullt ut, likevel er det behov for ytterlegare mellombelse, men også meir permanente bustader som er tilgjengelege for NAV. Dette må sjaåst i samanheng med det bustadsosiale arbeidet elles i kommunen.

NAV har over eit par år drifta med vakante stillingar. Det er behov for fleire rettleiarar for å kunne ta unna den auka saksmengda, og det er naudsynt å tilsetje nye medarbeidarar inn i desse stillingane. Dette gjeld ikkje berre for økonomisk sosialhjelp, men også for den arbeidsretta brukaroppfølginga i NAV. Arbeidsmarknaden er trongare no, og bedrifter som må nedbemanne kan ikkje lengre ta inn personar på tiltak frå NAV. Betre rettleiing og tettare oppfølging kan bidra til å unngå at sosialhjelp blir ei langvarig løysing for fleire brukarar.

## Utvalgte resultater

Avvik i forhold til budsjett på omlag 11 millionar kroner knytt til auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 106 728 | 95 558 | -11 170 | -11,7 % |

## Kommentar til status økonomi

Verksemda har eit meirforbruk på om lag 11 millionar kroner i 2023, der heile avviket skuldast fleire og større utbetalingar av sosialhjelp. Lønnsbudsjettet for kontoret isolert sett syner eit mindreforbruk.

NAV Ålesund opplever ei markant auke i utbetalingar som gjeld økonomisk sosialhjelp, både i talet på søknader pr. månad og i talet på utbetalingar pr. månad. Ein god del av denne auken kan ha kome av at kommunen har teke mot fleire flyktningar i 2022 og 2023, men også utviklinga elles i samfunnet tilseier auka utgifter til sosialhjelp.

Generell prisauke, auka bustad- og straumutgifter, rentekostnader m.m. fører til at ein får fleire søknader om økonomisk sosialhjelp. Sosialhjelp blir utbetalt med utgangspunkt i rettleiande norm for livsopphald som er fastsett av Stortinget. Denne norma har i periodar ikkje vore regulert i takt med prisauken, noko som har ført til ei sterk auka i søknadar om ekstra stønad i form av nødhjelp. Det skal gjerast individuelle vurderingar i alle søknader, og dette kan føra til at utgiftene for kvar enkelt utbetaling blir høgare enn rettleiande norm skulle bety.

Utviklinga siste to år kan framstillast slik:

- **September 2023:**

- Sosialhjelpsmottakarar inkl. deltakarar i kvalifiseringsprogram: 639

- Deltakarar i kvalifiseringsprogram: 92

- **September 2022:**

- Sosialhjelpsmottakarar inkl. deltakarar i kvalifiseringsprogram: 521

- Deltakarar i kvalifiseringsprogram: 94

- **September 2021:**

- Sosialhjelpsmottakarar inkl. deltakarar i kvalifiseringsprogram: 468

- Deltakarar i kvalifiseringsprogram: 76

•*OBS: Tala gjeld både for Ålesund og Fjord kommune*

Rekneskapen syner eit meirforbruk på sosialhjelp på omlag 19,3 millionar kroner i høve opphavleg budsjett. Av dette er omlag 10 millionar kroner knytt til flyktningar der NAV får refundert utgiftene frå verksemd integrering.

Auka pågang, gjer at kapasiteten er strekt. Det er tilsett nye medarbeidarar i ledige stillingar, og opplæringa er godt i gang.

Deling av kommune og oppretting av eige NAV kontor for nye Haram inneber endringar både ved arbeidsplassen i Brattvåg og ved arbeidsplassen i Ålesund sentrum. Avdeling Brattvåg leverer i dag også tenester til tidligare Sandøy, tidlegare Ørskog og til Fjord kommune. Desse oppgåvene og medarbeidarar er no overført frå Brattvåg til Ålesund sentrum.

Overføring av brukarar, medarbeidarar og oppretting av eiga dataløysing for kommunale tenester i Brattvåg har vore eit stort meirarbeid i 2023. Arbeidet har krevd at rettleiarar blir tekne ut av produksjon for å bidra. Desse oppgåvene samstundes som ein har gjennomført opplæring av fleire nye medarbeidarar og har ei dramatisk auka i talet på sosialhjelpsmottakar, har gjort at kapasiteten til tider er svært strekt.

## Oppsummering tiltak

Auka pågang og kommunedelingsarbeidet har gjort at kapasiteten har vore strekt i heile 2023. Det er tilsett nye medarbeidarar i ledige stillingar, og opplæringa er gjennomført.

Overføring av brukarar, medarbeidarar og oppretting av eiga dataløysing for kommunale tenester i Brattvåg er gjennomført, men har vore eit stort meirarbeid i 2023.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 54 203 | 52 659 | -1 543 | -2,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | -12 300 | -4 156 | 8 144 | -196,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 46 | 0 | -46 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 72 470 | 51 908 | -20 562 | -39,6 % |
| Finansutgifter | -137 | 71 | 208 | 292,8 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **114 281** | **100 483** | **-13 799** | **-13,7 %** |
| Salgsinntekter | -342 | -328 | 14 | -4,3 % |
| Refusjoner | -6 572 | -4 400 | 2 172 | -49,4 % |
| Overføringsinntekter | -366 | 0 | 366 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -273 | -197 | 76 | -38,8 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 554** | **-4 925** | **2 629** | **-53,4 %** |
| **Netto resultat** | **106 728** | **95 558** | **-11 170** | **-11,7 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 45 298 | 51 155 | 52 659 | 54 203 |
| Refusjon lønn | -2 167 | 0 | 0 | -1 990 |
| **Sum Lønn** | **43 131** | **51 155** | **52 659** | **52 213** |
| Drift | -4 361 | -4 156 | -4 156 | -12 300 |
| Kjøp av produksjon | 0 | 0 | 0 | 46 |
| Overføringer | 56 029 | 51 908 | 51 908 | 72 470 |
| Finansutgifter | -37 | 71 | 71 | -137 |
| **Sum Utgifter** | **51 631** | **47 823** | **47 823** | **60 079** |
| Brukerbetaling | -282 | -328 | -328 | -342 |
| Refusjoner | -5 988 | -4 400 | -4 400 | -4 582 |
| Overføringer | -302 | 0 | 0 | -366 |
| Finansinntekter | -435 | -197 | -197 | -273 |
| **Sum Inntekter** | **-7 006** | **-4 925** | **-4 925** | **-5 564** |
| **Netto resultat** | **87 756** | **94 054** | **95 558** | **106 728** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,61 % | 10,54 % | 12,15 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,32 % | 8,46 % | 9,79 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,03 % | 6,62 % | 8,65 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,24 % | 8,19 % | 10,43 % |

## Status sykefravær og HMS

Gjennomsnittlig sjukefråvær for dei kommunalt tilsette i 2023 var 10,43%. Korttidsfråværet var på 2,24%, medan langtidsfråværet var på 8,19%.

Gjennomsnittlig sjukefråvær for dei statstilsette var i 2023 12,8 %, ein nedgang på 2,1 prosentpoeng frå 14,9 % i 2022.

Målet for 2023 om månadleg sjukefråver under 10 % i slutten av 2023, vart ikkje nådd for kontoret samla.

Det har vore arbeidd med tiltak, og ein ser at sjukefråvere har ein fallande og positiv tendens mot slutten av året.

NAV Ålesund har hatt eit høgt sjukefråver, og har i 2023 også opplevd at ein ikkje greier å følge opp brukarar og arbeidsgjevarar i tråd med forventningar frå omgjevnadane og krava ein stiller til seg sjølv. Auka pågang ift økonomisk sosialhjelp, samt arbeidet med kommunedeling, har ført til at kapasiteten har vore svært strekt.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | NAV Ålesund | 2,30 % | 2,71 % | 2,69 % | 1,81 % | 3,71 % | 0,86 % | 1,06 % | 1,56 % | 2,79 % | 2,39 % | 2,20 % | 3,12 % |
| Langtid | NAV Ålesund | 8,23 % | 9,99 % | 9,20 % | 10,07 % | 9,77 % | 8,87 % | 8,01 % | 6,45 % | 4,74 % | 5,05 % | 7,23 % | 12,76 % |
| **Samlet** | **NAV Ålesund** | **10,53 %** | **12,70 %** | **11,89 %** | **11,89 %** | **13,47 %** | **9,73 %** | **9,07 %** | **8,01 %** | **7,53 %** | **7,44 %** | **9,43 %** | **15,89 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,30 % | 2,71 % | 2,69 % | 1,81 % | 3,71 % | 0,86 % | 1,06 % | 1,56 % | 2,79 % | 2,39 % | 2,20 % | 3,12 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,23 % | 9,99 % | 9,20 % | 10,07 % | 9,77 % | 8,87 % | 8,01 % | 6,45 % | 4,74 % | 5,05 % | 7,23 % | 12,76 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **10,53 %** | **12,70 %** | **11,89 %** | **11,89 %** | **13,47 %** | **9,73 %** | **9,07 %** | **8,01 %** | **7,53 %** | **7,44 %** | **9,43 %** | **15,89 %** |

# Oppvekst

## Tjenesteområdebeskrivelse

Kommunalområdet Oppvekst er leia av kommunalsjef og 3 seksjonssjefar med hovudansvar knytt til leiing og styring av alle verksemder innan  barnehage, skole, spesialpedagogiske tenester, barnevern, helsestasjonar, barnebustader og avlasting, familiestøtte, integrering og vaksenopplæring. Dette gjeld då koordinering av fagutvikling, forvaltningsoppgåver, kvalitetsoppfølging og internkontroll. Team Oppvekst  har 14,5 årsverk.

Seksjon barnehagar er organisert i 4 verksemder, Seksjon skule er organisert i 30 verksemder og  seksjon barn, familie og førebygging er organisert i 6 verksemder. Det betyr at det er 40 verksemdsleiarar som skal følgjast opp og vel 1700 årsverk. Det er fastsett frå overordna nivå at verksemder skal leiast av ein verksemdsleiar, dvs. ein leiar med delegert ansvar for fag, budsjett, økonomi og tilsette.

Kommunalområdet har også ansvar for oppfølging av 38 private barnehagar og 7 friskular. Oppfølgingsansvaret for elevane sine rettar til spesialundervisning og skyss ligg til team Oppvekst. Dette utgjer:

- Forvaltning av barnehagemynde for både kommunale og private barnehagar
- Spesialpedagogiske hjelp til barn i opplæringspliktig alder og i barnehage (både kommunale og private)
- Spesialundervisning for elever frå Ålesund som bur i fosterheim i andre kommunar
- Fagstab opplæring arbeider med fagleg oppfølging og sakshandsaming for kommunalområdet, i tillegg til forvaltningsoppgåver innan skule og barnehage.

- Oppfølging av budsjett, rekneskap og ulike prosjekt

Kommunalområdet omfattar store delar av kommunen sine tilbod og tenester til innbyggarane frå svangerskap opp til 18 år og til deira føresette. Kommunalområdet sørgar for tenester som barnehage, skule, helsestasjon, skulehelseteneste, barnevern, familiestøtte, vaksenopplæring, integrering, avlasting og ei rekke førebyggande tiltak. I tillegg kjem tilbod i private barnehagar og skular som vert finansiert over Ålesund kommune sitt budsjett

Kommunalområdet har ansvar for at barn og unge får eit heilskapleg tenestetilbod og at dei har eit godt og inkluderande oppvekstmiljø som fremmer mulighetsrom, trivsel, læring og helse.

Verksemdene i området arbeider tett saman og samarbeider med barn og unge, føresette og andre aktuelle samarbeidspartnarar. Saman skaper vi gode barnehagar, ein god skule og trygg og god oppvekst i kommunen.

Barnehagane, skulane, PPT og vaksenopplæringa i Ålesund kommune skal vere berekraftige og sikre at barn, unge og vaksne får god opplæring og likeverdige tenester. Ålesund kommune har gode føresetnadar for å skape eit likeverdig tilbod med god opplæring og livsmestring for alle. Vi har gode tal frå elevundersøkinga. Denne viser at elevane trivst på skulen, dei er nøgde med støtta dei får fagleg, og dei fleste elevane meldar at dei har eit godt læringsmiljø. Det er ein høgare andel elevar enn tidlegare som i elevundersøkinga melder om mobbing. Dette blir fylgt opp i verksemdene og lokale trivselsundersøkingar og antal meldte saker om kap.9A ikkje gjenspeglar det høge talet i undersøkinga.

Tenestene innanfor Oppvekst skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, eit godt tilrettelagt opplæringstilbod og erfaringar som bidreg til å styrke inkludering og hindre utanforskap.

I barnehagane viser brukarundersøkingar at foreldra i stor grad er nøgd med tilbodet. Det vert arbeida for å sikre eit likeverdig tilbod med god kvalitet. Ålesund kommune inviterer alle barnehagar med i høve kompetanseheving. Ålesund kommune har tilnærma full barnehagedekning totalt sett, men der er overkapasitet i nokre delar av kommunen og underkapasitet i andre.

Det er viktig at vi sikrar gode rutinar og oppfølging av barn og unge som opplever utfordringar med lærevanskar, psykisk helse og oppleving av å stå utanfor det sosiale fellesskapet. Vi må sikre godt tverrfagleg samarbeid og kome tidleg inn med systematisk oppfølging for å førebygge vanskar og skape grunnlag for meistring.

## Utvikling og utfordringer

### Barnehagar

Utfordringar:

- Lov om barnehagar gir rett til plass for alle barn føydde tom november året før opptaket, om ein let vere å gje plass til barn for å spare penger bryt ein lova. Om barna startar i private barnehagar eller i andre kommuner må kommunen betale refusjon (som er dyrare)
- Det er lovfesta bemanning- og pedagognorm i barnehagene
- Det er totalt sett nok barnehageplassar i kommunen, men plassane er ikkje hensiktsmessig fordelt i høve det geografiske behovet i dei ulike kommunedelane

- Det er ujamn fordeling av private og kommunale barnehageplassar, kommunen eig omlag 1/3 av barnehageplassane, det kan vere utfordrande i høve å endre barnehageplassar etter kvar behovet er størst og å halde dei økonomiske rammene

Utvikling:

- Det er eit stort mangfald av barnehagar i kommunen
- Mange av barnehagane deltek i utviklingsarbeid i regi av region Nordre Sunnmøre
- Det har vorte utarbeida ein Barnehageeigarstrategi og ein struktur- og kapasitetsplan for kommunen i 2022
- Dei fleste barnehagane er miljøfyrtårnsertifiserte ved utgangen av 2023
- Fleire av styrarane har teke styrarutdanning
- Det vert arbeida systematisk med internkontroll både i høve barnehageeigar og barnehagemynde

**Skole**

Utfordringar:

<u>Lærarnorm</u>

Når det gjeld lærarnormen hadde kommunen ved det nasjonale rapporteringstidspunktet 1. oktober samla vel 15 årsverk over normen (tal utan HK24). Reduserte rammer gjer det krevjande for fleire å halde seg innafor normen.

<u>Bemanning</u>

Det har siste året også vore vanskeleg å få tak i kvalifiserte vikarar, noko som har ført til auka utgifter i form av overtidstillegg til fast tilsette som må ta vikartimar ut over full stilling. I tillegg har leiinga ved dei fleste av skulane gått inn som vikarar, noko som har bidrege til å halde vikarkostnadane nede. Denne måten å løyse vikarproblematikken på, gjer at elevane får vikarar som kjenner dei, men det fører også til slitasje på personalet og mindre tid til leiaroppgåver.

<u>Barn og unge som krev ekstra oppfølgjing</u>

Stadig fleire skular melder om utfordringar i høve einskidelevar som krev ekstra oppfølgjing pga utfordrande åtferd, skulevegring og helserelaterte behov. Dette er krevjande, både kvantitativt, - ved at dei må vere fleire vaksne pr elev og kvalitativt, - ved at skulen ikkje har den naudsynte kompetansen som trengst for å følgje opp elevane.

<u>Læremiddel</u>

Det er store variasjonar mellom skulane på tilgang på oppdaterte læreverk og digitale verktøy. Eit stort etterslep på innkjøp av digitale verktøy og store skilnader mellom kommunane.

<u>SFO</u>

Barneskulane melder at ein stor del av meirforbruket deira er knytt til SFO på grunn av fleire barn med rett til gratisplass. Dette vart delvis kompensert gjennom rammeoverføring til kommunane, men rekker ikkje fullt ut reduksjonen i foreldrebetaling. I tillegg har regelen om redusert foredrebetaling for lavinntektsfamiliar også ført til reduserte inntekter. For å få ned kostnadane er det foreslått nye

vedtekter. I forslaget ligg redusert opningstid - både når det gjel timar pr dag og dagar pr år, reduksjon i talet på plasstypar, og å ta bort søskenmoderasjonen. Kommunane kan drive skulefritidsordningane til sjølvkost, men det ville i vårt tilfelle ført til svært dyre takstar.

Utvikling:

- Det er eit stort mangfald av skular i kommunen noko som gir utfordring i høve til tildeling av økonomiske midlar. Det er i 2022 utarbeidd ny ressursfortdelingsmodell for skulane som vart nytte ved tildeling av budsjett for 2023
- Skulane deltek i utviklingsarbeid og kompetanseutviklingstiltak i regi av region Nordre Sunnmøre
- Det har vorte utarbeida ein skuleeigarstrategi

**Barn, familie og førebygging**

Auke i sakskompleksitet, auka behov for betre tilpassa og koordinerte tiltak, lange ventelister og endringar i tilstrøyming av flyktningar, er døme på utfordringar tenestene i seksjon barn familie og førebygging, og heile oppvekstområdet, står ovanfor.

Nokre av utfordringane, som til dømes tal på flyktningar med busettingsbehov, er varierande og uføreseieleg, og det er krevjande å planlegge fram i tid. Tenester som barnevern og bu- og avlastingstenesta har og uføreseielege variablar med akutte saker. Særleg barnevern, spesial-pedagogiske tenester og bu- og avlastingstenestene har stor turnover og utfordringar med å rekruttere kompetent personale.

Det er eit stor behov for eigna bustadar både for flyktningfamiliar og for barn som treng døgnavlasting eller barnebustader. Manglande eigna bustadmasse gjer til dømes at ein i dag driftar kostnadskrevjande barnebustadar og avlastingstiltak med høg bemanningsfaktor. Bu- og avlastingstenesta har over tid hatt for låg ramme sett i høve behov og moglegheiter for å kunne drifte på ein kostnadseffektiv måte. Ein ny barne- og avlastingsbustad skal stå ferdig våren 2024. Bustaden vil gi et meir samla og kostnadseffektiv drift og moglegheiter for å differensiere avlastingstiltaka i lang større grad enn i dag.

Oppvekstreforma som trådde i kraft januar 2022 gir kommunane eit auka fagleg og økonomisk ansvar på barnevernområdet. Mellom anna medfører reforma overføring av oppgåver frå stat til kommune og meir enn ei dobling av kommunale eigenandelar på kjøp av statlege tiltak. Dette betyr at tenesta må omstille ressursane til å ivareta oppgåver som tidlegare vart utført av staten. Dette medfører og langt høgare kostandar på statlege tiltak og utgiftene er berre delvis kompensert i rammeroverføringane til kommunen. Dette har medført at tenesta har ein svært utfordrande budsjettsituasjon. Barneverntenesta i Ålesund har i utgangspunktet lågare utgifter til kommunalt barnevern enn samanliknbare kommunar i kostra-området. Utfordringa ligg i at store økonomiske ressursar er bundne opp i kjøp av institusjonsplassar til ungdom og at utgifter til reforma ikkje er tilstrekkeleg kompensert. Barnevernreforma utfordrar alle tenester i heile oppvekstområdet til å intensivere arbeidet med tidleg og tverrfagleg innsats.

## Utvalgte resultater

Kommunalområde Oppvekst har eit stort meirforbruket i 2023. Dette er i hovudsak knytt til:

- Fortsatt høge utgifter til spesialpedagogiske tiltak i private skular og barnehagar
- Tilskot til private barnehagar er høgare enn budsjettert for.
- Auka utgifter i mange verksemder nytt til mottak av flyktningar
- Fleire barn og unge som treng individuelle tiltak
- Fleire som nyttar SFO på grunn av gratis kjernetid for 1. og 2.trinn. Ikkje fullfinansiert
- Høge utgifter til skoleskyss
- Prisvekst

## Status økonomi per tjeneste

*Beløp i 1000*

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 4 219 | 1 964 | 2 053 | -2 166 | -105,5 % |
| Diverse fellesutgifter | 0 | 0 | 400 | 400 | 100,0 % |
| Barnehage | 613 035 | 547 652 | 556 988 | -56 047 | -10,1 % |
| Grunnskole | 858 103 | 756 260 | 785 527 | -72 576 | -9,2 % |
| Styrket tilbud til førskolebarn | 70 276 | 57 076 | 52 867 | -17 409 | -32,9 % |
| Voksenopplæring | 32 880 | 27 153 | 38 994 | 6 113 | 15,7 % |
| Skolefritidstilbud | 33 306 | 17 620 | 20 497 | -12 809 | -62,5 % |
| Barnehagelokaler og skyss | 4 023 | 3 278 | 3 278 | -745 | -22,7 % |
| Skolelokaler | 18 291 | 16 623 | 16 623 | -1 668 | -10,0 % |
| Skoleskyss | 18 579 | 13 051 | 13 000 | -5 579 | -42,9 % |
| Aktivitetstilbud barn og unge | 138 | 363 | 390 | 252 | 64,5 % |
| HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETJENESTE | 59 234 | 54 041 | 58 200 | -1 034 | -1,8 % |
| Annet forebyggende helsearbeid | 19 346 | 18 791 | 19 687 | 341 | 1,7 % |
| AKTIVISERINGS- OG SERVICETJENESTER TIL ELDRE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDSETTELS | 2 802 | 1 739 | 1 771 | -1 030 | -58,2 % |
| Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | 17 560 | 15 802 | 16 796 | -764 | -4,5 % |
| Tilbud til personer med rusproblemer | -429 | 261 | 297 | 726 | 244,2 % |
| Barneverntjenesten | 59 756 | 51 818 | 63 606 | 3 851 | 6,1 % |
| Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet | 11 161 | 9 658 | 9 938 | -1 222 | -12,3 % |
| Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet | 82 602 | 76 672 | 78 917 | -3 685 | -4,7 % |
| Helse- og omsorgstjenester i institusjon | 84 411 | 78 533 | 81 408 | -3 004 | -3,7 % |
| (Avviklet 2023) Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende | 6 596 | 5 932 | 6 187 | -409 | -6,6 % |
| Institusjonslokaler | 1 980 | 2 492 | 2 492 | 512 | 20,5 % |
| Kommunalt disponerte boliger | 3 792 | 4 126 | 4 207 | 416 | 9,9 % |
| Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi | 49 | 0 | 0 | -49 | 0,0 % |
| Introduksjonsordningen | 33 198 | 24 086 | 35 294 | 2 096 | 5,9 % |
| Ytelse til livsopphold | 28 435 | 13 262 | 21 712 | -6 723 | -31,0 % |
| Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde | 67 | 0 | 309 | 242 | 78,3 % |
| Interkommunale samarbeid | 15 | 0 | 0 | -15 | 0,0 % |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **2 063 547** | **1 798 253** | **1 891 441** | **-172 107** | **-9,1 %** |

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 4000-Oppvekst | 102 604 | 61 994 | -40 610 | -65,5 % |
| 4100-Seksjon barnehage | 425 256 | 371 047 | -54 209 | -14,6 % |
| 4101-Barnehagar Ålesund vest | 43 032 | 41 073 | -1 960 | -4,8 % |

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 4102-Barnehagar Ålesund aust | 56 295 | 54 719 | -1 576 | -2,9 % |
| 4103-Barnehagar Skodje og Ørskog | 48 924 | 49 425 | 501 | 1,0 % |
| 4104-Barnehagar Haram og Sandøy | 34 256 | 34 674 | 418 | 1,2 % |
| 4200-Aspøy skole | 21 273 | 19 655 | -1 617 | -8,2 % |
| 4201-Blindheim barneskole | 46 895 | 43 326 | -3 568 | -8,2 % |
| 4202-Emblem skule | 20 985 | 19 969 | -1 016 | -5,1 % |
| 4203-Flisnes skole | 28 913 | 30 402 | 1 489 | 4,9 % |
| 4204-Ellingsøy barne- og ungdomsskole | 28 446 | 25 357 | -3 089 | -12,2 % |
| 4205-Hessa skole | 36 370 | 32 215 | -4 156 | -12,9 % |
| 4206-Larsgården skole | 18 236 | 19 175 | 939 | 4,9 % |
| 4207-Lerstad skole | 22 212 | 19 930 | -2 282 | -11,4 % |
| 4208-Hatlane skole | 68 745 | 63 060 | -5 685 | -9,0 % |
| 4209-Spjelkavik barneskole | 60 763 | 52 578 | -8 185 | -15,6 % |
| 4210-Stokke og Vik skole | 16 399 | 15 139 | -1 260 | -8,3 % |
| 4211-Voldsdalen skole | 27 963 | 23 995 | -3 968 | -16,5 % |
| 4212-Åse skole | 33 315 | 29 188 | -4 127 | -14,1 % |
| 4213-Blindheim ungdomsskole | 39 912 | 37 799 | -2 112 | -5,6 % |
| 4214-Spjelkavik ungdomsskole | 44 426 | 42 419 | -2 008 | -4,7 % |
| 4215-Skarbøvik ungdomsskole | 23 181 | 22 946 | -234 | -1,0 % |
| 4216-Kolvikbakken ungdomsskole | 38 703 | 38 319 | -384 | -1,0 % |
| 4217-Ørskog skule | 30 216 | 25 311 | -4 906 | -19,4 % |
| 4218-Skodje og Valle skular | 40 452 | 34 019 | -6 433 | -18,9 % |
| 4219-Skodje ungdomskule | 23 185 | 20 204 | -2 982 | -14,8 % |
| 4220-Vatne barneskule | 10 963 | 11 128 | 165 | 1,5 % |
| 4221-Vatne ungdomsskule | 12 707 | 12 766 | 60 | 0,5 % |
| 4222-Tennfjord skule | 19 435 | 19 293 | -142 | -0,7 % |
| 4223-Brattvåg ungdomskule | 19 922 | 17 128 | -2 794 | -16,3 % |
| 4224-Brattvåg barneskule | 23 280 | 22 352 | -928 | -4,2 % |
| 4225-Nordøyane skular | 20 517 | 17 480 | -3 037 | -17,4 % |
| 4226-Søvik skule | 11 554 | 11 399 | -155 | -1,4 % |
| 4227-Harøy skule | 14 384 | 13 492 | -892 | -6,6 % |
| 4230-Seksjon skole | 1 223 | 1 778 | 555 | 31,2 % |
| 4400-Ålesund voksenopplæring | 8 052 | 14 044 | 5 992 | 42,7 % |
| 4500-Pedagogisk fagsenter | 92 412 | 84 891 | -7 521 | -8,9 % |
| 4501-Helsestasjon | 55 983 | 56 130 | 146 | 0,3 % |
| 4502-Familiestøtte | 28 167 | 29 251 | 1 084 | 3,7 % |
| 4503-Bu- og avlastingstenester | 94 495 | 91 115 | -3 380 | -3,7 % |
| 4504-Barnevern | 133 528 | 132 842 | -687 | -0,5 % |
| 4505-Integrering | 135 967 | 128 415 | -7 552 | -5,9 % |
| **Sum** | **2 063 547** | **1 891 441** | **-172 107** | **-9,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

Det er eit stort meirforbruk totalt sett i kommunalområdet på vel 170 millionar per 31.12.23.

Det er fleire årsaker knytt til det negative resultatet:

- Fortsatt høge utgifter til spesialpedagogiske tiltak i private skular og barnehagar
- Auka utgifter i mange verksemder knytt til mottak av flyktningar
- Fleire barn og unge som treng individuelle tiltak
- Fleire som nyttar SFO på grunn av gratis kjernetid for 1. og 2.trinn. Ikkje fullfinansiert.
- Prisvekst
- Tilskot til private barnehagar

## Oppsummering tiltak

Det har over tid vore arbeidd med å effektivisere drifta i kommunalområdet. Det har gitt noko effekt og Kostratala syner at vi ligg nøytralt eller under Kostra-gjennomsnittet. Likevel må vi gjennomføre fleire tiltak og større trykk på å igangsette tiltak for å kunne levere eit resultat innafor tildelt budsjettramme.

- Vi må vurdere struktur og organisering av tenestene tilpassa talet på befolkninga, dei krava vi har fagleg og dei økonomiske og kompetanseavhengige rammene vi har til ei kvar tid.
- Forsterke arbeidet med generell førebygging gjennom god grunnkvalitet i dei universelle tenestene våre. Det er viktig å arbeide for å dreie fokus over på systemretta arbeid i staden for individretta tiltak innan barnehage og skule. Dette vil på sikt kunne redusere utgiftene vi per i dag har til spesialpedagogiske tiltak.
- Tidleg og tverrfagleg innsats der oppvekstsektoren samhandlar til det beste for Ålesund kommune sine barn og unge. Eit viktig tiltak er Implementering av BTI-modellen og målretta oppfølging av barn og ungdom med utfordringar. I dette ligg også Implementering av det digitale verktyet Visma samspill som skal gjere samhandlinga mellom dei ulike tryggare med tanke på datasikkerheit og enklare.

## Grafer Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




### Detaljvisning drift (graf)







## Status økonomiplantiltak

### Rammeendringer i økonomiplanen

*Beløp i 1000*

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tidligere vedtatte tiltak** | | | | | | | |
| Grunnskole - tilpasning av leiar- og administrasjonskapasitet | -1 500 | 0 | -1 500 | I arbeid | | Dette vil bli sett på i samband med utarbeiding av skulebruksplan. Effekt først i 2025. | |
| **Sum** | **-1 500** | **0** | **-1 500** | | | | |

**Politiske vedtak**

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Reduksjon spesialundervisning | -2 000 | 0 | -2 000 | I arbeid | | Det er sett i gang fleire tiltak for å reduser utgiftene til spesialundervisning.Vi er i gang med eit større kompetanseutviklingsprosjekt med fokus på inkluderande opplæring. Vi har og arbeidd mykje med å ha ei felles oppfatning av kva som kan handterast i dei allmenne opplæringa | |
| Reduksjon skoleledelse Haram | -1 000 | 0 | -1 000 | I arbeid | | Dette arbeidet er igangsett og det er allereie tatt ned noko ressursbruk på leiing | |
| Grunnskole - endra tildelingspraksis spesialpedagogiske tenester | -1 000 | 0 | -1 000 | I arbeid | | Vi har og arbeidd mykje med å ha ei felles oppfatning av kva som kan handterast i dei allmenne opplæringa og PPT har arbeidd saman med skulane på korleis ein betre kan tilrette for tilpassa opplæring utan å måtte fatte enkeltvedtak | |
| Fagstab opplæring - endra tildelingspraksis spesialpedagogisk hjelp til private skular | -1 000 | 0 | -1 000 | I arbeid | | Det er iverksett tiltak ved dialog og samarbeid med friskulane for å kome ned på eit lågare utgiftsnivå. Det vil likevel ta tid før ein ser gevinsten av tiltaket. Det er naudsynt å opprette tettare dialog med andre kommunar når det gjeld fosterheimsplasserte elevar og jobbe mot ei meir lik praksis i alle kommunane. | |
| Redusert bruk av konsulenttenester i barnvernet | -150 | 0 | -150 | Ferdig | | Bruk av konsulenttjenester er redusert, men det vil ta tid å snu dette og på grunn av låg kapasitet i tenesta.Bruka av konsulenttenester i barnevernet er evaluert og brukast no berre i heilt særlege tilfeller. | |
| Styrking av bemanning i klasserommet Haram | 1 000 | 0 | 1 000 | Ikke startet | | Vil bli iverksatt mot skuleåret 2023/24 | |
| **Sum** | **-4 150** | **0** | **-4 150** | | | | |

**Omstilling og effektivisering**

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Endring i verksemdsstruktur for dei kommunale barnehagane | -1 200 | 0 | -1 200 | Ferdig | | Oppdraget er ferdigstilt | |
| Ytterlegare reduksjon i ramme for skolane | 0 | 0 | 0 | I arbeid | | Skulane er no i ferd med å planlegge neste skuleår, og er i gang med tilsetjingar. Samstundes er fokuset på nedbemanning sterkt.Prosessen vert følgt nøye og oversikta viser at det også i år er fleire som avsluttar tilsetjingsforholdet i kommunen enn det som | |

| Tiltak | Ramme år 1 | Prognose | Avvik | Status | Risiko | Beskrivelse | Justeringskode |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | skulane har behov for av nyrekrutering. Ingen kjem derfor til å verte oppsagde, men dei må kanskje endre arbeidsplass. | |
| **Sum** | **-1 200** | **0** | **-1 200** | | | | |
| | | | | | | | |
| **Sum tiltak** | **-6 850** | **0** | **-6 850** | | | | |

Dei fleste tiltaka er prosessar som må arbeidast med over tid før ein ser synlege resultat.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,22 % | 6,46 % | 8,68 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,22 % | 8,05 % | 10,27 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,53 % | 7,64 % | 10,17 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,96 % | 7,44 % | 9,40 % |

## Status sykefravær og HMS

Det er samla sett eit høgt sjukefråvær i kommunalområde oppvekst, sjølv om ein ser ein liten nedgang. Det er ulikheiter mellom virksomhetene.

Dei tilsette har over fleire år stått i stadige omstillingar både med tanke på handtering av pandemi og ein særs krevjande økonomisk situasjon. Skulane og barnehagane blir drifta på eit minimumsnivå når det gjeld bemanning i høve lærarnorm, pedagog og bemanningsnorm. Dette i tillegg til at det ikkje finst vikarar gjer at arbeids-kvardagen til dei tilsette blir særs krevjande og arbeidsbelastninga er høg. Den same høge belastninga gjeld også for tenestane innan barn, familie og forebygging der ein også ser stort sjukefråvær i enkelte av tenestene.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Oppvekst | 0,35 % | 0 % | 0 % | 0,97 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,25 % | 0,48 % | 0,55 % | 1,35 % | 1,57 % |
| Langtid | Oppvekst | 10,08 % | 4,57 % | 4,29 % | 4,44 % | 4,50 % | 4,41 % | 2,58 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Samlet** | **Oppvekst** | **10,43 %** | **4,57 %** | **4,29 %** | **5,41 %** | **4,50 %** | **4,41 %** | **2,58 %** | **0,25 %** | **0,48 %** | **0,55 %** | **1,35 %** | **1,57 %** |
| Korttid | Seksjon barnehagar | 3,34 % | 3,13 % | 3,35 % | 1,89 % | 1,74 % | 2,08 % | 0,84 % | 1,54 % | 2,56 % | 2,78 % | 3,58 % | 2,86 % |
| Langtid | Seksjon barnehagar | 12,40 % | 12,77 % | 12,20 % | 11,93 % | 12,52 % | 11,57 % | 8,01 % | 8,27 % | 10,50 % | 12,63 % | 13,56 % | 11,54 % |
| **Samlet** | **Seksjon barnehagar** | **15,74 %** | **15,90 %** | **15,55 %** | **13,82 %** | **14,25 %** | **13,65 %** | **8,85 %** | **9,81 %** | **13,06 %** | **15,40 %** | **17,14 %** | **14,40 %** |
| Korttid | Seksjon skolar | 3,02 % | 2,11 % | 2,49 % | 1,54 % | 1,78 % | 1,03 % | 0,29 % | 1,01 % | 2,43 % | 1,83 % | 2,79 % | 1,80 % |
| Langtid | Seksjon skolar | 6,86 % | 6,67 % | 6,85 % | 6,30 % | 6,50 % | 5,16 % | 2,73 % | 3,20 % | 5,06 % | 6,27 % | 8,42 % | 7,92 % |
| **Samlet** | **Seksjon skolar** | **9,88 %** | **8,78 %** | **9,34 %** | **7,84 %** | **8,28 %** | **6,19 %** | **3,02 %** | **4,21 %** | **7,48 %** | **8,10 %** | **11,20 %** | **9,73 %** |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Seksjon barn, familie og førebygging | 2,62 % | 1,88 % | 2,05 % | 1,25 % | 2,04 % | 1,59 % | 1,03 % | 2,08 % | 1,83 % | 1,91 % | 2,56 % | 1,57 % |
| Langtid | Seksjon barn, familie og førebygging | 10,20 % | 9,52 % | 9,23 % | 8,42 % | 9,50 % | 7,93 % | 6,33 % | 7,41 % | 7,78 % | 8,81 % | 10,22 % | 9,69 % |
| **Samlet** | **Seksjon barn, familie og førebygging** | **12,81 %** | **11,40 %** | **11,28 %** | **9,67 %** | **11,54 %** | **9,52 %** | **7,36 %** | **9,49 %** | **9,61 %** | **10,72 %** | **12,78 %** | **11,26 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,97 % | 2,22 % | 2,52 % | 1,54 % | 1,81 % | 1,32 % | 0,54 % | 1,32 % | 2,30 % | 1,99 % | 2,85 % | 1,92 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,52 % | 8,29 % | 8,24 % | 7,69 % | 8,14 % | 6,83 % | 4,40 % | 4,88 % | 6,45 % | 7,76 % | 9,53 % | 8,80 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **11,49 %** | **10,51 %** | **10,76 %** | **9,23 %** | **9,95 %** | **8,15 %** | **4,94 %** | **6,20 %** | **8,75 %** | **9,74 %** | **12,38 %** | **10,72 %** |

# Oppvekst

## Tjenesteområdebeskrivelse

Overordna leiing i Oppvekst består av 16,51 årsverk. I tillegg til kommunalsjef og 3 seksjonssjefar inkluderer det eit fagteam med 10,71 årsverk rådgjevarar, 1 årsverk førstekonsulent og 0,8 årsverk SLT-koordinator.

I teamet er det i tillegg 1,8 årsverk prosjektstillingar som er eksternt finansiert. Dette gjeld satsingane Rundskue og Barn og unges helseteneste.

Teamet arbeidar med fagleg oppfølging og sakshandsaming for kommunalområdet, mellom anna forvaltningsoppgåver innan skule og barnehage, ressursforvaltning, kvalitetsarbeid og internkontroll, kompetansehevande tiltak, barnehageopptak og utøving av mynde på barnehageområdet.

Teamet har og ansvar for samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak gjennom SLT-funksjonen.

## Utvikling og utfordringer

Team oppvekst (fagstab)

Det har vore ei gradvis nedbemanning i teamet dei siste par åra. Kapasiteten i teamet er derfor noko redusert medan omfang av oppgåver er på same nivå som tidlegare. Dette kan til tider gi ein utfordrande arbeidssituasjon for dei tilsette. Teamet har i periodar hatt vakansar på grunn av sjukmeldingar og permisjonar. Teamet vert ytterlegare redusert med eit årsverk i samband med kommunedelinga utan at det vert vesentleg reduksjon i oppgåver. Oppgåvene som utførast er lovpålagte forvaltningsoppgåver og reduksjon i bemanninga gjer situasjonen utfordrande. Den einskilde rådgjevar i teamet har spesialiserte oppgåver, noko som er særleg sårbart ved nedbemanning eller når nokon sluttar. Det er særleg knytt bekymring til handtering og fordelinga av viktige oppgåver som systemadministrator for IST, kontantstøtterapportering, fakturering barnehage og SFO, og redusert foreldrebetaling. Omfanget av desse oppgåvene vil ikkje bli vesentleg redusert i ny kommune og det har derfor vore naudsynt å erstatte årsverket som går over til HK24.

## Utvalgte resultater

Vesentlige avvik i budsjettet skuldast i hovudsak:

- Høge utgifter til
    - spesialpedagogiske tiltak i private skolar,
    - skoleskyss,
    - fosterheimsplasserte elevar.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 102 604 | 61 994 | -40 610 | -65,5 % |

## Kommentar til status økonomi

Årsprognosen for området viser eit meirforbruk. Meirforbruket har si årsak i fleire forhold:

- Kommunen har høge utgifter til skoleskyss. Det er i gangsette eit arbeid for å redusere utgiftene. Dette vil ein ikkje sjå resultat av før etter at nye vedtak vert fatta.
- Utgiftene til spesialundervisning i private skular er høgare enn forutsett i budsjettet. Det er sett i gang eit arbeid inn mot privatskulane for å redusere kostnadane på dette området. Dette er ein prosess som vil ta tid og ein vil derfor ikkje få umiddelbar effekt av tiltaket. Generelt er det ei auke i barn/elevar med store hjelpebehov både i offentlege og private skular. Regelverket knytt til privatskulane gir likevel ikkje kommunen like stort handlingsrom for å tilpasse tiltak overfor privatskulane som i dei kommunale skulane.
- Tilskot til private barnehagar. Drift av private barnehagar finansierast av foreldrebetaling og offentlege overføringar/tilskot. Kommunen har svært høge kostnadar på dette området, og budsjettramma er ikkje justert når det gjeld desse utgiftene.
- Utgiftene til fosterheimplasserte er høgare enn budsjettert for. Utgiftene omfattar omfattar vedtak knytt til fosterheimsplasserte elevar som Ålesund har plassert i andre kommunar, og der Ålesund kommune refunderer opplæringsutgifter og utgifter til spesialundervisning for desse barna. Heimkommunen gjer vedtak om spesialundervisning på grunnlag av sakkunnig vurdering gjort av fosterheimskommunen.
- Eit meirforbruk på løn skuldast mellom anna at budsjettet på lærlingar ikkje er justert ut frå faktiske utgifter. Det er og eit meirforbruk på løn i samband med vidareutdanning. Dette vert dekt inn av tilskotsmidlar.

## Oppsummering tiltak

Det er vedtatt tiltak som skal bidra til å gi balanse i budsjettet, men fleire av tiltaka vil det ta tid få ønska effekt av.

**Skoleskyss:**

Kommunen har store utgifter på skoleskyss, men ei kartlegging gjennomført hausten 2022 viser at det er vanskeleg å redusere utgiftene på dei vedtaka som allereie er fatta. Dette med bakgrunn i at det som per no er innvilga av skyss er gjort etter grundig vurdering ut frå gjeldande vilkår. Det er utarbeida ny

prosedyre for skuleåret 2023/2024 for å betre samordning, følge opp lovkrav og på sikt redusere kostnadane. Søknadar om skyss skal gjennomgåast grundig etter ny prosedyre og det skal ikkje gjerast unntak frå gjeldande vilkår.

**Spesialundervisning til friskolar og fosterheimsplasserte elevar:**

Det er iverksett tiltak med dialog og samarbeid med friskolane for å kome ned på eit lågare utgiftsnivå. Det vil likevel ta tid før ein ser gevinsten av tiltaket. Det er naudsynt å opprette tettare dialog med andre kommunar når det gjeld fosterheimsplasserte elevar og jobbe mot ei meir lik praksis i alle kommunane. Omsorgskommunen dekker kun spesialundervisning. Krav om dekking av utgifter som kjem frå eleven si bustadskommune vert nøye gjennomgått og returnert dersom utgiftene/tiltaka er høgare enn det som er spesifisert i vedtaket.

**Utgifter til spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging og spesialundervisning**

Kommunen har eit høgt antal barn og unge som har behov for tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i barnehage og skole. Det er sett i gang eit arbeid for å dreie fokuset frå individretta hjelp mot meir systemretta arbeid i skolen. På barnehageområdet er det gjennomført eit prosjekt retta mot å redusere årstimar for spesial-pedagogisk hjelp. Prosjektet har hatt effekt. Tilretteleggingsvedtaka ligg framleis på eit for høgt nivå og eit liknande prosjekt er igangsatt på dette området. Dette er eit endringsarbeid som tek tid, men som er heilt naudsynt å gjennomføre.

**Satsingar**

Det er ei målsetting for heile oppvekstområde å intensivere arbeidet med tidleg innsats og førebygging, i tråd med sentrale og lokale føringar som til dømes oppvekstreforma, kompetanseløftet i skole og barnehage, og vedtatt strategi for heilskapleg innsatstrapp i Ålesund kommune. Satsingane er særleg viktig for å snu ressursbruken frå dyre og spesialiserte tiltak til førebygging og tidleg innsats.  Dette gjeld både spesialiserte tiltak i skole, barnhagar, å redusere plassering i barneverninstitusjonar, i pesialiserte fosterheimar, barnebustadar og høge avlastingsvedtak i institusjon,

Kommunen har som mål å innføre **BTI-modellen – Betre Tverrfagleg Innsats** som ein overordna samhandlingsmodell for tidleg tverrfagleg innsats. BTI skal sikre tidleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar og beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom teneste. Modellen legg til rette for å styrke førebygging og å avdekke vanskar på eit tidlegare tidspunkt, både når det gjeld alder og problemområde. Betre samordna tenester handlar om å betre samarbeidet og å ikkje miste framdrifta når kommunale basistenester (helsestasjon, skole, barnehage) og hjelpetenester (ppt, barnevern, slt-koordinator m.m.) i fellesskap skal hjelpe barn/unge og familiar gjennom vanskane. Med ein klar struktur skal BTI-modellen bidra til styrka samhandling mellom tenestene, slik at dei jobbar målretta, effektiv og heilskapleg, og utan at det oppstår avbrot i oppfølginga. Kommunen er i startfasen på implementering av modellen. Det er etablert styringsgruppe og oppretta arbeidsgruppe som hadde oppstart oktober 2023. Kommunen får hjelp og rettleiing til implementering frå KORUS, Midt-Norge.

**Barn og unges helseteneste (BUH)** i **Møre og Romsdal** etter helse Fonna modellen vert no innført i heile oppvekstområdet og deler av helseområdet. Satsinga er forløpsbasert og skal hjelpe skular, barnehagar og dei ulike hjelpetenestene å avdekke psykiske helseplagar hos barn og unge slik at ein kan sette inn dei rette tiltaka så tidleg som mogleg. BUH har eigen prosjektkoordinator og er eit viktig verktøy i BTI-modellen.

**Livet & sånn** (livetogsann.no) utarbeider gratis opplæringsmateriell for arbeid med folkehelse og livsmeistring for barn og unge i barnehagar, grunnskolar og vidaregåande skolar. Materiellet blir

utarbeidd i nært samarbeid med PPT. Livet & sånn er tilgjengeleg for alle, og prosjektleiar blir stadig kontakta frå barnehagar og skolar rundt omkring i landet som ønsker å nytte materiellet.

**E-teams** er eit lågterksel gruppetilbod for barn som er i eller har risiko for, utanforskap og særleg når det gjeld dei som har mykje fråfall i skolen. Det har og synt seg å ha ein særleg inkluderande effekt på barn og unge med nevropsykologiske lidingar, og å vere ein viktig arena for å introdusere deltakarane for andre fritidsaktivitetar. E-teams som har gaming som utgangspunkt har målsetting om å auke barn og unge sin digitale kompetanse på ein positiv måte, lære nettvett, og ein metode for å gode relasjonar, inkludering og livsmestring. Tiltaket vert og nytta i skolane som pedagogisk gaming og som timesbasert avlasting eller gruppeavlasting.

**Rundskue -** mentor-ordning og arbeidstiltak for risikoutsett ungdom mellom 12 og 19 år der det er uro kring utanforskap, risikoutsett åtferd og rusmiddelmisbruk. Målsettinga er å auke ungdom si oppleving av meistring, anerkjenning og tilhørigheit gjennom deltaking og medverknad ved bruk av mentorar og/eller arbeidstiltak. Sasting er ein del av SLT-funksjonen i kommunen og har eigen prosjektkoordinator. Satsinga er basert på tverrfagleg samarbeid og høg grad av brukarmedverknad frå ungdommen sjølv. Det er knytt ein prosjektkoordinator til satsinga.

**Barneblikk** er eit lavterskeltilbud til gravide eller til foreldre med spe-/småbarn og som har utfordringar knytt til eiga eller andre si psykiske helse og/eller rusmiddelbruk. Satsinga er eit samarbeid med helseføretaket. Ålesund kommune har eit årsverk knytt til satsinga og mottek delvis tilskot til denne. Personen som er i stillinga er jamleg til stades på dei ulike helsestasjonane i Ålesund. Det er og hovudsakleg helsestasjonane som rekruttera familiar til tiltaket og er gjerne med på samtalen saman med foreldra.

Prosjekt:

**Auka barnehagedeltaking** er eit prosjektet som har målsetting å auka barnehagedeltaking for å utjamne sosial ulikskap. Målgruppa er minioritetsspråklege barn. Tiltaket skal vere ein introduksjon til ordinær barnehage der familiane skal få kjennskap til kva barnehage er og kva type ressurs barnehage kan vere for barnet si utvikling og læring.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 28 729 | 23 933 | -4 796 | -20,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 51 214 | 22 008 | -29 206 | -132,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 48 847 | 34 000 | -14 847 | -43,7 % |
| Overføringsutgifter | 10 585 | -14 647 | -25 232 | 172,3 % |
| Finansutgifter | 2 867 | 0 | -2 867 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **142 242** | **65 294** | **-76 948** | **-117,8 %** |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Refusjoner | -34 625 | -3 000 | 31 625 | -1054,2 % |
| Overføringsinntekter | -150 | -300 | -150 | 50,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -4 863 | 0 | 4 863 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-39 638** | **-3 300** | **36 338** | **-1101,1 %** |
| **Netto resultat** | **102 604** | **61 994** | **-40 610** | **-65,5 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 26 523 | 22 890 | 23 933 | 28 729 |
| Refusjon lønn | -1 280 | 0 | 0 | -407 |
| **Sum Lønn** | **25 243** | **22 890** | **23 933** | **28 321** |
| Drift | 39 791 | 22 026 | 22 008 | 51 214 |
| Kjøp av produksjon | 44 292 | 34 000 | 34 000 | 48 847 |
| Overføringer | 13 584 | -25 865 | -14 647 | 10 585 |
| Finansutgifter | 7 954 | 0 | 0 | 2 867 |
| **Sum Utgifter** | **105 622** | **30 161** | **41 361** | **113 513** |
| Refusjoner | -33 606 | -3 000 | -3 000 | -34 218 |
| Overføringer | 0 | -300 | -300 | -150 |
| Finansinntekter | -6 317 | 0 | 0 | -4 863 |
| **Sum Inntekter** | **-39 923** | **-3 300** | **-3 300** | **-39 230** |
| **Netto resultat** | **90 942** | **49 751** | **61 994** | **102 604** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,42 % | 4,58 % | 6,00 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,44 % | 10,36 % | 11,80 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 0,88 % | 11,51 % | 12,38 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 0,45 % | 2,85 % | 3,31 % |

## Status sykefravær og HMS

Team Oppvekst har eit samla sjukefråvær for 2023 på 3,31%. Dette er ein nedgang samanlikna med same tid i fjor. Korttidsfråværet er på 0,45% medan langtidsfråværet er på 2,85%. Ei nedgang i langtidsfråværet og det samla sjukefråværet skuldast at langtidssjukmeldte har gått over på avklaring/uførepensjon i løpet av året. Det er ikkje rapportert om arbeidsrelatert fråvær.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Oppvekst | 0,35 % | 0 % | 0 % | 0,97 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,25 % | 0,48 % | 0,55 % | 1,35 % | 1,57 % |
| Langtid | Oppvekst | 10,08 % | 4,57 % | 4,29 % | 4,44 % | 4,50 % | 4,41 % | 2,58 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Samlet** | **Oppvekst** | **10,43 %** | **4,57 %** | **4,29 %** | **5,41 %** | **4,50 %** | **4,41 %** | **2,58 %** | **0,25 %** | **0,48 %** | **0,55 %** | **1,35 %** | **1,57 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 0,35 % | 0 % | 0 % | 0,97 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,25 % | 0,48 % | 0,55 % | 1,35 % | 1,57 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 10,08 % | 4,57 % | 4,29 % | 4,44 % | 4,50 % | 4,41 % | 2,58 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **10,43 %** | **4,57 %** | **4,29 %** | **5,41 %** | **4,50 %** | **4,41 %** | **2,58 %** | **0,25 %** | **0,48 %** | **0,55 %** | **1,35 %** | **1,57 %** |

# Seksjon barnehagar

## Tjenesteområdebeskrivelse

Seksjon barnehage består av 21 kommunale barnehager og driftstilskot til 38 private barnehagar.

Dei kommunale barnehagene er fordelt på 4 verksemder:

Ålesund Vest,  som består av Bemanningstenesta (fram til 1.8.23), Skarbøvik barnehage, Storhaugen barnehage, Midtbyen barnehage og Ellingsøy barnehage.

Ålesund Aust, som består av Nørve barnehage, Fagerlia barnehage, Lerstad barnehage, Ratvikåsen barnehage, Fremmerholen barnehage og Rabbevågen barnehage.

Ørskog og Skodje, som består av Stette barnehage, Valle barnehage, Prestemarka barnehage, Skodje barnehage, Årøyhaugen barnehage og Harøy barnehage frå 01.06.23.

Haram og Sandøy, som består av Tennfjord barnehage, Søvik barnehage, Hildre barnehage, Lepsøy barnehage, Haramsøy barnehage og Harøy barnehage fram til 1.6.23.

I tillegg til dei tre avdelingane har verksemda og prosjektet "Livet & sånn" (livetogsann.no). Prosjektet utarbeider gratis opplæringsmateriell for arbeid med folkehelse og livsmeistring for barn og unge i barnehagar, grunnskolar og vidaregåande skolar. Materiellet blir utarbeidd i nært samarbeid med PPT. Livet & sånn er tilgjengeleg for alle, og prosjektleiar blir stadig kontakta frå barnehagar og skolar rundt omkring i landet som ønsker å nytte materiellet.

**Bu- og avlastingtenester** gir tenester til barn, ungdom og vaksne der foreldra treng avlasting eller tiltak med barnebustad. Vilkåra for å kunne motta desse tenestene er at omsorgssituasjonen er krevjande for føresette. Verksemda driftar avlastningstenester i Borgundfjordvegen og Søvika, samt einetiltak med avlasting ved Åsesvingen. Verksemda driftar og barnebustader, i tillegg til privat avlasting i private heimar og støttekontakttenester.

Bu- og avlasting sine tenester er heimla i lov om helse- og omsorgstenester, som og regulerer bruk av tvang og makt. Dette gjer det naudsynt med rett kompetanse for å utøve den delen av lovverket på ein sikker og god måte. Tenesta er pålagd å bruke mykje tid på kompetansehevande tiltak for å kunne yte rett hjelp. Verksemda driv med langturnus og døgnturnus for å kunne drifte på ein god måte, men og for å kunne ha heiltidskultur.

Vedtak om avlastingsopphald, privat avlasting, støttekontakt og barnebustad vert fatta av verksemd Koordinering og tildeling.

**Barneverntenester** er organisert med to avdelingar og ei interkommunal barnevernvakt, avdeling nordre lokalisert i Brattvåg sentrum og avdeling Søndre, lokalisert i Ålesund sentrum. Ansvar for oppfølging av alle barn i omsorgstiltak og eit felles akutt familieteam, ligg i avdeling Søndre. Det er oppretta felles team for mottak og vurdering av bekymringsmeldingar med tilsette frå begge avdelingane.

Barnevernvakta for Sunnmøre er ein frittståande teneste, men organisatorisk underlagt avdeling Søndre. Barnevernvakta er ei interkommunal akuttvakt for alle kommunane på Sunnmøre der Ålesund kommune er vertskommune.

Lov om barneverntenester er styrande for arbeidet i verksemda, og kvalitetsindikatorar er direkte knytt til lovtekst, i tillegg til styringssignal frå kommunestyre og administrasjon.

Oppvekstreforma som trådde i kraft januar 2022 gir kommunane eit auka fagleg og økonomisk ansvar på barnevernområdet. Mellom anna medfører reforma overføring av oppgåver frå stat til kommune og meir enn ei dobling av kommunale eigenandelar på kjøp av statlege tiltak. Dette betyr at tenesta må omstille ressursane til å ivareta oppgåver som tidlegare vart utført av staten. Reforma som skal bidra til å styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats i kommunane var opprinneleg retta mot endringar i barneverntenesta. Då måla med reforma berre kan nåast gjennom endringar i heile oppvekstsektoren vert den no omtala som ei oppvekstreform.

**Integrering** har ansvar for å busette og følgje opp familiar, einslege mindreårige og vaksne flyktningar som har fått vedtak om busetting i Ålesund kommune. Alle flyktningar som vert busett etter avtale med IMDi har opphaldsløyve i Norge. Det er Ålesund kommunestyre som kvart år gjer vedtak om kommunen skal busette flyktningar, og ved positivt vedtak kor mange. Verksemd flyktning har ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av busetting og kvalifisering.

Verksemd flyktning har to avdelingar. Avdeling flyktning driv i hovudsak med mottak av flyktningar og oppfølging av desse, der integreringslova hovudsaklig styrer oppgåvene til tenesta.

Avdeling for einslege mindreårige flyktningar driv ein heildøgnsbemanna bustad for einslege mindreårige (EM) flyktningar med plass til 9 EM. Bufellesskapet er lokalisert i Vegsund.

Avdeling for tospråkleg fagopplæring var i samband med ny organisering mars 2022 flytta frå fagstab opplæring til verksemd Integrering. Avdelinga driv og Borgund dyreklubb som er ein besøksgard. Dyreklubben er eit lågterskeltilbod som har høg aktivitet.

## Utvikling og utfordringer

Auke i sakskompleksitet, auka behov for betre tilpassa og koordinerte tiltak, lange ventelister og endringar i tilstrøyming av flyktningar, er døme på utfordringar tenestene i seksjon barn familie og førebygging står ovanfor. Fleire av tenestene har uføreseielege variablar som gjer at det er vanskeleg å planlegge drifta fram i tid. Mellom anna kan både barneverntenesta og bu- og avlastingstenesta få fleire akutte saker gjennom året. Tal på flyktningar med busettingsbehov er varierande og uføreseieleg og det er krevjande å planlegge drifta år for år. Særleg barnevern, spesialpedagogiske tenester og bu- og avlastingstenestene har stor turnover og utfordringar med å rekruttere kompetent personale. Driftsåra etter kommunesamanslåinga har vore prega av stram økonomi, pandemi, i tillegg til ei dramatisk auke i tilstrøyming av flyktningar dei siste to åra. Både pandemien og flyktningstraumen har medført eit behov for å omstille ressursar. Alle verksemdene i seksjon Barn familie og førebygging er berørt av kommunedelinga.

Det er ei målsetting for heile oppvekstområdet å intensivere arbeidet med tidleg innsats og førebygging til dømes ved å etablere tverrfagleg ambulerande innsatsteam, differensiere avlastingstilbodet og auke bruk av velferdsteknologi til barn og unge. Det er og behov for å auke kapasiteten på lågterskeltilbod for å kunne yte hjelp på eit tidlegare tidspunkt.

Kommunen er no i startfasa med å innføre BTI-modellen, ein overordna modell for tverrfagleg tidleg samhandling. Modellen har som målsetting å sikre heilskapleg, tidleg og koordinert innsats ovanfor barn, unge og familiane deira. Modellen skal utviklast og implementerast i heile oppvekstområdet og deler av helseområdet. Med ein klar struktur skal BTI-modellen bidra til styrka samhandling mellom tenestene slik at dei jobbar meir målretta, effektiv og heilskapleg, og utan at det oppstår brot i

oppfølginga. Det er etablert styringsgruppe og oppretta tverrfagleg arbeidsgruppe som hadde oppstart primo oktober.

## Utvalgte resultater

Vesentlige avvik i budsjettet for barn familie og førebygging ligg i hovudsak verksemdene Pedagogisk fagsenter, Bu- og avlasting og Integrering og skuldast:

- Utgifter til spesialpedagogisk hjelp til fosterheimsplasserte barn, overføring til private barnehagar og tilretteleggingstilskot til barn i barnehagar.
- Økt behov for avlasting i institusjon for barn og unge.
- Differanse mellom mottatt integreringstilskott og direkte utgifter til flyktningar.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 4500-Pedagogisk fagsenter | 92 412 | 84 891 | -7 521 | -8,9 % |
| 4501-Helsestasjon | 55 983 | 56 130 | 146 | 0,3 % |
| 4502-Familiestøtte | 28 167 | 29 251 | 1 084 | 3,7 % |
| 4503-Bu- og avlastingstenester | 94 495 | 91 115 | -3 380 | -3,7 % |
| 4504-Barnevern | 133 528 | 132 842 | -687 | -0,5 % |
| 4505-Integrering | 135 967 | 128 415 | -7 552 | -5,9 % |
| **Sum** | **540 553** | **522 643** | **-17 910** | **-3,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Ei negativ årsprognose for seksjonen er i hovudsak knytt til verksemdene Pedagogisk fagsenter, Bu- og avlasting og Integrering. Fleire av verksemdene har fått innsparingskrav for 2023. Dette har ført til ein utfordrande driftssituasjon. Kommunen vedtok å ta i mot 300 flyktningar for 2023. Meirforbruket i verksemd Integrering blir dekka inn av integreringstilskot. Kommunen har mottatt om lag 20 million kroner meir i integreringstilskot enn revidert budsjett, og differansen mellom mottatt integreringstilskot og direkte utgifter(hos verksemd Integrering) er på om lag 25 million kroner. Dette inkludert rekneskapet til Tospråklege faglærarar som frå 2022 er ein del av verksemd Integrering.

For verksemd Pedagogisk fagsenter er meirforbruket knytt til spesialpedagogisk hjelp til fosterheimsplasserte barn, overføring til private barnehagar og tilretteleggingstilskot etter §37 i barnehagelova. Kommunen har høge utgifter på desse områda. Det er sett i gang eit arbeid med å redusere omfanget av vedtak om tilrettelegging. Dette er eit endringsarbeid som vil ta tid. Alle ansvarsområda i Pedagogisk fagsenter driftar elles innanfor rammene når det gjeld løn og personalkostnader.

For verksemd Bu- og avlasting er meirforbruket knytt til at det vert tildelt tenester utanfor ramma, mellom anna på grunn av auka behov for avlasting i institusjon, auka krav til kompetanse og pålegg frå Statsforvaltaren. Tenesta har likevel gjort eit godt arbeid for å redusere eit stort meirforbruk og jobbar med å endre tenestene til lågare nivå i innsatstrappa. Verksemda skal frå våren 2024 flytte inn i ny barne- og avlastingsbustad, noko som vil gi auka moglegheiter for meir differensierte avlastingstenester.

Etter at oppvekstreforma vart gjeldande frå 2022 har barneverntenesta fått ei kraftig auke i utgifter til statlege tiltak og i utgifter til fosterheimar som kommunen tidlegare mottok refusjon for. Dette er det ikkje kompensert tilstrekkeleg for i budsjettet. Verksemda har stort sett drifta innan for budsjettramme i 2023, men har eit lite meirforbruk per desember 2023. Tenesta har fleire usikre variablar, mellom anna plikta til akuttplassering av barn og unge dersom vilkåra i lova er oppfylt. Dette betyr at kostnadar til barn og unge som for ein periode må bu utanfor heimen på institusjon eller i beredskapsheim, er uføreseielege. Barneverntenesta arbeider systematisk for at institusjonsopphald ikkje skal vare lengre enn høgst nødvendig. Ei tilbakeføring til heimen kan likevel vere krevjande då kapasiteten på heimebaserte tiltak i Familiestøttande tenester og i kommunen elles, er lav. Sjølv om det per no er færre ungdommar i institusjon enn tidlegare, har den einskilde plassering langt høgare kostnadar.

Helsestasjonen har eit knapt mindreforbruk. Verksemda fekk eit innsparingskrav på omlag 3,8 millionar for 2023. Drifta av verksemda har vore sterkt utfordra av gjeldande krav til innsparing då dette er innfridd med vakante stillingar gjennom heile året.

Helsestasjonen fekk frå hausten 2023 pålagt oppgåva med drift av vaksinestasjon som omhandlar massevaksinasjon av covid- og influensavaksine. Sjølv om vaksineringa medfører ei inntekt, gir det og verksemda ekstra kostnadar til personalressursar, vaksiner og anna utstyr til formålet som det ikkje er budsjettdekking for.

Verksemd familiestøtte har ved årsslutt eit mindreforbruk som skuldast vakante stillingar gjennom året. Det vert ikkje leigd inn vikarar ved sjukefråvær. Dette medfører redusert kapasitet til å gi naudsynt hjelp, støtte og rettleiing til barn, unge og familiane deira, og gir lengre ventetid og lange ventelister.

## Oppsummering tiltak

Verksemdene arbeider systematisk for å sikre gode tenester og å vere ein god arbeidsplass for dei tilsette. Det vert kontinuerleg arbeidd for å nytte dei ressursane ein har på ein best mogleg måte. Fleire av verksemdene skal sørve store områder og arbeidsoppgåvene vert planlagt så godt som mogleg for å nytte arbeidstida og redusere køyretid.

I dei verksemder/avdelingar som ikkje har turnustenester vert det så langt som mogleg ikkje leigd inn vikarar ved fråvær som gir refusjonar. Det vert ikkje gjort innkjøp ut over det som her heilt naudsynt for å kunne drifte forsvarleg og i tråd med regelverk. Leiarar er involvert i alle innkjøpsprosessar. Kompetansehevande tiltak som ikkje er eksternt finansiert vert ikkje prioritert. Det vert søkt eksterne midlar til utdanning og engasjementstillingar.

### Pedagogisk fagsenter

Eit viktig tiltak for å redusere kostnadar knytt til drift er å samlokalisere alle avdelingane i Pedagogisk fagsenter. Tenesta er ikkje stadbunden og skal yte tenester til alle barnehagar og skular i heile kommunen og Fjord kommune. Verksemda er no fordelt på 4 lokasjonar. Desse lokasjonane ligg i utkantane av kommunen og langt frå pressområda. Sjølv om det er innført tiltak for å redusere utgifter til forflytning er det framleis store kostnadar knytt til dette. Det medfører og ineffektiv bruk av personalressursar.

### Helsestasjon

Verksemda arbeider systematisk med å halde driftsutgiftene så låge som mogleg. Tenesta har gjennom 2023 hatt høgt sjukefråvær og vakante stillingar. Det vert så langt som mogleg ikkje leigd inn vikarar til fråvær som gir refusjonar. Dette gir reduserte driftsutgifter, men og ei innskrenking i kva oppgåver

tenesta kan gi befolkninga. Konsekvensar av innsparingstiltak er fråvær av skulehelseteneste ved enkelte skular. Det er ei bekymring for kor berekraftig dette er på sikt. I tillegg til dette er det ei auke i lovpålagte oppgåver, noko som medfører at tenesta i mindre grad og tidvis ingen grad, maktar å drive førebyggande arbeid. Det er stor slitasje i personalgruppa relatert til dei omfattande endringane som følge av HP, kommunedeling, pandemitiltak og stramme økonomiske føringar for å nemne dei største faktorane.

Verksemda har ei utfordring knytt til dei statleg finansierte engasjementstillingane då desse stillingane etter kvart gir rett til fast tilsetting. Dette omfattar omlag 7 stillingar i løpet 2024. Dei statleg finansierte stillingane har som målsetting at tenesta skal kome på nasjonal norm for helsesjukepleiarar. Trass tilskot over fleire år er tenesta per no ikkje på nasjonal norm frå 2010.

**Familiestøtte**

Verksemda jobbar systematisk med å redusere utgifter til drift. Tenesta har vakante stillingar og det vert ikkje leigd inn vikarar ved sjukefråvær.
Det er låg kapasitet på heimbaserte tiltak og verksemda har lange ventelister. Dette har som konsekvens at fleire barn, unge og familiane deira ikkje får rett hjelp til rett tid.

**Bu- og avlasting**

For å halde driftsutgiftene så låge som mogeleg vert alle søknadar og tildelte tenester om avlasting jamleg gjennomgått for å kunne evaluere og revurdere tilbod som er tildelt. Det er sett faste evalueringstidspunkt gjennom året. Dette har vore praktisert dei siste par åra og arbeidet har gitt positive resultat. Det vert og gjort kontinuerlege vurderingar for å redusere bemanningsfaktorar på tiltak som er høgt bemanna. Det er starta opp aktivitetsbasert timesavlasting i tillegg til ordinær døgnavlasting. Det vert og jobba med å etablerte ambulant støtteteam for veiledning i heimen for å førebygge høgt nivå på institusjonsavlasting.

**Barnevern**

Tenesta jobbar systematisk med å redusere kostnadar knytt til ungdom i institusjon og for at fleire unge med alvorlege kriminalitets- og åtferdsvanskar skal få oppfølging i heimen. Dette er utfordrande då det er låg kapasitet på tiltak i kommunen. Verksemda har lågare driftsutgifter på grunn av vakansar, permisjonar og sjukefråvær. Det vert ikkje nytta vikarar i samband med dette fråværet. Det er føretatt ein gjennomgang og justering av løn til fosterheimar. Lønsnivået er no lågare enn tidlegare. Det er gjennomført en omdisponering av personalressursar og etablert eit eige veiledningsteam. Terskelen for å yte førebyggande hjelpetiltak er og heva.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 435 758 | 416 727 | -19 030 | -4,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 118 532 | 116 209 | -2 322 | -2,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 51 609 | 41 215 | -10 393 | -25,2 % |
| Overføringsutgifter | 17 644 | -12 280 | -29 924 | 243,7 % |
| Finansutgifter | 2 594 | 0 | -2 594 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **626 136** | **561 872** | **-64 263** | **-11,4 %** |
| Salgsinntekter | -2 472 | -11 037 | -8 565 | 77,6 % |

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Refusjoner | -74 663 | -28 192 | 46 472 | -164,8 % |
| Overføringsinntekter | -315 | 0 | 315 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -8 132 | 0 | 8 132 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-85 583** | **-39 229** | **46 353** | **-118,2 %** |
| **Netto resultat** | **540 553** | **522 643** | **-17 910** | **-3,4 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 384 285 | 391 294 | 416 727 | 435 758 |
| Refusjon lønn | -20 780 | 0 | 0 | -24 694 |
| **Sum Lønn** | **363 505** | **391 294** | **416 727** | **411 063** |
| Drift | 84 627 | 94 576 | 116 209 | 118 532 |
| Kjøp av produksjon | 46 942 | 40 332 | 41 215 | 51 609 |
| Overføringer | 14 902 | -23 109 | -12 280 | 17 644 |
| Finansutgifter | 6 269 | 0 | 0 | 2 594 |
| **Sum Utgifter** | **152 740** | **111 799** | **145 145** | **190 378** |
| Brukerbetaling | -2 194 | -10 544 | -11 037 | -2 472 |
| Refusjoner | -52 982 | -27 410 | -28 192 | -49 969 |
| Overføringer | -464 | 0 | 0 | -315 |
| Finansinntekter | -5 397 | 0 | 0 | -8 132 |
| **Sum Inntekter** | **-61 037** | **-37 954** | **-39 229** | **-60 888** |
| **Netto resultat** | **455 208** | **465 139** | **522 643** | **540 553** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,97 % | 5,87 % | 7,84 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,02 % | 7,92 % | 9,94 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,60 % | 8,57 % | 11,17 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,88 % | 8,73 % | 10,61 % |

## Status sykefravær og HMS

Seksjon barn familie og førebygging har eit samla sjukefråvær hittil i år på 11,32%. Korttidsfråværet er på 3,53%, medan langtidsfråværet er på 7,79%. Fråværet er for høgt samanlikna med måla som er sett for kommunen og dei ulike verksemdene. Det er særleg langtidsfråværet i nokre verksemder som ligg høgt.

Pedagogisk fagsenter har eit samla sjukefråvær på %. Dette er ein nedgang på om lag 3% samanlikna med 2022. Korttidsfråværet er på 1,85% medan langtidsfråværet er på 11,10%. Verksemda arbeider systematisk for å redusere sjukefråværet, og følgjer opp sine sjukmelde etter gjeldande reglar og rutiner. Samlokalisering av tenestene vil gi betre tilhøve for å arbeid systematisk for å få ned sjukefråværet i verksemda. Tenesta har stort arbeidspress og lange ventelister noko som gir stor slitasje på dei tilsette. Dei tilsette har ikkje rapportert at tilhøve ved arbeidsplassen er grunn for fråværet, men verksemda har vore gjennom store endringar over tid, og har vore sterkt berørt av kommunedelinga.

Helsestasjonstenesta har eit samla sjukefråvær på 8,09%. Langtidsfråværet er på 6,52% medan korttidsfråværet er på 1,57%. Det er avklarte årsaker til fråvær og som ikkje er arbeidsrelaterte. Arbeidsgivar har gode rutinar for å følgje opp fråværet og legg til rette for at tilsette skal kunne kome tilbake til tilpasse oppgåver i den grad det er mogleg.

Verksemd Familiestøtte har eit samla sjukefråvær per desember på 8,63%. Dette er ein nedgang på om lag 3% samanlikna med 2022. Langtidsfråværet er på 6,49%, medan korttidsfråværet er på 2,14%. For den einskilde har det vore tilrettelagt for justering av til dømes oppgåver og fysiske tilretteleggingar. Vidare har ein arbeida med arbeidsmiljø gjennom fagdagar.

Ved avdeling familiestøttande tenester er noko av fråværet rapportert å vere arbeidsrelatert, då det i samtaler med enkelte kjem fram at einskilde tilsette opplever stress rundt venteliste/arbeidssituasjonen og at ein ikkje strekk til i høve alle som treng hjelp og støtte. Dei sjukmeldte vert fylgt opp gjennom sjukefråværsprosedyre og det er god dialog med den einskilde tilsette rundt behov for tilrettelegging og fokus på funksjonsevne i arbeidet.

I Bu- og avlastingstenesta er samla sjukefråvær for 2023 på 14,29%. Korttidsfråværet er på 1,71%, medan langtidsfråværet er på 12,58%. For verksemda har 2023 vore eit år prega av mykje langtidsfråvær. Mykje av fråværet skuldast svangerskaps- eller foreldrepermisjonar. På grunn av innhaldet i tenestene med turnus og krevjande brukarar kan det vere vanskeleg å tilretteleggje for den einskilde arbeidstakar. Per no er det fleire som er ute grunna dette. Fleire tilsette har hatt fysiske skader eller kroniske lidingar som og har vore framtredande dette året. Det er ei utfordring å ivareta alle tilsette når fleire er ute samstundes. Dette gir og ekstra belasting på øvrige personalet. Avdelingsleiarane ivaretek den einskilde tilsette etter prosedyre.

I Barneverntenesta er det samla sjukefråværet hittil i år på 10,91%. Langtidsfråværet er på 8,40% medan korttidsfråværet er på 2,51%. Fråværet skuldast kroniske sjukdommar, skader/belastningar og svangerskapsrelaterte helseplager. Dei sjukemeldte oppgir i liten grad arbeidsrelaterte belastningar som årsak til sjukmelding. Dei sjukmeldte vert fylgt opp med samtalar og tilrettelegging av arbeidsplass/-oppgåver der dette er mogleg.

For verksemd Integrering er det samla sjukefråværet hittil i år på 4,65%. Langtidsfråværet er på 3,04% medan korttidsfråværet er på 1,61%. Det er ikkje rapporter arbeidsrelatert fråvær. Langtidssjukmeldte vert fylgt opp av avdelingsleiar etter gjeldande prosedyrer.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Pedagogisk fagsenter | 2,36 % | 1,78 % | 2,38 % | 2,04 % | 1,69 % | 1,04 % | 0,84 % | 1,62 % | 2,89 % | 1,66 % | 2,66 % | 1,00 % |
| Langtid | Pedagogisk fagsenter | 17,02 % | 13,51 % | 12,21 % | 10,69 % | 11,42 % | 10,05 % | 7,26 % | 10,95 % | 7,18 % | 9,49 % | 12,88 % | 10,37 % |
| **Samlet** | **Pedagogisk fagsenter** | **19,38 %** | **15,29 %** | **14,59 %** | **12,73 %** | **13,11 %** | **11,09 %** | **8,10 %** | **12,57 %** | **10,07 %** | **11,15 %** | **15,54 %** | **11,37 %** |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Helsestasjon | 3,18 % | 2,01 % | 1,62 % | 0,63 % | 1,06 % | 1,09 % | 0,84 % | 2,21 % | 1,33 % | 1,21 % | 2,34 % | 0,86 % |
| Langtid | Helsestasjon | 5,85 % | 5,61 % | 3,66 % | 3,61 % | 8,26 % | 8,73 % | 6,84 % | 4,84 % | 6,38 % | 6,52 % | 8,24 % | 10,04 % |
| **Samlet** | **Helsestasjon** | **9,03 %** | **7,62 %** | **5,28 %** | **4,24 %** | **9,32 %** | **9,82 %** | **7,67 %** | **7,05 %** | **7,71 %** | **7,73 %** | **10,58 %** | **10,90 %** |
| Korttid | Familiestøtte | 1,51 % | 2,12 % | 2,48 % | 0,91 % | 2,61 % | 1,16 % | 1,36 % | 2,48 % | 2,36 % | 2,58 % | 3,17 % | 2,69 % |
| Langtid | Familiestøtte | 10,65 % | 8,50 % | 6,47 % | 8,35 % | 6,89 % | 6,48 % | 4,37 % | 4,84 % | 4,11 % | 5,38 % | 7,46 % | 4,95 % |
| **Samlet** | **Familiestøtte** | **12,16 %** | **10,62 %** | **8,94 %** | **9,25 %** | **9,51 %** | **7,64 %** | **5,73 %** | **7,32 %** | **6,48 %** | **7,97 %** | **10,64 %** | **7,64 %** |
| Korttid | Bu- og avlastingstenester | 2,80 % | 2,09 % | 1,36 % | 0,91 % | 1,31 % | 0,94 % | 1,45 % | 1,72 % | 1,45 % | 2,03 % | 2,49 % | 1,99 % |
| Langtid | Bu- og avlastingstenester | 13,13 % | 14,72 % | 15,69 % | 13,39 % | 15,83 % | 11,81 % | 10,34 % | 11,55 % | 13,48 % | 11,69 % | 10,85 % | 9,37 % |
| **Samlet** | **Bu- og avlastingstenester** | **15,93 %** | **16,81 %** | **17,05 %** | **14,30 %** | **17,14 %** | **12,75 %** | **11,80 %** | **13,27 %** | **14,93 %** | **13,72 %** | **13,35 %** | **11,36 %** |
| Korttid | Barnevern | 2,63 % | 2,13 % | 3,04 % | 1,97 % | 3,72 % | 4,13 % | 1,20 % | 2,23 % | 1,41 % | 2,57 % | 3,59 % | 1,15 % |
| Langtid | Barnevern | 6,76 % | 5,49 % | 8,21 % | 8,73 % | 7,61 % | 4,34 % | 3,23 % | 5,85 % | 7,96 % | 11,24 % | 15,83 % | 16,48 % |
| **Samlet** | **Barnevern** | **9,39 %** | **7,62 %** | **11,25 %** | **10,71 %** | **11,34 %** | **8,47 %** | **4,43 %** | **8,08 %** | **9,36 %** | **13,82 %** | **19,42 %** | **17,63 %** |
| Korttid | Integrering | 2,64 % | 0,80 % | 1,63 % | 0,85 % | 2,42 % | 1,20 % | 0,05 % | 2,74 % | 1,85 % | 1,58 % | 1,04 % | 2,30 % |
| Langtid | Integrering | 5,82 % | 6,40 % | 4,01 % | 1,73 % | 1,19 % | 1,05 % | 0,67 % | 1,33 % | 2,67 % | 5,20 % | 2,75 % | 3,52 % |
| **Samlet** | **Integrering** | **8,47 %** | **7,19 %** | **5,64 %** | **2,58 %** | **3,61 %** | **2,25 %** | **0,72 %** | **4,07 %** | **4,52 %** | **6,78 %** | **3,78 %** | **5,82 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,62 % | 1,88 % | 2,05 % | 1,25 % | 2,04 % | 1,59 % | 1,03 % | 2,08 % | 1,83 % | 1,91 % | 2,56 % | 1,57 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 10,20 % | 9,52 % | 9,23 % | 8,42 % | 9,50 % | 7,93 % | 6,33 % | 7,41 % | 7,78 % | 8,81 % | 10,22 % | 9,69 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **12,81 %** | **11,40 %** | **11,28 %** | **9,67 %** | **11,54 %** | **9,52 %** | **7,36 %** | **9,49 %** | **9,61 %** | **10,72 %** | **12,78 %** | **11,26 %** |

## Samfunn

### Tjenesteområdebeskrivelse

Kommunalområdet har ei sentral rolle for å byggje, utvikle og forme våre fysiske omgjevnadar; både i by- og tettstadsområda og i dei mindre tettbygde delane av kommunen. Kommunalområdet er samansett av svært ulike fag- og tenesteområde, som er gjensidig avhengige av kvarandre for å kunne levere effektive og gode samfunnstenester. Denne bredden er spanande og gir økte mogelegheiter for tverrfagleg samarbeid.

Hovudprosessane i kommunalområdet kan delast inn i oppgåver for tenesteyting, utøving av mynde, samfunnsutvikling og som demokratisk arena. I tillegg kjem oppgåver som i større grad kan definerast som tverrgåande prosessar. Alle oppgåvene skal bidra til at kommunen blir oppfatta som ei samskapingskommune.

Kommunalområdet har i overkant av 400 tilsette, som er organisert i 6 verksemder og i kommunalsjefen sitt team.

Dei seks verksemdene er:

- Vatn og avløp
- Miljø og samferdsel
- Plan og bygning
- Kultur og fritid
- Kulturskule
- Innbyggartorg og bibliotek

I 2023 har ein vore gjennom ei omorganisering i verksemd Vatn og avløp. Det har også vore gjennomført ei samanslåing av verksemd Plan og geodata og verksemd Byggesak og oppmåling, den nye verksemda heiter Plan og bygning.

Kommunalområdet har ei rekke oppgåver som grensar nært til oppgåvene i andre delar av kommuneorganisasjonen, kommunale foretak og selskap. Dette føreset god samhandling og dialog internt og med innbyggjarar, næringsliv og andre fag- og undervisningsmiljø. Kommunalområdet har fokus på å legge til rette for samhandling gjennom møteplassar, nettverk, digitalisering og nye arbeidsformer.

## Utvikling og utfordringer

Kommunalområdet står framfor store oppgåver som er spennande, men også krevjande. Det er allereie synleg at dei økonomiske rammene og tilgangen på kompetanse ikkje vil strekke til på alle område. Vi ser at nødvendige administrative og stabsrelaterte oppgåver tek tid og kapasitet frå personell med god fagkompetanse. Vi må rigge oss slik at vi klarer å løfte blikket og tenke strategisk i alle ledd. Dersom ein har for liten kapasitet i fagområda blir alle ressursar, også leiarressursane, operative. Dette er ei utvikling som ikkje er tenleg for tenesteområda over tid. Dersom vi ønskjer at kommunen skal vere ein attraktiv og aktiv samfunnsbyggjar i framtida, så må vi ta inn over oss at det kostar meir å drive desse tenestene enn det vi har sett av til drift til no.

Både Bypakke Ålesund, vass- og avløpssituasjonen og utbygging av Sørsida er svært store og komplekse utviklingsprosjekt som krev ressursar av alle verksemdene i kommunalområdet. Desse prosjekta påverkar heile kommunen sin attraktivitet og utvikling, og bygg opp om Ålesund kommune sin visjon; nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Vekst, utvikling og omstilling som endrar arealbruk krev offentleg medverknad gjennom planlegging og behandling av søknadar etter plan og bygningslova, delingslova og matrikkellova. Næringslivet hevdar at samspelet med kommunen, effektiv saksbehandling av saker som gjelder arealdisponering og handsaming av byggjesaker, er det viktigaste kommunen kan bidra med for å bevare og utvikle ein velfungerande privat sektor. Offentlege byggjeprosjekt er også avhengig av saksbehandling og godkjenning etter plan og bygningslova for å kunne realiserast. Derfor er det krevjande at arealdelen til kommuneplanen ikkje er oppdatert, og at ein har mange gamle reguleringsplanar i fleire av kommunedelane. Vi ser at arealpolitikken ikkje vert så strategisk og langsiktig som kommunen er tent med, og det medfører lite effektiv plan- og byggesakshandsaming med mange dispensasjonar. Dette er heldigvis ein situasjon i endring, då rullering av arealdelen til kommuneplanen er prioritert for oppstart i 2024, gjennom vedtak av budsjett- og økonomiplan i desember 2023.

Kommunen har eit stort etterslep på handsaming av saker knytt til avløpsreinsing, og dei fleste anlegg oppfyller ikkje dei reinsekrav som no er sett av myndigheitene. Det arbeidast med kortsiktige og langsiktige tiltak og planar knytt til desse anlegga. Den største konsekvensen av manglande reinsing er at kommunen ikkje kan godkjenne byggjesaker som gir auka belastning på anlegg som ikkje er godkjent. Det vert lagt til grunn at kommunen gjennom prosessen med utbygging avKongshaugen reinseanlegg,

kan får mellombels unntak frå byggjestopp i områda som etter planen skal overførast dit. Ei slik løysing vil kunne opne opp for vidare utvikling og bygging i områder som det no ligg store restriksjonar på.

Arbeidet med kommunedeling har tatt mykje tid i 2023, og har påverka alle ledd i organisasjonen. Bygging av ei ny kommune inneber ei ny arbeids- og oppgåvefordeling innafor alle verksemdene i kommunalområdet. Kommunalområdet er frå før i ein krevjande bemanning- og ressurssituasjon, og denne omprioriteringa av fokus og ressursar har gått ut over den ordinære produksjonen og viktige utviklingsoppgåver i 2023.

Omdømet til kommunen er nært knytt til våre arbeidsrutinar og evne til å kommunisere med innbyggjarane. Målet er å bli oppfatta som ein strategisk, tydeleg og føreseieleg samarbeidspart. Vi må forenkle våre arbeidsprosessar og ta i bruk digitale verktøy, som kan gjere det lettare både for dei tilsette og innbyggjarar. Det er viktig at innbyggjarane heng med i utviklinga, og verksemd Innbyggartorg og bibliotek har i 2023 jobba med fleire prosjekt som har til formål å utvikle innbyggarane i digitale flater og bruk av programvare. "Den digitale innbyggar" er eit godt døme på samskaping for å fremje digital inkludering.

Vi legg til grunn at kommuneøkonomi og rekruttering vil bli utfordrande både lokalt og nasjonalt i åra framover. Dette vil innebere endringar i tenestetilbodet frå kommunen og vil skape eit enda større behov for å ta i bruk nye arbeidsmåtar. Vi må arbeide med digitalisering i ulike former og innanfor alle fagområda. Slik utvikling frigjer tid til rettleiing, utvikling og kvalitetssikring og kan bidra til å dreie arbeidet over til meir fokus på utvikling og forbetring av tenestene.

Etter pandemien ser vi eit auka behov for uformelle henge- og møteplassar med uforpliktande tilbod om ulike aktivitetar. Ein vil derfor styrke ungdomsklubbane og tilbodet der. Vi ser no at ungdomsmiljøet i fleire kommunedelar hardnar til og vi må satse meir på førebygging internt i tenesteområda og saman med frivillige, for å skape gode og inkluderande lokalsamfunn. Denne satsinga på tidleg innsats gjeld heile kommuneorganisasjonen, som saman må samarbeide om å finne gode løysingar på ei krevjande utfordring. Eit godt eksempel på ei slik satsing er Betre tverrfagleg innsats (BTI). Kommunalområde Samfunn driv, eller er involvert i, dei fleste tilboda som finst til born og unge etter skuletid, som til dømes Ung i Ålesund, biblioteka, Ålesund kulturskule og kultur- og idrettshallane.

Utfordringane er mange, men fordelen er at vi har mange å spele på lag med. Vi har innbyggjarar og næringsaktørarar som satsar både tid og pengar på å samarbeide med kommunen for å gjere regionen attraktiv. Vi har lukkast med å utvikle og profesjonalisere mange av våre tenester dei seinare åra, og vi bygg omdømet vårt gjennom dyktige medarbeidarar som står fram i media med konkrete prosjekt og som deltek med sitt samfunnsengasjement på ulike arenaer.

## Status økonomi per tjeneste

*Beløp i 1000*

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Politisk styring | -45 | 600 | 600 | 645 | 107,5 % |
| Administrasjon | 13 685 | 20 186 | 19 975 | 6 290 | 31,5 % |
| Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen | 86 | 0 | 0 | -86 | 0,0 % |
| Administrasjonslokaler | 19 941 | 21 268 | 22 113 | 2 172 | 9,8 % |
| Diverse fellesutgifter | 160 | -3 255 | 173 | 13 | 7,4 % |
| Internsalg (brukes kun etter avtale med økonomi) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Skolefritidstilbud | -2 | 0 | 0 | 2 | 0,0 % |
| Skolelokaler | -2 | 0 | 0 | 2 | 0,0 % |
| Skoleskyss | 689 | 0 | 1 039 | 350 | 33,7 % |

| Tjeneste | Regnskap 2023 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Aktivitetstilbud barn og unge | 5 285 | 4 991 | 6 116 | 831 | 13,6 % |
| AKTIVISERINGS- OG SERVICETJENESTER TIL ELDRE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDSETTELS | 27 | 401 | 401 | 374 | 93,3 % |
| Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | -1 177 | -950 | -906 | 272 | 30,0 % |
| Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde | -12 | 2 383 | 2 941 | 2 953 | 100,4 % |
| Plansaksbehandling | 12 388 | 12 569 | 13 101 | 713 | 5,4 % |
| BYGGESAKSBEHANDLING, OPPRETTELSE OG ENDRING AV EIENDOM OG EIERSEKSJONERING | 7 198 | 9 068 | 10 184 | 2 987 | 29,3 % |
| Kart og oppmåling | 11 686 | 12 955 | 13 823 | 2 137 | 15,5 % |
| Kommunal næringsvirksomhet | -270 | 0 | 11 | 281 | 2552,1 % |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 1 394 | 1 517 | 1 570 | 176 | 11,2 % |
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling | 3 163 | 3 088 | 3 259 | 96 | 2,9 % |
| Samferdsel og transporttiltak | -1 034 | -1 169 | -956 | 78 | 8,1 % |
| Kommunale veier | 74 744 | 48 272 | 52 222 | -22 522 | -43,1 % |
| Rekreasjon i tettsted | 5 883 | 4 898 | 6 893 | 1 010 | 14,7 % |
| Forebygging av branner og andre ulykker | 84 | 170 | 170 | 86 | 50,4 % |
| Beredskap mot branner og andre ulykker | 3 | 0 | 0 | -3 | 0,0 % |
| Produksjon av vann | 10 868 | 15 222 | 15 222 | 4 354 | 28,6 % |
| Distribusjon av vann | -10 299 | -15 222 | -15 222 | -4 924 | -32,3 % |
| Avløpsrensing | 35 175 | 24 083 | 24 083 | -11 092 | -46,1 % |
| Avløpsnett og innsamling av avløpsvann | -21 316 | -24 083 | -24 083 | -2 767 | -11,5 % |
| Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l. på små avløpsanlegg | 69 | 0 | 0 | -69 | -3455733,5 % |
| Innsamling, gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall | 7 | 0 | 0 | -7 | -345864,0 % |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 2 652 | 2 653 | 2 511 | -141 | -5,6 % |
| Kulturminneforvaltning | 5 | 0 | 0 | -5 | 0,0 % |
| Bibliotek | 17 739 | 19 231 | 16 419 | -1 321 | -8,0 % |
| Kino | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Muséer | 3 809 | 3 878 | 3 878 | 69 | 1,8 % |
| Kunstformidling | 4 413 | 4 770 | 4 884 | 471 | 9,7 % |
| Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg | 16 239 | 11 841 | 13 151 | -3 088 | -23,5 % |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 7 879 | 8 316 | 8 635 | 756 | 8,8 % |
| Kulturskoler | 26 435 | 23 374 | 24 813 | -1 623 | -6,5 % |
| Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg | 10 935 | 7 467 | 13 913 | 2 977 | 21,4 % |
| Kommunale kulturbygg | 11 813 | 9 742 | 6 613 | -5 199 | -78,6 % |
| Gravplasser og krematorier | 322 | 0 | 0 | -322 | 0,0 % |
| **Sum** | **270 622** | **228 264** | **247 545** | **-23 077** | **-9,3 %** |

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 6100-Innbyggartorg og bibliotek | 57 751 | 59 374 | 1 623 | 2,7 % |
| 6200-Kulturskule | 31 588 | 29 789 | -1 799 | -6,0 % |
| 6300-Kultur og fritid | 44 734 | 44 822 | 88 | 0,2 % |
| 7000-Samfunn | 5 832 | 9 020 | 3 188 | 35,3 % |
| 7100-Vatn og avløp | 13 851 | 1 049 | -12 802 | -1220,9 % |
| 7200-Miljø og samferdsel | 84 657 | 64 867 | -19 790 | -30,5 % |
| 7300-Byggesak og oppmåling | 32 208 | 38 625 | 6 416 | 16,6 % |
| **Sum** | **270 622** | **247 545** | **-23 077** | **-9,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapen til kommunalområdet syner eit meirforbruk opp mot budsjett.

Dette skuldast i hovudsak eit større meirforbruk for verksemd miljø og samferdsel. Innsparingstiltak har vore iverksett, men det tek tid før ein ser effekten. Mellom anna har det vore utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid og det er sett igang eit arbeid med å kutte i tenester og innkjøp.

Det er også eit meirforbruk i verksemd kulturskule. Meirforbruket knyter seg i all hovudsak til auka utgifter til løn, bilgodtgjersle/reiseutgifter ved desentralisert undervisning, husleige og oppvarming av lokaler. Det er sett i gang eit arbeid for å sjå på meir effektiv drift i 2024.

Rekneskapet til verksemd plan og bygning syner eit mindreforbruk opp mot budsjett. Dette skuldast hovudsakleg vakansar og refusjon for sjukefråvær. Det er verdt å merke seg at ein har greidd å få inn meir inntekter enn forventa dersom ein samanlikar det med ressurssituasjonen, dette er takka vere godt arbeid frå alle dei tilsette i verksemda som har gjort ein særskilt god innsats i 2023 når det gjeld sakshandsaming.

Rekneskapet for ansvar 700 Samfunn syner eit mindreforbruk i 2023. Fleire stillingar har stått vakante delar av 2023, og det var ein stor ressursbruk inn mot kommunedelinga som vert dekt gjennom delingsbudsjettet.

Rekneskapet for verksemd innbyggartorg og bibliotek syner eit mindreforbruk. Bakgrunnen for dette er uvanleg låge straumkostnader for Rådhusdrift og vakansar utan vikar på Innbyggartorg.

Det er streng budsjettdisiplin i kommunalområdet og det vurderast fortløpande å innføre konkrete innsparingstiltak.

## Grafer Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**

## Driftsutgifter




## Driftsinntekter



## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedtatt totalt | Påløpt totalt | Årets budsjett Rev. bud. | Regnskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Aksla stadion - rehabilitering | 0 | 803 | 0 | 803 | Ikke vurdert |
| Borgundfjordprosjektet "Renere fjord" | 11 077 | 12 998 | 1 280 | 4 994 | Iht. plan |
| BRM prioriterte tiltak | 6 200 | 3 998 | 6 200 | 3 981 | Iht. plan |
| Fornying av avløpsrenseanlegg - VA | - | - | 10 000 | 5 130 | Forsinket |
| Forurensa grunn - Gassverktomta | 7 063 | 4 215 | 2 547 | 1 219 | Iht. plan |
| Forurensa grunn - Spjelkavik arena | 20 000 | 9 366 | 20 000 | 9 366 | Ikke vurdert |
| Fremmerholen vassbehandlingsanlegg | 892 865 | 78 968 | 34 500 | 27 207 | Iht. plan |
| Generelle investeringar - VA | - | - | 45 000 | 45 153 | Iht. plan |
| Grunnerverv | - | - | 500 | 72 | Iht. plan |
| Grøntområde | - | - | 4 105 | 1 035 | Iht. plan |
| Inventar og utstyr mv. ved rådhus og tenestehus | 500 | 109 | 500 | 109 | Iht. plan |
| Investeringar rådhusdrift | 950 | 1 404 | 408 | 862 | Forsinket |
| Kongshaugen reinseanlegg | 1 475 005 | 69 524 | 64 900 | 42 625 | Iht. plan |
| Leidningsfornying og separering - VA | - | - | 80 000 | 105 324 | Iht. plan |
| Maskiner og utsyr - Miljø og samferdsel | - | - | 3 446 | 3 405 | Iht. plan |
| Oppgradering av veganlegg, hovudplan | - | - | 30 000 | 38 302 | Iht. plan |
| Plan Brosundtunnelen | 1 000 | 3 206 | 1 000 | 3 206 | Iht. plan |
| Sanering av kommunale direktеutslepp - Avløp | - | - | 10 000 | 6 223 | Forsinket |
| Veganlegg | - | - | 34 000 | 23 080 | Iht. plan |
| Sum øvrige prosjekter | | | 132 579 | 177 351 | |
| **Sum** | | | **480 965** | **499 446** | |

## Statustekst investeringer

**Borgundfjordprosjektet "Renere fjord"**
Dette er eit prosjekt som vil gå over fleire år for å rydde opp i forureining i Aspevågen. Miljødirektoratet gir inntil 75 % tilskot til arbeidet, og framdrifta må tilpassast kva tid tilskot til arbeidet vert løyvd. Prosjektet er inne i ein planleggingsfase der det vert tatt supplerande undersøkingar. I 2022 er tidlegare tiltaksplan frå 2015 revidert. I 2023 er det gjennomført supplerande undersøkingar, detaljprosjektering av tiltak og gjennomføring av usikkerheitsanalyse. Kostnadsplanen er oppdatert med tal frå usikkerheitsanalysa. I oktober 2023 meldte Miljødirektoratet prosjektet inn til statsbudsjettet for 2025.

**BRM prioriterte tiltak**
Ferdigstillt prosjekt 2023/2024

- Forprosjekt Harald Torsviks plass, Korsatunnelen og St Olavs Plass ferdigstilt januar 2024

Pågående prosjekter med forventet gjennomføring 2024

- Detaljprosjektering Harald Torsviks plass, Korsatunnelen og St Olavs Plass
- Sjøholt Sjøtrappa

<u>Oppstart 2024</u>

- Byromsstrategi/Sentrumsstrategi

**Fornying av avløpsrenseanlegg - VA**
Det er knytta fleire delprosjekt til dette hovudprosjektet, blant anna:

- RA2 Aspøya - ombygging
- Slamavskiller på Stette
- Eidsvik RA - oppgradere anlegg

**RA2:**

Ein har no bytta filterduk i avløpssiler til filter med finere maskeopning. Dette for å teste om det kan ha ein effekt på reinsegrad. So langt har tiltak ikkje gitt målbar effekt. Ein ser no på andre moglege tiltak der ein og skal ta meir prøver og analyser av avløpsvatnet før og etter dagens behandling.

**RA4:**

Alle tiltak mot lukt og gasser inne på anlegget og rundt er nå gjennomført med gode resultat.

**Slamavskillar Terøy:**

Ferdig utbetra

**Slamavskiller på Stette:**

Her må ein revurdere plan

Ein ser ellers at det trengst meir data og underlag for prosjektering av utbetring av reinseanlegget på Flisnes og Aspøya. Prognosa tilseier at ein vil nytte halvparten av budsjett i år då fleire kostnadar kjem i 2024.

**Forurensa grunn - Gassverktomta**
Prosjektet er samordna med prosjektet "Renere fjord". Forventa kostnadar er ikkje endra, men vert forskjøve ut i tid.

01.03.2023 ga Statsforvalteren pålegg til Ålesund kommune om å utføre tiltak mot grunnforurensning ved Ålesund tidlegare gassverk. Sikringstiltak for å hindre at grunnforureining ved gassverket utgjer ein uakseptabel risiko for resipienten må vere utført innan iverksettelse av planlagt sjøbotnopprydding i området. Statsforvaltaren har også gitt kommunen varsel om pålegg om tiltak mot forureina sjøbotn ved nedlagt gassverk i Ålesund (08.08.2023). Den gassverksrelaterte forureininga er kommunen sitt ansvar og må dekkast av kommunen åleine.

**Forurensa grunn - Spjelkavik arena**
Kommunen har tidlegare inngått avtale om å dekke inntil 12 millionar kroner til opprydding i forhold til forureina grunn ved Spjelkavik Arena. Ved budsjettbehandlinga vart summen auka til kr 20 millionar, men avtalen med fylkeskommunen er førebels ikkje justert. Totalkostnadane for oppryddinga er enno ikkje kjent, men det vil ikkje bli behov for å gå ut over totalramma på 20 millionar kroner.

**Fremmerholen vassbehandlingsanlegg**
Detaljprosjektering for nytt vass-behandlingsanlegg er no ferdigstilt og byggearbeid igansatt.

Byggeleiar for prosjektet er tilsett.

Ein har kome noko seinare i gang med bygging enn forventa. Kontrakt er no signert med PEAB K Nordang på hovedentreprisa for grunn, betong og VVS. Ein ligg litt bak framdriftsplan noko som gjer at midlar vert ført over til neste år. Byggjestart desember 2023.

**Generelle investeringar - VA**
Eksempel på delprosjekt knytta til dette hovudprosjektet er

- Fornying vassbehandlingsanlegg, blant anna Storætra og Nysætra
- Klorproduksjonsanlegg på VBA Vasstranda - gjennomført
- Garasje for nødvannstanker og mobil klorkontainer, Sentrallageret - gjennomført
- nye vass- og avløpsleidningar, blant anna ny hovudvassleidning langs Fylkesvegen på Emblem, ringleidninger på Skodje og Valle
- oppgradering av avløpspumpestasjonar og trykkaukestasjonar for vatn, blant anna pumpestasjon for avløp på Valgermo - ferdig
- nytt høgdebasseng Gjerdsleet og Austnes
- ny trykkaukestasjon og basseng på Ona/Husøya
- utbygging av målestasjonar for vatn og avløp - pågår
- ny vassleidning til Ellingsøy Vassverk SA på Kverve - prosjektering pågår
- kjøp av bilar
- m.m.

Det er ellers stor auke i aktivitet og prosjekt knytt til Bypakken. Fleire prosjekt som vart starta i 2022 og 2023 vert avslutta mot slutten av året eller rett over årsskiftet.

**Grunnerverv**
Budsjettløyvinga skal i hovudsak dekkje kommunen sine kostnadar i tilknyting til innløysingskrav i samband med reguleringsplan. Dette vil variere frå år til år og førebels er det ikkje nytta midlar frå budsjettløyvinga. Ein bør likevel behalde midlane i budsjettet utan å endre prognosa.

**Grøntområde**
**Hovedprosjekt Grøntområde – 720050**

<u>Ferdigstilt prosjekt i 2023</u>

- Helleborg park

<u>Pågående prosjekt med forventet gjennomføring 2024</u>

- Rehabilitering av Lysanlegg Aksla Stadion
- Skilttavler Statlig sikra friområde
- Ringgata byrom (samarbeid med ÅKE)

**Inventar og utstyr mv. ved rådhus og tenestehus**
Investeringane vert i hovudsak nytta neste år.
Gjeld oppgradering av 1. etg. høyblokka. Skisse og kostnadsoverslag er under arbeid.

Det vil vere behov for at unytta del av løyvinga vert tatt inn att i budsjettet for 2024.

**Investeringar rådhusdrift**
Ny heis i lavblokka. Jf. vedtak i kommunestyret i sak 036/23. Kostnadane er usikre, men ein legg førebels til grunn at tiltaket kan gjennomførast innanfor kostnadsramma.

Det vil vere behov for at unytta del av løyvinga vert tatt inn att i budsjettet for 2024.

**Kongshaugen reinseanlegg**
Reguleringsplan godkjent og grunnervervelser på plass.

Arkeologiske undersøking er ferdig.

Tilbod på forberedande entreprise lysast ut på ny i januar 2024.

Sprik mellom budsjett og rekneskap heng saman med at fullt pådrag på prosjekteringstimar vart sett i gang noko seinare enn tenkt, men det er no i full drift. Anbod er ute og det er fortsatt planlagt byggestart i januar 2024

Meir informasjon om prosjektet kan ein finne på prosjektet si nettside Blå -fjordar for framtida.

**Leidningsfornying og separering - VA**
Eksempel på delprosjekt som er knytt til dette hovudprosjektet er leidningsfornying og separering:

- Stette,
- Husøya,
- Fjellgata,
- Furelia/Fureåsen,
- Ruudvegen,
- Tonningsgate,
- Myrland øst, byggetrinn 2
- Hellig Olavs gate,
- Østre Fyrmyr,
- Sjøvegen,
- Strømperenovering av fleire strekk på avløpsnettet
- Utskifting av VA kummer, brannventiler og hydrantar, m.m
- Tiltak i saneringsplaner

Her er det og stor auke i aktivitet knytt til Bypakken og arbeid knytt til reduksjon av framandvatn inn mot reinseanlegg.

**Maskiner og utsyr - Miljø og samferdsel**
Vi kjøpte bilen som hadde vært leaset for knappe 200 000. Forvaltning har ikkje videre behov for investering i maskiner og utstyr dette året.

**Oppgradering av veganlegg, hovudplan**
Ein stor del av vegstandarden i kommunen er svært dårleg, og ein har starta ein målretta plan for å heve kvaliteten på dei dårlegaste av vegane. Arbeidet pågår også i 2023, og ein legg til grunn at midlane som er avsett vert nytta om lag som budsjettert. Rekneskapen viser førebels eit meirforbruk, men ein del av kostnadane er knytt til andre hovudprosjekt og/eller samarbeidsprosjekt med andre som skal vere med og dekkje kostnadane.

**Plan Brosundtunnelen**
Planutvalet vedtok i sak 96/21 planprogram for reguleringsarbeidet. Det er inngått avtale med konsulent og det vil bli gjennomført regulering av tunnelpåhogget på Ysteneset i 2023 og 2024. Gjennomføringa er viktig i forhold til gjeldande byggje- og deleforbod ved tunnelpåhogget i Ysteneset. Planarbeid pågår med konsulent og prosjektleiar frå Miljø og Samferdsel og med støtte frå planavdelinga. Planarbeidet er forutsatt gjennomført over to år, og med budsjettmidlar fordelt over 2023 og 2024. Eventuelle restmidlar i 2023 overførast til 2024.

**Sanering av kommunale direkteutslepp - Avløp**
Det er knytta fleire delprosjekt til dette hovudprosjektet, i hovudsak sanering direkteutslepp Vik, Vaksvika, Hessa nord, Sævollen og Bogneset.

Etablering av ny slamavskiljar på Vik (RA10 Vik) , ny slamavskiljar i Vaksvik og etablering av pumpestasjon på Bognesest er planlagt ferdigstilt i 2024. Andre prosjekt blir ferdigstilt i 2024 og utover, men prosjektering er godt i gang.

Det er god framdrift men kostnadar kjem først i 2024.

**Veganlegg**
**Status Hovedprosjekt Veganlegg – 720050**

<u>Ferdigstilte prosjekter 2023</u>

- Fortau Grønebelgvegen
- Gang- og sykkelveg, Byggefelt Olmanngjerdet, Skodje
- Fjordstien, Svartskjere-Geileberga
- Gang- og sykkelveg Uggedal-Engeset hovedprosjekt
- Gang- og sykkelveg Haram Videregående skole + busslomme
- Gang- og sykkelbveg, Eidsvik-Tennfjord
- Gang- og sykkelveg Austnes/Ullavegen

<u>Pågående prosjekter med forventet gjennomføring i 2024</u>

- Sikring Pe-Larselva, Sjøholt
- Veg 2 Amdamfeltet, Amdam
- Overvann Stettevika

Oppstart 2024

- GS-veg Humla/Tørla, rel. Kvasnes renseanlegg
- Fjelltunvegen 39, ny støttemur
- Trafikktiltak Aksla – Volsdalsbakken, Setrevegen, Fjelltunvegen
- Veglys gangfelt Volsdalsbakken og Setrevegen
- Tursti Vegsund – Emblemsanden – Løvika

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,64 % | 4,52 % | 6,16 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,62 % | 4,61 % | 6,22 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,18 % | 5,60 % | 7,78 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,83 % | 5,40 % | 7,24 % |

## Status sykefravær og HMS

Det samla sjukefråværet i 2023 var på 7,24 %, korttidsfråværet var 1,83 % og langtidsfråværet var 5,40 %. I 2022 var det samla sjukefråværet 7,78 %, korttidsfråværet var 2,18 % og langtidsfråværet var 5,60 %. Det er derfor ei positiv utvikling i samla sjukefråvær frå 2022 til 2023.

I hovudsak er ikkje fråværet arbeidsrelatert, men det påverkar likevel arbeidsmiljøet. Leiarar må prioritere hardare mellom oppgåver, tenestenivå, kvalitet og stadig vurdere intern omfordeling av ressursar.

I lengre tid har det vore nødvendig å prioritere kommunesamanslåing, pandemi, innsparingstiltak og kommunedeling framfor faglege, langsiktige utviklingsoppgåver. I tida framover vil det vere viktig å finne ein balanse mellom utviklingsarbeid og driftsoppgåver, samt vurdere behovet for førebyggande tiltak.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Innbyggartorg og bibliotek | 2,07 % | 2,41 % | 2,14 % | 0,78 % | 1,70 % | 1,61 % | 0,28 % | 2,24 % | 2,11 % | 1,48 % | 4,15 % | 2,95 % |
| Langtid | Innbyggartorg og bibliotek | 8,47 % | 7,15 % | 9,80 % | 6,20 % | 5,28 % | 1,15 % | 3,01 % | 4,95 % | 6,09 % | 2,22 % | 2,70 % | 2,90 % |
| **Samlet** | **Innbyggartorg og bibliotek** | **10,54 %** | **9,55 %** | **11,93 %** | **6,98 %** | **6,98 %** | **2,76 %** | **3,28 %** | **7,19 %** | **8,20 %** | **3,70 %** | **6,85 %** | **5,85 %** |
| Korttid | Kulturskule | 4,14 % | 2,16 % | 2,13 % | 1,03 % | 1,96 % | 0,06 % | 0,66 % | 0,46 % | 2,49 % | 1,59 % | 3,03 % | 0,88 % |
| Langtid | Kulturskule | 6,48 % | 6,62 % | 8,28 % | 7,22 % | 7,33 % | 4,27 % | 2,31 % | 3,34 % | 2,38 % | 1,95 % | 5,70 % | 7,05 % |
| **Samlet** | **Kulturskule** | **10,62 %** | **8,78 %** | **10,41 %** | **8,24 %** | **9,29 %** | **4,33 %** | **2,96 %** | **3,79 %** | **4,87 %** | **3,54 %** | **8,73 %** | **7,92 %** |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Kultur og fritid | 1,28 % | 1,04 % | 3,00 % | 0,66 % | 2,30 % | 1,65 % | 0,36 % | 1,82 % | 1,32 % | 2,23 % | 4,40 % | 3,07 % |
| Langtid | Kultur og fritid | 8,48 % | 8,00 % | 8,69 % | 9,52 % | 9,18 % | 7,25 % | 6,14 % | 4,55 % | 3,92 % | 2,67 % | 2,53 % | 2,31 % |
| **Samlet** | **Kultur og fritid** | **9,76 %** | **9,03 %** | **11,69 %** | **10,18 %** | **11,48 %** | **8,90 %** | **6,50 %** | **6,38 %** | **5,24 %** | **4,90 %** | **6,93 %** | **5,39 %** |
| Korttid | Samfunn | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 1,32 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Langtid | Samfunn | 0 % | 15,00 % | 5,98 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Samlet** | **Samfunn** | **0 %** | **15,00 %** | **5,98 %** | **0 %** | **1,32 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** |
| Korttid | Vatn og avløp | 2,36 % | 2,48 % | 1,53 % | 1,43 % | 0,67 % | 1,18 % | 0,29 % | 1,67 % | 1,79 % | 2,32 % | 2,24 % | 1,22 % |
| Langtid | Vatn og avløp | 2,00 % | 3,08 % | 5,39 % | 5,50 % | 4,14 % | 3,99 % | 4,13 % | 5,06 % | 5,09 % | 4,46 % | 3,84 % | 3,30 % |
| **Samlet** | **Vatn og avløp** | **4,36 %** | **5,56 %** | **6,92 %** | **6,92 %** | **4,80 %** | **5,17 %** | **4,42 %** | **6,73 %** | **6,88 %** | **6,78 %** | **6,08 %** | **4,52 %** |
| Korttid | Miljø og samferdsel | 2,99 % | 2,85 % | 2,85 % | 2,21 % | 1,36 % | 1,89 % | 0,34 % | 0,55 % | 1,97 % | 1,44 % | 1,76 % | 1,46 % |
| Langtid | Miljø og samferdsel | 9,77 % | 9,88 % | 9,36 % | 6,30 % | 7,48 % | 7,19 % | 6,06 % | 4,11 % | 4,92 % | 3,37 % | 2,77 % | 1,66 % |
| **Samlet** | **Miljø og samferdsel** | **12,76 %** | **12,73 %** | **12,21 %** | **8,50 %** | **8,83 %** | **9,09 %** | **6,41 %** | **4,65 %** | **6,89 %** | **4,82 %** | **4,53 %** | **3,12 %** |
| Korttid | Byggesak og oppmåling | 2,46 % | 0,98 % | 1,63 % | 0,81 % | 2,18 % | 3,74 % | 0,83 % | 3,54 % | 1,86 % | 1,76 % | 3,94 % | 2,03 % |
| Langtid | Byggesak og oppmåling | 8,94 % | 9,77 % | 10,53 % | 8,53 % | 8,35 % | 6,51 % | 5,14 % | 4,32 % | 5,30 % | 7,56 % | 7,14 % | 4,12 % |
| **Samlet** | **Byggesak og oppmåling** | **11,40 %** | **10,76 %** | **12,15 %** | **9,34 %** | **10,53 %** | **10,25 %** | **5,97 %** | **7,85 %** | **7,16 %** | **9,32 %** | **11,08 %** | **6,15 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,56 % | 2,06 % | 2,08 % | 1,20 % | 1,55 % | 1,66 % | 0,44 % | 1,68 % | 1,91 % | 1,81 % | 3,04 % | 1,77 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 6,71 % | 7,12 % | 8,36 % | 6,83 % | 6,49 % | 4,83 % | 4,35 % | 4,40 % | 4,67 % | 3,83 % | 4,12 % | 3,48 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **9,26 %** | **9,18 %** | **10,44 %** | **8,03 %** | **8,03 %** | **6,49 %** | **4,79 %** | **6,08 %** | **6,58 %** | **5,65 %** | **7,16 %** | **5,25 %** |

## Innbyggartorg og bibliotek

### Tjenesteområdebeskrivelse

Verksemd Innbyggartorg og bibliotek er til stades med fysiske møtestadar i heile storkommunen. Verksemda består av tre avdelingar:

Innbyggartorg med sørviskontor og frivilligsentralar i rådhuset og dei fire tenestehusa.

Bibliotek med 6 folkebibliotek, fire kombinasjonsbibliotek (folke- og skulebibliotek) og eit fengsels-bibliotek.

Rådhusdrift, som har ansvar for drift og forvaltning (kommunale delen) av høgblokk og lavblokk (bygd i 1980) der vi sel vaktmeistertenester til butikksenteret og parkeringsanlegg, seksjonar som tilhøyrer Sameiget Ålesund rådhus/Kremmergaarden. Rådhusdrift sel også vaktmeistertenester til Sameiet Notenesgata 6 som er den «nyare» butikkdelen (bygd i 1998) i Kremmergaarden.

## Utvikling og utfordringer

Innbyggartorg og bibliotek er ei verksemd som tek til å finne si form og er i stadig utvikling.

Innbyggartorg merker effektane av arbeidet så langt. Vi ser at digitale flater vert teke meir i bruk til informasjon og kommunikasjon mellom innbyggarar og kommunen. Talet på telefonar til sentralbordet går merkbart ned, og vi frigjer tid til rettleiing, utvikling og kvalitetssikring av nettsida og tenester i lokalsamfunna. Vi dreier arbeidet vårt til å utvikle og forbetre det innbyggarar og andre aktørar kan løyse sjølve digitalt. Dette er tid- og ressurskrevjande, også for andre verksemder vi må samarbeide med. Vi er oppteken av å arbeide i tråd med innsatstrappa som strategi.

På rådhuset har vi laga ferdig planskisser for omdisponering av 1. etg.  I første omgang skal vi bygge om publikums-sona for å betre ta i vare tryggleiken for tilsette. Formålet er også å lage samtalerom  til bruk for møter med innbyggarar. Når Sydvesten har funne nytt lokale skal dette også opnast opp og bli eit rom som både tilsette og innbyggarar kan få glede av til samarbeidsmøter av ulike slag.

Vi har to prosjekt med formål å utvikle vårt tilbod på rettleiing i digitale flater og program. Begge er i tett samarbeid mellom verksemd Innbyggartorg og bibliotek og andre kommunalområder, frivillige aktørar og næringsliv og akademia. Overskrifta er "Den digitale innbyggar" og dette er eit godt døme på samskaping for å fremje digital inkludering.

Tilsette på innbyggartorg tek utstrekt ansvar for sakshandsaming på fleire område. Vi arbeider for å få bukt med myta om at vi berre svarer på og set over telefonar. Vi har ansvar for fleire tidkrevjande oppgåver tillegg til å rettleie i førstelinja. Vi handsamar skjenkeløyve og har ansvar for kunnskapsprøvar knytt til dette. Vi driv kommunen si hoppid teneste og grunder-rettleiing. Vi handsamar borgarlege vigslar og gravferder. I valår tek vi eit stort ansvar for gjennomføring av førehandsrøysting, og det kjem stadig til oppgåver der vi avlastar andre verksemder. Gjennom arbeidet med våre fem frivillighetsentralar driv vi mellom anna Natteramn, TV – aksjonen og tilrettelegging av StikkUT.

Bibliotek er i gang med å implementere av bibliotekplanen "Det levande biblioteket". Vi fekk prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket  til dette i 2023, og satsar også med om disponering av eigne midlar. Vi har diverre fått avslag på søknaden til Nasjonalbiblioteket om å utvide og vidareføre denne satsinga. Det utfordrar oss til å tenke nytt om ressursar og prioriteringar.
Særleg biblioteket på Skodje og Ålesund sentrum har blitt oppgradert for å bli betre møtestader. Biblioteket i Ålesund har tilsett ein person i Heilt med- ordninga, og vi arbeider med å utvikle stadig fleire tenester og tilbod i lag med eksterne samarbeidspartar.

Nytt av året er eit spanande samarbeid med Aggregat kunstnarfellesskap og Ytre kunstfagskule om å tilby ein nyetablert kunstnar atelier ved Ålesund bibliotek. Vedkommande skal bidra med opne tilbod i biblioteket som ein del av sin praksis.

Biblioteket i Ålesund har laga til fleire møterom og fleirbrukskontor i tredje etasje på lav blokka. Vi vonar dette kan bli ein arena for samarbeid på tvers av verksemder og fagmiljø.

Vi skal arbeide med å finne gode løysingar for to kommunar frå årsskiftet. Vi deler programvare og system i dag som vil koste meir når vi skal ha to lisensar. Tilsette ved innbyggartorg brukte mykje tid på å utvikle ny heimeside for nye Haram kommune i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga. Det vart også arbeidd for å sikre fungerande sentralbordløysing i begge dei nye kommunane.
Bibliotek gjennomførte ei vellukka splitting av bokbasane for dei to nye kommunane.

Rådhusdrift merka at mange kostbare prosjekt pressa seg fram og prioriteringa er krevjande. Større prosjekt manglar finansiering. Konvertering til LED - belysning og fornying av himling er eit døme. Nytt ventilasjons aggregat i lavblokka er eit anna døme. Det gamle er ikkje energieffektivt men det er kostbart å få på plass nytt. Foajé og toalett utfor bystyresalen er også prosjekt som det er på høg tid å få gjennomføre, men som vi ikkje har midler til då budsjettet går med til forfallande vedlikehald.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 57 751 | 59 374 | 1 623 | 2,7 % |

## Kommentar til status økonomi

Årsprognosa viser eit mindreforbruk.

Årsaka til mindreforbruket har i hovudsak to årsaker:

1. Uvanleg låge straumkostnader for Rådhusdrift.
2. Vakansar utan vikar på Innbyggartorg.

Gjennom året har rekneskapen hittil å år vist eit overforbruk og prognose ein mindre underforbruk. Det viser seg å skje store endringar når rekneskapen blir gjort opp i slutten av året. Noko av årsaka er at vi tek fellesutgifter gjennom året som til slutt vert avrekna.

Det var venta eit meirforbruket knytt til større husleigekostnadar enn rekna med i budsjettet. Det har skjedd endringar i husleigefordeling gjennom året, og anslagst slo ikkje til.

Vi har ellers eit meirforbruk på to funksjonar; 370 bibliotek og i 385 som inkluderer frivilligsentralane og ei prosjektstilling. Ein del av lønsutgiftene som vert ført på 385 er budsjettert på funksjon 120. Dette er dermed ikkje eit reelt meirforbruk.

Vi har hatt satsingar i bibliotek der utgifter frå 2022 har kome seint og blitt ført på 2023. Dette forskyver utgiftene og fører til overskridingar i inneverande år. Vi har store, ikkje budsjetterte utgifter, på bibliotek som i all hovudsak er dekka inn av ikkje budsjetterte inntekter. Vi har lagt vinn på å bruke opp prosjektmidlar frå bundne fond for å sette ut i livet planlagte tiltak.

Vi har eit overforbruk på løn på bibliotek. Det skriv seg til at vi ikkje hadde budsjettert med ekstravakt, sjuke- og ferievikar. I praksis viser det seg umogleg å unngå utan å stenge biblioteka på kort varsel. Av omsyn til tryggleik for tilsett og besøkande har vi også måtte bemanne noko opp på laurdagar og enkelte periodar gjennom året.

På innbyggartorg har vi fleire vakansar knytt til sjukefråvær og permisjonar utan vikar, Her er ei innsparing i høve til budsjett. Arbeidet på innbyggartorg er av ein slik karakter at det krev lang opplæring. Vi må difor ha ei grunnbemanning som gjer at vi tåler vakansar utan vikar. Når vi har ledig

kapasitet bruker vi den på oppgåver og tiltak som avhjelper andre delar av kommuneorganisasjonen gjennom periodar med ekstraordinær arbeidsmengd.

Rådhusdrift sitt underforbruk er særleg knytt til låge energikostnader.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 40 714 | 37 856 | -2 858 | -7,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 31 384 | 31 115 | -268 | -0,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 034 | 27 | -1 007 | -3795,1 % |
| Overføringsutgifter | 6 221 | 65 | -6 156 | -9507,1 % |
| Finansutgifter | 462 | 0 | -462 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **79 815** | **69 062** | **-10 753** | **-15,6 %** |
| Salgsinntekter | -5 657 | -5 127 | 531 | -10,3 % |
| Refusjoner | -11 679 | -3 035 | 8 643 | -284,7 % |
| Overføringsinntekter | -734 | -27 | 707 | -2664,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -3 994 | -1 500 | 2 494 | -166,3 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-22 064** | **-9 689** | **12 375** | **-127,7 %** |
| **Netto resultat** | **57 751** | **59 374** | **1 623** | **2,7 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 32 779 | 36 832 | 37 856 | 40 714 |
| Refusjon lønn | -1 826 | 0 | 0 | -1 961 |
| **Sum Lønn** | **30 953** | **36 832** | **37 856** | **38 753** |
| Drift | 31 166 | 33 484 | 35 230 | 35 196 |
| Kjøp av produksjon | 571 | 27 | 27 | 1 034 |
| Overføringer | 5 418 | -1 335 | 65 | 6 221 |
| Finansutgifter | 3 114 | 0 | 0 | 462 |
| **Sum Utgifter** | **40 268** | **32 175** | **35 322** | **42 913** |
| Brukerbetaling | -5 468 | -5 127 | -5 127 | -5 657 |
| Refusjoner | -15 172 | -7 151 | -7 151 | -13 530 |
| Overføringer | -129 | -27 | -27 | -734 |
| Finansinntekter | -1 539 | 0 | -1 500 | -3 994 |
| **Sum Inntekter** | **-22 307** | **-12 304** | **-13 804** | **-23 915** |
| **Netto resultat** | **48 914** | **56 704** | **59 374** | **57 751** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
462 227
1 033 724
6 221 171
79 815 049
40 714 315
31 383 611
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Finansutgifter


Driftsinntekter
-733 662
-3 994 101
-22 064 049
-11 678 940
-5 657 346
Refusjoner
Salgsinntekter
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Overføringsinntekter

## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedtatt totalt | Totalbudsjett Påløpt totalt | Årets budsjett Rev. bud. | Årets budsjett Regnskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Inventar og utstyr mv. ved rådhus og tenestehus | 500 | 109 | 500 | 109 | Iht. plan |
| Investeringar rådhusdrift | 950 | 1 404 | 408 | 862 | Forsinket |
| Sum | | | 908 | 971 | |

## Statustekst investeringer

**Inventar og utstyr mv. ved rådhus og tenestehus**
Investeringane vert i hovudsak nytta neste år.
Gjeld oppgradering av 1. etg. høyblokka. Skisse og kostnadsoverslag er under arbeid.

Det vil vere behov for at unytta del av løyvinga vert tatt inn att i budsjettet for 2024.

**Investeringar rådhusdrift**
Ny heis i lavblokka. Jf. vedtak i kommunestyret i sak 036/23. Kostnadane er usikre, men ein legg førebels til grunn at tiltaket kan gjennomførast innanfor kostnadsramma.

Det vil vere behov for at unytta del av løyvinga vert tatt inn att i budsjettet for 2024.

## Sammendrag status investeringer

Investeringsposten til Rådhusdrift gjeld ny heis i lavblokka, KS 036/23. Den står her med eit overforbruk, noko som er missvisande. Budsjettet vart teke ned i tertialen med eit for stor beløp i høve til kostnadane som kom i 2023. Totalprisen på prosjektet er kr 2 045 000, der størestedelen av kostnadane er venta i 2024. Dette er ikkje lagt inn i budsjsettet for 2024 og må difor justerast i samband med kvartalsrapporteringa.

Investeringsposten til inventar og utstyr gjeld ombygging av 1. etg på rådhuset. Årsaka til underforbruket er at større del av arbeidet vert utført i 2024. Arbeidet er ferdig planlagt og skal utførast i 2024.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,07 % | 5,24 % | 7,31 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 2,31 % | 5,63 % | 7,94 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 2,46 % | 5,69 % | 8,15 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 2,01 % | 4,98 % | 6,99 % |

## Status sykefravær og HMS

Samla sjukefråvær i 2023 vart på 6,99 %, ein nedgang frå 8,15 % i 2022. Korttidsfråværet for 2023 vart 2,01 %. Langtidsfråværet vart på 4,98 % og har hatt ein klar nedadgåande tensens.  Vi har hatt nokre

langtidssjukemeldingar som ikkje har vore arbeidsrelatert, men også noko rapportert som arbeidsrelatert.

På avdeling Innbyggartorg har vi ikkje vikarar å sette inn. Karakteren på arbeidet gjer det uaktuelt. Dette medfører auka arbeidsmengd i kollegiet når sjukefråværet går opp. I avdeling Bibliotek har vi tilgang på vikarar. For å halde opningstider med forsvarleg bemanning fører sjukefråvær til aua vikarutgifter. Både på Innbyggartorg og bibliotek ha vi stengt enkeltdagar grunna fråvær og mangel på vikar i 2023. Avdeling Rådhusdrift har lågt sjukefråvær, og kan tilpasse drifta si dei dagane det er fråvær utan store konsekvensar.

Vi arbeider med sjukefråvær i samarbeid med tillitsvald og vernetenesta.
Sjukefråvær er tema på kvart HSU møte.
Vi føl opp med dialogmøter ved sjukefråvær.
VI legg tilrette for arbeidstrening og fleksibel utprøving av arbeidskapasitet.
Vi fokuserer på arbeidsmiljø gjennom 10 faktor
Vi legg vinn på ei open dialog og involvering i å finne løysingar.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Innbyggartorg og bibliotek | 2,07 % | 2,41 % | 2,14 % | 0,78 % | 1,70 % | 1,61 % | 0,28 % | 2,24 % | 2,11 % | 1,48 % | 4,15 % | 2,95 % |
| Langtid | Innbyggartorg og bibliotek | 8,47 % | 7,15 % | 9,80 % | 6,20 % | 5,28 % | 1,15 % | 3,01 % | 4,95 % | 6,09 % | 2,22 % | 2,70 % | 2,90 % |
| **Samlet** | **Innbyggartorg og bibliotek** | **10,54 %** | **9,55 %** | **11,93 %** | **6,98 %** | **6,98 %** | **2,76 %** | **3,28 %** | **7,19 %** | **8,20 %** | **3,70 %** | **6,85 %** | **5,85 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,07 % | 2,41 % | 2,14 % | 0,78 % | 1,70 % | 1,61 % | 0,28 % | 2,24 % | 2,11 % | 1,48 % | 4,15 % | 2,95 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,47 % | 7,15 % | 9,80 % | 6,20 % | 5,28 % | 1,15 % | 3,01 % | 4,95 % | 6,09 % | 2,22 % | 2,70 % | 2,90 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **10,54 %** | **9,55 %** | **11,93 %** | **6,98 %** | **6,98 %** | **2,76 %** | **3,28 %** | **7,19 %** | **8,20 %** | **3,70 %** | **6,85 %** | **5,85 %** |

## Kulturskule

### Tjenesteområdebeskrivelse

Kulturskolen er ei lovfesta teneste som gir eit frivillig opplæringstilbod innafor kunst- og kulturfag. Ålesund kulturskole har ca. 1 430 elevar og 2 000 elevplassar innfor fagområda dans, musikk, teater og visuell kunst. Undervisninga blir gitt både individuelt og i grupper, og i heile kommunen; i kulturskolen sine eigne baser og desentralisert t.d. skolane. Kulturskolen samarbeider med skolar, institusjonar og det frivillige kulturlivet om instruktør-, dirigent- og musikartenester, m.a. skolekorps, kor og symfoniorkester. Kulturskolen har også eit tett samarbeid med Ålesund vgs. om undervisningstenester på MDD (musikk dans drama) og avd. ITO (individuell tilpassa opplæring). I 2023 har vi hatt ei satsing innafor musikkterapi, der vi m.a. har starta opp demenskor i samarbeid med frivillige og Skansen-koret, eit tilbod for personar med psykiske utfordringar. Også tilbodet tilrettelagt teater er i gong på permanent basis. Elles har vi hatt ei satsing på kortkurs, og i skoleåret 2023/24 blir det m.a. gjennomført kurs i orgel, direksjon, street band og trekkspel.

Kultur- og integreringsprosjektet Fargespill Ålesund og det profesjonelle ensemblet Ålesund strykekvartett er også organisert innafor kulturskolen.

Fargespill Ålesund blir drifta i nært samarbeid med Fellesverket Dragen og Røde Kors. I kommunen blir arbeidet organisert frå kulturskolen, men både Ålesund vaksenopplæring og verksemd integrering bidrar med finansiering. I 2023 fekk Fargespill Ålesund ei løyving på kr 500 000 i revidert statsbudsjett, midlar som blir brukte skoleåret 2023/24 m.a. til sommarskole, kulturlaurdagar og samarbeid med innføringsklassar.

Ålesund strykekvartett blir, i tillegg til å gjere eigne konsertar, leigd inn til speleoppdrag og har ofte samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Kvartetten er med som musikarar og gruppeleiarar i Ålesund symfoniorkester og er også "husorkester" i Ålesund kammermusikkfestival. Strykekvartetten gjennomfører kvart år skolekonsertturnear i Ålesundsskolane.

Kulturskolen er ansvarlig for Den kulturelle skolesekken i Ålesund, og er kommunekontakt og bindeleddet mellom skolane, kommunen og fylkeskommunen. På bakgrunn av godkjent plan har Ålesund kommune fått ca. 785 000 kroner i tilskott av spelemidlane til lokale tiltak i skoleåret 2023/24. I dette arbeidet har kulturskolen har organisert i alt ni ulike produksjonar, som har vore på turné i Ålesundsskolane med 118 verkstadar og som har nådd 3 120 grunnskoleelevar.

Dei 13 kulturskolane på Sunnmøre har gått saman om eit to-årig prosjekt knytt til fordjupingstilbod i kulturskolen. Vi fekk kr 900 000 i tilskott til prosjektet vårt, Kulturmosaikk, fra ordninga Inkluderende kulturskoler, som Norsk kulturskoleråd og Sparebankstiftelsen DNB står bak. Vi har fått nye kr 750 000 i tilskott til å vidareføre prosjektet i 2024 - 2025. Så langt har Ålesund kulturskole stått for samordninga av prosjektet, og m.a. tilsettingsansvar for prosjektkoordinatorane.

## Utvikling og utfordringer

"Kulturskole for alle" er visjonen for oss og alle kulturskolane i Noreg, men vi har ikkje kapasitet, økonomi eller lærarkrefter til å nå denne eller målsettinga om at 30 % av grunnskoleelevane skal ha eit kulturskoletilbod. Dekningsgraden i Ålesund var på 14,4 % pr. 1.10.23, som er ei nedgang frå 16,1 % i 2022.

Nedgangen i elevtalet skuldast fleire ting. Eitt er at vi registrerer at terskelen for å ta imot elevplass er høgare enn tidlegare (og før pandemien), noko som vi antar også har samanheng med at mange familiar no har dårlegare råd. Vi ser også at skolane, og særleg SFO er pressa, noko som har gjort at fleire av dei store gruppetilboda våre der har falt ut denne hausten, og det er også eit skolekorps som vart lagt ned i haust. Vi har noko redusert bemanning no enn for eit år sidan, og i tillegg har vi endra struktur på nokre tilbod, der lærarane blir brukte innafor som korps i skolen og skolekor.

Trass dette har vi likevel nær 1 130 søkjarar på venteliste. Ut i frå kapasitet (elevplassar), er det dårlegast dekning innafor visuell kunst og teater, der berre 3 av 10 får plass. Innafor dans får nesten halvparten plass, mens 1/3 får plass og eit tilbod innafor musikk.

Det er også forskjell i tilboda i dei ulike kommunedelane. Medan vi har musikk som tilbod over heile kommunen, er tilbodet langt mindre og med færre lokasjonar innafor dans, teater og visuell kunst. Det er korkje eit mål eller realistisk at vi skal ha det same tilbodet over heile kommunen, men at vi får ei betre spreiing og eit større mangfald er ei utfordring vi jobbar med. Erfaringane frå denne hausten viser at terskelen for å ta fast på aktivitetar er høgare enn før, og at det difor kan ta tid å rekruttere og byggje opp nye tilbod.

Medan vi har gode og samla lokale for kulturskolen i Sandøyhagen, Gomerhuset og Ørskog skule, er undervisninga i gamle Haram og Ålesund spreidd omkring i mange lokale og skolar, ofte med svært dårlege arbeidsforhold både for elevar og tilsette. I haust starta bygginga av ny skole på Eidet, og her er

det litt ekstra krevjande no i byggeperioden. Men, ny skole på Eidet, utbetringa på Emblem og ny kulturskole på sørsida i Ålesund sentrum kan gi moglegheiter for sambruk og nye, gode lokale for kulturskolen.

Med desentralisert struktur og mange tilsette i deltidsstillingar har vi utfordringar med å møtast og jobbe med personalet samla. Dette skoleåret har vi eit særleg fokus på og leggje til rette for jamlege fysiske møte for å styrke samarbeidet i kollegiet, både fagleg og sosialt.

## Utvalgte resultater

Dei største overskridingane i verksemda er utgifter knytt til løn, der vi ligg vel 3 % over budsjett. I 2023 fekk vi nokre uføresette eingongsutgifter, som det ikkje var tatt høgde for i budsjettet. Det kan nemnast at dei fleste tilsette i kulturskolen har lang høgskoleutdanning, og når ca. 3/4 av dei har full ansiennitet får vi eit relativt høgt lønsnivå i verksemda. I tillegg har vi hatt stor auke i utgiftene til desentralisert undervisning, og då særleg på grunn av innføring av bompengar i sentrum og Nordøyvegen.

På driftssida er det primært utgiftene til oppvarming og husleige som utgjer dei største avvika.

Til tross for at vi held nokre stillingsressursar vakante og vi difor tapar ein del inntekter frå elevkontingentar, har vi likevel noko høgare inntekter frå elevkontingentar og salsinntekter enn budsjettert.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 31 588 | 29 789 | -1 799 | -6,0 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapen for Ålesund kulturskole viser eit meirforbruk mot tildelt budsjett.

Meirforbruket knyter seg i all hovudsak til auka utgifter til løn, bilgodtgjersle/reiseutgifter ved desentralisert undervisning, husleige og oppvarming (straum, biodiesel).

Vi har hatt mindreforbruk på vikarar, kurs og utstyr/inventar samstundes som vi har har auka inntektene våre med ca. 3/4 mill. kroner i forhold til budsjett.

I og med at lønsmidlane utgjer nær 140 % av kulturskolen sitt bruttobudsjett, er det først og fremst her vi kan spare pengar. Gjennom heile 2023 har det vore gjort tiltak for å halde lønsutgiftene nede ved å halde moglege stillingsressursar vakante og redusere vikarbruken så langt som råd. Dette er eit tviegga sverd i og med at for mykje kansellert undervisning i neste omgang kan medføre refunderte kontingentar.

Sjølv om det har vore gjort tiltak for å halde dei andre driftsutgiftene nede, har dette ikkje fullt ut kompensert for den store auka det har vore i utgiftene til m.a. bil/transport og husleige.

## Oppsummering tiltak

I tråd med kommunedirektøren sine pålegg, vart det innført innkjøps- og tilsettingsstopp også i kulturskolen. Vi avlyste undervisning når det ikkje hadde vore avlysingar tidlegare i haust, og reduserte vikarbruken så langt råd. Det er ikkje alltid vi greier å setje inn vikar, og vi har i nokre tilfelle vore nøydde til å avkorte kontingentkrava pga. tapt undervisning.

Vi har også halde stillingsressursar vakante, der det har vore mogleg.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 43 980 | 41 092 | -2 887 | -7,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 615 | 3 785 | -830 | -21,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 | 0 | -2 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 449 | 0 | -449 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 1 520 | 0 | -1 520 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **50 565** | **44 877** | **-5 688** | **-12,7 %** |
| Salgsinntekter | -8 899 | -7 998 | 901 | -11,3 % |
| Refusjoner | -7 477 | -7 090 | 387 | -5,5 % |
| Overføringsinntekter | -1 292 | 0 | 1 292 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 309 | 0 | 1 309 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-18 977** | **-15 088** | **3 889** | **-25,8 %** |
| **Netto resultat** | **31 588** | **29 789** | **-1 799** | **-6,0 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 37 564 | 39 347 | 41 092 | 43 980 |
| Refusjon lønn | -889 | 0 | 0 | -1 577 |
| **Sum Lønn** | **36 675** | **39 347** | **41 092** | **42 403** |
| Drift | 5 236 | 3 785 | 3 785 | 4 615 |
| Kjøp av produksjon | 2 | 0 | 0 | 2 |
| Overføringer | 331 | 0 | 0 | 449 |
| Finansutgifter | 1 273 | 0 | 0 | 1 520 |
| **Sum Utgifter** | **6 841** | **3 785** | **3 785** | **6 585** |
| Brukerbetaling | -8 069 | -7 998 | -7 998 | -8 899 |
| Refusjoner | -6 660 | -7 090 | -7 090 | -5 900 |
| Overføringer | -870 | 0 | 0 | -1 292 |
| Finansinntekter | -1 000 | 0 | 0 | -1 309 |
| **Sum Inntekter** | **-16 600** | **-15 088** | **-15 088** | **-17 400** |
| **Netto resultat** | **26 917** | **28 043** | **29 789** | **31 588** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,25 % | 5,25 % | 6,50 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,84 % | 3,48 % | 5,32 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,75 % | 5,04 % | 6,79 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,74 % | 5,16 % | 6,91 % |

## Status sykefravær og HMS

Det samla sjukefråværet i 2023 er på vel 6,91 %. Langtidsfråveret utgjer ca. 3/4 av det samla sjukefråværet i verksemda.

Tilsette som er sjukemeldte over tid blir følgd opp i samsvar med rutinene for langtidssjukemeldte, med dialogmøte og tilrettelegging av arbeidsoppgåver så langt det lar seg gjere.

Også 2023 har vore prega av korona og influensa, og mykje av korttidsfråværet relaterer seg til dette.

Utfordringane for kulturskolen er at vi kan ha problem med å setje inn vikarar, slik at undervisning blir avlyst. Det er sjølvsagt uheldig for kontinuiteten og kvaliteten i undervisninga, men i tillegg får det økonomiske konsekvensar ved at vi må refundere kontingent dersom det blir fleire avlysingar i løpet av året.

Det har ikkje vore rapportert ulykker, hendingar eller arbeidsmiljørelatert sjukefråvær i 2023.

### Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Kulturskule | 4,14 % | 2,16 % | 2,13 % | 1,03 % | 1,96 % | 0,06 % | 0,66 % | 0,46 % | 2,49 % | 1,59 % | 3,03 % | 0,88 % |
| Langtid | Kulturskule | 6,48 % | 6,62 % | 8,28 % | 7,22 % | 7,33 % | 4,27 % | 2,31 % | 3,34 % | 2,38 % | 1,95 % | 5,70 % | 7,05 % |
| **Samlet** | **Kulturskule** | **10,62 %** | **8,78 %** | **10,41 %** | **8,24 %** | **9,29 %** | **4,33 %** | **2,96 %** | **3,79 %** | **4,87 %** | **3,54 %** | **8,73 %** | **7,92 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 4,14 % | 2,16 % | 2,13 % | 1,03 % | 1,96 % | 0,06 % | 0,66 % | 0,46 % | 2,49 % | 1,59 % | 3,03 % | 0,88 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 6,48 % | 6,62 % | 8,28 % | 7,22 % | 7,33 % | 4,27 % | 2,31 % | 3,34 % | 2,38 % | 1,95 % | 5,70 % | 7,05 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **10,62 %** | **8,78 %** | **10,41 %** | **8,24 %** | **9,29 %** | **4,33 %** | **2,96 %** | **3,79 %** | **4,87 %** | **3,54 %** | **8,73 %** | **7,92 %** |

## Kultur og fritid

### Tjenesteområdebeskrivelse

**Mål for verksemda si aktivitet er å:**

- **Skape gode møteplassar gjennom drift og utvikling av anlegg, utleige og koordinering av aktivitet**
- **Ha eit nærmiljøfokus samstundes som vi skal legge til rette for aktivitet i eit regionalt perspektiv**
- **Samarbeide med profesjonelle aktørar og frivilleg sektor**
- **Gje Ung i Ålesund eit aktuelt innhald med aktivitetar der samskaping, eigenutvikling og oppleving står sentralt**
- **Samhandle med aktuelle verksemder både i og utanfor kommunalområdet, stabar og kommunale foretak**

**Avdeling idrett og fysisk aktivitet**

- Administrasjon *rådgjeving*
- Idrettshallar
- Moa svømmehall
- Øvrige svømmehallar
- Utendørs idrettsanlegg

Avdeling idrett og fysisk aktivitet skal bidra som profesjonell samarbeidsaktør i spørsmål om idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv til innbyggarane, til kommunen, idrettslag og organisasjonar. Vi ønsker å

legge til rette for så vel organisert som egenorganisert aktivitet. Synleggjere/vektleggje idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som identitetsbærande kultur, samt at gevinst av arbeidet er betre folkehelse. Vi arbeider også tett saman med frivillige lag og org. og kommunale instansar om handlingsprogram og spelemidlar.

*Idrettshallar*

Målet til eining idrettshall er å legga til rette for aktivitet i idrettshallene våre både vekedagar og helger. Vi har i løpet av året treningar, kampar og ulike arrangement i våre idrettshallar. Nokre av arrangementa våre som eksempelvis utdanningsmessa og overnattingar i våra idrettshallar er inntektsbringande. Vi samarbeidar med idrettslag, skola og ÅKE i oppgåver som handlar om drift av kommunen sine idrettshallar. Til stor glede opna Emblem idrettshall Renexhallen i januar 2023.

*Moa Svømmehall*

Moa svømmehall er for mange sjølve symbolet for folkehelse. Offentleg bad som skal tene innbyggarane i kommunen og nærliggande kommunar. Symjeundervisninga i grunnskulen, publikumsbading (som mosjon, fysisk aktivitet, leik og moro), fysiogrupper, idrett, pensjonistsvøm, babysvøm, idrettsskular, barnehagesvøm, og ikkje minst ein viktig sosial arena er nokre av aktivitetane på anlegget. Alle avgjerder om drift og forvaltning av anlegget blir teken med fokus på eit samfunnsøkonomisk og eit heilskapleg folkehelseperspektiv innanfor dei gitte rammene.

*Øvrige svømmehallar*

Klipra svømmehall. Denne er ikkje i drift, men kommunen dekker utgifter til straum.

*Utendørs idrettsanlegg*

Vi har betalt for straum til kommunale bygg knytt til Røsokvika småbåtlag, Harøy IL, ballbinge og Kraken ungdomsklubb på Steinshamn. Vi tildeler treningstider på Aksla stadion og betalar festeavgift til grunneigarar, Nes stadion.

**Avdeling kultur**

Avdeling kultur har fagansvar for feltet allmenn kultur herunder tildeling av kulturtilskot, festivaltilskot, 1. og 17.mai-tilskot, Den kulturelle spaserstokken, oppfølging av Ålesund kulturråd, oppfølging av avtaler med musea, samhandling med og tilrettelegging for det profesjonelle kulturfeltet og kontakt med og tilrettelegging for frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet.

Avdelinga har tre driftseiningar:

- Parken kulturhus
- Øvrige kulturhus
- Ung i Ålesund

*Parken kulturhus*

Parken kulturhus er storstua til Ålesund kommune og Ålesund by. Eit moderne kulturhus med alle fasilitetar for små og store arrangement. I tillegg til storsalen har Parken Foajeen som har ei mindre scene for konsertar og andre arrangement, og som også fungerer som forsamlingslokale for kunstnarar,

artistar, lag/foreiningar og ved private arrangement. Foajeen vert og brukt til ulike arrangementsrekker som debattar, intimkonsertar og populærvitenskaplege temakveldar.

I tillegg til å vere arena for kommersielle produksjonar, har kulturhuset eit samfunnsoppdrag som inneber å tilby ei scene til barn og unge gjennom til dømes Kulturskulen, og moglegheit til å ha fokus på lokale artistar og kunstnarar, både profesjonelle og amatørar.

*Øvrige kulturhus*

Øvrige kulturhus er Gomer kulturhus, Ørskog kulturhus, Sandøyhagen og Arbeideren. Oppgåvene til eininga er å legge til rette for frivillege, kommersielle og private aktørar sin bruk av kulturhusa: booking, kontakt med frivillege lag og organisasjonar, oversyn over, vedlikehald og oppdatering av inventar og utstyr, kontakt med byggeigar ÅKE og koordinering av aktiviteten på husa.

Eininga stiller kulturbygga med inventar og teknisk utstyr for lyd, lys og bilete til disposisjon for brukarane. Frivillige lag og organisasasjonar og kommunale verksemder brukar bygga vederlagsfritt. Dette for å bidra til høg og jamn aktivitet på kulturfeltet i kommunedleane. Lag/organisasjonar får opplæring i grunnleggande bruk av det tekniske utstyret, og er i utgangspunktet sjølvhjelpte i bruken av husa. Driftseininga har eit tett og godt samarbeid med ÅKE ved byggforvaltar, driftsteknikarar og vaktmeistrar.

*Ung i Ålesund*

Målet til eininga er å tilby eit breitt kultur- og fritidstilbod til ungdom mellom 13 og 26 i Ålesund kommmune med mottoet «høg kvalitet, lav terskel». . Eininga disponerer fleire faste lokasjonar i heile kommunen: Huben i Ålesund sentrum, Kvalen ungdomsklubb på Harøya, Skøye ungdomsklubb og Ørskog ungdomsklubb. I tillegg har Ung i Ålesund workshops og ulike arrangement andre lokasjonar. Fleire av workshops og andre tiltak vert arrangert under faste satsingar som Ung Kultur Møtes, Spire (i samarbeid med Momentium og Framtiderne (i samarbeid med kunstmuseet KUBE). Eininga arbeider med å bygge opp ein utstyrspark for ulike kulturaktivitetar. Utstyret er gratis for ungdommane å bruke.

## Utvikling og utfordringer

Ålesund kommune brukar vesentleg mindre på kultur og idrett enn kommunar vi samanliknar oss med i kostragruppe 11. Norsk kulturindeks for 2022 produsert av Telemarksforskning, som rangerar kommunane sin innsats på kulturfeltet, viser at Ålesund kommune kjem svært dårlig ut når det gjeld frivilligheit, sentrale tildelingar, kultur for born, museum, og ikkje minst antal kunstnarar busett i kommunen vår.

### Avdeling Idrett

Avdelinga har vore fullbemanna i 2023, med ein avdelingsleiar, to rådgjevarar og ein konsulent. Det er utarbeidd gode rutinar for ansvar- og oppgåvefordeling, og tatt i bruk nye digitale verktøy for å betre samarbeidet internt i avdelinga. Det vart jobba aktivt med å synleggjere behovet for Osane idrettshall, som vart einstemmig vedteken i kommunestyret. Vidare vart det brukt ressursar på fagleg innspel i bygging av Spjelkavik arena. Fleire av kommunen sine mest nytta turvegar er kartlagt internt, dette som eit forarbeid til Plan for friluftslivets ferdselsårer. Avdelinga har også jobba fram og innført digitalt «Opplevingskort» for utsette barn og unge, og vidare leia arbeidet med fritidskort og lokal fritidserklæring som skal innførast i løpet av 2024. Samarbeidsavtalen med Ålesund idrettsråd er god, og krev oppfølging. I dette arbeidet vart det vedteke ei styrking av Idrettsrådet som gjev moglegheit for tilsetting av dagleg leiar i 100 % stilling. Ein lyt oppretthalde arbeidet med å utvikle nettverktøy som

legg til rette for meiropne anlegg på ein betre måte, her nyttast «Aktiv kommune». Utviklinga som har vore i avdelinga bidreg til å styrke det tverrfaglege samarbeidet både internt og eksternt jf. kommune 3,0.

*Moa svømmehall*
Det er berre eit offentleg driven svømmeanlegg i Ålesund, og dette skal tene både allmennheita, grunnskulane, og interessene til idretten, og for allmennheita er Moa svømmehall og eit tilbod for innbyggarane i nabokommunane. Svømmeundervisning i grunnskolen, publikumsbading, fysiogrupper, idrett, pensjonistsvøm, babysvøm, idrettsskular og barnehagesvøm er nokon av aktivitetane på anlegget. Fleire viktige brukargrupper som ikkje har plass i dag står og bankar på døra, både internt i kommunen, og frå nabokommunar. Kapasiteten er sprengd og dette blir forverra for kvart år som går. I tillegg til veksande folketal er og den unike plasseringa ei viktig årsak til dette. Ei komande utgreiing med mål om utviding av Moa svømmehall er naudsynt. Det er hard belastning på anlegget som følgje av nemnte utfordringar. Det er behov for rehabilitering av bassengområdet og vannrutsjebane i løpet av kort tid. I tillegg er det behov for oppgradering av vannrenseanlegg.

**Avdeling kultur**

Det er ei utfordring at lokasjonane i driftseining Øvrige kulturhus er spreidd over heile kommunen, samstundes som eininga berre har 0,9 stilling. Dette er søkt løyst gjennom samarbeid med andre driftseiningar og verksemder. Det er etablert eit samarbeidsforum for verksemder og andre som brukar eller har ansvar for Sandøyhagen: Harøy skule, Verksemd kultur og fritid, Steinshamn innbyggartorg, Kulturskulen og ÅKE. Bruken av Sandøyhagen vert koordinert av innbyggartorget på Steinshamn. Ein har utfordringar med å organisere fast og tilfeldig vedlikehald av teknisk utstyr for lyd, lys og bilete, og brukarstøtte til brukarane (frivillige lag/organsiasjoner, kommunale verksemder og meir profesjonelle brukarar som td Bygdekinoen). Vi arbeider for å få på plass ei samarbeidsavtale med Harøy skule og Steinhamn innbyggartorg om fordeling av ansvar og kosamt Driftseining Parken kulturhus tek eit stort ansvar for drifta av Arbeideren kulturhus.

Vibes kulturverkstad var lagt ned 1.november 2023, og ein arbeider for å erstatte dette med eit nytt ungdomshus i dei gamle bibiliotekslokala på Moa helsehus. Prosessen med lokala har tatt tid, og ein står no føre eit arbeid med å tilpasse lokala til det nye bruksområdet. Etter pandemien ser vi auka behov for uformelle henge- og møteplassar med uforpliktande tilbod om ulike aktivitetar. Ein vil derfor styrke ungdomsklubbane og tilbodet der. Siste åra har vi opplevd utfordringar i ungdomsmiljøa i kommunen med auka bruk og omsetting av rusmiddel, auke i vald, truslar og utanforskap. Dette merkast også i miljøet på og rundt klubbane. Vi set derfor inn ulike tiltak i form av heving av sosialfagleg kompetanse i teamet, utarbeiding av handlingsplan med rutinar og prosedyrar for uønska hendingar, styrka tverrfagleg samarbeid med helse, politi, SLT-koordinator og ruskonsulent og opplæring av tilsette og frivillige vaksen-vakter for å styrke dei i rolla som trygge vaksne på Ung i Ålesund sine lokasjonar.

Avdeling kultur har siste åra vore underbemanna på rådgjevarsida på grunn av langtidsfråver og vakansar. Vi er no stabilt i bemanning i begge dei to rådgjevarstillingane våre, og har dermed betre kapasitet i sakshandsaming og oppfølging av både frivillige og profesjonelle kulturaktørar.

Hausten 2023 starta vi ein serie med nettverkssamlingar for, av og med kulturlivet i kommunen vår. Over fem samlingar hentar vi inn både lokale og eksterene perspektiv, i tillegg til å køyre innspelsrundar rundt tematikkane vi løfta fram. Dette skal være med på å bygge opp under ny metodikk for stad - og tenesteutvikling der kunst, kunstnarar og kultur skal ha ei sentral rolle. Utfallet av samlingane dannar kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid i kommunen. Målet er at vi saman skal bygge innsikt og forståing for dei ulike fagområda, og at vi saman kan eige utfordringane kulturlivet står ovanfor.

I 2023 feira Ålesund by 175års jubileum. Dette falt saman med Parken kulturhus sitt 25 års jubileum. Jubilea vart markert ved ei jubileumsforestilling i Parken kulturhus 15. april 2023. Forestillinga "Byens hukommmelse" var ei gåve til Ålesund by, gitt av kunstnaraene og kulturarbeidarane i byen.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 44 734 | 44 822 | 88 | 0,2 % |

## Kommentar til status økonomi

Årsprognosa viser eit mindreforbruk.

Kultur og fritid har frå 2020 fått budsjett for å dekkje kostnadane for husleige for Lepsøy IL og Norborg fleirbrukshall, men ikkje driftsutgiftene. I 2022 blei desse kostnadane overført til oss, men utan budsjett, også i 2023. Desse kostnadane utgjer kr. 1 681 360.-,  Moa svømmehall vart stengt 14. august og opna 1. desember pga. ombygging av dusjar og garderobar o.l, dette ga oss tapte billettinntekter. Parken kulturhus har derimot meir aktivitet og besøk enn rapportert tidlegare. Vi har også fått refundert store delar av ei stilling som har arbeida med prosjekt knytt til Re-value. Ung i Ålesund har hatt mindre utgifter enn budsjettert grunna liten aktivitet. Dette skuldast at vi har sagt opp leigeavtalen for lokala til Vibes, og har enno ikkje starta opp ungdomshus i gamlebiblioteket på Moa.

Til tross for at verksemda har hatt fleire vakansar og stram økonomistyring i år, som normalt skulle gitt oss større handlingsrom, har desse innsparingane gått til å dekkje andre budsjettpostar. Frå hausten 2022 og januar 2023 har verksemda fått ansvar for drifta av Kolvikbakken idrettshall og Renexhallen, utan å få oppjustert driftsbudsjett for desse.

Prognosa frå oktober viste at vi styrte mot eit meirforbruk, men på grunn av mindre straumforbruk , innkjøpsstopp og fleire timar til Re-value, har vi no innhenta dette og landar på eit lite mindreforbruk.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 30 180 | 28 189 | -1 992 | -7,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 26 342 | 21 629 | -4 712 | -21,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 258 | 3 200 | -58 | -1,8 % |
| Overføringsutgifter | 34 656 | 10 343 | -24 313 | -235,1 % |
| Finansutgifter | 203 | 0 | -203 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **94 638** | **63 361** | **-31 277** | **-49,4 %** |
| Salgsinntekter | -20 952 | -16 779 | 4 173 | -24,9 % |
| Refusjoner | -6 467 | 0 | 6 467 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | -22 135 | -1 650 | 20 485 | -1241,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -350 | -110 | 240 | -218,2 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-49 904** | **-18 539** | **31 365** | **-169,2 %** |
| **Netto resultat** | **44 734** | **44 822** | **88** | **0,2 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 24 247 | 25 441 | 28 189 | 30 180 |
| Refusjon lønn | -1 231 | 0 | 0 | -1 530 |
| **Sum Lønn** | **23 017** | **25 441** | **28 189** | **28 650** |
| Drift | 24 791 | 20 544 | 21 629 | 26 342 |
| Kjøp av produksjon | 3 153 | 3 200 | 3 200 | 3 258 |
| Overføringer | 21 853 | 10 403 | 10 343 | 34 656 |
| Finansutgifter | 1 635 | 0 | 0 | 203 |
| **Sum Utgifter** | **51 433** | **34 146** | **35 172** | **64 458** |
| Brukerbetaling | -21 326 | -16 779 | -16 779 | -20 952 |
| Refusjoner | -3 857 | 0 | 0 | -4 937 |
| Overføringer | -10 346 | 0 | -1 650 | -22 135 |
| Finansinntekter | -1 570 | -110 | -110 | -350 |
| **Sum Inntekter** | **-37 098** | **-16 889** | **-18 539** | **-48 374** |
| **Netto resultat** | **37 352** | **42 698** | **44 822** | **44 734** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 0,94 % | 6,80 % | 7,74 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,35 % | 4,54 % | 5,89 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,73 % | 9,20 % | 10,93 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,96 % | 6,03 % | 7,99 % |

## Status sykefravær og HMS

Vi har tilsaman ein sjukefråversprosent på 7,99 % samla i 2023. Av desse er 6,03 % langtidssjukemeldte og 1,96 %  korttids fråver. Tendensen har vert synkande gjennom heile året, også i starten av 2024. Vi kan ikkje sjå at nokon av sjukmeldingane er arbeidsplassrelatert. Langtidssjukemeldingar har vore fleire enn vi ønsker, men vi ser no resultatet av god oppfølging.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Kultur og fritid | 1,28 % | 1,04 % | 3,00 % | 0,66 % | 2,30 % | 1,65 % | 0,36 % | 1,82 % | 1,32 % | 2,23 % | 4,40 % | 3,07 % |
| Langtid | Kultur og fritid | 8,48 % | 8,00 % | 8,69 % | 9,52 % | 9,18 % | 7,25 % | 6,14 % | 4,55 % | 3,92 % | 2,67 % | 2,53 % | 2,31 % |
| **Samlet** | **Kultur og fritid** | **9,76 %** | **9,03 %** | **11,69 %** | **10,18 %** | **11,48 %** | **8,90 %** | **6,50 %** | **6,38 %** | **5,24 %** | **4,90 %** | **6,93 %** | **5,39 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 1,28 % | 1,04 % | 3,00 % | 0,66 % | 2,30 % | 1,65 % | 0,36 % | 1,82 % | 1,32 % | 2,23 % | 4,40 % | 3,07 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 8,48 % | 8,00 % | 8,69 % | 9,52 % | 9,18 % | 7,25 % | 6,14 % | 4,55 % | 3,92 % | 2,67 % | 2,53 % | 2,31 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **9,76 %** | **9,03 %** | **11,69 %** | **10,18 %** | **11,48 %** | **8,90 %** | **6,50 %** | **6,38 %** | **5,24 %** | **4,90 %** | **6,93 %** | **5,39 %** |

# Samfunn

## Tjenesteområdebeskrivelse

I 2023 har team Samfunn bestått av 2 rådgjevarar, assisterande kommunalsjef og kommunalsjef. Ein periode var stillinga som assisterande kommunalsjef vakant og i juli starta ein tredje rådgjevar i teamet. Rådgjevarane har hatt fokus på internkontroll, næringslivskontakt, kvalitet og berekraft.

Teamet skal sikre kvalitet og styring av heile kommunalområdet, følgje opp overordna prosjekt som Reinare fjord og ReValue, samt politiske saker frå heile kommunalområdet.

## Utvikling og utfordringer

Teamet er tynt bemanna i forhold til oppgåvene og ikkje minst forventningar til samordning både internt og eksternt. Mykje av arbeidet med kommunedeling ligg også til teamet.

I 2023 har teamet fulgt opp to politiske komitear, planutval og samla sett ei stor politisk saksmengde frå eit bredt fagområde. Dei store kommunale utviklingsprosjekta (Bypakken, Sørsida, Kongshaugen reinseanlegg mfl) krev mykje ressursar av teamet. Samtidig er det fleire pågåande prosjekt i kommunalområde, og mange møteplassar der det er forventa at vi deltek og bidreg aktivt saman med næringsaktørar, fylkeskommune, NTNU og frivillige organisasjonar.

I juli 2023 vart det tilsett ein rådgjevar for å handtere noverande oppgåver og styrke arbeidet med internkontroll og berekraft. Frå 1. januar 2024 går to av rådgjevarane i teamet over til Haram kommune, det arbeidast derfor aktivt med å sjå på korleis oppgåvene kan fordelast og om det skal rekkruterast erstattarar inn i teamet.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 5 832 | 9 020 | 3 188 | 35,3 % |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapet for ansvar 700 syner eit mindreforbruk i 2023. Fleire stillingar har stått vakante, og ressursbruk inn mot kommunedelinga vert dekt gjennom delingsbudsjettet.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 6 126 | 7 142 | 1 016 | 14,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 697 | 1 309 | 612 | 46,8 % |
| Overføringsutgifter | 1 848 | 600 | -1 248 | -208,0 % |
| Finansutgifter | 165 | 0 | -165 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **8 836** | **9 051** | **215** | **2,4 %** |
| Salgsinntekter | -41 | -31 | 10 | -33,1 % |
| Refusjoner | -742 | 0 | 742 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | -968 | 0 | 968 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 253 | 0 | 1 253 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-3 004** | **-31** | **2 973** | **-9591,3 %** |
| **Netto resultat** | **5 832** | **9 020** | **3 188** | **35,3 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 845 | 6 838 | 7 142 | 6 126 |
| Refusjon lønn | -81 | 0 | 0 | -16 |
| **Sum Lønn** | **5 764** | **6 838** | **7 142** | **6 111** |
| Drift | 110 | 1 283 | 1 309 | 697 |
| Overføringer | 17 057 | -2 790 | 600 | 1 848 |
| Finansutgifter | 3 154 | 0 | 0 | 165 |
| **Sum Utgifter** | **20 321** | **-1 507** | **1 909** | **2 710** |
| Brukerbetaling | -189 | -31 | -31 | -41 |
| Refusjoner | -791 | 0 | 0 | -727 |
| Overføringer | -3 764 | 0 | 0 | -968 |
| Finansinntekter | -15 176 | 0 | 0 | -1 253 |
| **Sum Inntekter** | **-19 919** | **-31** | **-31** | **-2 989** |
| **Netto resultat** | **6 166** | **5 299** | **9 020** | **5 832** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
165 005
696 887
1 848 294
8 836 291
6 126 105
Lønn
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Finansutgifter


Driftsinntekter
-41 250
-742 392
-1 252 880
-3 004 306
-967 784
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Overføringsinntekter
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett: Vedtatt totalt | Totalbudsjett: Påløpt totalt | Årets budsjett: Rev. bud. | Årets budsjett: Regnskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Borgundfjordprosjektet "Renere fjord" | 11 077 | 12 998 | 1 280 | 4 994 | Iht. plan |
| Sum | | | 1 280 | 4 994 | |

## Statustekst investeringer

### Borgundfjordprosjektet "Renere fjord"

Dette er eit prosjekt som vil gå over fleire år for årydde opp i forureining i Aspevågen. Miljødirektoratet gir inntil 75 % tilskot til arbeidet, og framdrifta må tilpassast kva tid tilskot til arbeidet vert løyvd. Prosjektet er inne i ein planleggingsfase der det vert tatt supplerande undersøkingar. I 2022 er tidlegare tiltaksplan frå 2015 revidert. I 2023 er det gjennomført supplerande undersøkingar, detaljprosjektering av tiltak og gjennomføring av usikkerheitsanalyse. Kostnadsplanen er oppdatert med tal frå usikkerheitsanalysa. I oktober 2023 meldte Miljødirektoratet prosjektet inn til statsbudsjettet for 2025.

### Plan Brosundtunnelen

Planutvalet vedtok i sak 96/21 planprogram for reguleringsarbeidet. Det er inngått avtale med konsulent og det vil bli gjennomført regulering av tunnelpåhogget på Ysteneset i 2023 og 2024. Gjennomføringa er viktig i forhold til gjeldande byggje- og deleforbod ved tunnelpåhogget i Ysteneset. Planarbeid pågår med konsulent og prosjektleiar frå Miljø og Samferdsel og med støtte frå planavdelinga. Planarbeidet er forutsatt gjennomført over to år, og med budsjettmidlar fordelt over 2023 og 2024. Eventuelle restmidlar i 2023 overførast til 2024.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 2,10 % | 5,55 % | 7,66 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,46 % | 10,94 % | 12,40 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 3,65 % | 4,29 % | 7,94 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 0,09 % | 1,66 % | 1,75 % |

## Status sykefravær og HMS

Det samla sjukefråværet i 2023 var på 1,75 %, korttidsfråværet var 0,09 % og langtidsfråværet var 1,66 %.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Samfunn | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 1,32 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Langtid | Samfunn | 0 % | 15,00 % | 5,98 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Samlet | Samfunn | 0 % | 15,00 % | 5,98 % | 0 % | 1,32 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Sum sykefravær | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 1,32 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 0 % | 15,00 % | 5,98 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **0 %** | **15,00 %** | **5,98 %** | **0 %** | **1,32 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** |

## Vatn og avløp

### Tjenesteområdebeskrivelse

#### Ansvarsområde

Verksemda Vatn og avløp er organisert i einingane drift, utbygging og mynde.

Vi har delegert mynde og ansvar i tråd med kommunen sitt delegasjonsreglement og forvaltar ei rekkje lover og føreskrifter knytt til vassforsyning og avløpsreinsing.

Vi skal sørge for at innbyggarane våre har reint og trygt drikkevatn og at vi handterer avløpsvatn på ein måte som gir reine fjører og fjordar.

**Organisering:**

**Driftsavdelingane** er delt inn i fagområde som kommunale vass- og avløps- prosessanlegg, pumpestasjonar og leidningsnett. Anlegg skal driftast i tråd med lover, føreskrifter, konsesjonar og løyve, på ein slik måte at ein ivaretek miljøet og med god økonomisk styring.

**Utbyggingsavdeling** med ansvar for planar, prosjektering, prosjektleiing og byggeleiing for eigne prosjekt. Avdelinga skal sørge for god balanse mellom eigne prosjekt og prosjekt som blir sett ut til eksterne slik at ein oppnår måla i strategi og politiske bestillingar. Avdelinga gir uttale til plan- og byggesaker, legg til rette for utbyggingsavtalar og står for overtaking av private anlegg.

**Avdeling for mynde** utøver mynde knytt til private og kommunale avløpsanlegg innan kapittel 12 og 13 i forureiningslova. Det betyr gebyrhandsaming, rørleggarkontroll og innsamling av dokumentasjon av private anlegg. Avdelinga har ansvar for leidningsdata og kartinformasjon om vass- og avløpsnettet i tillegg til datagrunnlag for gebyr, førehandsuttalar, tilsyn og klagesaker.

**Støttefunksjon** for økonomistyring, personal, prosjekt, digitalisering, kommunikasjon, HMS- og kvalitetsarbeid i heile verksemda.

**Tenester:**

Vi leverer om lag 30 millionar liter reint vatn kvar dag til 70.000 innbyggarar og næringsliv med mellom anna store matprodusentar.

Vi har over 50 mil avløpsleidningar og rundt 100 pumpestasjonar.

Det vi skal levere blir i stor grad styrt av delegasjonsreglementet og er for det meste tenester som blir finansiert innan sjølvkost. I tillegg kjem nokre oppgåver innan forureining, vassdrag og tilskotsordningar som må finansierast over det kommunale budsjettet.

Vi sel tenester til andre kommunar og private knytt til vatn, reservevatn, lekkasje-søk og beredskapstenester.

**Lokalisering:**

Ålesund vatn og avløp har tilsette på Steinshamn, Skodje, Sjøholt, Vasstranda og Åse i tillegg til administrasjonen som ligg i Storgata i Ålesund sentrum.

Det er strenge lovkrav til korleis anlegga våre skal vere mellom anna med kva utstyr ein må ha og skilje mellom reine og skitne soner.

## Utvikling og utfordringer

### Utvikling og utfordringar

Verksemd for vatn og avløp står i ein krevande situasjon med mange og store prosjekt som i stor grad påverkar sikkerheita og framtida til innbyggarane i Ålesund, næringslivet og miljøet. I tillegg får vi i nær framtid nye og strengare krav til sikring av drikkevatn og reinsing av avløpsvatn. I desse krava ligg også klima- og energirekneskap. Kommunedelinga har vore krevjande med blant anna å utarbeide nye forskrifter og deling og tilrettelegging av ein rekke IT-systemer for begge kommunane. I 2023 vart og ny organisering av verksemda ferdigstilt.

### Strategi og planar

Mangel på folk gjer at oppdatering av hovudplan for vatn og avløp er forseinka. Tidlegare har vi sett ut store delar av dette arbeidet. Det kan vi ikkje lenger på grunn av avvik frå Statsforvaltaren og Mattilsynet som seier at vi bør gjere meir av dette arbeidet sjølve for å sikre nødvendig forankring på tvers i verksemda og i kommunen.

### Gebyr

Faste driftsutgifter står for ein stor del av totalkostnadene knytt til produksjon og infrastruktur. Lågt fastledd på gebyr gir større variasjonar i pris pr m3 vatn og avløp ved variasjonar i faktisk forbruk år for år. Fond skal normalt balansere noko av svingingane, men der er ein fare for negative fond. Eit fastledd som var meir i tråd med dei faste kostnadane ville ha gitt noko betre forutsigbarheit for fond og pris pr m3 vatn.

### Vatn

Arbeidet med Fremmerholen vassbehandlingsanlegg går etter planen og ein er no i gang med grunnarbeid.

Vi styrkar forsyningssikkerheita med fleire høgdebasseng, fleire alternative forsyningsvegar for vatn og oppgradering av UV-reinsing og sikring av mindre vassbehandlingsanlegg. Hovudvassleidninga på Lerstad og Åse vert lagt om og oppgradert i tilknyting til anleggsarbeid for Bypakken.

Forvaltningsstrategien for Brusdalsvatnet vart sendt ut på offentleg høyring i sommar. Innspel med kommentarar går til politisk behandling i KTMS i september og kommunestyret i oktober. Den viktigaste saka i strategien gjeld E39. Strategi delvis vedtatt.

**Avløp**

Etterslepet er stort og mange reinseanlegg i Ålesund innfrir ikkje reinsekrava. No kan vi ikkje lenger godkjenne byggesaker som gir auka påslepp til ikkje-godkjende anlegg. Dersom ein held framdrifta med Kongshaugen reinseanlegg og får utsleppsløyve på plass, kan kommunen søke om midlertidig unntak frå byggestopp i områda som skal overførast dit.

Reinseanlegget på Kongshaugen og tilhøyrande overføringsnett er i i en god prosess men no fire månadar bak opprinneleg framdriftsplan.

Ein stor innsats vert no lagt ned med å sanere og renovere leidningsnettet som skal overførast. Det er også stor aktivitet knytt til Sørsida og Bypakken.

**Rekruttering**

Det er stor etterspørsel etter ingeniørar og fagfolk og vanskeleg å rekruttere til kommunal sektor. Dette påverkar kor mange prosjekt vi kan køyre sjølve og kor mykje vi må sette ut til eksterne. Også prosjekt som vert styrt av eksterne treng oppfølging frå eigne folk.

Vi har fått inn fleire nye ingeniørar og driftsoperatørar i sommar og er glade for å ha styrka staben, men på grunn av omorganisering og kommunedeling så treng vi å rekruttere fleire erfarne ingeniørar innan prosjektering og byggleiing i tillegg til driftsoperatørar. Det trengst dessutan fleire til prosjektstøtte og byggeleiing i dei store prosjekta innan vatn og avløp.

**Lokalitetar**

Verksemda er lokalisert på fleire stadar i kommunen av historiske årsaker. Ved alle lokalitetane er det under vernerunde avdekt ein rekke manglar og avvik i forhold til krav i AML . Avvik går i hovudsak på ikkje tilfredsstillande garderobeforhold med rein og skitten sone. Fleire av bygga manglar og pause og arbeidsplassar i tråd med krav.

På Harøy er ein no klar for ombygging av den gamle brannstasjonen slik at VA kan flytte inn i renoverte lokale som vil stette krava.

For lokalitetane i Lovollvegen har ein ikkje kome noko nærmare ei løysing.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn på Åse reinseanlegg i 2022 som førte til sytten avvik. Alle avvik er nå lukka med unntak av det som går på garderobar og inndeling av bygg i reine og skitne soner. Ein har no frist til 11.januar 2024, ein frist vi er langt fra å klare.

Sentrallageret og reinseanlegget på Åse krev store ombyggingar og oppgraderingar. Her har ein eit ønske om å få aksept for eit bygg for tekniske tenester.

Det er no gjort eit vedtak på at ÅKE skal bistå med å kartlegge og finne egna lokale for VA og MILSAM

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 13 851 | 1 049 | -12 802 | -1220,9 % |

## Kommentar til status økonomi

**Drift vatn:** Noko under på lønskostnad og et meirforbruk på  på øvrig drift. Lavere gebyrinntekt enn budsjett medføre at ein no tømmer fond på vatn.

**Drift avløp**  har eit større meirforbruk i år. Noko skuldast lavere gebyrinntekt enn budsjett.  Driftskostnadar er ein god del høgre enn budsjett. Økt driftskostnad i 2022 og 2023 på avløp har medført at fond er tømt og at ein no bygger negativt fond.

- Styrenpåslepp til reinseanlegg på Åse utgjer ein del av meirforbruk. Kostnadane er ikkje ferdig oppgjort med forsikringsselskap. Det meste av denne kostnaden forventar vi å få dekt gjennom forsikring og regresskrav. To tredjedeler av kostnadane er no utbetalt.
- Det har vore fleire havari på gamalt og slitt prosessutstyr på fleire av reinseanlegga
- Stor auke i kostnader til spyling og reingjøring av kummer og leidningsnett
- Auke i vedlikehald og reparasjonar på gamle biler

**Tilknytingsavgift:** Inntekt på tilknyting av kommunalt vatn og avløp er noko høgre enn budsjett.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 81 173 | 86 401 | 5 228 | 6,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 69 210 | 69 599 | 388 | 0,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 121 829 | 118 557 | -3 272 | -2,8 % |
| Overføringsutgifter | 824 | 2 455 | 1 631 | 66,4 % |
| Finansutgifter | 128 394 | 133 450 | 5 056 | 3,8 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **401 429** | **410 462** | **9 032** | **2,2 %** |
| Salgsinntekter | -367 652 | -371 374 | -3 722 | 1,0 % |
| Refusjoner | -5 026 | -2 449 | 2 577 | -105,3 % |
| Overføringsinntekter | -5 | 0 | 5 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -14 895 | -35 590 | -20 695 | 58,1 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-387 579** | **-409 413** | **-21 834** | **5,3 %** |
| **Netto resultat** | **13 851** | **1 049** | **-12 802** | **-1220,9 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 67 856 | 82 979 | 86 401 | 81 173 |
| Refusjon lønn | -2 181 | 0 | 0 | -2 498 |
| **Sum Lønn** | **65 675** | **82 979** | **86 401** | **78 675** |
| Drift | 80 440 | 69 599 | 69 599 | 69 210 |
| Kjøp av produksjon | 110 947 | 127 168 | 118 557 | 121 829 |
| Overføringer | 1 118 | -17 369 | 2 455 | 824 |
| Finansutgifter | 109 708 | 133 019 | 133 450 | 128 394 |
| **Sum Utgifter** | **302 214** | **312 416** | **324 061** | **320 257** |
| Brukerbetaling | -351 027 | -371 374 | -371 374 | -367 652 |
| Refusjoner | -791 | -11 060 | -2 449 | -2 528 |
| Overføringer | 0 | 0 | 0 | -5 |
| Finansinntekter | -18 897 | -12 038 | -35 590 | -14 895 |
| **Sum Inntekter** | **-370 715** | **-394 472** | **-409 413** | **-385 081** |
| **Netto resultat** | **-2 827** | **924** | **1 049** | **13 851** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
823 749
69 210 132
128 393 944
401 429 354
81 172 718
121 828 811
Finansutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-5 000
-5 026 187
-14 895 193
-387 578 756
-367 652 376
Salgsinntekter
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Refusjoner
Overføringsinntekter

## Status investeringsprosjekter

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | Årets budsjett | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedtatt totalt** | **Påløpt totalt** | **Rev. bud.** | **Regnskap** | **Status** |
| Fornying av avløpsrenseanlegg - VA | - | - | 10 000 | 5 167 | Forsinket |
| Fremmerholen vassbehandlingsanlegg | 892 865 | 78 968 | 34 500 | 27 207 | Iht. plan |
| Generelle investeringar - VA | - | - | 45 000 | 45 153 | Iht. plan |
| Kongshaugen reinseanlegg | 1 475 005 | 69 524 | 64 900 | 42 625 | Iht. plan |
| Leidningsfornying og separering - VA | - | - | 80 000 | 105 323 | Iht. plan |
| Oppgradering av veganlegg, hovudplan | - | - | 0 | 2 | Iht. plan |
| Sanering av kommunale direkteutslepp - Avløp | - | - | 10 000 | 6 223 | Forsinket |
| Sum øvrige prosjekter | | | 87 409 | 142 653 | |
| **Sum** | | | **331 809** | **374 352** | |

## Statustekst investeringer

**Borgundfjordprosjektet "Renere fjord"**
Dette er eit prosjekt som vil gå over fleire år for årydde opp i forureining i Aspevågen. Miljødirektoratet gir inntil 75 % tilskot til arbeidet, og framdrifta må tilpassast kva tid tilskot til arbeidet vert løyvd. Prosjektet er inne i ein planleggingsfase der det vert tatt supplerande undersøkingar. I 2022 er tidlegare tiltaksplan frå 2015 revidert. I 2023 er det gjennomført supplerande undersøkingar, detaljprosjektering av tiltak og gjennomføring av usikkerheitsanalyse. Kostnadsplanen er oppdatert med tal frå usikkerheitsanalysa. I oktober 2023 meldte Miljødirektoratet prosjektet inn til statsbudsjettet for 2025.

**Fornying av avløpsrenseanlegg - VA**
Det er knytta fleire delprosjekt til dette hovudprosjektet, blant anna:

- RA2 Aspøya - ombygging
- Slamavskiller på Stette
- Eidsvik RA - oppgradere anlegg

**RA2:**

Ein har no bytta filterduk i avløpssiler til filter med finere maskeopning. Dette for å teste om det kan ha ein effekt på reinsegrad. So langt har tiltak ikkje gitt målbar effekt. Ein ser no på andre moglege tiltak der ein og skal ta meir prøver og analyser av avløpsvatnet før og etter dagens behandling.

**RA4:**

Alle tiltak mot lukt og gasser inne på anlegget og rundt er nå gjennomført med gode resultat.

**Slamavskillar Terøy:**

Ferdig utbetra

**Slamavskiller på Stette:**

Her må ein revurdere plan

Ein ser ellers at det trengst meir data og underlag for prosjektering av utbetring av reinseanlegget på Flisnes og Aspøya. Prognosa tilseier at ein vil nytte halvparten av budsjett i år då fleire kostnadar kjem i 2024.

**Fremmerholen vassbehandlingsanlegg**
Detaljprosjektering for nytt vass-behandlingsanlegg er no ferdigstilt og byggearbeid igansatt.

Byggeleiar for prosjektet er tilsett.

Ein har kome noko seinare i gang med bygging enn forventa. Kontrakt er no signert med PEAB K Nordang på hovedentreprisa for grunn, betong og VVS. Ein ligg litt bak framdriftsplan noko som gjer at midlar vert ført over til neste år. Byggjestart desember 2023.

**Generelle investeringar - VA**
Eksempel på delprosjekt knytta til dette hovudprosjektet er

- Fornying vassbehandlingsanlegg, blant anna Storætra og Nysætra
- Klorproduksjonsanlegg på VBA Vasstranda - gjennomført
- Garasje for nødvannstanker og mobil klorkontainer, Sentrallageret - gjennomført
- nye vass- og avløpsleidningar, blant anna ny hovudvassleidning langs Fylkesvegen på Emblem, ringleidninger på Skodje og Valle
- oppgradering av avløpspumpestasjonar og trykkaukestasjonar for vatn, blant anna pumpestasjon for avløp på Valgermo - ferdig
- nytt høgdebasseng Gjerdsleet og Austnes
- ny trykkaukestasjon og basseng på Ona/Husøya
- utbygging av målestasjonar for vatn og avløp - pågår
- ny vassleidning til Ellingsøy Vassverk SA på Kverve - prosjektering pågår
- kjøp av bilar
- m.m.

Det er ellers stor auke i aktivitet og prosjekt knytt til Bypakken. Fleire prosjekt som vart starta i 2022 og 2023 vert avslutta mot slutten av året eller rett over årsskiftet.

**Grunnerverv**
Budsjettløyvinga skal i hovudsak dekkje kommunen sine kostnadar i tilknyting til innløysingskrav i samband med reguleringsplan. Dette vil variere frå år til år og førebels er det ikkje nytta midlar frå budsjettløyvinga. Ein bør likevel behalde midlane i budsjettet utan å endre prognosa.

**Kongshaugen reinseanlegg**
Reguleringsplan godkjent og grunnervervelser på plass.

Arkeologiske undersøking er ferdig.

Tilbod på forberedande entreprise lysast ut på ny i januar 2024.

Sprik mellom budsjett og rekneskap heng saman med at fullt pådrag på prosjekteringstimar vart sett i gang noko seinare enn tenkt, men det er no i full drift. Anbod er ute og det er fortsatt planlagt byggestart i januar 2024

Meir informasjon om prosjektet kan ein finne på prosjektet si nettside Blå -fjordar for framtida.

**Leidningsfornying og separering - VA**
Eksempel på delprosjekt som er knytt til dette hovudprosjektet er leidningsfornying og separering:

- Stette,
- Husøya,
- Fjellgata,
- Furelia/Fureåsen,
- Ruudvegen,
- Tonningsgate,
- Myrland øst, byggetrinn 2
- Hellig Olavs gate,
- Østre Fyrmyr,
- Sjøvegen,
- Strømperenovering av fleire strekk på avløpsnettet
- Utskifting av VA kummer, brannventiler og hydrantar, m.m
- Tiltak i saneringsplaner

Her er det og stor auke i aktivitet knytt til Bypakken og arbeid knytt til reduksjon av framandvatn inn mot reinseanlegg.

**Oppgradering av veganlegg, hovudplan**
Ein stor del av vegstandarden i kommunen er svært dårleg, og ein har starta ein målretta plan for å heve kvaliteten på dei dårlegaste av vegane. Arbeidet pågår også i 2023, og ein legg til grunn at midlane som er avsett vert nytta om lag som budsjettert. Rekneskapen viser førebels eit meirforbruk, men ein del av kostnadane er knytt til andre hovudprosjekt og/eller samarbeidsprosjekt med andre som skal vere med og dekkje kostnadane.

**Sanering av kommunale direkteutslepp - Avløp**
Det er knytta fleire delprosjekt til dette hovudprosjektet, i hovudsak sanering direkteutslepp Vik, Vaksvika, Hessa nord, Sævollen og Bogneset.

Etablering av ny slamavskiljar på Vik (RA10 Vik) , ny slamavskiljar i Vaksvik og etablering av pumpestasjon på Bognesest er planlagt ferdigstilt i 2024. Andre prosjekt blir ferdigstilt i 2024 og utover, men prosjektering er godt i gang.

Det er god framdrift men kostnadar kjem først i 2024.

## Sammendrag status investeringer

### Generelle investeringar - VA

Det er ei stor auke i aktivitet og prosjekt knytt til Bypakken. Fleire prosjekt som vart starta i 2022 og 2023 vert avslutta mot slutten av året eller rett over årsskiftet.

### Fornying av avløpsreinseanlegg - VA

En ser at det trengst meir data og underlag for prosjektering av utbetring av reinseanlegget på Flisnes og Aspøya. Tilsvarande må ein og oppdatere underlag for reinseanlegg på Håhjem og Sjøholt

### Leidningsfornying og separering - VA

Her er det og stor auke i aktivitet knytt til Bypakken og arbeid knytt til reduksjon av framandvatn inn mot reinseanlegg. Ein brukte noko over budsjett for 2023 her.

### Sanering av kommunale direkte-utslepp - VA

Her er det god framdrift men anleggskostnader kjem først i 2024.

### Nytt vassbehandlingsanlegg

Ein har kome noko seinare i gang med bygging enn forventa. Kontrakt er no signert med PEAB K Nordang på hovedentreprisa for grunn, betong og VVS. Ein ligg litt bak framdriftsplan noko som gjer at midlar vert ført over til neste år. Byggestart desember 2023.

### Felles reinseanlegg

Sprik mellom budsjett og rekneskap heng saman med at fullt pådrag på prosjekteringstimar vart sett i gang noko seinare enn tenkt, men det er no i full drift. Anbod er ute og det er planlagt byggestart mai 2024.

### Digiwater

Forskning og samarbeidsprosjekt er no starta opp i tett samarbeid med NTNU. Prosjektet skal analysere og overvake rå-vasskvaliteten i Brusdalsvatnet og drikkevasskvaliteten. Det skal og utviklast ein digital tvilling av vatnet for behandling og vern av vatnet.

## Sykefravær

| Fravær | Korttid | Langtid | Samlet fravær |
|---|---|---|---|
| Årlig sykefravær 2020 | 1,36 % | 2,85 % | 4,20 % |
| Årlig sykefravær 2021 | 1,13 % | 3,18 % | 4,30 % |
| Årlig sykefravær 2022 | 1,89 % | 4,56 % | 6,45 % |
| Årlig sykefravær 2023 | 1,62 % | 4,16 % | 5,78 % |

## Status sykefravær og HMS

Det samla sjukefråværet i 2023 var på 5,78 %. Verksemda har som mål å ha under fem prosent sjukefråvær. På grunn av langtidssjukefråvær som ikkje er knytt til arbeidsplassen ligg vi no litt over fem prosent og målet, men det er lågare enn i fjor på same tid. Noko auke i langtidsfråvær knytt til høg arbeidsbelastning på slutten av året.

## Sykefravær per måned

| Type | Område/enhet | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Vatn og avløp | 2,36 % | 2,48 % | 1,53 % | 1,43 % | 0,67 % | 1,18 % | 0,29 % | 1,67 % | 1,79 % | 2,32 % | 2,24 % | 1,22 % |
| Langtid | Vatn og avløp | 2,00 % | 3,08 % | 5,39 % | 5,50 % | 4,14 % | 3,99 % | 4,13 % | 5,06 % | 5,09 % | 4,46 % | 3,84 % | 3,30 % |
| **Samlet** | **Vatn og avløp** | **4,36 %** | **5,56 %** | **6,92 %** | **6,92 %** | **4,80 %** | **5,17 %** | **4,42 %** | **6,73 %** | **6,88 %** | **6,78 %** | **6,08 %** | **4,52 %** |
| Korttid | Sum sykefravær | 2,36 % | 2,48 % | 1,53 % | 1,43 % | 0,67 % | 1,18 % | 0,29 % | 1,67 % | 1,79 % | 2,32 % | 2,24 % | 1,22 % |
| Langtid | Sum sykefravær | 2,00 % | 3,08 % | 5,39 % | 5,50 % | 4,14 % | 3,99 % | 4,13 % | 5,06 % | 5,09 % | 4,46 % | 3,84 % | 3,30 % |
| **Samlet** | **Sum sykefravær** | **4,36 %** | **5,56 %** | **6,92 %** | **6,92 %** | **4,80 %** | **5,17 %** | **4,42 %** | **6,73 %** | **6,88 %** | **6,78 %** | **6,08 %** | **4,52 %** |

# Miljø og samferdsel

## Tjenesteområdebeskrivelse

Etter endra organisering i 2022 består verksemd Miljø og samferdsel av oppgåver henta frå tidligare verksemd Veg, grønt og anlegg, og frå kommunedirektøren sine stabar. Nytt organisasjonskart for verksemda kjem fram nedanfor, og viser at verksemda er delt inn i tre avdelingar.




Verksemda ivaretek m.a. følgjande oppgåver:

- Oppfølging av Bypakken
- Landbrukskontor
- Veterinærteneste
- Trafikktryggleik
- Sakshandsaming etter veglova, plan- og bygningslova m.fl.
- Forvaltningsplanar for verneområde
- Hovudplan for veg
- Vintervedlikehald
- Klima og miljøarbeid

Verksemda Miljø og samferdsel har eit tett samarbeid med både interne og eksterne instansar. Eksterne instansar er m.a. Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Politiet, Ålesund parkering AS, Statsforvaltaren, samt frivillige organisasjonar og velforeiningar m.m.

Internt har verksemda eit tett samarbeid med Plan og geodata, Byggesak og oppmåling, Vatn og avløp, Kultur og fritid, Ålesund kommunale eigedomsforetak m. fl.

**Avdeling Prosjekt, miljø og samferdsel** har ansvar for prosjektutvikling, planlegging og utbygging av nyanlegg og større oppgraderingar av eksisterande infrastruktur innanfor samferdsel, grønt og byutvikling. Ansvar for å gjennomføre og følge opp kommunale prosjekt og fellesprosjekt i bypakken ligg også til avdelinga, samt prosjekt i «Byen som Regional Motor» (BRM).

**Avdeling Natur, landbruk og områdeforvaltning** har ved siste omorganisering blitt samansett av fleire fagområde som veg, grønt, landbruk, klima og miljøforvaltning. Forvaltning av kommunal samferdsel, grøntområde, friareal og idrettsareal er ei primæroppgåve for avdelinga.  I tillegg til forvaltninga av lovverk knytta til veg og friluft, samt kommunen si rolle som grunneigar av slike områder, skal avdelinga ivareta forvaltning av særlovene og tilskotsordningane innan landbruk og skogbruk. Avdelinga skal også bidra til å nå kommunen sine mål innan natur, klima og miljø.

**Avdeling Drift, miljø og samferdsel** har i 2021 vore gjennom ein omfattande omorganiseringsprosess der anleggsdelen har blitt nedlagt. I staden for å drive med intern entreprenørverksemd blir det no ei forsterka driftsavdeling retta mot gjennomføring av primæroppgåver innanfor drift og vedlikehald av veger, grøntområder og idrettsområder.

## Utvikling og utfordringer

### Utvikling

Verksemda er sett saman av fleire ulike tidlegare einingar og det må brukast noko tid på å etablere gode rutiner og skape ein god kultur internt i verksemda. Dette er viktig for å kunne levere gode tenester til innbyggarane.

Fokusområder hittil har mellom anna vore:

- Å strukturere heile verksemda ved mellom anna korrigere/rydde i budsjett då dette er noko uoversiktleg grunna tidlegare kommunesamanslåing, omorganisering samt flytting av arbeidsoppgaver og tilsette mellom avdelingar. Fokuset har vore å få oversikt over dette og korrigere der det er behov samt synleggjere eventuelle manglar i budsjett i ei så tidleg fase som mogleg. Vi har no fått eit klarare bilete av eigen organisasjon samt kvar vi må sette inn ressursar for å kome eit steg vidare.
- Samhandling på tvers av avdelingar og verksemder har vore viktig. Samarbeid på tvers må vere ein naturleg del av kvardagen vår.
- Fokuset på effektivisering og endringar som er naudsynte for å imøtekome krav til budsjettmål. Her er vi godt i gang men dette er eit kontinuerleg arbeid.
- Ein opplever å ha kome eit stort steg vidare i forståelsen av ei god oppgåvefordelig og vi har fått ned restansane. Gravemeldinger, nabovarsel og uttale til plan og byggesak vert behandla innan fristane. Vi har utarbeidd malar og rutinar for gravemeldingar i nytt system, samt retningsliner for arbeidsløyve og gateleige.

Framover:

Det vil vere viktig framover å fortsette det gode arbeidet med å rydde, strukturere og etablere gode rutine i alle ledd samt tenke effektivisering i samtlige prosessar. I driftsavdelinga, der dei negative avvika er store, er det sett igang konkrete innsparingstiltak som stopp i bruk av all overtid som er knytt opp mot normaldrift, vurdere om ein på enkelte brøyteroder kan redusere strøing og salting, redusere kosting m.m. Alt dette må vurderes opp mot sikkerheit og beredskap.

Vidare må ein ha god utadretta kommunikasjon og medverknad i komande aktivitetar. Det har også vore eit fokus å tilpasse lokalitetane på rådhuset slik at dei fungerer tilfredsstillande for dei tilsette. Dette er ein no i mål med og ein ser at det syner igjen i både motiverte medarbeidere og ytterlegare samhandling på tvers i organisasjonen.

Vi jobbar med å få all kontakt mot forvaltningsavdelinga journalført med ansvarleg saksbehandlar slik at henvendingar går tjenesteveg og at saksbehandlinga blir utført etter gjeldande rutiner. Vi må få på plass eit program for eigedelar for oversikt over eigedelar knytt til veg og grønt. Dette for å kunne forvalte kommunalområdet på best muleg måte og utforme kontraktsgrunnlag og rapportere i kostra og etter vegdataforskrifta.

Av større tiltak det vert jobba med no kan det nemnast:

Vegnorma skal reviderast. Vi skal finne løysingar for Spjelkavikkanalen og trafikkutfordringane på Aksla. Politisk avklaring om naturmangfaldsplan. Tilbudsgrunnlag for drift og vedlikehold av gatelys. Trafikktryggingsplanen skal reviderast i 2024.

Ny graverettleiar, avfallsstrategi, grøntnorm og gatelysnorm er krevande arbeid vi må ta fatt på og som skal gjer at arbeidet vårt vert lettare og meir føreseieleg i framtida.

Noko av det som vil kreve ekstra ressursar er å få på plass retningsliner og rutiner og få disse inn i Compilo. Utbyggingsaktiviteten som er i kommunen både med Bypakken, idrettshallar og anna krev at vi har ressursar til å følgje opp på ein god måte. Det må vidare settast fokus på å utføre kartlegging av tilstand og bereevne på alle kommunale bruer og kaier, samt beredskapsplan for enkelte kommunale veger etter ny forskrift om vegdata, som kjem i 2024.

Vidare må det jobbast med å organisere alle avdelingar slik at ein oppnår mest mogleg effektiv drift samt plasserer oppgåver og kostnadar på rett stad.

**Utfordringer**

Budsjettet er noko uoversiktleg grunna tidlegare omorganisering, flytting av arbeidsoppgåver og tilsette mellom avdelingar men ein ser no nokre klare årsakssamanhengar. I tillegg mangler ein 100 % samanliknbare og historiske tall for budsjett.

Studerer ein regnskapstala på drift frå 2019 og fram til i dag vil ein sjå eit hopp i forbruk frå 2020 til 2021 på i overkant av 10 mill. Denne differansen skulle naturleg nok ha kome i overgangen 2019 til 2020 som fylgje av kommunesamanslåinga men her ligg inne ei forskyvning i regnskapet fordi all vinterberedskap for sesongen (november-april) vert fakturert ut forskuddsvis i november medan sjølve brøytinga vert fakturert etterskuddsvis. All beredskap for 2020 var med andre ord betalt før kommunesamanslåinga.

Innanfor forvaltning har det vore utfordrande å sette seg inn i arbeidsfordelinga og budsjettet for dei nye ansvarsområda etter omorganiseringa.

Gjennom utbygging av nye bustadområde blir det òg bygd offentlege vegar og grøntområde som verksemda får eit forvaltnings- og driftsansvar for. Dette skjer utan at verksemda får tilført auka ressursar til drift og vedlikehald. Samtidig skal verksemda, gjennom kostnadsreduksjonar, bidra til å bringe kommuneøkonomien i balanse. Dette set eit effektiviseringspress på verksemda, men vil òg ha som konsekvens at kvalitet og omfang på drift og vedlikehald av offentlege vegar vil bli dårlegare. Fokuset må i større grad vere å sette realistiske mål for kva som skal gjennomførast.

Verksemda har òg ei relativ stor mengde investeringsprosjekt som skal planleggast og følgjast opp. Det er ei utfordring å sikra nødvendig framdrift og god styring av desse prosjekta. Ein har i to omgangar lyst ut to prosjektleiarstillingar for å ytterlegare auke gjennomføringsevne. Disse prosessane er ein no i mål med. Vidare har ein styrka laget ytterlegare med ei rådgjevarstilling som går på tvers av BRM og Re-Value. Vedkomande er på plass frå januar '24. Oppbygging av Compilo og utvikling av innhaldet i ein prosjektstyringsplan samt få på plass prosjektstyringsverkty er nokre av verkemidla som har prioritet.

Nokre av lokalitetane til driftsavdelinga har dårleg standard og dårlege løysingar medan andre lokasjonar er unødig kostnadsdrivande (innleige). Her er ein i gang med å finne alternative løysingar for å imøtekome dei behova ein har og for å redusere kostnadar. Frå 1.1.24 har ein ny lokasjon på tenestehuset på Sjøholt som følge av kommunedelinga og som midlertidig løysing i påvente av ei større samlokalisering med vatn og avløp.

## Utvalgte resultater

### Avdeling drift:

Drift og beredskap er eit krevjande område å budsjettere/lage prognoser for då det er avhengig av vær. Det har i løpet av året vore venta og varsla at ein får eit behov for ekstra bevilgning då budsjettet på vintervedlikehald har synt seg noko lavt. Mars månad synte seg svært krevande med ei auke ift 2022 på heile 300%. I tillegg har forholda langs vegane kravd ei betydeleg auke i bruk av strømiddel tilsvarande ca 30% ift 2022 og dermed også auke i kosting. I tillegg må følgjande punkt som gjer at drift har eit avvik i forhold til budsjett nemnast:

1. Auke i mengder areal som skal driftast utan at budsjettet har auka tilsvarande. (ifbm kommunesamanslåing). Den totale auke i kostnadane er på ca 351% samanlikna med "gamle Ålesund" sitt driftsbudsjett.
2. Auke i kostnadar som følge av betydeleg prisauke:
    1. Auke i SSB sin indeks på ca 30 % siste 3 år
    2. Auke i timepriser på ca 75 %.
3. Uføresette og akutte hendingar som f.eks utglidning av veg, Sankten p-hus med vannlekkasje og utbetring av brannvarslingsanlegg, lekkasje i varmeanlegg i Kongens gate, utbetringar ifm overvann.
4. Betydeleg auke i besøkstal i byen medfører auka behov for reinhald, avfallshåndtering m.m. samt prisauke frå Årim i denne samanheng.

### Avdeling forvaltning:

Driftsbudsjettet for avdelinga syner eit meirforbruk. Dette skuldast i hovudsak meirkostnadar på grunn av auke i straumutgifter på gatelys, samt ei overbudsjettering på forventa inntekt på bl.a. gravemeldinger og andre gebyr opp i mot nivå i 2022 (som ikkje var eit normal år) i tillegg har ein hatt uføresette hendingar som har vore kostnadsdrivande.

1. Størstedelen av avviket på driftsbudsjettet svarer til eit innsparingskrav på 2,97 mill. på ramma, som avdelinga ikkje har hatt mulighet til å kunne ta inn i driften for 2023.
2. Inntekter innanfor sjølvkostområdet for graveløyver med meir, har gått ned i størrelsesorden 0,7 mill. grunna endring av anleggsaktivitet og generell nedgang i byggebransjen.
3. Prisauke og fleire akutte behov for omfattande reparasjon på gatelysnettet på seinhausten har ført til at budsjettet på gatelys samla sett har eit overforbruk i størrelsesorden 1,5 mill.
4. Kostnader til utbetringar av målestasjon for luftkvalitet. Størrelsesorden er på ca 300 000.
5. Akutte tiltak for å bedre trafikksituasjonen på Aksla/Fjelltun, samt analyser for videre tiltak. Størrelsesorden er på ca 200 000.
6. Innløysing av leasa transportmiddel utgjer kr 125 000.
7. Ikkje fakturerte timer for prosjekt fra GAT, tilsvarende manglende inntekt på 475 000
8. Ca 250 000 i kommunedelingskostnader som ikkje er blitt refundert enno.

### Avdeling prosjekt:

Et større avvik er synlig på driftsbudsjett for 2023 under ansvarsområdene 720050 og 720051. Avviket er knytt til timeregistrering for prosjektledere. I 2023 vart 85% av prosjektledernes timer ført på prosjekter

og dermed 85% dekking av lønnskostnader fra investeringsbudsjett. I 2024 blir dette endret slik at 100% av disse timer vil føres på prosjekter. Dette vil gi et mindre avvik på driftsbudsjett siden hele lønnskostnaden for prosjektledere vil bli overført fra investering til drift.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Avdelinger | Regnskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 84 657 | 64 867 | -19 790 | -30,5 % |

## Kommentar til status økonomi

Årsregnskapet viser eit meirforbruk for virksomheten. Det er utført ein omfattande kartleggings og ryddejobb i budsjettet og verksemda har langsmed hatt ei klar målsetning og gjennomført tiltak for å redusere avviket men av årsaker som det er gjort greie for nedanfor ser ein likevel eit stort meirforbruk ved årsslutt.

Innsparingstiltak har vore iverksett, men det tek tid før ein ser effekten. Mellom anna har det vore utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid og det er sett igang eit arbeid med å kutte i andre tenester samt innkjøp. Vi må kutte på det som gir høg innsparingseffekt, men lav effekt på negativ konsekvens. Innsparingstiltak på brøyteavtalane er sett i gang men dette vil fyrst få effekt i sesongen 2024/2025.

**Avdeling drift:**

Drift og beredskap er eit krevjande område å budsjettere/lage prognoser for då det er avhengig av vær. Det har i løpet av året vore venta og varsla at ein får eit behov for ekstra bevilgning då budsjettet på vintervedlikehald har synt seg noko lavt. Mars månad synte seg svært krevande med ei auke ift 2022 på heile 300%. I tillegg har forholda langs vegane kravd ei betydeleg auke i bruk av strømiddel tilsvarande ca 30% ift 2022 og dermed også auke i kosting. I tillegg må følgjande punkt som gjer at drift har eit avvik i forhold til budsjett nemnast:

1. Auke i mengder areal som skal driftast utan at budsjettet har auka tilsvarande. (ifbm kommunesamanslåing). Den totale auke i kostnadane er på ca 351% samanlikna med "gamle Ålesund" sitt driftsbudsjett.
2. Auke i kostnadar som følge av betydeleg prisauke:
    1. Auke i SSB sin indeks på ca 30 % siste 3 år
    2. Auke i timepriser på ca 75 %.
3. Uføresette og akutte hendingar som f.eks utglidning av veg, Sankten p-hus med vannlekkasje og utbetring av brannvarslingsanlegg, lekkasje i varmeanlegg i Kongens gate, utbetringar ifm overvann.
4. Betydeleg auke i besøkstal i byen medfører auka behov for reinhald, avfallshåndtering m.m. samt prisauke frå Årim i denne samanheng.

**Avdeling forvaltning:**

Driftsbudsjettet for avdelinga syner eit meirforbruk. Dette skuldast i hovudsak meirkostnadar på grunn av auke i straumutgifter på gatelys, samt ei overbudsjettering på forventa inntekt på bl.a.

gravemeldinger og andre gebyr opp i mot nivå i 2022 (som ikkje var eit normal år) i tillegg har ein hatt uføresette hendingar som har vore kostnadsdrivande.

1. Størstedelen av avviket på driftsbudsjettet svarer til eit innsparingskrav på 2,97 mill. på ramma, som avdelinga ikkje har hatt mulighet til å kunne ta inn i driften for 2023.
2. Inntekter innanfor sjølvkostområdet for graveløyver med meir, har gått ned i størrelsesorden 0,7 mill. grunna endring av anleggsaktivitet og generell nedgang i byggebransjen.
3. Prisauke og fleire akutte behov for omfattande reparasjon på gatelysnettet på seinhausten har ført til at budsjettet på gatelys samla sett har eit overforbruk i størrelsesorden 1,5 mill.
4. Kostnader til utbetringar av målestasjon for luftkvalitet. Størrelsesorden er på ca 300 000.
5. Akutte tiltak for å bedre trafikksituasjonen på Aksla/Fjelltun, samt analyser for videre tiltak. Størrelsesorden er på ca 200 000.
6. Innløysing av leasa transportmiddel utgjer kr 125 000.
7. Ikkje fakturerte timer for prosjekt fra GAT, tilsvarende manglende inntekt på 475 000
8. Ca 250 000 i kommunedelingskostnader som ikkje er blitt refundert enno.

**Avdeling prosjekt:**

Et større avvik er synlig på driftsbudsjett for 2023 under ansvarsområdene 720050 og 720051. Avviket er knytt til timeregistrering for prosjektledere. I 2023 vart 85% av prosjektledernes timer ført på prosjekter og dermed 85% dekking av lønnskostnader fra investeringsbudsjett. I 2024 blir dette endret slik at 100% av disse timer vil føres på prosjekter. Dette vil gi et mindre avvik på driftsbudsjett siden hele lønnskostnaden for prosjektledere vil bli overført fra investering til drift.

## Oppsummering tiltak

Innsparingstiltak har vore iverksett, men det tek tid før ein ser effekten. Mellom anna har det vore utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid og det er sett igang eit arbeid med å kutte i andre tenester samt innkjøp. Vi må kutte på det som gir høg innsparingseffekt, men lav effekt på negativ konsekvens. Innsparingstiltak på brøyteavtalane er sett i gang men dette vil fyrst få effekt i sesongen 2024/2025.

**Drift**

Tiltak for å avgrense ytterlegare overskridingar er sett igang. Mellom anna er det utarbeidd eigne retningslinjer for bruk av overtid der det kun er brøyting, akutte hendelser, arbeid som kun kan utførast på kveld/natt og elles pålagt overtid som vert godkjent.

Det er også sett igang eit arbeid med å vurdere kutt i andre tenester som m.a. innføring av datoparkering for å effektivisere brøyting, vurdere om ein kan redusere omfang av strøing og salting, bruke kommunikasjon som verkemiddel for å redusere forventningar kring brøyting.

**Forvaltning:**

Tiltak for avgrense ytterlegare overskriding av budsjettet vart sett i verk i form av å redusere drift og vedlikehald av gatelys til eit minimum ut året. Dette vil medføre eit etterslep som må takast att i 2024.

**Prosjekt**

I 2023 vart 85% av prosjektledernes timer ført på prosjekter og dermed 85% dekking av lønnskostnader fra investeringsbudsjett. I 2024 blir dette endret slik at 100% av disse timer vil føres på prosjekter. Dette vil gi et mindre avvik på driftsbudsjett siden hele lønnskostnaden for prosjektledere vil bli overført fra investering til drift.

## Regnskap

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 53 054 | 55 751 | 2 697 | 4,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 50 308 | 40 641 | -9 667 | -23,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 650 | 4 039 | 389 | 9,6 % |
| Overføringsutgifter | 14 919 | -16 385 | -31 305 | 191,1 % |
| Finansutgifter | 221 | 30 | -191 | -637,5 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **122 153** | **84 076** | **-38 078** | **-45,3 %** |
| Salgsinntekter | -14 277 | -13 621 | 655 | -4,8 % |
| Refusjoner | -22 162 | -5 215 | 16 947 | -325,0 % |
| Overføringsinntekter | -10 | 0 | 10 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 048 | -372 | 676 | -181,8 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-37 496** | **-19 208** | **18 288** | **-95,2 %** |
| **Netto resultat** | **84 657** | **64 867** | **-19 790** | **-30,5 %** |

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Regnskap 2022 | Oppr. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Regnskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Lønn | 48 911 | 53 672 | 55 751 | 53 054 |
| Refusjon lønn | -1 428 | 0 | 0 | -2 309 |
| **Sum Lønn** | **47 483** | **53 672** | **55 751** | **50 746** |
| Drift | 39 217 | 22 974 | 40 641 | 50 308 |
| Kjøp av produksjon | 3 084 | 4 020 | 4 039 | 3 650 |
| Overføringer | 10 077 | -2 643 | -16 385 | 14 919 |
| Finansutgifter | 194 | 0 | 30 | 221 |
| **Sum Utgifter** | **52 572** | **24 351** | **28 325** | **69 099** |
| Brukerbetaling | -9 607 | -7 881 | -13 621 | -14 277 |
| Refusjoner | -19 782 | -11 523 | -5 215 | -19 853 |
| Overføringer | -2 016 | 0 | 0 | -10 |
| Finansinntekter | -148 | -225 | -372 | -1 048 |
| **Sum Inntekter** | **-31 553** | **-19 629** | **-19 208** | **-35 187** |
| **Netto resultat** | **68 502** | **58 394** | **64 867** | **84 657** |

## Grafer Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
221 254
3 650 093
14 919 454
53 054 364
122 153 299
50 308 134
Lønn
